

STALIN

MARXISMEN OG DET NASJONALE OG KOLONIALE SPØRSMÅLET

Artiklar og talar



Josef Stalin

**MARXISMEN OG DET
NASJONALE OG KOLONIALE
SPØRSMÅLET**

Proletarar i alle land, stå saman!

Josef Stalin

MARXISMEN OG DET NASJONALE OG KOLONIALE SPØRSMÅLET

Artiklar og talar i utval
1913–1934



FORLAGET OKTOBER A/S
OSLO 1978

Josef Stalin:
Marxismen og det nasjonale og koloniale spørsmålet
Artiklar og talar i utval 1913–1934

Omsett etter den engelske teksten i
Stalin: *Works*, Volumes 2–13.

©Forlaget Oktober A/S, 1978

1. opplag, mars 1978, 5000

Prenta hjå Aas og Wahl boktrykkeri

ISBN 82-7094-185-9

INNHOLD

Føreord fra forlaget	9
Føreord av forfattaren	10
Marxismen og det nasjonale spørsmålet	13
I. Nasjonen	15
II. Den nasjonale rørsla	22
III. Spørsmålsstillinga	27
IV. Kulturnasjonalt autonomi	33
V. Bund, nasjonalismen og separatismen deira	42
VI. Kaukasarane og konferansen til likvidatorane	51
VII. Det nasjonale spørsmålet i Russland	60
Melding om det nasjonale spørsmålet	67
Svar til ordskiftet om det nasjonale spørsmålet	71
Okttoberrevolusjonen og det nasjonale spørsmålet	73
I. Februarrevolusjonen og det nasjonale spørsmålet	73
II. Okttoberrevolusjonen og det nasjonale spørsmålet	75
III. Kva Okttoberrevolusjonen hadde å seia for heile verda	78
Politikken til sovjetregjeringa i det nasjonale spørsmålet i Russland	81

Dei næreste oppgåvene til partiet i det nasjonale spørsmålet	89
<i>Tesar til den tiande kongressen i RKP (b)</i>	
I. Det kapitalistiske systemet og den nasjonale undertrykkinga	89
II. Sovjetsystemet og nasjonal fridom	91
III. Dei næreste oppgåvene til RKP (b)	94
Melding om dei nære oppgåvene for partiet i det nasjonale spørsmålet	99
Svar til ordskiftet	106
Om framstillinga av det nasjonale spørsmålet	109
Oktoberrevolusjonen og den nasjonale politikken til dei russiske kommunistane	115
Unionen av Sovjetrepublikkar	119
<i>Melding lagt fram på den tiande allrussiske sovjetkongressen</i>	
Skipinga av Unionen av Sosialistiske Sovjetrepublikkar	127
<i>Melding framlagd på den fyrste kongressen for soyjeta i USSR</i>	
Nasjonale faktorar i parti- og statssaker	131
<i>Tesar til den tolte kongressen i Russlands Kommunistiske Parti (bolsjevikane)</i>	
Melding om nasjonale faktorar i parti- og statssaker	139
<i>Framlagd på den tolte kongressen i RKP (b)</i>	
Svar til ordskiftet	155
Høgre- og «venstre»folka i dei nasjonale republikkane og regionane	163
<i>Tale om det fyrste emnet på saklista for konferansen: «Sultan Galijev-saka»</i>	
Om å læra opp og konsolidera marxistiske kadrar i dei nasjonale republikkane og regionane	171
<i>Utdrag frå meldinga om andre emnet på saklista: Praktiske tiltak for å setja ut i livet fråsegna om det nasjonale spørsmålet frå den tolte partikongressen</i>	
Oktoberrevolusjonen og spørsmålet om mellomlaga	175

Det nasjonale spørsmålet	179
<i>Utdrag frå ei førelsesrekke, «Om grunnlaget for leninismen», ved Sverdlov-universitetet</i>	
Om det nasjonale spørsmålet i Jugoslavia	187
<i>Tale halden i den jugoslaviske kommisjonen i eksekutivkomiteen i Komintern</i>	
Dei politiske oppgåvane til Universitetet for folka i Austen	193
<i>Tale frå eit studentmøte ved kommunistuniversitetet til slitarane i Austen</i>	
I. Oppgåvane til det kommunistiske universitetet til slitarane i Austen i høve til sovjetrepublikkane i aust	194
II. Oppgåvane til det kommunistiske universitetet til slitarane i Austen i høve til dei koloniale og usjølvstendige landa i Austen	200
Det nasjonale spørsmålet ein gong til	207
<i>Om artikkelen til Semich</i>	
Utdrag frå eit brev til kamerat Kaganovitsj og dei andre medlemmane i politbyrået i sentralkomiteen til kommunistpartiet i Ukraina	215
Dei 'nasjonale' og internasjonale oppgåvane til revolusjonen er einskaplege og udelelege	219
<i>Utdrag frå «Ein gong til om det sosialdemokratiske avviket i partiet vårt». Melding lagt fram på det sjuande utvida plenumsmøtet i EKKI, 7. 12. 1926</i>	
Om Kina	221
<i>Utdrag frå ein tale om «Den internasjonale stoda og forsvaret av USSR». Halden under eit samla plenum i sentralkomiteen og den sentrale kontrollkommisjonen i SUKP (b)</i>	
Den internasjonale karakteren til Oktoberrevolusjonen	241
<i>I. høve tiårsfesten for Oktoberrevolusjonen</i>	
Det nasjonale spørsmålet og leninismen	249
<i>Svar til kameratane Mesjkov, Kovaltsjuk og andre</i>	

1. Omgrepet «nasjon»	249
2. Opphavet og utviklinga av nasjonar	250
3. Framtida til nasjonane og nasjonalspråka	254
4. Politikken til partiet i det nasjonale spørsmålet	260
Avvik i det nasjonale spørsmålet	265
<i>Utdrag frå ei melding som vart lagt fram på den sekstande kongressen i SUKP (b)</i>	
Utdrag frå svar til ordskiftet	271
Avvik i nasjonalistisk lei	275
<i>Utdrag frå meldinga om arbeidet til sentralkomiteen i SUKP (b).</i>	
<i>Halden på den syttande partikongressen</i>	
Notar	279
Register over viktige personar	296

FØREORD FRÅ FORLAGET

Denne boka inneheld eit breitt utval artiklar om det nasjonale og koloniale spørsmålet av Josef Stalin. Artiklane dekkjer ein periode på meir enn 20 år – «Marxismen og det nasjonale spørsmålet» kom i 1913, «Avvik i nasjonalistisk lei» er eit utdrag frå meldinga til den 17. kongressen til SUKP (b) i 1934.

Utvælet i denne boka byggjer på boka *Marxismen og det nasjonale og koloniale spørsmålet*, som først vart utgjeven av Det kooperative forlags-selskapet for utanlandske arbeidrarar i USSR i 1934. I tillegg til artiklane i den opphavlege utgåva har vi teke med to artiklar, «Dei 'nasjonale' og internasjonale oppgåvane til revolusjonen er einskaple og udelelege» frå 1926, og «Det nasjonale spørsmålet og leninismen» frå 1929. Alle artiklane er omsette frå den engelske utgåva av *Verk* i 13 band som kom ut i Moskva 1953/55, etter vedtak i sentralkomiteen i Sovjetunionens Kommunistiske Parti (bolsjevikane).

Notar og register over viktige personar bak i boka står forlaget ansvarleg for. Av notane nedst på sida er Stalin sine notar signerte *J. St.*, medan forlaget sine er merkte *-Red.*

FØREORD AV FORFATTAREN

Til ei artikkelsamling om det nasjonale spørsmålet, prenta i 1920.

Den fyrste artikkelen, (*marxismen og det nasjonale spørsmålet*, sjå tidskriftet *Prosvesjtisjenje*, 1913)¹ speglar av diskusjonsperioden for dei grunnleggjande prinsippa i det nasjonale spørsmålet innanfor det russiske sosialdemokratiet i tida under godseigar- og tsaristreaksjonen, eit og eit halvt år før den imperialistiske krigen bratt ut, i den tida då den borgarleg-demokratiske revolusjonen i Russland samla slagkraft. To teoriar om nasjonane, og likeins to nasjonale program, streid mot kvarandre den gongen: det *austerrikske*, som Bund² og menshevikane³ støtta, og det *russiske*, eller bolsjevikprogrammet. Lesaren vil finna ei skildring av både retningar i artikkelen. Utviklinga etterpå, særskilt den imperialistiske krigen og oppbrytinga av Austri-Ungarn i skilde nasjonalstatar, synar klårt kva for side som hadde rett. No, når Springer og Bauer står andsynes at det nasjonale programmet deira var feilslått, treng ein knapt tvila på at den «austrikske skulen» er vorten dømd av soga. Sjølv Bund har måtta vedgå at «kravet om kulturnasjonalt autonomi (dvs. det austrikske nasjonale programmet – J. St.) som vart sett fram under det kapitalistiske systemet, misser all meinung i dei vilkåra ein sosialistisk revolusjon gjev» (sjå *Den tolvte konferansen til Bund*, 1920). Bund har ikkje ein gong ei aning om at det dermed har vedgått (utan å vilja det) at dei teoretiske prinsippa i det austrikske nasjonale programmet var *grunnleggjande* uhaldbare, og at den austrikske teorien om nasjonen var *grunnleggjande* uhaldbar.

Neste artikkel (*Oktoperrevolusjonen og det nasjonale spørsmålet*, sjå *Zjizn Natsionalnosti*, 1918)⁴ speglar av perioden som fylgte Oktoperrevolusjonen, då sovjetmakta hadde slått kontrarevolusjonen i Sentral-Russland og så støyte saman med dei borgarleg-nasjonalistiske regjeringane i grenseområda, som var drivhus for kontrarevolusjonen. Han speglar av perioden då Ententen⁵, som var uroa av at sovjetmakta hadde veksande innverknad på koloniane (til Ententen), ope tok til å stø

dei borgarleg-nasjonalistiske regjeringsane med tanke på å kvela Sovjet-Russland. Han speglar av perioden då vi, etter kvart som vi streid sigerikt mot dei borgarleg-nasjonalistiske regjeringsane, vart stilte andsynes det praktiske spørsmålet om korleis dei konkrete formene for sovjetautonomi i regionane skulle vera, formene for organiseringa av autonome sovjetrepublikkar i grenseområda, formene for å utvida innverknaden frå Sovjet-Russland til dei underkua landa i Austen gjennom dei austlege grenseregionane i Russland, og formene for å skapa ein sameint revolusjonær front i Vesten og Austen mot verdsimperialismen. Artikkelen bit seg merke i det udelelege sambandet mellom det nasjonale spørsmålet og maktspørsmålet, og tek for seg nasjonal politikk som del av det allmenne spørsmålet om dei underkua folka og koloniane, dvs. nett det som den «austerrikske skulen»- mensjevikane, reformistane og Den andre internasjonalen⁶ som regel gjekk mot, og som seinare vart stadfesta av heile utviklingsgangen.

Den tredje artikkelen (*Politikken til soyjetregjeringa i det nasjonale spørsmålet i Russland*, sjå *Zjizn Natsionalnosti*, oktober 1920) handlar om den noverande og framleis ufullførte perioden med administrativ nyoppdeling av Russland på grunnlag av sovjetautonomi i regionane, perioden då dei administrative kommunane og autonome sovjetrepublikkane i grenseregionane vert organiserte som delar av RSFSR*. Det sentrale emnet for artikkelen er den praktiske gjennomføringa av sovjetautonomiet, dvs. å tryggja ein revolusjonær union mellom sentrum og grenseregionane som trygd mot imperialistiske intervensionsfreistnader.

Det verkar kan henda merkeleg at artikkelen kategorisk avviser kравet om lausriving av grenseregionane frå Russland som eit kontrarevolusjonært trekk. Men i røynda er det ikkje noko rart i det. Vi er *for* at India, Arabia, Egypt og Marokko og andre koloniar skal rive seg laus frå Ententen, av di lausriving i dette tilfellet ville seja at desse underkua landa vart frigjorde frå imperialismen, at stillingane til imperialismen vart svekkja og stillingane til revolusjonen styrkte. Vi er *mot* at grenseregionane skal verta lausrivne frå Russland, av di lausriving i så fall ville seja imperialistisk trældom for grenseregionane, at den revolusjonære krafta til Russland vart svekkja og stillingane til imperialismen styrkte. Det er av denne grunnen at Ententen, som slåst mot lausriving for India, Egypt, Arabia og andre koloniar, samstundes slåst for at grenseregionane skal verta lausrivne frå Russland. Det er av denne grunnen at

*RSFSR – Den russiske sosialistiske fôderative sovjetrepublikken. Namnet på Sovjetstaten frå 1917 til 1922. -Red.

komunistane, som slåst for at koloniane skal verta lausrivne frå Ententen, samstundes ikkje kan anna enn slåst mot at grenseregionane vert lausrivne frå Russland. Det er openbart at lausriving er eit spørsmål som må avgjera i samsvar med dei konkrete internasjonale vilkåra og i samsvar med interessene til revolusjonen.

Oktober 1920

J. Stalin, *Artikkelsamling*, Statsforlaget, Tula, 1920

MARXISMEN OG DET NASJONALE SPØRSMÅLET⁷

Perioden med kontrarevolusjon i Russland førte ikkje berre «lyn og tore» med seg, men og desillusjonering i rørsla, og mangel på tru på dei sams kreftene våre. Så lenge folk trudde på «ei lys framtid», slost dei side ved side utan omsyn til nasjonalitet: Felles spørsmål først og fremst! Men når tvilen kraup inn i hjarto til folk, byrja dei å dra, kvar til sitt nasjonale læger. Lat kvar mann lita berre på seg sjølv! «Det nasjonale spørsmålet» først og fremst!

På same tid gjekk det føre seg ei djuptgripande omskaking i det økonomiske livet i landet. Året 1905⁸ hadde ikkje vore fåfengt: Det var slege nok eit slag mot overleivningane av liveigenskapen på landsbygda. Den rekkja med gode avlingar som fylgte åra med hungersnaud, og oppsvinget i industrien som kom etter det, fremja frammarsjen til kapitalismen. Klasseoppdelinga på landsbygda, veksten av byane, utviklinga av handel og kommunikasjonsmiddel tok eit langt steg framover. Dette galdt særleg grenseregionane. Og det kunne ikkje anna enn skunda på prosessen med økonomisk grunnfesting av nasjonalitetane i Russland. Dei var nøydde til å koma i rørsle . . .

«Det konstitusjonelle styret»⁹ som vart oppretta på den tida, verka og i same lei, til å vekkja nasjonalitetane. Spreiinga av aviser og av litteratur elles, ein viss fridom for presse og kulturinstitusjonar, auka tal på nasjonalteater og så bortetter, hjelpte utan tvil til å styrkja «dei nasjonale kjenslene». Valkampen til dumae¹⁰ og dei politiske gruppene der, gjorde det på ny mogleg for nasjonane å vera meir aktive, og gav dei eit nytt og vidt mobiliseringfelt.

Og den stigande bylgja av militant nasjonalisme ovanfrå, og rekkja av undertrykkjande tiltak frå «makthavarane» si side som hemn for «fridomselsken» til grenseregionane, fekk det til å stiga ei bylgje av nasjonalisme nedanfrå som til tider tok form av grovskoren sjåvinisme. Utbreiinga av sionismen¹¹ mellom jødane, auka sjåvinisme i Polen, pan-

islamisme¹² mellom tatarane, utbreilinga av nasjonalisme mellom armenarane, grusarane og ukrainarane og det almenne omsvinget til anti-semittisme hjå spissborgarane, er vanleg kjende kjensgjerningar.

Den nasjonalistiske bylgja rulla framover med aukande kraft og truga med å sluka massen av arbeidarane. Og di meir rørsla for frigjering gjekk attende, di meir rikeleg blømde nasjonalismen opp.

I denne vanskelege tida hadde sosialdemokratiet ei stor oppgåve: Å stå imot nasjonalismen og verja massane mot den allmenne «farsotten». For sosialdemokratiet, og berre sosialdemokratiet, kunne gjera dette, ved å stri mot nasjonalismen med det velprøvde våpenet internasjonalisme, med å setja fram einskapen i klassekampen, som det er uråd å dela opp. Og dess meir kraftfullt den nasjonalistiske bylgja rulla fram, dess høgare måtte ropa frå sosialdemokratiet om brorskap og einskap mellom proletarane frå alle nasjonalitetane i Russland vera. Og i denne samanhengen var det naudsynt at sosialdemokratane i grenseregionane var særskilt støe, for dei kom i beinveges kontakt med nasjonalistrørsla.

Men ikkje alle sosialdemokratar viste seg vaksne for oppgåva – og dette gjeld særleg sosialdemokratane i grenseregionane. Bund, som tidlegare hadde lagt vekt på dei sams oppgåvene, byrja no å setja sine eigne konkrete, reint nasjonalistiske mål fyrst: Dei gjekk så langt som å gjera «hald sabbaten heilag» og «godkjenning av jiddisk»¹³ til stridssaker i valkampen sin*. Bund fekk fylge av Kaukasus. Ein del av dei kaukasiske sosialdemokratane, som til liks med resten av dei kaukasiske sosialdemokratane tidlegare hadde avvist «kulturnasjonalt autonomi», gjer no dette til eit krav som ein ikkje kan drygja med.** For ikkje å nemna konferansen til likvidatorane¹⁴, som på ein diplomatisk måte godkjende nasjonalistisk vakling.***

Det går fram av dette at synspunkta til det russiske sosialdemokratiet på det nasjonale spørsmålet enno ikkje er klåre for alle sosialdemokratar.

Det er tydeleg at vi har bruk for ein alvorleg og omfattande diskusjon om det nasjonale spørsmålet. Prinsippfaste sosialdemokratar må arbeida jamt og utrøyttande mot tåka av nasjonalisme, utan omsyn til kva læger ho kjem frå.

* Sjå «Melding frå den niande konferansen i Bund». *J. St.*

** Sjå «Utsegn frå Augustkonferansen». *J. St.*

*** Same stad.

I NASJONEN

Kva er ein nasjon?

Ein nasjon er fyrst og fremst eit fellesskap, eit visst fellesskap av menneske.

Dette er korkje rase- eller stammefellesskap. Den moderne italienske nasjonen vart danna av romarar, teutonar, etruskarar, grekarar, arabarar osb. Den franske nasjonen vart danna av gallarar, romarar, bretonar, teutonar osb. Det same må ein seia om britane, tyskarane og andre som vart forma til nasjonar av folk frå ulike rasar og stammar.

Ein nasjon er altså korkje eit rase- eller stammefellesskap, men eit fellesskap av menneske, som har vakse fram gjennom historia.

På den andre sida er det ikkje tvil om at vi ikkje kan kalla dei store imperia til Kyros og Aleksander for nasjonar, sjølv om dei vokste fram gjennom historia og vart forma av ulike stammar og rasar. Dei var ikkje nasjonar, men tilfeldige og laust samanknytte samlingar av grupper som samla seg og fall frå kvarandre når ein eller annen erostrar vann eller tapte.

Ein nasjon er altså ikkje ei tilfeldig eller flyktig samling av ulike element, men eit stabilt fellesskap av menneske.

Men ikkje alle stabile fellesskap er nasjonar. Austerrike og Russland er og stabile fellesskap, men ingen kallar dei nasjonar. Kva skil eit nasjonalt fellesskap frå eit statsfellesskap? Mellom anna den kjensgjerninga at eit nasjonalt fellesskap er umogleg utan eit sams språk, medan ein stat ikkje treng ha eit sams språk. Den tsjekkiske nasjonen i Austerrike og den polske i Russland ville vera uråd om kvar av dei ikkje hadde eit sams språk. Derimot verkar det ikkje inn på integriteten til Russland og Austerrike at det finst fleire ulike språk innanfor grensene deira. Vi sikter sjølvsagt til dei talte folkemåla, og ikkje til dei offisielle regjeringsmåla.

Eit sams språk er altså eit av særdraga til ein nasjon.

Dette tyder sjølvsagt ikkje at ulike nasjonar alltid og over alt taler ulike språk, eller at alle som taler same språket naudsynlegvis utgjer ein nasjon. Eit *sams språk* for kvar nasjon, men ikkje naudsynlegvis ulike språk for ulike nasjonar! Det finst ingen nasjon som på same tid taler fleire språk, men dette tydar ikkje at to nasjonar ikkje kan tala det same språket! Engelskmenn og amerikanarar taler eitt språk, men dei er ikkje ein nasjon. Det same gjeld nordmennene og danskane, engelskmenne og irane.

Men kvifor er ikkje til dømes engelskmennene og amerikanarane ein

nasjon trass i at dei har sams språk?

Fyrst og fremst av di dei ikkje lever saman, men bur på ulike territorium. Ein nasjon vert forma berre som eit resultat av langvarig og regelmessig samkvem, som eit resultat av at folk lever saman i slektledd etter slektledd. Men folk kan ikkje leva saman over lang tid utan at dei har eit sams territorium. Engelskmenn og amerikanarar budde opphavleg på det same territoriet, England, og var ein nasjon. Seinare utvandra ein del av engelskmennene frå England til eit nytt territorium, Amerika. Etter ei tid danna den nye amerikanske nasjonen seg på dette nye territoriet. Skilde territorium førte til at det vart danna ulike nasjonar.

Eit sams territorium er altså eit av særdraga ved ein nasjon.

Men dette er ikkje alt. Sams territorium skaper ikkje ein nasjon i seg sjølv. Dette krev i tillegg eit indre økonomisk samband som sveisar dei ulike delane av nasjonen sammen til eitt. Det finst ikkje noko slikt samband mellom England og Amerika, så dei er to ulike nasjonar. Men amerikanarane sjølve ville ikkje vera verd å verta kalla ein nasjon om ikkje dei ulike delane av Amerika var bundne sammen til ein økonomisk heilskap, som eit resultat av arbeidsdelinga mellom dei, utviklinga av kommunikasjonsmiddel og så bortetter.

Tak til dømes grusarane. Før reformen¹⁵ budde grusarane på eit sams territorium og dei talte eitt språk. Likevel var dei strengt teke ikkje ein nasjon. For splitta som dei var i fleire skilde fyrstedøme, kunne dei ikkje dela eit sams økonomisk liv. I fleire hundreår førte dei krig mot kvarandre og plyndra kvarandre, og kvar eggja persarane og tyrkarane mot den andre. Det flyktige og tilfeldige sambandet av fyrstedøme som ein eller annan framgangsrik konge nokre gongar klarte å få i stand, omfatta aldri meir enn ei overflatisk administrativ sfære og fall fort frå kvarandre på grunn av luna til fyrstane og av di bøndene ikkje brydde seg om det. Det kunne heller ikkje vera annleis i det økonomiske oppstykka Grusia . . . Grusia stod ikkje fram som nasjon før i siste halvdelen av det nittande hundreåret. Då livegenskapen vart rydda bort og det økonomiske livet i landet voks, då kommunikasjonsmidla utvikla seg og kapitalismen steig fram og førte til arbeidsdeling mellom dei ulike distrikta i Grusia, vart den økonomiske isolasjonen til fyrstedøma fullstendig sprengd og dei vart bundne sammen til ein einaste heilskap.

Ein må seia det same om dei andre nasjonane som har gått gjennom stadiet til føydalismen og har utvikla kapitalismen.

Eit sams økonomisk liv, økonomisk samanheng, er altså eit av særdraga ved ein nasjon.

Men endåtil dette er ikkje alt. Utanom det som er sagt før, må vi også sjå på den særlege åndelege framtoninga til det folket som er ein nasjon.

Nasjonar skil seg ikkje frå kvarandre berre ved tilhøva som dei lever under, men og ved åndeleg framtoning som kjem til uttrykk i ein særeigen nasjonal kultur. Når England, Amerika og Irland, som taler eitt språk, likevel er tre skilde nasjonar, er det ikkje i liten grad på grunn av den psykiske eigenarten som dei har utvikla frå slektled til slektled som resultat av ulike livstilhøve.

I seg sjølv er sjølvsagt psykisk eigenart eller «nasjonalkarakter» som det og vert kalla, ikkje noko handfast for ein som går etter, men så lenge det kjem til uttrykk i ein særskild kultur som er sams for nasjonen er det noko handfast, og vi kan ikkje sjå bort frå det.

Vi treng knapt seia at «nasjonalkarakteren» ikkje er fastlåst ein gong for alle, og at endringar i livstilhøva verkar på han. Men sidan han er til på eit kvart tidspunkt, set han preget sitt på andletet til nasjonen.

Sams psykisk eigenart som kjem til uttrykk i ein sams kultur er altså eit av særdraga ved ein nasjon.

Ein nasjon er eit stabilt fellesskap av menneske som har oppstått historisk og som er danna med grunnlag i sams språk, territorium, økonomisk liv og psykisk eigenart som kjem til uttrykk i ein sams kultur.

Av dette fylgjer det av seg sjølv at ein nasjon lik kvar einaste historisk ovring* er underlagd lova om endring og har si soge med byrjing og slutt.

Ein må understreka at ingen av dei draga som er nemnde ovanfor kvar for seg strekk til for å avgrensa ein nasjon. Meir enn det: Det er nok at eit einaste av desse draga manglar, så sluttar nasjonen å vera ein nasjon.

Vi kan tenkja oss menneske med sams «nasjonalkarakter» utan at ein av den grunn kan seia at dei er ein nasjon, om dei samstundes er skilde frå kvarandre økonomisk, bur på ulike territorium, taler ulike språk og så bortetter. Dette gjeld til dømes dei russiske, galigiske, amerikanske, grusiske og kaukasiske høglands-jødane, som etter vår mening ikkje er ein nasjon.

Vi kan tenkja oss menneske som bur på same territorium og med sams økonomisk liv, som likevel ikkje er ein nasjon av di dei ikkje har eit sams språk og ikkje nokon sams «nasjonalkarakter». Dette gjeld til dømes tyskarane og latviarane i det baltiske området.

Endeleg taler nordmennene og danskane det same språket, men dei er ikkje ein nasjon, for dei andre draga manglar.

Det er berre når alle desse draga er til stades saman at vi har ein nasjon.

* ovring – fenomen -Red.

Det kan sjå ut som «nasjonalkarakter» ikkje er eitt av særmerka, men det *einaste* verkelege særmerket ved ein nasjon, og at alle dei andre særmerka strengt teke berre er *vilkår* for utviklinga av ein nasjon i staden for sjølv å vera merke for han. Slik er synet til til dømes R. Springer, og særleg O. Bauer. Dei er sosialdemokratiske teoretikarar i det nasjonale spørsmålet og velkjende i Austerrike.

Lat oss sjå på teorien deira om nasjonen.

Springer seier at «ein nasjon er ei sameining av menneske som tenkjer og taler likt». Det er «eit kulturfellesskap av moderne menneske som ikkje lenger er bundne til 'jorda'»* (Vår utheving)

Slik vert altså ei «sameining» av menneske som tenkte og talte likt ein nasjon, utan omsyn til om dei er skilde frå kvarandre og utan omsyn til kvar dei bur.

Bauer går endå lenger.

«Kva er ein nasjon?» spør han. «Er det eit sams språk som gjer folk til ein nasjon? Men engelskmennene og irane . . . taler det same språket utan å vera eit folk. Jødane har ikkje noko sams språk og likevel er dei ein nasjon.»**

Kva er då ein nasjon?

«Ein nasjon er eit relativt karakterfellesskap.»***

Men kva er karakter, i dette høvet nasjonalkarakter?

Nasjonalkarakter er «summen av særmerke som skil menneske av ein nasjonalitet frå menneske av ein annan nasjonalitet – samansettinga av fysiske og åndelege særmerke som skil ein nasjon frå ein annan.»****

* R. Springer, «*Det nasjonale problemet*», Forlaget Obsjtsjestvennaja Polza, 1909, s. 43. *J. St.*

** O. Bauer, *Det nasjonale spørsmålet og sosialdemokratiet*, Forlaget Serp, 1909, s. 1-2. *J. St.*

*** O. Bauer, *Det nasjonale spørsmålet og sosialdemokratiet*, Forlaget Serp, 1909, s. 6. *J. St.*

**** Same stad, s. 2. *J. St.*

Bauer veit sjølvsagt at nasjonalkarakter ikkje fell ned frå himmelen. Difor legg han til:

«Karakteren til menneska vert mest av alt fastsett av lagnaden deira . . . Ein nasjon er ikkje noko anna enn eit fellesskap med sams lagnad» som i sin tur er fastsett «av dei vilkåra som menneska produserer dei midla som dei skal leva av under, og som dei fordeler arbeidsprodukta sine under.»*

Slik kjem vi fram til den mest «fullstendige» definisjonen av ein nasjon, som Bauer kallar han:

«*Ein nasjon er ei samling menneske som er bundne saman til eit karakterfellesskap av ein sams lagnad.*»**

Vi har altså ein sams nasjonalkarakter som er grunna på ein sams lagnad, men ikkje naudsynlegvis bundne saman med sams territorium, språk eller økonomisk liv.

Men kva vert det då igjen av nasjonen? Kva slags sams nasjonalitet kan det vera mellom menneske som ikkje er økonomisk samanbundne, som bur på ulike territorium og som frå åttled til åttled taler ulike språk?

Bauer taler om jødane som ein nasjon, trass i at dei «ikkje har noko sams språk».*** Men kva slags «sams lagnad» og nasjonal samanheng finst det til dømes mellom dei grusiske, dagestianske, russiske og amerikanske jødane som er fullstendig skilde frå kvarandre, som bur på ulike territorium og taler ulike språk?

Desse jødane lever utan tvil eit økonomisk og politisk liv saman med respektive grusarane, dagestanarane, russarane og amerikanarane, og dei lever i den same kulturatmosfæren som dei. Dette må setja eit tydeleg preg på nasjonalkarakteren deira. Om det er att noko sams mellom dei, må det vera religionen, det sams opphavet, og visse restar av nasjonalkarakteren. Alt dette er heva over tvil. Men korleis kan ein påstå i fullt alvor at forsteina religiøse ritual og kvervande psykiske overleivingar påverkar «lagnaden» til desse jødane kraftigare enn den levande sosiale, økonomiske og kulturelle omgjevnaden? Og det er berre ved å gå ut frå dette at det er mogleg å tala om jødane som ein nasjon i det heile.

* Same stad, s. 24-25. *J. St.*

** Same stad, s. 139. *J. St.*

*** Same stad, s. 2. *J. St.*

Kva er det så som skil nasjonen til Bauer frå den mystiske og sjølvtil-strekkelege «nasjonalånda» til spiritualistane?*

Bauer set opp eit uoverstigeleg gjerde mellom det «avgjerande kjen-nemerket» på nasjonar (nasjonalkarakter) og livs«tilhøva» deira ved at han skil dei frå kvarandre. Men kva er nasjonalkarakter om det ikkje er eit spegelbilete av livstilhøva, ei avstøyning av inntrykk som er avleidd av omgjevnaden? Korleis kan vi innskrenka saka til nasjonalkarakter åleine, og skilja og isolera han frå jorda som gav opphav til han?

Vidare, kva var det i røynda som skilde den engelske og den ameri-kanske nasjonen på slutten av det attande og byrjinga av det nittande hundreåret, då Amerika enno var kjend som Ny-England? Sjølvsagt ikkje nasjonalkarakter. For amerikanarane hadde kome frå England og hadde ikkje ført berre det engelske språket med seg, men og den engelske nasjonalkarakteren som dei sjølvsagt ikkje kunne missa så snart. Under påverknaden frå dei nye tilhøva, ville dei likevel naturlegvis ut-vikla sin eigen særskilde karakter. Trass i den meir eller mindre sams karakteren, var dei likevel på den tida ein nasjon skild frå England! Det er openert at Ny-England som nasjon då ikkje skilde seg frå England som nasjon ved den særskilde nasjonalkarakteren sin, eller ikkje så mykje ved nasjonalkarakteren som ved omgjevnadene og livsvilkåra, som var skilde frå dei engelske.

Difor er det klårt at det i røynda ikkje finst *eitt* skiljande særmerke ved ein nasjon. Det finst berre ein sum av særmerke, og når vi saman-liknar nasjonar står nokre gongar eitt særmerke (nasjonalkarakter), nokre gongar eit anna (språk) eller eit tredje (territorium, økonomiske vil-kår), skarpare fram. Ein nasjon er kombinasjonen av alle desse særmer-ka til saman.

Synspunktet til Bauer, som seier at nasjonen er nasjonalkarakteren, skil nasjonen frå jordsmonnet hans og gjer han til ei usynleg, sjølvtil-strekkeleg kraft. Resultatet er ikkje ein levande og aktiv nasjon, men noko mystisk og overnaturleg som ein ikkje kan gripa. For som sagt, kva slags nasjon er til dømes ein jødisk nasjon som er ihopsett av grusiske, dagestanske, russiske, amerikanske og andre jødar som ikkje skjønar kvarandre (sidan dei taler ulike språk), som bur på skilde delar av jorda, som aldri vil sjå kvarandre og som aldri vil handla saman kor-kje i fredstid eller krigstid.

Nei, det er ikkje for slike «papirnasjonar» at sosialdemokratiet set opp det nasjonale programmet sitt. Det kan berre rekna med verkelege na-

* *spiritualistane* – tilhengarar av ei anti-materialistisk filosofisk og politisk ret-ning. – Red.

sjonar som handlar og rørar på seg, og som difor krev at vi reknar med dei.

Bauer blandar openbert saman *nasjon* som ein historisk kategori, og *stamme* som ein etnografisk* kategori.

Likevel ser det ut til at Bauer kjenner kor veikt han står. Sjølv om han utan vidare seier at jødane er ein nasjon i byrjinga av boka si,** rettar han seg sjølv i slutten av boka, og slår fast at «vanlegvis gjer det kapitalistiske samfunnet det umogleg for dei (jødane) å halda fram som nasjon»*** ved at det får dei til å gå opp i andre nasjonar. Det ser ut til at grunnen til det er at «jødane ikkje har noko avstengt territorium som dei bur på»,**** medan tsjekkarane til dømes har eit slikt territorium. Desse vil, etter det Bauer seier, overleva som nasjon. Kort sagt, grunnen er at dei ikkje har eit territorium.

Ved å argumentera slik, ville Bauer prova at dei jødiske arbeidarane ikkje kan krevja nasjonalt autonomi.⁵ Men på denne måten viste han utan å vilja det tilbake sin eigen teori, som nektar for at sams territorium er eit av kjenneteikna på ein nasjon.

Men Bauer går lenger. I byrjinga av boka si slår han klårt fast at «jødane ikkje har noko *sams språk*, og likevel er dei ein nasjon.»⁶ Men han har knapt nådd side 130 før han snur om og seier like fastrådd at «*det er ikkje tvil om at ein nasjon er umogleg utan eit sams språk*.»⁷ (Vår utheving).

Bauer ville prova at «språket er den viktigaste reiskapen for menneskeleg samkvem»,⁸ men samtidig prova han ved ein glepp noko han ikkje meinte å prova, nemleg at teorien hans om nasjonar ikkje held vatn av di han nektar for kor viktig det er å ha eit sams språk.

Denne teorien som er sydd saman med idealistiske trådar, avviser på denne måten seg sjølv.

* Etnografisk: Det som har med ulike folkeslag, deira levemåte, kultur og samfunn å gjera. -Red.

** Same stad, s. 2. *J. St.*

*** Same stad, s. 389. *J. St.*

**** Same stad, s. 388. *J. St.*

⁵ Same stad, s. 396. *J. St.*

⁶ Same stad, s. 2. *J. St.*

⁷ Same stad, s. 130. *J. St.*

⁸ Same stad. *J. St.*

II DEN NASJONALE RØRSLA

Ein nasjon er ikkje berre ein historisk kategori, men ein historisk kategori som høyrer til ein viss tidfolk. Det er tidfolken til den veksande de kapitalismen. Den prosessen der føydalismen vert fjerna og kapitalismen utvikla, er på same tid ein prosess der menneske vert organiserte i nasjonar. Slik skjedde det til dømes i Vest-Europa. Britane, fransk-mennene, tyskarane, italienarane og andre vart forma til nasjonar samstundes som kapitalismen rykka sigerrikt fram og sigra over den føydale kløyvinga.

Men i desse døma innebar dannninga av nasjonar på same tid at dei vart omdanna til sjølvstendige nasjonalstatar. Den britiske og franske nasjonen og andre nasjonar er på same tid britiske osb., statar. Irland, som ikkje var med på denne prosessen, endrar ikkje heilsaksbiletet.

Tinga tok ei noko anna vending i Aust-Europa. Medan nasjonane i vest utvikla seg til statar, vart det danne fleirnasjonale statar i aust. Det er statar med fleire nasjonalitetar. Slike er Austerrike, Ungarn og Russland. I Austerrike synte tyskarane seg å vera dei mest politisk utvikla, og dei tok på seg å sameina dei austrikske nasjonalitetane til ein stat. I Ungarn var det madjarane – kjernen i dei ungarske nasjonalitetane – som var mest innretta på statsorganisering, og dei sameinte Ungarn. I Russland var det storrussarane som stod for å sameina nasjonalitetane. I brodden for dei stod eit historisk skipa kraftig og velorganisert aristokratisk militærbyråkrati.

Slik gjekk det føre seg i aust.

Denne særlege metoden for statsdanning kunne berre finna stad der føydalismen enno ikkje hadde gått under, der kapitalismen var lite utvikla og der dei nasjonalitetane som var trengde i bakgrunnen enno ikkje hadde vorte i stand til å grunnfesta seg økonomisk til heilskaplege nasjonar.

Men kapitalismen byrja og å utvikla seg i aust-statane. Handel og kommunikasjonsmiddel var i utvikling. Store byar voks opp. Nasjonane

vart grunnfesta økonomisk. Kapitalismen braut inn i det rolege livet til dei nasjonalitetane som hadde vorte trengde i bakgrunnen, vekte dei og eggja dei til handling. Utviklinga av pressa og teatret, verksemda til Reichsrat* (Austerrike) og Dumaen (Russland) hjelpte til å styrkja dei «nasjonale kjenslene». Intelligensaen som hadde vakse fram, vart gjenomsyra av «den nasjonale ideen» og handla i same lei . . .

Men dei nasjonane som var trengde i bakgrunnen og som no hadde vakna til sjølvstendig liv, kunne ikkje lenger danna sjølvstendige nasjonalstatar. På vegen møtte dei svært sterkt motstand frå dei herskande laga i herrenasjonane, som for lenge siden hadde gripe makta over staten. Dei var for seint ute!

På denne måten forma tsjekkarane, polakkane og andre seg til nasjonar i Austerrike. Kroataane og andre gjorde det same i Ungarn, latviarane, litauararane, ukrainarane, grusarane, armenarane og andre i Russland. Det som hadde vore unntaket i Vest-Europa (Irland), vart regelen i aust.

I vest svarte Irland på den særeigne stillinga si med ei nasjonal rørsle. I aust måtte dei nasjonane som hadde vakna, svara på same måten.

Slik oppstod dei tilhøva som dreiv dei unge nasjonane i Aust-Europa over på stridsvegen.

Striden byrja og flamma opp, eigentleg ikkje mellom nasjonane som heilskap, men mellom herskarklassane i herrenasjonane og i dei nasjonane som var trengde i bakgrunnen. Striden vart til vanleg ført av småborgarskapet i byane i den undertrykte nasjonen, mot storborgarskapet i herrenasjonen (tsjekkarar og tyskarar), eller av borgarskapet på landsbygda i den undertrykte nasjonen mot godseigarane i herrenasjonen (ukrainarar i Polen), eller av heile det «nasjonale» borgarskapet i den undertrykte nasjonen mot herskaradelen i herrenasjonen (Polen, Litauen og Ukraina i Russland).

Borgarskapet spelar den leiande rolla.

Hovudproblemet for det unge borgarskapet er marknadsproblemet. Målet deira er å selja varene sine og å stå sigrande fram i konkurransen med borgarskapet frå ein annan nasjonalitet. Difor ynskjer dei å sikra sin «eigen» «heim»marknad. Marknaden er den fyrste skulen der borgarskapet lærer nasjonalismen sin.

Men saka er til vanleg ikkje avgrensa til marknaden. Det halvføydale og halvborgarle byråkratiet i herrenasjonen grip inn i striden med sine eigne metodar for «stogging og hindring». Borgarskapet i herrenasjonen, anten det er stort eller lite, kan taka seg av konkurrentane «raska-

* Riksrådet. -Red.

re» og «fastare». «Styrkane» kjem saman, og dei set i verk ei rekke avgrensingstiltak mot det «framande» borgarskapet, tiltak som endar i undertrykkingshandlingar. Striden spreier seg frå det økonomiske til det politiske feltet. Innskrenka rørslefridom, undertrykking av språket, avgrensa røysterett, stenging av skular, religiøse avgrensingar osb. vert lessa på akslene til «konkurrenten». Sjølvsgart vert slike tiltak ikkje utforma berre til beste for borgarklassane i herrenasjonen, men og for å fremja dei særskilde kasteføremåla til det herskande byråkratiet, for å seia det på den måten.

Men skal vi sjå på resultata, vert dette ganske likegyldig. Dei borgarlege klassane og byråkratiet går i dette høvet hand i hand, anten det er i Austerrike-Ungarn eller i Russland.

Borgarskapet i den undertrykte nasjonen, som vert halde nede frå alle sider, kjem sjølvsgart i rørsle. Dei vender seg til sitt «eige folk» og byrjar ropa om «fedrelandet», medan dei påstår at deira eiga sak er saka til heile nasjonen. Dei samlar seg ein hær av «landsmenn» til beste for . . . «fedrelandet». Og «folket» stiller seg ikkje alltid likegyldig til oppmodingane. Dei fylkar seg rundt fana deira: Undertrykkinga ovanfrå råkar dei og, og vekkjer misnøye hjå dei.

Slik byrjar den nasjonale rørsla.

Styrken til den nasjonale rørsla vert avgjort av i kor stor mon dei breie laga i nasjonen, nemleg proletariatet og bøndene, tek del i ho.

Om proletariatet fylkar seg om fana til den borgarlege nasjonalismen, kjem an på kor mykje klassemotseiingane er utvikla. Det kjem an på klassemedvitet og organisasjonsnivået i proletariatet. Det klassemedvitne proletariatet har si eiga velprøvde fane, og treng ikkje fylka seg om fana til borgarskapet.

Når det gjeld bøndene, kjem det først og fremst an på innhaldet i undertrykkinga om dei tek del i den nasjonale rørsla. Om undertrykkinga verkar på «jorda», slik ho gjorde i Irland, då vil massane av bønder straks fylka seg om fana til den nasjonale rørsla.

Når det på den andre sida ikkje finst nemneverdig *anti-russisk* nasjonalisme i Grusia, er det først og fremst av di det korkje finst russiske godseigarar eller eit russisk storborgarskap der, som kunne nöra opp under slik nasjonalisme mellom massane. I Grusia finst det *anti-armensk* nasjonalisme. Men det er av di det enno finst eit armensk storborgarskap der, som held det vesle grusiske borgarskapet som enno ikkje har grunnfesta seg, nede og driv dei til anti-armensk nasjonalisme.

Ut frå desse faktorane får anten den nasjonale rørsla massekarakter og veks stendig (som i Irland og Galitsja), eller ho vert omdanna til ei rekke smålege samanstøytar og degenererer til krangling og «kampar»

om skilt (som i nokre småbyar i Böhmen).

Innhaltet i den nasjonale rørsla kan sjølvsagt ikkje vera det same overalt: Det vert fastsett heilt ut av dei ymse krava som rørsla set fram. I Irland har rørsla karakter av å vera ei jordbruksrørsle, i Böhmen har ho «språkleg» karakter. På ein stad er kravet statsborgarleg likskap og religiøs fridom, ein annan stad «eigne» tenestemenn eller eit eige riksting. Mangfaldet av krav avslører ikkje sjeldan dei ulike draga som kjenneteiknar ein nasjon allment (språk, territorium osb.). Det er verdt å nemna at vi aldri ser eit krav som spring ut frå den altfemnande «nasjonal-karakteren» til Bauer. Og dette er naturleg: «Nasjonal-karakter» i seg sjølv er ikkje noko handfast. J. Strasser sa heilt rett at «ein politikar kan ikkje gjera noko med han».*

Slik er til vanleg formene og innhaldet i den nasjonale rørsla.

Av det som er sagt er det klårt at under vilkåra med *veksande kapitalisme* er den nasjonale striden ein strid mellom dei borgarlege klassane. Somme tider greier borgarskapet å trekka proletariatet inn i den nasjonale rørsla, og då får den nasjonale kampen «nasjonsomfem-nande» karakter, *sett utanfrå*. Men dette er berre på utsida. Eigentleg er det alltid ein borgarleg kamp som hovudsakleg er til bate og vinning for borgarskapet.

Men dette tyder slett ikkje at proletariatet ikkje skal stri mot politikken med nasjonal undertrykking.

Innskrenka rørslefridom, tap av røysteretten, språkundertrykking, stenging av skular og andre former for forfylging verkar ikkje mindre på arbeidarane enn på borgarskapet, heller meir. Ei slik stode kan berre verka til å seinke den frie utviklinga av dei intellektuelle kreftene til proletariatet i den undertrykte nasjonen. Vi kan ikkje tala alvorleg om full utvikling av dei intellektuelle evnene til den tatariske eller jødiske arbeidaren om han ikkje får lov til å bruka morsmålet sitt på møte og i foredrag, og om skulane hans er stengde.

Men politikken med nasjonalistisk forfylging er farleg for saka til proletariatet på ein annan måte og. Han dreg merksemda til breie lag vekk frå samfunnsspørsmål, spørsmål om klassekampen, og vender ho mot nasjonale spørsmål, spørsmål som er «sams» for proletariatet og borgarskapet. Og dette skaper fruktbar jord for lygnpropaganda om «interesse-fellesskap» for å dekkja over klasseinteressene til proletariatet og for intellektuell trælbinding av arbeidarane. Dette skaper et alvorleg hinder for sameininga av arbeidarane frå alle nasjonalitetar. Når ein monaleg del av dei polske arbeidarane enno er intellektuelt trælbundne av dei

* Sjå boka hans, *Arbeidaren og nasjonen*, 1912, s. 33. *J. St.*

borgarlege nasjonalistane, og når dei enno står fjernt frå den internasjonale arbeidarrørsla, er det hovudsakleg på grunn av at den eldgamle anti-polske politikken til «makthavarane» gjev grobotn for denne træl-bindinga og hindrar at arbeidarane frigjer seg frå ho.

Men forsympolitikken er ikkje slutt med dette. Ikkje sjeldan går han frå eit «system» med *undertrykking* til eit «system» med å *hissa* nasjonar mot kvarandre, til eit «system» med pogromar og massakrar. Sjølsagt er det siste systemet ikkje mogleg alltid og overalt, men der det er mogleg, der det ikkje finst grunnleggjande borgarrettar, får det ofte skræmande omfang og trugar med å drukna einskapssaka til arbeidara-ne i blod og tårar. Kaukasus og Sør-Russland gjev nok av døme. «Splitt og hersk», det er målet for opphissingspolitikken. Og der ein slik politikk lukkast, er han til enorm skade for proletariatet og ei alvorleg hindring for sameininga av arbeidarane frå alle nasjonalitetane i staten.

Men arbeidarane har interesse av at alle arbeidrarar smeltar fullstendig saman til ein einaste internasjonal hær, av at dei raskt og endeleg skal frigjerast frå intellektuell trældom under borgarskapet og av den fullstendige og frie utviklinga av dei intellektuelle evnene til brørne sine, kva nasjon dei enn høyrer til.

Difor kjempar arbeidarane mot, og dei vil halda fram med å kjempa mot politikken med nasjonal undertrykking i alle former, frå dei listigaste til dei mest grovskorne, så vel som mot politikken med å hissa nasjonar mot kvarandre i alle sine former.

Difor kunngjer sosialdemokratiet i alle land at nasjonane har rett til å rá seg sjølv.

Sjølvråderetten tyder at berre nasjonen sjølv har rett til å avgjera lagnaden sin. Han tyder at ingen har rett til å gripa inn i livet til nasjonen *med vald*. Ingen har rett til å *øydeleggja* skulane hans eller andre institusjonar, til å *krejkja* vanane og skikkane hans, til å *undertrykkja* språket hans eller til å *minka* på rettane hans.

Dette tyder sjølv sagt ikkje at sosialdemokratiet vil støtta kvar einaste skikk eller institusjon hjå ein nasjon. Det kjempar mot tvangsbruk mot alle nasjonar, men det vil berre halda fast på retten til at *nasjonen sjølv* har rett til å avgjera sin eigen lagnad. Samstundes agiterer det mot skadelige skikkar og institusjonar hjå den nasjonen for å setja dei arbeidande laga i den nasjonen i stand til å frigjera seg frå dei.

Sjølvråderett tyder at ein nasjon kan ordna livet sitt slik han vil. Han har rett til å ordna livet sitt på grunnlag av autonomi. Han har rett til å gå inn i føderale samband med andre nasjonar. Han har rett til fullstendig lausriving. Nasjonar er suverene, og alle nasjonar har like rettar.

Dette tyder sjølv sagt ikkje at sosialdemokratiet vil støtta eit kvart

krav frå ein nasjon. Ein nasjon har til og med rett til å venda attende til den gamle ordninga. Men dette tyder ikkje at sosialdemokratiet vil skriva under på ei slik avgjerd teken av ein eller annen institusjon i ein viss nasjon. Pliktene til sosialdemokratiet, som verjar interessene til proletariatet, og rettane til ein nasjon, som er sett saman av fleire klassar, er to ulike ting.

I striden for sjølvråderett for nasjonane er målet til sosialdemokratiet å stogga politikken med nasjonal undertrykking, å gjera han umogleg, og på den måten fjerne grunnlaget for kiv mellom nasjonar, å taka brodden frå dette kivet og minka det til eit minstemål.

Dette er det som mest skil politikken til det klassemedvitne proletariatet frå politikken til borgarskapet, som freistar å blåsa opp og skjerpa den nasjonale kampen og forlengja og kvessa til den nasjonale rørsla.

Og det er grunnen til at det klassemedvitne proletariatet ikkje kan fylka seg under det «nasjonale» banneret til borgarskapet.

Det er grunnen til at den såkalla «utviklingsnasjonale» politikken som Bauer fremjar, ikkje kan verta politikken til proletariatet. Freistnaden til Bauer på å gjera den «utviklingsnasjonale» politikken sin til politikken til den «moderne arbeidarklassen»*, er ein freistnad på å tillempa klassekampen til arbeidarane på kampen til nasjonane.

Lagnaden til ei nasjonal rørsle, som eigentleg er ei borgarleg rørsle, er sjølvsagt knytt i hop med lagnaden til borgarskapet. Ei nasjonal rørsle kan berre verta heilt borte når borgarskapet fell. Fyrst når sosialismen herskar, kan det verta fred heilt og fullt. Men til og med innom ramma til kapitalismen er det mogleg å minka den nasjonale kampen til eit minstemål, å undergrava han ved rota og å gjera han så lite skadeleg som mogleg for proletariatet. Dette er stadfest av til dømes Sveits og Amerika. Det som skal til, er at landet vert demokratisert og at nasjonane får høve til å utvikla seg fritt.

III SPØRSMÅLSSTILLINGA

Ein nasjon har rett til å fastsetja sin eigen lagnad fritt. Han har rett til å innretta seg slik han tykkjer det høver, sjølvsagt utan å trampa ned rettane til andre nasjonar. Dette er umotseiande.

Men nøyaktig *korleis* skal han innretta seg, *kva slags former* skal den

* Sjå boka til Bauer, s. 166. *J. St.*

framtidige skipnaden hans taka, om ein skal ha i minnet interessene til fleirtalet i nasjonen og framfor alt til proletariatet?

Ein nasjon har rett til å innretta seg etter autonome liner. Han har endå til rett til lausriving. Men det tyder ikkje at han skal gjera det i alle høve, at autonomi eller utskiljing alltid og overalt vil vera til føremon for ein nasjon, dvs. for fleirtalet i han, dvs. for dei arbeidande laga. Lat oss seia at dei transkaukasiske tatarane samlar seg i ein nasjon i rikstinget sitt og vedtek å nyopprett den gamle ordninga og riva seg laus frå staten, av di dei ligg under for innverknaden frå bejane* og mullahane** sine. Etter innhaldet i paragrafen om sjølvråde har dei fullt høve til å gjera det . . . Men vil det vera i interessene til dei arbeidande laga i tatar-nasjonen? Kan sosialdemokratiet sjå likegyldig på om bejane og mullahane grip leiinga over massane i løysinga av det nasjonale spørsmålet? Skulle ikkje sosialdemokratiet gripa inn i saka og påverka viljen til nasjonen i ei viss retning? Skulle det ikkje leggja fram ein bestemt plan for å løysa spørsmålet, ein plan som skulle vera til mest føremon for tatar-massane?

Men kva slags løysing ville vera mest i samsvar med interessane til dei arbeidande massane? Autonomi, føderasjon eller utskiljing?

Løysinga av alle desse problema avheng av dei konkrete, historiske vilkåra som den nasjonen står i.

Meir enn det. Vilkåra endrar seg som alt anna, og ei avgjerd som er rett på eit tidspunkt, kan visa seg å vera heilt uhøveleg på eit anna.

På midten av det nittande hundreåret var Marx for lausriving av det russiske Polen. Og han hadde rett, for då var det spørsmål om å frigjera ein høgare kultur frå ein lågare kultur som øydela han. Og spørsmålet var på den tida ikkje berre eit teoretisk, akademisk spørsmål, men eit praktisk spørsmål som var påtrengjande verkeleg . . .

Alt på slutten av det nittande hundreåret uttalte dei polske marxistane seg mot lausriving av Polen. Og dei hadde også rett, for i dei femti åra som hadde gått hadde djuptgripande endringar gått føre seg som førte Russland og Polen nærmare kvarandre økonomisk og kulturelt. Dessutan hadde spørsmålet om lausriving på desse åra endra seg frå eit praktisk spørsmål til eit akademisk debattspørsmål som ikkje opptok andre enn kanskje nokre intellektuelle i utlandet.

Likevel kan det sjølvsagt henda at det dukkar opp visse indre og ytre vilkår som kan gjera spørsmålet om lausrivinga av Polen aktuelt att.

* *Bej* var ein styrar i ein by eller eit distrikt i tyrkiske koloniar. -Red.

** *Mullah* – muhammedanar som er lærde i teologi og heilag rett. -Red.

Ein kan berre løysa det nasjonale spørsmålet i samanheng med utviklinga av dei historiske vilkåra.

Det er berre dei økonomiske, politiske og kulturelle vilkåra for ein nasjon som gjev nøkkelen til *korleis* ein viss nasjon bør ordna seg og *kva for former* den framtidige skipnaden hans bør taka. Det er mogleg at spørsmålet må verta løyst særskilt for kvar einskild nasjon. Om det no-kon stad krevst at ein skal nytta dialektisk tilnærming til eit spørsmål, må det vera her, i det nasjonale spørsmålet.

Med tanke på dette må vi kunngjera fast at vi er mot ein viss svært utbreidd, men svært overflatisk måte å «løysa» det nasjonale spørsmålet på, som har opphavet sitt hjå Bund. Vi har i tankane den lettvinne metoden med å visa til det austerrikske og sør-slaviske* sosialdemokratiet, som visstnok alt har løyst det nasjonale spørsmålet og som det russiske sosialdemokratiet ganske enkelt skulle låna løysinga frå. Ein går ut frå at alt som er rett for, lat oss seia Austerrike, er rett for Russland og. Her er det viktigaste og mest avgjerande ute av syne, nemleg dei konkrete historiske vilkåra i Russland som heilskap og i livet til kvar av dei nasjonane som bur i Russland særskilt.

Høy til dømes kva den velkjende bundisten V. Kossovski seier:

«Når prinsippa for spørsmålet (dvs. det nasjonale spørsmålet – *J. Stalin*) var oppe til debatt på den fjerde kongressen til Bund vart eit framlegg frå ein av deltakarane på kongressen om å gjera opp spørsmålet i ånda til fråsegna frå Det sør-slaviske sosialdemokratiske partiet møtt med allment samtykke».^{**}

Og resultatet vart at «kongressen samråystes vedtok» . . . nasjonalt autonomi.

Og det var alt! Inga analyse av dei verkelege vilkåra i Russland, inga undersøking av vilkåra for jødane i Russland. Fyrst lånte dei løysinga til Det sør-slaviske sosialdemokratiske partiet, deretter «samtykte» dei i ho, og til slutt «vedtok» dei ho «samråystes»! På denne måten set bundistane fram og «løyser» det nasjonale spørsmålet i Russland . . .

I røynda er vilkåra i Austerrike og Russland heilt ulike. Dette forklarer grunnen til at sosialdemokratane i Austerrike gjekk laus på spørsmålet på ein heilt urussisk måte, så å seia, og sjølvsagt løyste det

* Det sørslaviske sosialdemokratiet verkar i den sørlege delen av Austerrike. *J. St.*

** Sjå V. Kossovski, *Nasjonalitetsproblem*. 1907, s. 16-17. *J. St.*

på ein urussisk måte, då dei vedtok det nasjonale programmet sitt i Brünn (1899)¹⁶ i ånda til fråseguna frå Det sør-slaviske sosialsosialdemokratiske partiet (med visse uviktige rettingar, sant nok).

Lat oss fyrst sjå på spørsmålstillinga. Korleis stiller Springer og Bauer spørsmålet, desse austerrikske teoretikarane i kulturnasjonalt autonomi, tolkarane av det nasjonale programmet frå Brünn og fråseguna frå Det sør-slaviske sosialdemokratiske partiet?

«Om ein fleirnasjonal stat er mogleg,» seier Springer, «og særleg om dei austerrikske nasjonalitetane er nøydde til å forma ein politisk einskap, er eit spørsmål som vi ikkje skal svara på her, men som vi skal sjå på som avgjort. For den som ikkje går med på at dette er mogleg og naudsynt, er sjølvsagt utgreininga vår føremålslaus.

Emnet vårt er det fylgjande: Ettersom desse nasjonane er *nøydde* til å leva saman, kva *rettsformer* er det så som gjer dei i stand til å leva sammen på den beste måten?»* (Uthevingane er Springer sine).

Utgangspunktet er altså den statlege integriteten til Austri. Bauer seier det same:

«Vi føreset altså at dei austerrikske nasjonane vil verta verande i den same statlege unionen som dei lever i no, og spør korleis nasjonane vil ordna tilhøva seg i mellom og til staten innanfor denne unionen.»**

Altså nok ein gong den austerrikske integriteten fyrst.

Kan det russiske sosialdemokratiet stille spørsmålet *på denne måten*? Nei, det kan det ikkje. Og det kan det ikkje av di det heilt frå byrjinga held på synet om sjølvråderetten til nasjonane, som gjev nasjonane rett til lausriving.

Jamvel bundisten Goldblatt vedgjekk at det russiske sosialdemokratiet ikkje kunne gå vekk frå standpunktet om sjølvråde på den andre kongressen til partiet. Her er det som Goldblatt sa ved det høvet:

«Ein kan ikkje seia noko mot sjølvråderetten. Om ein nasjon strir for sjølvstende, må vi ikkje gå mot det. Om Polen ikkje ynskjer å gå inn i 'lovleg ektepakt' med Russland, er det ikkje vår sak å bry oss.»

* Sjå Springer, *Det nasjonale problemet*, s. 14. J. St.

** Sjå Bauer, *Det nasjonale spørsmålet og sosialdemokratiet*, s. 399. J. St.

Alt dette er sant. Men det fylgjer av det at utgangspunkta for det austrikske og det russiske sosialdemokratiet langt frå er dei same. Dei er seinverges motsette. Kan det etter dette verta spørsmål om å låna det nasjonale programmet til austrikarane?

Vidare. Austrikarane vonar at dei kan oppnå «fridom for nasjonalitetane» med smålege reformar, med seine steg. Når dei gjer framlegg om kulturnasjonal autonomi som praktisk tiltak, så reknar dei ikkje med noko radikal endring. Dei reknar ikkje med ei demokratisk frigjøringsrørsle. Dei kan ikkje ein gong tenkja seg noko slikt. På den andre sida set dei russiske marxistane «fridom for nasjonalitetane» i samanheng med ei sannsynleg radikal endring, i samanheng med ei demokratisk frigjøringsrørsle, ettersom dei ikkje har grunn til å rekna med reformer. Og dette endrar sakene grunnleggjande med omsyn til den sannsynlege lagnaden til nasjonane i Russland.

«Sjølvsgåt,» seier Bauer, «er det lite truleg at nasjonal autonomi vil koma som resultat av ei stor avgjerd eller ei djerv handling. Austria vil utvikla seg mot nasjonal autonomi steg for steg, gjennom ein sakte utviklingsprosess og gjennom hard strid, og som følge av det vil lovgjevinga og administrasjonen vera i ein tilstand av kronisk verkeløyse i lang tid. Den nye grunnlova vil ikkje verta skapt av ei stor lovgjevande handling, men gjennom eit mangfold av skilde lovvedtak for enkelprovinsar og enkeltsamfunn.»*

Springer seier det same.

«Eg er fullstendig klår over,» skriv han, «at institusjonar av denne typen (dvs. organ for nasjonal autonomi – *J. St.*) ikkje vert skapte på eit einaste år eller på eit einaste tiår. Omorganiseringa av den prøyssiske administrasjonen åleine kravde monaleg tid . . . Det tok prøyssarane to tiår å forma endeleg dei grunnleggjande administrative institusjonane sine. Lat ikkje nokon tru at eg har illusionar om den tida som må til og dei vanskane som vi må rydja av vegen i Austria.»**

Alt dette er svært klårt. Men kan dei russiske marxistane unngå å setja det nasjonale spørsmålet i samanheng med «djerve handlingar?» Kan dei rekna med delreformer og «eit mangfold av skilde lovvedtak» som middel for å oppnå «fridom for nasjonalitetane?» Men om dei ikkje

* Same stad, s. 422. *J. St.*

** Sjå Springer, *Det nasjonale problemet*, s. 281-282. *J. St.*

kan og ikkje må gjera det, er det ikkje då klårt at kampmetodane til austerrkarane og russarane og framtidsvonene deira må vera heilt ulike? Når sakene står slik, korleis kan dei då innskrenka seg til det einsidige og utvatna kulturnasjonale autonomiet til austerrkarane? Eitt av to: Anten reknar ikkje dei som er for å låna, med «djerve handlingar» i Russland, eller så reknar dei med slike handlingar, men «veit ikkje kva dei skal gjera».

Endeleg står Russland og Austerrike foran påtrengjande oppgåver som er heilt ulike, og som etter det krev ulike framgangsmåtar for å løysa det nasjonale spørsmålet. I Austerrike herskar parlamentarismen, og under dei noverande vilkåra er ikkje ei utvikling i Austerrike mogleg utan parlamentet. Men djupe konfliktar mellom dei nasjonale partia i Austerrike set stadig det parlamentariske livet og lovgjevinga ut av spel. Det forklårar den kroniske politiske krisa som Austerrike har lidd under lenge. Difor er det nasjonale spørsmålet sjølve sentrumet i det politiske livet i Austerrike. Det er det avgjerande spørsmålet. Difor er det ikkje overraskande at dei austerrikske sosialdemokratiske politikarane først av alt på ein eller annan måte skulle freista å finna ei løysing på dei nasjonale konfliktane – sjølv sagt på grunnlag av det parlamentariske systemet som dei har, og med parlamentariske metodar . . .

Slik er det ikkje i Russland. For det fyrste «finst det gudskjelov ikkje noko parlament»¹⁷ i Russland. Og for det andre, og det er hovudsaka, er det ikkje det nasjonale spørsmålet, men bondespørsmålet, som står i sentrum i det politiske livet i Russland. Difor er lagnaden til det russiske spørsmålet, og dermed og «frigjeringa» av nasjonane, i Russland knytt til løysinga av bondespørsmålet, dvs. til at vi knuser restane av føydalismen, dvs. til demokratiseringa av landsbygda. Det seier oss kvi-for det nasjonale spørsmålet i Russland ikkje er eit sjølvstendig og avgjerande spørsmål, men ein del av det allmenne og viktigare spørsmålet om å frigjera landet.

«Groløysa til det austerrikske parlamentet,» skriv Springer, «kjem nettopp av at kvar reform skaper motseilingar innan dei nasjonale partia, som kan verka inn på einskapen deira. Difor unngår leiarane av partia alt som smakar av reform. Vi kan berre tenkja oss framsteg i Austerrike om nasjonane får uomstøytelege lovfesta rettar, som sparar dei for å halde nasjonale stridsgrupper i parlamentet heile tida, og som gjer det mogleg for dei å venda seg mot løysinga av økonomiske og sosiale oppgåver.»*

* Same stad, s. 36. J. St.

Bauer seier det same.

«Nasjonal fred er først og fremst uunnverleg for staten. Staten kan ikkje tillata at lovgjevinga vert lamma av det særslig spørsmålet eller av kvar krangel mellom opphissa menneske ved språkgrensene, eller kiv om kvar ny skule.»*

Alt dette er klårt. Men det er ikkje mindre klårt at det nasjonale spørsmålet i Russland ligg på eit heilt anna plan. Det er ikkje det nasjonale spørsmålet, men bondespørsmålet, som avgjer lagnaden for framsteget i Russland. Det nasjonale spørsmålet er underordna.

Slik har vi ulike spørsmålsstillingar, ulike framtidsvoner og kampmetodar og ulike påtrengjande oppgåver. Ettersom stoda er slik, er det ikkje då klårt at det berre er pedantar som «løyser» det nasjonale spørsmålet utan omsyn til tid eller stad, som kan tenkja på å taka døme frå Austerrike og på å låna program?

Eg tek opp att: Dei konkrete historiske vilkåra som utgangspunkt, og dialektisk spørsmålsstilling som den einaste rette måten å stilla det på – det er nøkkelen til å løysa det nasjonale spørsmålet.

IV KULTURNASJONALT AUTONOMI

Ovanfor talte vi om den formelle sida ved det austrikske nasjonale programmet, og om dei metodologiske grunnane som gjer det umogleg for dei russiske marxistane ganske enkelt å overtaka dømet til det austrikske sosialdemokratiet og gjera deira program til sitt eige.

Lat oss no undersøkja det vesentlege i programmet sjølv.

Kva er så det nasjonale programmet til dei austrikske sosialdemokratane?

Det er uttrykt i to ord: kulturnasjonalt autonomi.

For det fyrste tyder dette at det ikkje er, lat oss seia, Böhmen eller Polen, der det hovudsakleg bur tsjekkarar og polakkar, som får autonomi, men at det er tsjekkarane og polakkane allment som får det, utan omsyn til territorium, utan omsyn til kva for ein del av Austerrike dei bur i.

Det er difor dette autonomiet vert kalla *nasjonal* og ikkje territorielt.

* Sjå Bauer, *Det nasjonale spørsmålet*, s. 401. J. St.

For det andre tyder dette at tsjekkarane, polakkane, tyskarane osb., som er spreidde over dei ulike delane av Austerrike, vert organiserte til heile nasjonar enkeltvis, som personar, og at dei på denne måten utgjer delar av den austrikske staten. På denne måten ville ikkje Austerrike vera ein union av autonome regionar, men ein union av autonome nasjonalitetar, som er danna uavhengig av territorium.

For det tredje tyder dette at dei nasjonale institusjonane som skal skapast for dette føremålet for polakkane, tsjekkarane osb., berre skal ha domsrett i «kulturelle», ikkje «politiske» spørsmål. Dei konkrete politiske spørsmåla skal det austrikske parlamentet (Reichsrat) taka seg av.

Det er difor dette autonomiet og vert kalla *kulturelt*, kulturnasjonalt autonomi.

Her er programteksten som vart vedteken av det austrikske sosialdemokratiske partiet på Brünn-landsmøtet i 1899.*

Etter å ha vist til at «den nasjonale usemjå i Austerrike hindrar politiske framsteg,» at «den endelege løysinga av det nasjonale spørsmålet... først og fremst er kulturelt naudsynt,» og at «løysinga berre er mogleg i eit verkeleg demokratisk samfunn, som byggjer på allmenn, direkte og lik røysterett,» held programmet fram med å seia:

Der er berre mogleg å «verna om og utvikla den nasjonale eigenarten** til folka i Austerrike på grunnlag av like rettar og ved å unngå all undertrykking. Etter dette må vi først og fremst avvisa all byråkratisk statssentralisering og dei føydale særrettane for einskilde provinsar.

Under desse vilkåra, og berre under desse vilkåra, vil det vera mogleg å oppretta nasjonal orden i Austerrike i staden for nasjonal usemje, nemleg etter fylgjande grunnsetningar:

1. Austerrike må verta omdanna til ein demokratisk statsføderasjon av nasjonalitetar.

2. Dei historiske kronprovinsane må bort. I staden for dei må vi setja nasjonalt avgrensa, sjølvstyrte samanslutningar, og i kvar av dei skal det vera eit nasjonalt parlament, valt med allmenn, direkte og lik røysterett, som skal taka seg av lovgjeving og administrasjon.

* Utsendingane frå Det sørslaviske sosialdemokratiske partiet røysta og for det.

Sjå *Ordskifte om det nasjonale spørsmålet på Brünn-landsmøtet*, 1906, s. 72. J. St.

** I den russiske omsetjinga til M. Panin (sjå omsetjinga hans av boka til Bauer) står det «nasjonal individualitet» i staden for «nasjonal eigenart». Panin har her omsett gale. Ordet «individualitet» finst ikkje i den tyske teksten, som tar lår om *nationalen Eigenart*, som langt frå er det same. J. St.

3. Alle dei sjølvstyrte regionane i ein og same nasjon må gå saman og danna ein einaste nasjonal union, som skal ordna dei nasjonale sakene sine på eit fullstendig autonomt grunnlag.

4. Rettane til nasjonale minoritetar må sikrast av ei særskild lov vedteken av det keisarlege parlamentet.»

Programmet sluttar med ei oppmading om samhald mellom alle nasjonane i Austerrike.* Det er ikkje vanskeleg å sjå at dette programmet framleis inneheld visse spor av «territorialisme», men som heilskap gjev det uttrykk for nasjonalt autonomi. Ikkje utan grunn helsar Springer, som var den fyrste agitatoren for kulturnasjonalt autonomi, programmet med eldhug.**

Bauer står og dette programmet og kallar det ein «teoretisk siger»*** for det nasjonale autonomiet. Han rår berre til at punkt 4 vert bytt ut med ei meir avgrensa formulering for å få det klårare, som skulle seia at det er naudsynt å «organisera den nasjonale minoriteten innanfor kvar av dei sjølvstyrte regionane i ei offentleg samanslutning» for å ordna undervisningssaker og andre kultursaker.**** Slik er det nasjonale programmet til det austriiske sosialdemokratiet.

Lat oss granska det vitskaplege grunnlaget for det.

Lat oss sjå korleis det austriiske sosialdemokratiske partiet rettferdigjer det kulturnasjonale autonomiet som det går inn for.

Lat oss venda oss til teoretikarane i det kulturnasjonale autonomiet, Springer og Bauer.

Utgangspunktet for nasjonalt autonomi er ideen om at ein nasjon er eit samband av enkeltindivid utan omsyn til eit avgrensa territorium.

«Nasjonalitet», etter det Springer seier, «heng ikkje grunnleggjande saman med territorium». Nasjonar er «autonome forbund av personar».°

Bauer taler og om ein nasjon som eit «personfellesskap» som ikkje «har udelte suverenitet i nokon særskild religion».°°

Men dei personane som er ein nasjon, lever ikkje alltid i ein kompakt masse. Ofte er dei delte i grupper, og i den forma er dei spreidde mel-

* Drøftingane til samlingspartimøtet i Brünn, 1899. *J. St.*

** Sjå Springer, *Det nasjonale problemet*, s. 286. *J. St.*

*** Sjå Bauer, *Det nasjonale spørsmålet . . .*, s. 549. *J. St.*

**** Same stad, s. 555. *J. St.*

° Sjå Springer. *Det nasjonale problemet*, s. 19. *J. St.*

°° Sjå Bauer, *Det nasjonale spørsmålet . . .*, s. 286. *J. St.*

lom framande nasjonale organismar. Det er kapitalismen som driv dei til ulike regionar og byar for å søkja seg eit levebrød. Men når dei kjem inn på territoria til framande nasjonar og vert minoritetar der, får desse gruppene svi ved at det nasjonale fleirtalet legg restriksjonar på språk, skular o. l. Av dette oppstår det nasjonale samanstøytar. Ut frå dette er det at territorielt autonomi er «upassande». Den einaste løysinga på ei slik stode er, ifylgje Springer og Bauer, å organisera minoriteten i den nasjonaliteten som det er tale om og som er spreidd over fleire delar av staten, i eit einaste, allment nasjonalt forbund der alle klassane er med. Etter deira meining er det berre eit slikt samband som kan verja dei kulturelle interessene til dei nasjonale minoritetane, og berre det kan gjera slutt på den nasjonale misstemninga.

«Dette gjer det naudsynt,» seier Springer, «å organisera nasjonalitete, og å gje dei rettar og ansvar . . .»*

Sjølv sagt «er det lett å gjera utkast til ei lov, men vil ho verta verksam?» . . . «Om ein ynskjer å laga ei lov for nasjonar, må ein først skapa nasjonane . . .»** «Om nasjonalitetane ikkje er organiserte, er det umogleg å skapa nasjonale rettar og rydda vekk nasjonal misstemning.»***

Bauer uttalte seg i den same ånda då han gjorde framlegg om at «minoritetane skulle samla seg i offentlege samanslutningar etter personprinsippet,» som «eit krav frå arbeidarklassen.»**** Men korleis skal ein nasjon verta organisert? Korleis skal ein fastsetja kva for nasjon eit visst individ høyrer til?

«Nasjonalitet,» seier Springer, «vil verta fastsett ved attestar. Kvar einskild som har heimstadrett i ein viss region må mælda frå om kva for ein av nasjonalitetane i regionen han høyrer til i.»

«Personprinsippet,» seier Bauer, «føreset at innbyggjarane vert delte i nasjonalitetar . . . Nasjonale lister må verta settet opp på grunnlag av at dei vaksne borgarane sjølv fritt melder frå.»*

* Sjå Springer, s. 74. *J. St.*

** Same stad, s. 88-89. *J. St.*

*** Same stad, s. 89. *J. St.*

**** Sjå Bauer, s. 552. *J. St.*

° Sjå Springer, s. 226. *J. St.*

°° Sjå Bauer, s. 368. *J. St.*

Vidare.

«Alle tyskarane i nasjonalt einsarta distrikt,» seier Bauer, «og alle tyskarane som er skrivne inn i dei nasjonale listene frå dei delte distrikta, er den tyske nasjonen og vel eit *nasjonalråd*.»*

Det same gjeld tsjekkarane, polakkane osb.

«*Nasjonalrådet* er,» ifylge Springer, «kulturparlamentet til nasjonen. Det skal ha fullmakt til å setja opp vilkåra og gje løyvingar, og på den måten ha oppsynet med den nasjonale utdanninga, den nasjonale litteraturen, kunsten og vitskapen, opprettinga av akademi, museum, galleri, teater,» osb.**

Slik kjem organiseringa av nasjonen og dei sentrale institusjonane hans til å vera.

Ved å gå inn for å skapa desse institusjonane, som skal vera samansette av alle klassane, stirr Det austerrikske sosialdemokratiske partiet, etter Bauer si meinung for «å gjera den nasjonale kulturen . . . til eige-domnen til heile folket og på den måten *sameina alle medlemane i nasjonen til eit nasjonal-kulturelt fellesskap*» (vår uteving).***

Vi kunne tru at alt dette berre gjeld Austria. Men Bauer er ikkje samd i det. Han seier ettertrykkjeleg frå at nasjonal autonomi og gjeld andre statar som, liksom Austria, er samansett av fleire nasjonalitar.

«I den fleirnasjonale staten», meiner Bauer, «står arbeidarklassen frå alle nasjonane mot den nasjonale maktpolitikken til eigarklassane med kravet om nasjonal autonomi».****

Medan han altså umerkjande set det nasjonale autonomiet i staden for sjølvrådet til nasjonane, held han fram:

«Nasjonalt autonomi, sjølvrådet til nasjonar, er nøydd til å verta grunnlovsprogrammet til proletariatet av alle nasjonane i ein fleirnasjonal stat».°

* Same stad, s. 375. *J. St.*

** Sjå Springer, s. 234. *J. St.*

*** Sjå Bauer, s. 553. *J. St.*

**** Same stad, s. 337. *J. St.*

° Same stad, s. 333. *J. St.*

Men han går endå lenger. Han trur fullt og fast på at dei «nasjonale forbunda» som omfattar alle klassar, og som er «danna» av han og Springer, vil tene som eit slags mønster for det framtidige sosialistiske samfunnet. For han veit at «det sosialistiske samfunnssystemet . . vil dele menneskeætta i nasjonalt avgrensa samfunn». * Han veit at under sosialismen vil det skje «ei inndeling av menneskeætta i autonome, nasjonale samfunn», ** slik at «det sosialistiske samfunnet utan tvil vil stå fram som eit lappeteppe av nasjonale personforbund og territoriale sammanslutningar»*** og at dermed «det sosialistiske nasjonalitetsprinsippet er ei samanfatning av nasjonalprinsippet og nasjonalt autonomi på eit høgare nivå».****

Vi skulle meina at dette er nok . . .

Dette er dei argumenta for kulturnasjonalt autonomi som Bauer og Springer brukar i bøkene sine.

Det fyrste som fell oss i augo er at nasjonalt autonomi vert sett i sta- den for sjølvrådet til nasjonane. Dette er heilt uskjøneleg og absolutt umogleg å rettferdiggjera. Eitt av to: Anten har ikkje Bauer gripe mein- inga med sjølvråde, eller så har han skjøna det, men av ein eller annen grunn innskrenka meinингa med det med vilje. For det er ingen tvil om a) at kulturnasjonalt autonomi føreset at den fleirnasjonale staten skal vera heil og urørt, medan sjølvråde går ut over ramma til denne heilskapen, og om b) at sjølvråde gjev ein nasjon fulle rettar, medan na- sjonalt autonomi berre gjev han «kulturelle» rettar. For det fyrste dette.

For det andre er det fullt mogleg at indre og ytre vilkår til saman får ein eller annan av nasjonalitetane til å vilja lausriva seg frå ein fleirna- sional stat ein gong i framtida, lat oss seja frå Austerrike. Sa ikkje dei rutenske¹⁸ sosialdemokratane på partimøtet i Brünn at dei var klåre til å sameina dei «to delane» av folket sitt til eit heile?¹⁹ Kva vert det i eit slikt høve av det nasjonale autonomiet som er «uomjengeleg for prole- tariatet av alle nasjonar»? Kva slags «løysing» av problemet er det som trykkjer nasjonar mekanisk ned i den prokrustessenga²⁰ som ein udele- leg stat er?

Vidare. Nasjonalt autonomi står i motsetnad til heile utviklingsgan- gen til nasjonane. Det oppmodar til organisering av nasjonar. Men let dei seg sveisa saman kunstig, dersom livet, om den økonomiske utvik- linga, riv heile grupper vekk frå dei og spreier desse gruppene på skilde

* Same stad, s. 555. *J. St.*

** Same stad, s. 556. *J. St.*

*** Same stad, s. 543. *J. St.*

**** Same stad, s. 542. *J. St.*

° Sjå *Protokollen frå Brünnkongressen*, s. 48. *J. St.*

regionar? Det er ikkje tvil om at nasjonane vert sveisa saman på dei tidlege stadia av kapitalismen. Men det finst heller ikkje tvil om at ein prosess med spreting av nasjonane set inn på dei høgare stadia av kapitalismen. Det er ein prosess der eit stort tal grupper skil seg ut frå nasjonane. Dei går på jakt etter eit levebrød og slår seg sidan ned i andre regionar av staten for å bu der. Medan dette skjer, misser dei som flytter dei gamle sambanda sine og får nye på den nye bustaden, og frå slektled til slektled får dei nye vanar og ny smak, og moglegvis eit nyt språk. Spørsmålet stiller seg: Er det mogleg å sameina grupper som har utvikla seg så ulikt til ein nasjonal union? Kor er dei tryllebanda som sameiner det som ikkje kan sameinast? Er det truleg at til dømes tyskarane frå dei baltiske provinsane kan «sameina seg til ein nasjon» med tyskarane frå Transkaukasia? Men om det ikkje er tenkjeleg og ikkje mogleg, kor er det då nasjonalt autonomi skil seg frå utopien* til dei gamle nasjonalistane, som freista å dreia historia sitt hjul attende?

Men einskapen til ein nasjon vert ikkje mindre berre som eit resultat av flytting. Han vert mindre av indre grunnar og, på grunn av den stadige tilkvessinga av klassekampen. På dei tidlege stadia av kapitalismen kan vi enno tala om ein «sams kultur» for proletariatet og borgarskapet. Men som storindustrien stig fram og klassekampen vert meir og meir skjerpa, byrjar denne «sams kulturen» å smelta vekk. Vi kan ikkje tala for alvor om den «sams kulturen» til ein nasjon når arbeidskjøparar og arbeidrarar frå ein og same nasjon sluttar å skjøna kvarandre. Kva slags «sams lagnad» finst det når borgarskapet tyrstar etter krig og proletariatet lyser «krig mot krigen»? Kan ein skipa ein einaste nasjonal union for alle klassar av slike motsette element? Og kan vi etter dette tala om «sameininga av alle medlemene i nasjonen til eit nasjonalt-kulturelt fellesskap»?** Er det ikkje tydeleg at nasjonalt autonomi står i motsetnad til sjølve vegen som klassekampen går?

Men lat oss ein augneblink sei at det er mogleg å verkeleggjera slagordet «organiser nasjonen». Vi kan skjøna borgarleg-nasjonalistiske parlamentarikarar som trår etter å «organisera» ein nasjon for å sikra seg tilleggsrøyster. Men når byrja sosialdemokratane å tenkja på å «organisera» nasjonar, «skipa» nasjonar, og «skapa» nasjonar?

Kva for sosialdemokratar er dei som organiserer nasjonale forbund for alle klassar i tidbolken med umåteleg skjerping av klassekampen? Til no har det austerrikske, såvel som dei andre sosialdemokratiske partia hatt ei oppgåve framfor seg, nemleg å organisera proletariatet. Den

* *Utopi* – førestelling om betring av samfunnet som ikkje kan gjennomførast, ideal som aldri kan verta røyndom. -Red.

** Sjå Bauer, s. 553. J. St.

oppgåva er tydelegvis vorte «forelda». Springer og Bauer set no opp ei «ny» oppgåve, som er meir oppslukande, nemleg å «skapa», å «organisera» ein nasjon.

Og logikken krev sine ting: Den som tek opp nasjonalt autonomi, må og taka opp denne «nye» oppgåva. Men å taka ho opp tyder å gå frå klassestandpunktet og taka nasjonalismens veg.

Det kulturnasjonale autonomiet til Springer og Bauer er ei forfina form for nasjonalisme.

Og det er på ingen måte tilfeldig at det nasjonale programmet til dei austrikske sosialdemokratane inneheld otte for «*verninga om og utviklinga av* dei nasjonale særdraga til folka». Tenk berre: Å «verna om» slike «nasjonale særdrag» som sjølvpiskinga til dei transkaukasiske tartarane på *Sjakhsei-Vakhsei-festen*, eller å «utvikla» slike «nasjonale særdrag» som blodhemnen til grusarane!

Eit slikt krav høyrer heime i eit heilt og halde borgarleg nasjonalistisk program. Om det kjem til uttrykk i programmet til dei austrikske sosialdemokratane, er det av di nasjonalt autonomi går god for slike krav, det står ikkje i motseiling til dei.

Men om nasjonalt autonomi er uhøveleg no, vil det verta endå meir uhøveleg i det framtidige sosialistiske samfunnet.

Spådomen til Bauer om «oppdeling av menneskeætta i nasjonalt avgrensa samfunn»* vert vist attende av utviklingsgangen i det moderne menneskesamfunnet. Nasjonale skrankar vert øydelagde og fell, i staden for å verta sterke. Så tidleg som i førtiåra uttalte Marx at «nasjonale skilnader og motsetnader mellom folk kverv dagleg og meir og meir» og at «overherredømet til proletariatet får dei til å kverva endå raskare.»²⁰ Den utviklinga av menneskeætta som har skjedd sidan, saman med den veldige voksteren i den kapitalistiske produksjonen, omgrupperinga av nasjonalitetane og sameininga av folk over stendig større territorium, sannar ettertrykkjeleg utsegna til Marx.

Ynskjet til Bauer om å framstilla det sosialistiske samfunnet som «eit lappeteppe av nasjonale personsamband og territorial-samanslutningar» er ein reddhuga freistnad på å setja ei revidert utgåve av oppfatninga til Bakunin om sosialismen i staden for ideen til Marx. Soga til sosialismen viser at ein kvar slik freistnad inneheld kimen til uunngåeleg nederlag.

Det er ikkje naudsynt å nemna den typen «sosialistisk nasjonalitetsprinsipp» som Bauer hyllar. Han set etter vår mening det borgarlege «nasjonalitetsprinsippet» i staden for det sosialistiske prinsippet om *klassekampen*. Om nasjonalt autonomi grunnar seg på eit slikt tvilsamt

* Sjå byrjinga på dette kapitlet. *J. St.*

prinsipp, må ein vedgå at det berre kan vera til skade for arbeidarrørsla.

Sant nok er det ikkje så lett å gjennomskoda slik nasjonalisme, for han er pakka pent inn i sosialistiske frasar. Men på grunn av det er han endå meir til skade for proletariatet. Vi kan alltid hamla opp med den opne nasjonalismen, for han er lett å få auga på. Det er mykje vanskelegare å stri mot nasjonalismen når han er maskert og ugjenkjenneleg under maska. Bak skjoldet til sosialismen er han mindre sårbar og meir seigliva. Når han er planta mellom arbeidarane, forgiftar han lufta og spreier skadelege idear om gjensidig mistru og spalting mellom arbeidarane frå ulike nasjonalitetar.

Men det er enno ikkje slutt på den skaden som nasjonalt autonomi gjer. Han ryddar grunn, ikkje berre for spalting mellom nasjonar, men for å bryta opp den einskaplege arbeidarrørsla. Ideen om nasjonalt autonomi skaper dei psykologiske føresetnadene for å kløyva det einskaplege arbeidarpartiet i skilde parti som er bygde etter nasjonale liner. Sundbrytinga av partiet vert fylgd av sundbrytinga av fagforeiningane, og resultatet er fullstendig spalting. På denne måten vert den einskaplege klasserørsla broten opp i skilde nasjonale bekkar.

Austerrike som er heimstaden til «nasjonalt autonomi» gjev dei syrgelegaste døma på dette. Så tidleg som i 1897 (partilandsmøtet i Wimberg²¹) byrja det ein gong sameinte austerrikske sosialdemokratiske partiet å dela seg opp i skilde parti. Brotet vart endå klårare etter partilandsmøtet i Brünn (1899), som vedtok nasjonalt autonomi. Saka har til slutt stilt seg slik at det no finst seks nasjonale parti i staden for eitt sameint internasjonalt parti. Mellom dei er det tsjekkiske sosialdemokratiske partiet som ikkje ein gong vil ha noko å gjera med det tyske sosialdemokratiske partiet.

Men fagforeiningane er knytte saman med partia. I Austerrike er det dei same sosialdemokratiske arbeidarane som gjer det meste av arbeidet i partia og i fagforeiningane. Difor var det grunn til å frykta at separatisme i partiet ville føra til separatisme i fagforeiningane og at fagforeiningane ville verta sundbrotne. Det er nett det som hende: Fagforeiningane har og delt seg etter nasjonalitet. No går det ofte så langt at dei tsjekkiske arbeidarane vil bryta streikane til tyske arbeidarar, eller gå saman med det tsjekkiske borgarskapet i kommunevala mot dei tyske arbeidarane.

Av det som er sagt før ser ein at kulturnasjonal autonomi ikkje er noko løysing på det nasjonale spørsmålet. Ikkje berre det, det tener til å skjerpa og dekkja til spørsmålet ved å skapa ei stode som fremjar samanbrotet i einskapen til arbeidarrørsla, som fostrar spalting mellom arbeidarane etter nasjonalitet, og som styrkjer gnissinga mellom dei.

Slik er fruktane av nasjonalt autonomi.

V BUND, NASJONALISMEN OG SEPARATISMEN DEIRA

Ovanfor sa vi at Bauer, samstundes som han vedgår at nasjonalt autonomi er naudsynt for tsjekkarane, polakkane og andre, likevel set seg i mot liknande autonomi for jødane. Som svar på spørsmålet: «Skal arbeidarklassen krevja autonomi for det jødiske folket?», seier Bauer at «dei jødiske arbeidarane kan ikkje krevja nasjonalt autonomi».* Grunnen til det, er i fylgje Bauer at «det kapitalistiske samfunnet gjer det umogleg for dei (jødane, *J. St.*) å halda fram som nasjon».^{**} Kort sagt, den jødiske nasjonen nærmar seg slutten, og sidan er det ingen å krevja nasjonalt autonomi for. Jødane vert assimilerte.

Dette synet på lagnaden til jødane som nasjon er ikkje nytt. Marx gav uttrykk for det så tidleg som på førtitalet,^{***} med særleg omsyn til dei tyske jødane. Kautsky tok det opp at i 1903^{****} med omsyn til dei russiske jødane. No tek Bauer det opp att med omsyn til dei austerrikske jødane, men med den skilnaden at han nektar framtida til den jødiske nasjonen, ikkje notida.

Det umoglege i å halda jødane oppe som nasjon forklårar Bauer med at «jødane ikkje har noko avgrensa territorium som dei bur på».[°] Denne forklaringa, som i hovudsak er riktig, uttrykkjer likevel ikkje heile sanninga. Saka er framfor alt den at jødane ikkje har noko breitt og fast lag som er bunde saman med jorda og som naturleg ville binda nasjonen saman, ikkje berre som eit reisverk for han, men og som som ein «nasjonal» marknad. Mellom dei fem eller seks millionane russiske jødar finst det berre tre eller fire prosent som på ein eller annan måte er knytta til jordbruksdelen. Dei seks-og-nitti prosentane som står att, er tilsette i handel, industri og i by-institusjonar, og i det heile bur dei i byar. Vidare er dei spreidde over heile Russland og er ikkje i fleirtal i eit einaste guvernement.

Jødane er altså spreidde ut som nasjonale minoritetar på område der det bur andre nasjonalitetar, og dei tener som regel «framande» nasjonar som handverkarar og handelsmenn og som medlemmar av dei frie yrka, og dei tilpassar seg naturleg dei «framande nasjonane» med om-

* Sjå Bauer, s. 381, 396. *J. St.*

** Same stad, s. 389. *J. St.*

*** Sjå K. Marx, *Jødespørsmålet*, 1844 (Sjå Marx Engels Verk, b. 1, ty. utg., Red.)

**** Sjå K. Kautsky, *Kisjinev-pogromen og jødespørsmålet*, 1903. *J. St.*

° Sjå Bauer, s. 388. *J. St.*

syn til språk og liknande. Alt dette, saman med den aukande omstokkinga av nasjonalitetane som er særeigen for dei utvikla formene for kapitalisme, fører til assimilering av jødane. Oppheving av «busettingsgrensene» ville berre tena til å skunda på denne assimileringssprosessen.

Spørsmålet om nasjonalt autonomi for dei russiske jødane stiller seg fylgjeleg litt merkeleg: Det er gjort framlegg om autonomi for ein nasjon som vert nekta ei framtid og som ein endå må prova er til!

Dette var likevel det pussige og vaklevorne standpunktet som Bund tok då det vedtok eit «nasjonalt program» etter same liner som nasjonalt autonomi på det sjette landsmøtet sitt (1905).

To tilhøve tvinga Bund til å taka dette skrittet.

Det fyrste tilhøvet er at Bund fanst som organisasjon for jødiske, og berre jødiske, sosialdemokratiske arbeidarar. Til og med før 1897 sette dei sosialdemokratisk gruppene som var verksame mellom dei jødiske arbeidarane seg som mål å skapa «ein særskild jødisk arbeidarorganisasjon».* Dei grunna ein slik organisasjon i 1897 ved å samla seg og skipa Bund. Det var på ei tid då det russiske sosialdemokratiet som ein samla heilskap faktisk enno ikkje fanst. Bund voks og spreidde seg stendig, og stod meir og meir levande fram mot ein bakgrunn av grå kvardag i det russiske sosialdemokratiet . . . Så kom det fyrste tiåret i det 19. hundreåret. No kom det i gong ei masserørsle av arbeidarar. Det polske sosialdemokratiet voks og drog dei jødiske arbeidarane med i massekampen. Det russiske sosialdemokratiet voks og trekte til seg «Bund»arbeidara. På grunn av mangelen på grunnlag i eit territorium, vart den nasjonale ramma til Bund for snever. Bund vart stilt andsynes problemet anten å gå opp i den allmenne internasjonale bylgja, eller å halda oppe sjølvstendet sitt som ein overterritorial organisasjon. Bund valde det siste.

Slik oppstod «teorien» om at Bund er «den einaste representanten for det jødiske proletariatet».

Men å rettferdiggjera denne merkelege «teorien» på ein «enkel» måte vart umogleg. Det var naudsynt med eit slags «prinsipielt» grunnlag, ei «prinsipiell» rettferdiggjierung. Kulturnasjonal autonomi gav eit slikt grunnlag. Bund greip det og tok det på lån frå dei austerrikske sosialdemokratane. Om austrikarane ikkje hadde hatt eit slikt program, måtte Bund ha funne det opp for å rettferdiggjera sjølvstendet sitt «prinsipielt».

Så, etter ein motlaus freistnad i 1901 (det fjerde landsmøtet), vedtok Bund endeleg eit «nasjonalt program» i 1905 (det sjette landsmøtet).

* Sjå *Former for den nasjonale rørsla*, osb., redigert av Kasteljanski, s. 772.
J. St.

Det andre tilhøvet er den særlege stoda til jødane, som skilde nasjonale minoritetar innanfor kompakte fleirtal av andre nasjonalitetar i heilskaplege område. Vi har alt sagt at denne stoda undergrev tilværet til jødane som nasjon og sender dei på vegen til assimilering. Men dette er ei objektiv utvikling. Subjektivt, i hovuda til jødane, set det i gong ein reaksjon og puffar fram kravet om trygging av rettane til ein nasjonal minoritet, om ei trygging mot assimilering. Ettersom dei hevdar livskrafta til den jødiske «nasjonaliteten», kan ikkje Bund unngå å vera for ei «trygging». Og, ettersom dei har teke dette standpunktet, kan dei ikkje gjera anna enn å godtaka nasjonalt autonomi. For, om Bund kunne riva til seg noko autonomi i det heile, kunne det berre vera nasjonalt autonomi, dvs. *kulturnasjonal* autonomi. Det kunne ikkje verta spørsmål om territorial-politisk autonomi for jødane, sidan jødane ikkje har noko fast heilskapleg territorium.

Det er verd å merkja seg at Bund frå byrjinga la vekt på at nasjonalt autonomi har den eigenskapen at det tryggjer rettane til nasjonale minoritetar, tryggjer den «frie utviklinga» til nasjonar. Det var heller ikkje tilfeldig at utsendingen frå Bund til den andre kongressen til Det russiske sosialdemokratiske partiet, Goldblatt, forklåra nasjonalt autonomi som «*institusjonar som tryggjer dei* (dvs. nasjonane – *J. St.*) fullstendig fridom til kulturell utvikling».* Tilhengjarar av ideane til Bund gjorde eit liknande framlegg til den sosialdemokratiske gruppa i den fjerde du-maen.

På denne måten tok Bund det merkelege standpunktet nasjonalt autonomi for jødane.

Ovanfor har vi undersøkt nasjonalt autonomi allment. Undersøkinga syner at nasjonalt autonomi fører til nasjonalisme. Seinare skal vi sjå at Bund har kome til same endestopp. Men Bund ser og nasjonalt autonomi frå ei særskild side, nemleg frå synspunktet om *tryggingar* av rettane til nasjonale minoritetar. Lat oss og undersøkja spørsmålet frå denne særskilde sida. Det er endå viktigare av di problemet med nasjonale minoritetar, og ikkje berre med jødiske minoritetar, er eit svært viktig spørsmål for sosialdemokratiet.

Det er altså eit spørsmål om «*institusjonar som tryggjer*» nasjonar «fullstendig fridom til kulturell utvikling» (vår utheting – *J. St.*).

Men kva er desse «*institusjonane som tryggjer*» osb.?

Dei er fyrst og fremst «nasjonalrådet» til Springer og Bauer, noko i retning av ein riksdag for kultursaker.

Men kan desse institusjonane tryggja ein nasjon «fullstendig fridom

* Sjå *Referat frå Den andre kongressen*, s. 176. *J. St.*

til kulturell utvikling»? Kan ein riksdag for kultursaker tryggja ein nasjon mot nasjonalistisk forfylging?

Bund trur at det er mogleg. Men soga viser det motsette.

Ein gong fanst det ein riksdag i det russiske Polen. Det var ein polsk riksdag, og sjølvsagt freista han å tryggja fridom til «kulturell utvikling» for polakkane. Men langt frå å lykkast i det, gjekk han sjølv til grunne i den ulike kampen mot dei politiske tilhøva som allment herska i Russland.

I Finland har det vore ein riksdag i lange tider, og han freistar og å verne den finske nasjonaliteten mot «overgrep». Men alle kan sjå kor langt han lukkast med det.

Sjølvsagt er det skilnad på riksdagar, og det er ikkje så lett å prøva krefter med den demokratisk organiserte finske riksdagen, som det var med den aristokratiske polske riksdagen. Men den *avgjerande* faktoren er likevel ikkje riksdagen, men det allmenne styret i Russland. Om det var eit slikt krasst styre i Russland no som før i tida, som på den tida då den polske riksdagen vart avskaffa, ville det gå mykje hardare for seg for den finske riksdagen. Vidare er politikken med «overgrep» på Finland veksande, og vi kan ikkje seia at han er slegen attende . . .

Om det stiller seg slik for gamle, historisk utvikla institusjonar – politiske riksdagar – vil unge riksdagar, unge institusjonar og særleg slike veike institusjonar som «kultur»riksdagar endå mindre vera i stand til å tryggja den frie utviklinga til nasjonane.

Tydelegvis er det ikkje eit spørsmål om «institusjonar», men om det allmenne styret som herskar i landet. Om det ikkje finst demokrati i landet, kan det ikkje vera snakk om å tryggja «fullstendig fridom til kulturell utvikling» for nasjonalitetane. Vi kan seia sikkert at dess meir demokratisk eit land er, dess færre er «overgrep» på «fridomen til nasjonalitetane», og dess større er trygginga mot slike «overgrep».

Russland er eit halv-asiatisk land, og difor tek politikken med «overgrep» i Russland ikkje sjeldan den grovaste forma, han tek form av pogromar.* Vi treng neppe seia at «tryggingane» i Russland er gjort så små som mogleg.

Men Tyskland er europeisk med ein viss mon av politisk fridom. Det er ikkje til å undra seg over at politikken med «overgrep» aldri tek form av pogromar der.

. I Frankrike finst det sjølvsagt endå fleire «tryggingar», for Frankrike er meir demokratisk enn Tyskland.

* *Pogrom* – organisert og blodig valdshandling i jødeforfylgjing, eller forfylgjing av ei anna gruppe folk (ikkje-russarar osb.). Red.

Det er ikkje naudsynt å nemna Sveits, som takk vera det høgt utvika, men likevel borgarlege demokratiet der, lar nasjonalitetane leva i fridom, anten dei er i mindretal eller i fleirtal.

Difor tek Bund eit gale standpunkt når dei hevdar at «institusjonar» i seg sjølv kan tryggja fullstendig kulturell utvikling for nasjonalitetane.

Ein kan seia at Bund sjølv ser på opprettinga av demokrati i Russland som *førerels* føresetnad for «opprettinga av institusjonar» og fridoms-trygging. Men slik er det ikkje. Av meldinga frå den åttande konferansen til Bund²² kan ein sjå at Bund trur dei kan oppnå «institusjonar» på grunnlag av det noverande systemet i Russland, ved å «reformera» det jødiske samfunnet.

«Samfunnet,» sa ein av leiarane i Bund på denne konferansen, «kan vera kjernen i det framtidige kulturnasjonale autonomiet. Kulturnasjonalt autonomi er ei slags sjølvstjening frå nasjonane si side, ein måte å tilfredsstilla nasjonal trond på. Den forma som samfunnet har, ber i seg sjølv eit liknande innhald. Dei er lekkjer i den same kjeden, steg i den same utviklinga.»*

På dette grunnlaget avgjorde møtet at det var naudsynt å streva etter å «reformera det jødiske samfunnet og endra det med *lovmiddel* til ein verdsleg institusjon,» som er demokratisk organisert** (vår utheting. – J. St.).

Det går tydeleg fram at det som Bund ser som føresetnad og trygging ikkje er demokratiseringa av Russland, men ein eller annen framtidig «verdsleg institusjon» av jødar, som ein har kome fram til ved å «reformera det jødiske samfunnet,» så å seia med «lovgjevande» middel, gjennom dumaen.

Men vi har alt sett at «institusjonar» i seg sjølv ikkje kan tena som «trygging» om det allmenne styresettet i staten ikkje er demokratisk.

Men korleis, kan ein spørja, vil stoda vera i eit framtidig demokratisk system? Vil ikkje særskilde «kulturelle institusjonar som tryggjer» osb. og vera naudsynte til og med under demokratiet? Korleis er til dømes stoda på dette feltet i det demokratiske Sveits? Finst det særskilde kulturelle institusjonar i Sveits etter mønster av «Nasjonalrådet» til Springer? Nei, det finst det *ikkje*. Men lir ikkje dei kulturelle interessene å til dømes italienarane, som er eit mindretal der, på grunn av dette? Det ser ikkje ut til at ein høyrer at dei gjer det. Og det er ganske naturleg: I

* Melding frå den åttande konferansen i Bund, 1911, s. 62. J. St.

** Same stad, s. 83-84. J. St.

Sveits er alle særskilde kulturelle «institusjonar», som visstnok skal «tryggja» osb., gjort uturvande av demokratiet.

Og slik, udugelege i notida og uturvande i framtida, slik er *institusjonane* til det kulturnasjonale autonomiet og slik er det nasjonale autonomiet.

Men det vert endå meir skadeleg når det vert tvinga på ein «nasjon» som vi kan tvila på er til, og som ikkje har noka framtid. I slike høve er det at talsmennene for nasjonalt autonomi er nøydde til å forsvara og verna om alle dei særlege draga til «nasjonen», dei därlege såvel som dei gode, berre for å «redda nasjonen» frå assimilering, berre for å «taka vare på» han.

Det var ikkje til å unngå at Bund tok denne farlege vegen. Og dei gjorde det. Vi viser her til fråsegnene frå konferansar som nyleg er haldne i Bund om spørsmåla om «sabbaten», «jiddisk», osb.

Sosialdemokratiet strir for å sikra *alle nasjonar* retten til å nyitta sitt eige språk. Men det er ikkje nok for Bund. Dei krev at «rettane til det jødiske språket» (vår utheving – *J. St.*) skal verta hevd med «særleg trott»,* og Bund sjølv uttala i vala til den fjerde dumaea at dei ville gje «føremoner til dei av dei (dvs. valmennene) som tek på seg å forsvara rettane til det jødiske språket».*^{**} Ikkje den *allmenne* retten for alle nasjonar til å nyitta morsmålet, men den *særlege* retten til det jødiske språket jiddisk! Lat arbeidarane frå dei ulike nasjonalitatane *fyrst og fremst* slåst for sitt eige språk: Jødane for jødisk, grusarane for grusisk og slik bortetter. Striden for den allmenne retten for alle nasjonar kjem i andre rekkje. Du treng ikkje stå på retten til alle undertrykte nasjonalitetar til å nyitta morsmålet. Men om du står for retten til jiddisk, då skal du veta at Bund vil røysta for deg, Bund vil gje deg «føremoner».

Men på kva måte er det då at Bund skil seg frå dei borgarlege nasjonalistane?

Sosialdemokratiet strir for å få oppretta ein tvungen kviledag kvar veke. Men det er ikkje nok for Bund. Dei krev at «det jødiske proletariatet skal verta tryggja retten til å halda sabbaten heilag utan å vera nøydd til å halda ein annan dag heilag,» ved «lovmiddel».^{***} Ein må venta at Bund vil ta nok eit «steg framover» og krevja retten til å halda heilag alle dei gamle hebraiske festdagane. Og om dei jødiske arbeidara- ne har kasta frå seg dei religiøse fordomane og ikkje vil halda desse fest- dagane heilage, til ulukke for Bund, så vil Bund minna dei om sabba-

* Sjå *Melding frå den 8. konferansen i Bund*, s. 85. *J. St.*

** Sjå *Melding frå den 9. konferansen i Bund*, s. 42. *J. St.*

*** Sjå *Melding frå den 8. konferansen i Bund*, s. 83. *J. St.*

ten, dei vil så å seia dyrka «sabbatsånda» mellom dei, med agitasjonen sin for «retten til sabbaten»... .

Difor kan ein godt skjøna dei «ihuga talane» som vart haldne på den åttande konferansen til Bund, og som kravde «jødiske sjukehus». Det var eit krav med grunnlag i argumentet om at «ein pasient kjenner seg meir heime mellom sitt eige folk,» at «den jødiske arbeidaren ikkje vil kjenna seg roleg mellom polske arbeidarar, men han vil kjenna seg roleg mellom jødiske kremmarar.»* Verna om alt jødisk, halda på *alle* dei nasjonale særdraga til jødane, til og med dei som openbertyr skadelege for proletariatet, isolera jødane frå alt ikkje-jødisk, til og med ved å oppretta særskilde sjukehus, det er nivået Bund har sokke ned på!

Kamerat Plekhanov hadde tusen gonger rett då han sa at Bund «tilpassar sosialismen til nasjonalisme». Sjølvsagt kan V. Kossovski og bundistar som han skjella ut Plekhanov som ein «demagog». ^{22a} Papiret tek imot alt som vert skrive på det. Men dei som kjenner til verksemda til Bund, vil lett skjøna at desse gode menn ganske enkelt er redde for å seia sanninga om seg sjølve og at dei gøymer seg attom store ord om «demagogi»...

Men sidan det held fast på ei slik stilling til det nasjonale spørsmålet, måtte Bund og i organisasjonsspørsmål slå inn på vegen med utskilling av dei jødiske arbeidarane, med å danna nasjonale kuriar²³ innan sosialdemokratiet. Slik er logikken i det nasjonale autonomiet.

Og Bund gjekk verkeleg over frå teorien om «einaste representant» til teorien om «nasjonal avgrensing» av arbeidarane. Bund krev at det russiske sosialdemokratiet skal «innføra avgrensing etter nasjonalitetar i organisasjonsoppbygginga si». ^{22b} Frå «avgrensing» tok dei eit «steg framover» til teorien om «segregering». ^{23a} Det er ikkje for ingenting at det vart halde talar på den åttande konferansen til Bund, som uttala at «nasjonalt tilvære kviler på segregering». ^{23b} Organisatorisk føderalisme inneheld element av oppløysing og separatisme. Bund stemnar fram mot separatismen.

Og det finst verkeleg ingen annan veg dei kan gå. Berre det at dei er til som ein overterritorial organisasjon fører dei til separatisme. Bund har ikkje eit heilskapleg territorium. Dei verkar på «framande» territorium, medan det polske, latviske og russiske sosialdemokratiet som er

* Same stad, s. 68. *J. St.*

** Sjå *Utsegn om det sjuande landsmøtet i Bund*, s. 7. (Dette landsmøtet vart halde i Lvov i september 1906. – Red.)

*** *Segregering* – skiljing av ulike grupper av folkesetnaden i eit land el. eit område, t.d. etter rase, språk osb. – Red.

**** Sjå *Melding frå den åttande konferansen i Bund*, s. 72. *J. St.*

grannane deira, er internasjonale kollektive organ som er knytta til territorium. Men resultatet er at ei kvar utviding av desse fellessamanslutningane tyder «tap» for Bund og innsnevring av verkefeltet deira. Det finst to vegar å gå: Anten må heile det russiske sosialdemokratiet byggja seg om på grunnlag av nasjonal føderalisme, som vil gjera det mogleg for Bund å «sikra» det jødiske proletariatet for seg sjølv, eller så vil det internasjonale prinsippet med inndeling etter territorium som desse kollektive organa legg til grunn, halda fram. I det siste høvet må Bund byggja seg om på grunnlag av internasjonalisme, slik det er for det polske og det latviske sosialdemokratiet.

Dette forklårar kvifor Bund heilt frå byrjinga av kravde «omorganisering av det russiske sosialdemokratiet på føderalt grunnlag».* I 1906 gav Bund etter for presset nedanfrå, som kravde einskap. Dei valde ein middelweg og gjekk med i det russiske sosialdemokratiet. Men korleis gjekk dei med? Medan det polske og det latviske sosialdemokratiet gjekk med for sams verksemd utan kiv, gjekk Bund med for å gå i kri- gen for ein føderasjon. Det er nett kva Medem, som var leiar for bun- distane, sa på den tida:

«Vi går ikkje med for å skapa ein idyll, men for å slåst. Det finst ingen idyll, og berre manilovar²⁴ kan håpa på ein i den nærmaste framti- da. Bund må gå inn i partiet væpna frå isse til fotsole.»**

Det vil vera gale å sjå dette som eit uttrykk for vondé føremål frå Medem si side. Det går ikkje på vondé føremål, men på det særlege standpunktet til Bund, som tvingar dei til å stri mot det russiske sosialdemo-kratiet, som er bygt på grunnlag av internasjonalisme. Og ved å stri mot det, krenkte Bund naturlegvis einskapsinteressene. Til sist gjekk det så langt at Bund braut formelt med det russiske sosialdemokratiet og braut vedtekten våre. I vala til den fjerde dumæn sameinte dei seg med dei polske nasjonalistane mot dei polske sosialdemokratane.

Bund har tydelegvis funne at eit brot er den beste måten å sikra sjølvstendig verksemd på.

Slik førte «prinsippet» om organisatorisk «avgrensing» til separatisme og til eit fullstendig brot.

I ein strid om spørsmålet om føderalisme med det gamle *Iskra*²⁵ skrev Bund ein gong:

* *Om nasjonal autonomi og omorganiseringa av det russiske sosialdemokratiet på føderalt grunnlag*, 1902, utgjeve av Bund. J. St.

** *Sjå Nasje Slovo*, nr. 3, Vilno, 1906, s. 24. J. St.

«*Iskra* ynskjer å forsikra oss om at føderale tilhøve mellom Bund og det russiske sosialdemokratiet er nøydde til å veikja banda mellom dei. Vi kan ikkje visa attende dette standpunktet ved å syna til kva som har skjedd i Russland av den enkle grunnen at det russiske sosialdemokratiet ikkje er ei føderal samanslutning. Men vi kan syna til dei svært lærerike røynslene til sosialdemokratiet i Austerrike, som vart føderalt etter vedtak på partilandsmøtet i 1897.»*

Dette vart skrive i 1902.

Men no er vi i året 1913. No har vi både russisk «praksis» og «røynslene til sosialdemokratiet i Austerrike».

Kva er det dei fortel oss?

Lat oss byrja med «dei svært lærerike røynslene til sosialdemokratiet i Austerrike». Fram til 1896 fanst det eit sameint sosialdemokratisk parti i Austerrike. Det året kravde tsjekkarane på det internasjonale møtet i London særskilt utsendingsrett for fyrste gong, og dei fekk det. På partilandsmøtet i Wien (Wimberg) i 1897 vart det sameinte partiet formelt tilinkjesgjort, og i staden for det vart det sett eit føderalt samband av seks nasjonale «sosialdemokratiske grupper». Seinare vart desse «gruppene» skipa om til sjølvstendige parti, som etter kvart braut sambandet seg i mellom. Parlamentsgruppa fylgte partia og løyste seg opp. Det vart skipa nasjonale «klubbar». Så kom turen til fagforeiningane, som og kløyvde seg etter nasjonalitet.

Til og med samverketiltaka fekk merkja dette då dei tsjekkiske separatistane bad arbeidarane splitta dei.** Vi vil ikkje drygja ved den saka at separatistagitasjonen svekkjer solidaritetskjensla til arbeidarane og ofte driv dei til streikebryting.

På denne måten talar «dei umåteleg lærerike røynslene til sosialdemokratiet i Austerrike» mot Bund og for det gamle *Iskra*. Föderalismen i det austrikske partiet har ført til den mest uhøyrdse separatisme, og til at einskapen i arbeidarrørsla er broten sund.

Ovanfor har vi sett at «praktisk røynse i Russland» og fører til slikt. Som dei tsjekkiske separatistane, har dei bundistiske separatistane brote med det allmenne russiske sosialdemokratiske partiet. Når det gjeld fagforeiningane, bundist-fagforeiningane, var dei frå byrjinga organiserte etter nasjonale liner. Det vil seia at dei var avstengde frå arbeidaranar av andre nasjonalitetar.

* Sjå *Til spørsmålet om nasjonalt autonomi osb.*, 1902 s. 17, utgjeve av Bund. J. St.

** Sjå dei orda som er sitert frå eit hefte av Vanek *Dokument om separatismen*, s. 29. J. St.

Fullstendig segregasjon og fullstendig brot, det er det som «dei russiske praktiske røynslene» med føderalismen avslører.

Det er ikkje overraskande at denne stoda verkar til å svekkja solidaritetskjensla til arbeidarane og til å demoralisera dei. Og denne demoraliseringa gjennomsyrer og Bund. Vi viser til dei aukande samanstøytane mellom jødiske og polske arbeidrarar i samband med arbeidsløysa. Her er det som vart sagt om dette emnet på den niande konferansen til Bund:

«... Vi ser på dei polske arbeidarane, som skuver oss ut, som pogromistar, som streikebrytarar. Vi står ikkje streikane deira, vi bryt dei. For det andre er svaret vårt på å verta jaga bort, å jaga bort på vår kant: Vi svarar på at jødiske arbeidrarar ikkje får koma inn i fabrikkanne med å ikkje lata polske arbeidrarar koma nær bankane... *Om vi ikkje tek denne saka i våre eigne hender vil arbeidarane fylgia andre*»* (vår utheting – J. St.)

Slik taler dei om solidaritet på ein bundistkonferanse.

Lenger enn det kan du ikkje koma i «avgrensing» og «segregasjon». Bund har nådd målet sitt: Dei har drive grensesetjinga mellom arbeidrarane av ulike nasjonalitetar heilt opp i slagsmål og streikebryteri. Og det kan ikkje gå annleis: «Om vi ikkje tek denne saka i våre eigne hender vil arbeidarane fylgia andre...»

Desorganisering av arbeidarrørsla, demoralisering av dei sosialdemokratiske rekkjene, det er det som føderalismen til Bund fører til.

Slik har ideen om kulturnasjonalt autonomi og den stemninga som han skapar, vist seg å vera endå meir skadeleg i Russland enn i Austerrike.

VI KAUKASARANE OG KONFERANSEN TIL LIKVIDATORANE

Ovanfor talte vi om vaklinga til ein seksjon av dei kaukasiske sosialdemokratane som ikkje greidde å stå i mot den nasjonalistiske «farsotten». Denne vaklinga avslørte seg, så merkeleg det enn kan synast, då desse sosialdemokratane fylgde i spora til Bund og kunngjorde kulturnasjonalt autonomi.

* Sjå *Melding frå den niande konferansen til Bund*, s. 19. J. St.

Regionalt autonomi for Kaukasus som eit heile og kulturnasjonalt autonomi for nasjonane i Kaukasus – slik er det desse sosialdemokratane, som forresten har samband med dei russiske likvidatorane, ordlegg kravet sitt.

Høyr på den velkjende leiaren deira, den ikkje ukjende *N.*

«Alle veit at Kaukasus skil seg djupt frå dei sentrale guvernementa, så både med omsyn til rasesamansettina av folkesetnaden der, som med omsyn til territoriet og utviklinga av jordbruket. Utnyttinga og den materielle utviklinga av ein slik region krev lokale arbeidrarar som er kjende med dei lokale særdraga og vane med det lokale klimaet og kulturen. Alle lover som skal fremja utnyttinga av det lokale territoriet må verta utferda lokalt og sette i verk av lokale krefter. For å fylgja opp dette må rådveldet til dei sentrale organa til det kaukasiske sjølvstyret til og med omfatta lovgjeving i lokale spørsmål . . . Difor skal oppgåvene til det kaukasiske senteret vera å vedtaka lover for å fremja den økonomiske utnyttinga av det lokale territoriet og den materielle velstanden til regionen.»*

Altså – regionalt autonomi for Kaukasus.

Om vi hevar oss over den temmelege forvirra og usamanhengande argumentasjonen til *N.*, må vi innrømma at slutninga hans er riktig. Regionalt autonomi for Kaukasus innanfor ramma til ei allmenn statsgrunnlov som *N.* ikkje aviser, er verkeleg vesentleg på grunn av særdraga ved samansettina og dei særeigne livsvilkåra der. Dette vedgjekk og det russiske sosialdemokratiske partiet, som uttalte seg for «regionalt sjølvstyre for dei grenseregionane som skil seg frå regionane i det eigentlege Russland med omsyn til livsvilkåra og samansettina av folkesetnaden», på den andre kongressen.

Då Martov la dette punktet fram til diskusjon på den andre kongressen, grunngav han det med at «det enorme området til Russland og røynslene til den sentraliserte administrasjonen vår, viser at det er naudsynt og gagnleg å gi regionalt sjølvstyre til slike store einingar som Finland, Polen, Litauen og Kaukasus».

Men det fylgjer at regionalt *sjølvstyre* skal tolkast som regionalt *autonomi*.

Men *N.* går vidare. I fylge han, dekkjer regionalt autonomi for Kaukasus «berre ei side av spørsmålet».

* Sjå den grusiske avisa *Tsjveni Tskhovreba* (Livet vårt)²⁶ nr. 12, 1912. J. St.

«Så langt vi har vi berre talt om den materielle utviklinga av det lokale livet. Men den økonomiske utviklinga i ein region vert ikkje hjelpt fram berre av økonomisk verksemd, men og av åndeleg, kulturell verksemd» . . . «Ein kulturelt sterk nasjon er og sterk på det økonomiske feltet.» . . . «Men kulturutviklinga til nasjonar er berre mogleg på nasjonalnållet.» . . . «Fylgjeleg er alle spørsmål i samband med morsmålet spørsmål om nasjonal kultur. Det er spørsmål om utdanning, rettsmakt, kyrkja, litteratur, kunst, vitskap, teater osb. Om den materielle utviklinga til ein region sameinar nasjonar, vil nasjonale kultursaker skilja dei og setja kvar av dei i ein eigen bås. Vi set verksemd av den fyrste typen i samanheng med eit avgrensa territorium» . . . «Slik er det ikkje med nasjonale kultursaker. Del set vi ikkje i samanheng med eit avgrensa territorium, men med tilværet til ein viss nasjon. Lagnaden til det grusiske språket interesserer ein grusar, same kvar han bur. Det ville vera teikn på djup vankunne å seia at grusisk kultur berre vedkjem dei grusarane som bur i Grusia. Tak til dømes den armenske kyrkja. Armenarar frå ulike bygder og statar er med og administrerer forretningane hennar. Territorium spelar inga rolle her. Eller til dømes: Opprettinga av eit grusisk museum interesserer ikkje berre grusarane frå Tblisi, men og grusarane frå Baku, Kutais, St. Petersburg osb. Difor må styringa og ettersynet med alle nasjonale kultursaker liggja i hendene på dei nasjonane det gjeld. Vi uttaler oss til føremon for kulturnasjonalt autonomi for dei kaukasiske nasjonalitetane.»*

Kort sagt, sidan kultur ikkje er territorium, og territorium ikkje er kultur, treng vi kulturnasjonalt autonomi. Det er alt N. kan seia til føremon for han.

Vi skal ikkje stogga opp for å diskutera nasjonalkulturelt autonomi allment att. Vi har alt talt om den frastøytande karakteren det har. Vi skulle berre lika å peika på at medan kulturnasjonalt autonomi er allment upassande, er det og utan meinings og fullstendig toskut i samanheng med kaukasiske vilkår.

Og grunnane til det kjem her:

Kulturnasjonalt autonomi føreset meir eller mindre utvikla nasjonalitetar med ein utvikla kultur og litteratur. Om desse tilhøva manglar, missar autonomiet all fornuft og vert meiningslaust. Men i Kaukasus finst det fleire nasjonalitetar som kvar eig ein primitiv kultur og eit eige språk, men ikkje sin eigen litteratur. Vidare er det nasjonalitetar som er

* Sjå den grusiske avisa *Tsjyeni Tskhovreba*, nr. 12, 1912. J. St.

I ein overgangstilstand. Nokre av dei vert assimilerte og nokre held fram med å utvikla seg. Korleis skal dei gjera bruk av kulturnasjonal autonomi? Kva skal ein gjera med slike nasjonalitetar? Korleis skal dei verta «organiserte» i ulike kulturnasjonale samband, som kulturnasjonal autonomi utan tvil inneber?

Kva skal ein gjera med mingrelane, abkhasarane, adsjarane, svanetane, lesgharane og andre, som talar ulike mål, men som ikkje har sin eigen litteratur? Kva nasjonar skal dei knyta seg til? Kan dei verta «organiserte» i nasjonale samband? Kring kva slags «kultursaker» skal dei verta «organiserte»?

Kva skal vi gjera med ossetane? Dei transkausiske vert assimilerte (men er ikkje på nokon måte heilt assimilerte enno) av grusarane, medan dei ciskaukasiske ossetane delvis vert assimilerte av russarane og delvis held fram med å utvikla seg og skapar sin eigen litteratur. Korleis skal dei verta «organiserte» i ein einaste nasjonal union?

Til kva for ein nasjonal union skal adsjarane knyta seg, som taler det grusiske språket, men som har ein tyrkisk kultur og dyrkar islamittisk religion? Skal dei verta «organiserte» vekk frå grusarane *med omsyn til religiøse saker* og saman med grusarane *med omsyn til andre kultursaker*? Og kva med kobuletane, ingusjane, ingiloane?

Kva slags autonomi er det som set eit stort tal nasjonalitetar utanfor?

Nei, det er ikkje ei løysing på det nasjonale spørsmålet, men ein frukt av yrkeslaust tankespinn.

Men lat oss tenkja oss det umoglege og førestilla oss at det kulturnasjonale autonomiet til vår *N.* er sett i verk. Kva ville det føra til, kva ville verta resultatet av det? Tak til dømes dei transkaukasiske tatarane med så få leseføre som det går an. Dei allmektige mullahane har oppsyn med skulane deira og kulturen deira er gjennomtrengd av religiøs ånd... Det er ikkje vanskeleg å skjøna at å «organisera» dei i ein kulturnasjonal union ville tyda å setja dei under kontroll av mullahane. Det ville overgje dei til den milde miskunna til dei reaksjonære mullahane. Det ville skapa ein ny bastion av åndeleg slaveri over dei tatariske massane for den verste fienden deira.

Men når byrja sosialdemokratar å hella vatn på mølla til dei reaksjonære?

Kunne dei kaukasiske likvidatorane verkeleg ikkje finna på noko betre å «kunngjera» enn at dei vil isolera dei transkaukasiske tatarane i ein kulturnasjonal union som kjem til å setja massane under kontroll av ryggeslause reaksjonære?

Nei, det er ikkje noka løysing på det nasjonale spørsmålet.

Vi kan løysa det nasjonale spørsmålet i Kaukasus berre ved å trekka

dei attendeliggjande nasjonane og nasjonalitetane med i den sams strumen til ein høgare kultur. Det er den einaste progressive løysinga og den einaste løysinga som sosialdemokratiet kan gå inn for.

Ein kan gå inn for regionalt autonomi for Kaukasus av di det vil dra dei attendeliggjande nasjonane med i den sams kulturelle utviklinga. Det vil hjelpe dei til å kasta av seg skalet av smånasjonalt trongsyn. Det vil trekkja dei framover og gjera tilgangen til fordelane med høgare kultur lettare. Kulturnasjonalt autonomi verkar på den andre sida heilt motsett av di det stengjer nasjonane inne i deira eigne gamle skal. Det bind dei fast til eit lågare stadium i kulturutviklinga og hindrar dei frå å heva seg opp på høgare kulturtrinn.

På denne måten verkar nasjonalt autonomi mot dei gode sidene av regionalt autonomi og gjer det til inkjes.

Difor er den blanda autonomytypen som gjer bruk av både nasjonalt-kulturelt autonomi og regionalt autonomi, som N. gjer framlegg om, og uhøveleg. Denne unaturlege blandinga gjer ikkje tinga betre, men gjer dei verre, av di han i tillegg til å hindra utviklinga til dei attendeliggjande nasjonane gjer regionalt autonomi til ein stridsplass mellom dei nasjonane som er organiserte i dei nasjonale sambanda.

Kulturnasjonalt autonomi, som er allment upassande, vil altså vera eit meiningslaust, reaksjonært føretak i Kaukasus.

Så mykje for det kulturnasjonale autonomiet til N. og dei kaukasiske åndsfrændane hans.

Framtida vil visa om dei kaukasiske likvidatorane kjem til å taka «eit steg framover» og fylgja i fotspora til Bund i organisasjonsspørsmål og. Til no i soga til sosialdemokratiet har føderalisme i organiseringa alltid gått føre nasjonalt autonomi i programmet. Dei austerrikske sosialdemokratane innførte organisasjonsfederalisme så langt attende som i 1897, og det var først to år etter, (1899) at dei vedtok nasjonalt autonomi. Bundistane talte klårt om nasjonalt autonomi for første gong i 1901, medan dei hadde praktisert organisasjonsfederalisme sidan 1897.

Dei kaukasiske likvidatorane har byrja i enden, med nasjonalt autonomi. Om dei skal halda fram med å fylgja i fotspora til Bund, må dei først øydeleggja heile det organisatoriske byggverket som dei har, som var reist på slutten av nittiåra på grunnlag av internasjonalisme.

Men jamvel om det var lett å vedtaka nasjonalt autonomi som arbeidarane enno ikkje skjønar, vil det vera vanskeleg å øydeleggja eit byggverk som det har teke år å reisa, og som er reist og elskaa av arbeidarane av alle nasjonalitetar i Kaukasus. Dette herostratiske* føretaket

* *Herostratisk* – etter grekaren Herostrat som vart vidkjend då han stakk Artemis-templet i brann. Altså, ry som kjem frå udåd. -Red.

må berre byrja, og arbeidarane vil få opp augo for det nasjonalistiske innhaldet i det kulturnasjonale autonomiet.

Medan kaukasarane handsamar det nasjonale spørsmålet på den vanlege måten med munnleg og skriftleg ordskifte, har den allrussiske konferansen til likvidatorane funne på ein svært uvanleg måte. Det er ein enkel og lett måte. Høyr på dette:

«Etter å ha høyrt meldinga frå den kaukasiske utsendingsgruppa om at . . . det er naudsynt å krevja nasjonalkulturelt autonomi, uttaler denne konferansen uten å ytra ei mening om det tenlege i dette kravet, at ei slik tolking av posten i programmet som godkjenner sjølvråderetten til kvar nasjonalitet, ikkje står i motseiling til den nøyaktige meinингa til programmet».

Fyrst ytrar dei altså «inga meining om det tenlege» i spørsmålet, og sidan «uttaler» dei. Ein original måte . . .

Og kva er det dette originale møtet «uttaler»?

At «kravet» om nasjonalkulturelt autonomi «ikkje står i motseiling til den nøyaktige meinингa» til programmet, som godkjenner sjølvråderetten til nasjonane.

Lat oss gjera greie for denne setninga.

Posten om sjølvråde taler om rettar for nasjonar. Etter denne posten har ikkje nasjonar berre rett til autonomi, men og til lausriving. Det er eit spørsmål om *politisk* sjølvråde. Kven var det likvidatorane freista å lura når dei prøvde å feitolka denne retten for nasjonane til politisk sjølvråde, som lenge har vore godkjend av heile det internasjonale sosi-aldemokratiet?

Eller kanskje vil likvidatorane freista å vri seg ut av situasjonen og forsvara seg sjølv med sofismen* om at kulturnasjonalt autonomi «ikkje står i motseining til» rettane til nasjonane? Det vil seia, om alle nasjonane i ein viss stat kjem til semje om å ordna sakene sine på grunnlag av kulturnasjonalt autonomi, har dei, summen av nasjonar, full rett til å gjera det, og ingen kan *tvinga på* dei ei anna form for politisk liv *med vald*. Dette er både nytt og kløktig. Skulle vi ikkje leggja til at, allment sagt, har nasjonane rett til å avskaffa sin eigen styringsskipnad og setja eit system med tyranni i staden og gå attende til den gamle ordninga, av di nasjonen, og nasjonen åleine, har rett til å rå over sin eigen lag-

* Sofisme – gresk, medvitens logisk feilslutning. Sofistane var lærarar i kunsten å overtyda, omgrepene vert brukt om ordkløyveri og flisespikking. -Red.

nad? Vi tek opp att: På denne måten står korkje kulturnasjonalt autonomi eller nokon annan slags nasjonalistisk reaksjon «i motseiing til rettane til nasjonane.

Er det dette den vyrde konferansen ynskte å seia?

Nei, ikkje det. Han seier klårt at kulturnasjonalt autonomi «ikkje står i motseiing til», ikkje rettane til nasjonane, men «*den nøyaktige meiningsga til programmet*.

Og det er heilt skjøneleg. Om det var ein nasjon som vende seg til konferansen til likvidatorane, kunne konferansen greitt ha uttalt at nasjonen har rett til kulturnasjonalt autonomi. Men det var ikkje ein nasjon som vende seg til møtet, men ei «utsendingsgruppe» av kaukasiske sosialdemokratar, därlege sosialdemokratar sant nok, men likevel sosialdemokratar. Og dei spurde ikkje om rettane til nasjonane, men om kulturnasjonalt autonomi stod i motseiing til prinsippa til *sosialsosialdemokratiet*, om det ikkje «stod i motseiing til» «*den nøyaktige meiningsga til programmet til sosialdemokratiet*.

Rettane til nasjonane og «den nøyaktige meiningsga til programmet til sosialdemokratiet er altså ikkje eitt og det same.

Det finst tydelegvis krav som står i motseiing til «den nøyaktige meiningsga til programmet, sjølv om dei ikkje står i motseiing til rettane til nasjonane.

Til dømes. Programmet til sosialdemokratane inneheld ein post om religionsfridom. Etter denne posten har ei kvar gruppe av personar *rett-en* til å dyrka den religionen som dei vil: katolismen, religionen til den ortodokse kyrkja osb. Sosialdemokratar vil stri mot alle former for religionsforsyfeling, om det er av medlemar av den ortodokse kyrkja, kattolikkar eller protestantar. Tyder dette at katolismen, protestantismen osb. «ikkje står i motseiing til den nøyaktige meiningsga til programmet? Nei det gjer det ikkje. Sosialdemokratar vil alltid protestera mot forsyfeling av katolisisme eller protestantisme. Dei vil alltid forsvara retten som nasjonar har til å dyrka den religionen dei vil. Men på same tid, på grunnlag av ei riktig forståing av interessene til proletariatet, vil dei agitera mot katolismen, protestantismen og religionen til den ortodokse kyrkja for at det sosialistiske verdssynet skal vinna frem.

Og det vil dei gjera av di det ikkje er nokon tvil om at protestantismen, katolismen, religionen til den ortodokse kyrkja osb. «står i motseiing til den nøyaktige meiningsga til programmet, dvs. dei rett forståtte interessene til proletariatet.

Det same må vi seia om sjølvråde. Nasjonar har rett til å ordna sakene sine som dei vil. Dei har rett til å taka vare på kvar av dei nasjonale institusjonane sine, same om han er tenleg eller skadeleg. Ingen kan

(ingen har rett till!) å blanda seg inn i livet til ein nasjon *med makt*. Men dette tyder ikkje at sosialdemokratiet ikkje vil stri mot og agitera mot dei skadelege institusjonane til nasjonar og mot dei ulaglege krava til nasjonar. Tvert om, det er ei plikt for sosialdemokratiet å driva slik agitasjon og å prøva å påverka viljen til nasjonane slik at nasjonane kan ordna sakene sine på den måten som er mest i samsvar med interessepane til proletariatet. På grunn av dette vil sosialdemokratiet på same tid som det stirr for sjølvråderetten til nasjonane, til dømes agitera mot lausriving for tatarane, eller mot kulturnasjonal autonomi for dei kaukasiske nasjonane. For desse to sakene står i motseiing til «*den nøyaktige meiningsa*» til programmet, dvs. interessene til det kaukasiske proletariatet, medan dei ikkje står i motseiing til *rettane* til desse nasjonane.

Det er klårt at «*rettane til nasjonane*» og «*den nøyaktige meiningsa*» til programmet ligg på to heilt ulike nivå. Medan «*den nøyaktige meiningsa*» til programmet uttrykkjer interessene til proletariatet, slik dei er vitskapleg ordlagte i programmet deira, kan *rettane til nasjonane* uttrykkja interessene til kva klasse som helst, borgarskapet, aristokratiet, presteskapet osb., avhengig av styrken og makta til desse klassane. På den eine sida står *pliktane* til marxistar, på den andre *rettane* til nasjonane, som er samansette av ulike klassar. Rettane til nasjonane og prinsippa til sosialdemokratiet står kanskje eller kanskje ikkje «i motseiing til» kvarandre, akkurat som, lat oss seja, Keops-pyramiden kanskje eller kanskje ikkje står i motseiing til den vidgjetne konferansen til likvidatorane. Dei kan ganske enkelt ikkje samanliknast.

Men det fylgjer at den vyrde konferansen rota i hop to heilt ulike ting på ein måte som vi ikkje kan tilgje dei. Resultatet dei nådde var ikkje ei løysing av det nasjonale spørsmålet, berre ei meiningsløysje som seier at *rettane til nasjonane* og prinsippa til sosialdemokratiet «ikkje står i motseiing til» kvarandre. Dette fører til at eit kvart krav frå ein nasjon kan lata seg sameina med interessene til proletariatet. Det fylgjer at ikkje noko krav frå ein nasjon som stirr for å rá seg sjølv kjem til å «stå i motseiing til den nøyaktige meiningsa» til programmet!

Dei bryr seg ikkje om logikk ...

Det var denne meiningsløysa som låg bak den fråsegna frå konferansen til likvidatorane som no er så vidgjeten, og som uttaler at kravet om nasjonal-kulturelt autonomi «ikkje står i motseiing til den nøyaktige meiningsa» til programmet.

Men konferansen til likvidatorene gjorde ikkje berre vald på logikken.

Ved å godkjenna kulturnasjonal autonomi, krenkte han og plikta si andsynes det russiske sosialdemokratiet. Han krenkte ettertrykkjeleg «*den nøyaktige meiningsa*» til programmet, for det er velkjent at den an-

dre kongressen som vedtok programmet, ettertrykkjeleg avviste kulturnasjonal autonomi. Her er det som vart sagt på kongressen i denne sammenhengen:

Goldblatt (bundist) . . . Eg meiner at det er naudsynt å byggja opp særskilde institusjonar for å verna om fridomen til kulturell utvikling for nasjonalitetane, og difor gjer eg framlegg om at dei fylgjande orda vert lagde til § 8: *og opprettinga av institusjonar som skal tryggja dei full fridom til kulturell utvikling.* (Dette er som vi veit definisjonen til Bund på kulturnasjonal autonomi. -J. St.)

«Martynov peikte på at allmenne institusjonar må verta skipa slik at dei vernar om særskilde interesser. Det er umogleg å oppretta ein *særskild* institusjon for å sikra fridomen til kulturell utvikling for nasjonalitetane.

Jegorov: I spørsmålet om nasjonalitet kan vi berre vedta negative framlegg, dvs. vi set oss i mot alle restriksjonar på nasjonalitet. Men som sosialdemokratar bryr vi oss ikkje med om ein særskild nasjonalitet vil utvikla seg som nasjonalitet. Det er ein spontan prosess.

Koltsov: Utsendingane frå Bund vert alltid krenkte når ein viser til nasjonalismen deira. Likevel er tillegget som utsendingen frå Bund gjorde framlegg om, av ein reint nasjonalistisk karakter. Vi vert bedre om å taka reint offensive tiltak for å stø utdøyande nasjonalitetar til og med.»

Til slutt «*vart tillegget til Goldblatt vraka av fleirtalet. Berre tre røysta for det.*»

Det er altså klårt at konferansen til likvidatorane «motsa den nøyaktige meinings» til programmet. Konferansen krenkte programmet.

Likvidatorane freistar no å rettferdiggjera seg ved å visa til Stockholm-kongressen, som dei hevdar godkjente kulturnasjonal autonomi. V. Kossovsky skriv dette:

«Som vi veit fekk Bund halda på det nasjonale programmet sitt etter det som Stockholm-kongressen vart enig om (i det vi skal venta med å avgjera det nasjonale spørsmålet til ein allmenn partikongress kjem saman): Denne kongressen slo fast at nasjonalkulturelt autonomi på ingen måte står i motseiling til det allmenne partiprogrammet.»*

Men likvidatorane strevar til inga nytte. Stockholm-kongressen meinte aldri å godkjenna programmet til Bund. Han vart berre einig om

* Sjå Nasjazarja, nr. 9-10, 1912, s. 120. J. St.

å la spørsmålet stå ope ei tid. Den tapre Kossovski hadde ikkje mot nok til å fortelja heile sanninga. Men røyndomen talar for seg sjølv. Her er han:

«Galin gjorde framlegg om eit tillegg: 'Spørsmålet om det nasjonale programmet er sett ope ettersom det ikkje har vorte granska av møtet'. (50 røyster for, 32 mot.)

Røyst: Kva tyder det – ope?

Ordstyrar: Når vi seier at det nasjonale spørsmålet står ope, tyder det at Bund kan halda på avgjerala si i dette spørsmålet fram til neste kongress.»* (vår uteheving – J. St.)

Som de ser «granska ikkje» møtet ein gong spørsmålet om det nasjonale programmet til Bund. Det let det ganske enkelt stå «ope» og overlet til Bund sjølv å avgjera lagnaden til programmet sitt fram til den neste allmenne kongressen kom saman. Med andre ord: Stockholm-kongressen omgjekk spørsmålet og uttalte inga mening om kulturnasjonal autonomi på den eine eller andre måten.

Konferansen til likvidatorane set seg på den andre sida avgjort føre å seia meininga si om saka. Dei uttalar at dei kan godtaka kulturnasjonal autonomi og går god for det i namnet til partiprogrammet.

Skilnaden er berre for tydeleg.

Altså, trass i alle knep førte ikkje konferansen til likvidatorane det nasjonale spørsmålet eit einaste steg framover.

Alt han kunne gjera var å vri seg i støvet for Bund og dei kaukasiske nasjonal-likvidatorane.

VII DET NASJONALE SPØRSMÅLET I RUSSLAND

Det står att for oss å gjera framlegg om ei positiv løysing av det nasjonale spørsmålet.

Vi tek utgangspunkt i at vi berre kan løysa spørsmålet i nær samanheng med den noverande stoda i Russland.

Russland er inne i ei omformingstid, då «normalt», «grunnlovmes-sig» liv ikkje har kome i stand enno, og då den politiske krisa enno ikkje er løyst. Det ligg dagar med storm og «vanskars» føre oss. Og dette

* Sjå *Nasje Slovo*, nr. 8, 1906, s. 53. J. St.

set i gong ei rørsle no og i framtida, som har som mål å oppnå fullstendig demokratisering.

Ein må granska det nasjonale spørsmålet i samband med denne rørsla.

Den fullstendige demokratiseringa av landet er altså *grunnlaget* og føresetnaden for løysinga av det nasjonale spørsmålet.

Når vi leitar etter ei løysing på spørsmålet må vi taka med i rekninga stoda utanlands og, ikkje berre stoda heime. Russland ligg mellom Europa og Asia, mellom Austerrike og Kina. Framvoksteren av demokrati i Asia er uomgjengeleg. Framvoksteren av imperialismen i Europa er ikkje tilfeldig. Kapitalen i Europa byrjar å kjenna seg klemd inne, og han strekk seg mot framande land på leiting etter nye marknader, billeg arbeidskraft og nye område å investera på. Men dette fører til ytre vansk og krig. Ingen kan påstå at Balkan-krigen er²⁷ slutten på og ikkje byrjinga på vanskane. Difor er det fullt mogleg at eit samanfall av indre og ytre vilkår kan oppstå som gjer at ein eller annan nasjonalitet i Russland finn det naudsynt å reisa og løysa spørsmålet om sjølvstendet sitt. Og det er sjølv sagt ikkje oppgåva til marxistar å leggja hindringar i vegen i slike tilfelle.

Men det fylgjer at russiske marxistar ikkje kan unnvera sjølvråderetten til nasjonane.

Så *sjølvråderetten* er ein viktig del i løysinga av det nasjonale spørsmålet.

Vidare. Kva slags stilling skal vi taka til nasjonar som av ein eller annen grunn helst vil halda seg innanfor ramma til heilskapen?

Vi har sett at kulturnasjonalt autonomi er upassande. For det fyrste er det kunstig og umogleg å setja i verk, for det gjer framlegg om å trekka inn i ein einaste nasjon og på kunstig vis folk som dei verkelege hendingane skil fra kvarandre og spreier til alle hjørne av landet. For det andre fyrer det opp under nasjonalisme, av di det fører til synspunkt som er til fordel for «avgrensing» av folk under nasjonale kuriar, «organisering» av nasjonar, «vern» og dyrking av «nasjonale særdrag», som alt er ting som sosialdemokratiet ikkje kan godtaka. Det er ikkje tilfeldig at dei moraviske separatistane i Reichsrat sameinte seg med dei moraviske borgarlege representantane for å danna, så å seia, ein moravisk «kolo»²⁸, etter at dei hadde brote med dei tyske sosialdemokratiske tingmennene. Det er heller ikkje tilfeldig at separatistane i Bund har køyrt seg opp i nasjonalisme ved å fagna «sabbaten» og «kjiddisk». Enno finst det ingen bundist-tingmenn i dumauen, men i bundistområdet finst det eit reaksjonært, geistleg jødisk samfunn. I kontrollorgana der driv Bund og skipar til ei «samkome» for dei jødiske arbeidarane og

borgarane, som eit fyrste tiltak.* Slik er logikken i kulturnasjonalt autonomi.

Nasjonalt autonomi løyser altså ikkje problemet. Kva er utvegen?
Den einaste riktige løysinga er *regionalt autonomi*.

Autonomi for slike faste einingar som Polen, Litauen, Ukraina, Kaukasus osb.

Fordelen med regionalt autonomi er framfor alt at ein der har å gjera med eit visst folk som bur på eit avgrensa territorium og ikkje med ein innbilt ting utan territorium. Deretter skil det ikkje folk etter nasjonar. Det styrkjer ikkje nasjonale skrankar. Tvert om bryt det ned desse skrankane og sameiner innbyggjarane på ein måte som opnar vegen for eit anna slags skilje, klassekiljet. Endeleg gjer det det mogleg å nytta naturrikdomen til ein region og å utvikla produktivkraftene hans på den best moglege måten utan å venta på avgjerdene i eit samsenter. Dette er funksjonar som ikkje er ibuande drag ved kulturnasjonalt autonomi.

Så *regionalt autonomi* er ein avgjerande del i løysinga av det nasjonale spørsmålet.

Sjølv sagt er ikkje ein einaste av regionane ein kompakt, einskapleg nasjon, for alle er dei ispedde nasjonale minoritetar. Slik er jødane i Polen, latviarane i Litauen, russarane i Kaukasus, polakkane i Ukraina og andre. Vi kunne difor frykta at minoritetane ville verta undertrykte av dei nasjonale fleirtala. Men det vil berre vera grunn til frykt om den gamle ordninga held fram med å vera herskande i landet. Gje landet fullstendig demokrati og alle grunnar til frykt vil forsvinna.

Det er gjort framlegg om å binda dei spreidde minoritetane samen i ein nasjonal union. Men det som minoritetane ynskjer er ikkje ein kunstig union, men verkelege rettar der dei bur. Kva kan dei vinna med ein slik union *utan* at dei får full demokratisering? På den andre sida: Kva trong finst det for ein nasjonal union *når dei har* full demokratisering?

Kva er det som særleg opprører ein nasjonal minoritet?

Ein minoritet er misnøgd av di han ikkje har rett til å nytta morsmålet sitt, ikkje av di det ikkje finst ein nasjonal union. Lat han få lov til å nytta morsmålet sitt, og misnøya vil kverva av seg sjølv.

Ein minoritet er misnøgd av di han ikkje har sine eigne skular, ikkje

* Sjå *Melding frå den åttande konferansen i Bund*, den samansfattande delen av fråseguna om samfunnet. J. St.

av di det ikkje finst nokon kunstig union. Gje han sine eigne skular, og alle grunnar til misnøye vil verta borte.

Ein minoritet er misnøgd av di han ikkje har samvitsfridom (religionsfridom), ikkje kan reisa fritt osb., ikkje av di det ikkje finst ein nasjonal union. Gje han desse fridomane og han vil slutta med å vera misnøgd.

Så *like rettar for nasjonane i alle ting* (språk, skular osb.) er ein avgjande del av løysinga av det nasjonale spørsmålet. Difor treng vi ei statleg lov grunna på full demokratisering av landet, som forbyr alle nasjonale særrettar utan unntak, og alle manglar eller avgrensingar i rettane til nasjonale minoritetar.

Det, og berre det, er ei verkeleg, og ikkje ei papirtrygging av rettane til ein minoritet.

Ein kan diskutera eller ikkje diskutera om det finst ein logisk samanheng mellom organisasjonsföderalisme og kulturnasjonalt autonomi. Men ein kan ikkje setja spørsmålsteikn ved at den siste skaper ei stemning som fremjar uavgrensa föderalisme, som utviklar seg til fullstendig brot og til separatisme. Når tsjekkarane i Austerrike og bundistane i Russland byrja med autonomi, gjekk vidare til føderasjon og endte i separatisme, kan det ikkje vera tvil om at den nasjonalistiske stemninga som kulturnasjonalt autonomi naturleg fremjar, spela ei viktig rolle i denne utviklinga. Det er ikkje tilfeldig at nasjonal autonomi og organisasjonsföderalisme går hand i hand. Det er lett å skjóná. Både krev avgrensing etter nasjonalitet. Både føreset organisering etter nasjonalitet. Likskapen er klår. Den einaste skilnaden er at i det eine høvet er heile folket delt, medan det i det andre er dei sosialdemokratiske arbeidarane som er delte.

Vi veit kva avgrensing av arbeidarane etter nasjonalitet fører til. Opplysing av eit sameint arbeidarparti, kløyving av fagforeiningane etter nasjonalitet, tilspissing av nasjonal usemje, nasjonalt streikebryteri, full demoralisering i rekkjene til sosialdemokratiet – det er resultata av organisasjonsföderalisme. Dette vert tydeleg stadfesta av soga til sosialdemokratiet i Austerrike og verksemda til Bund i Russland.

Dette kan vi berre lækja ved å organisera oss på grunnlag av internasjonalismen.

Oppgåva er å sameina lokalt arbeidarane frå alle nasjonalitetar i Russland i *einskilde, heilskaplege* kollektive organ og sameina desse kollektive organa i *eitt parti*.

Vi treng ikkje nemna at ei slik partioppbygging ikkje stengjer ute, men tvert om føreset vidtrekkjande autonomi for *regionane* innom det einaste heilskaplege partiet.

Røynslene frå Kaukasus provar kor gagnleg denne typen organisering er. Den internasjonale bygnaden til det kaukasiske sosialdemokratiet var ikkje den faktoren som var til minst hjelp då kaukasarane klarte å vinna over den nasjonale usernja mellom dei armenske og dei tatariske arbeidarane, då dei klarte å verna folket mot moglege massakrar og skyting, når nasjonale konfliktar ikkje er moglege lenger i Baku, som er eit titteskap av nasjonale grupper, og når det er gjort mogleg å trekka arbeidarane der med i den same straumen til ei sterke rørsle.

Organisasjonstypen påverkar ikkje berre praktisk arbeid. Det set eit uslettande merke på heile åndslivet til arbeidaren. Arbeidaren lever li-
vet til organisasjonen sin, som fremjar den åndelege voksteren hans og oppseder han. Og når han slik verkar innom organisasjonen sin og sten-
dig møter kameratar frå andre nasjonalitetar der, og kjempar ein sams
strid side om side med dei, under leiing av eit sams kollektivt organ,
vert han heilt gjennomtrengd av tanken om at arbeidarane *fyrst og fremst* er medlemmar av ein klaslefamilie, medlemmar av den sameinte
hären til sosialismen. Og dette kan ikkje anna enn ha ein veldig oppse-
dingsverdi for store delar av arbeidarklassen.

Difor tener den internasjonale organisasjonstypen som ein skule i
brorskapskjensler, og han er ein veldig agitasjonsfaktor for internasjona-
lismen.

Men slik er det ikkje med ein organisasjon på grunnlag av nasjonalitetar. Når arbeidarane er organiserte etter nasjonalitet, isolerer dei seg innanfor dei nasjonale skala sine, og er skilde fra kvarandre av organisa-
toriske skrankar. Vekta er ikkje lagt på det som er *sams* for arbeidarane,
men på det som skil dei frå kvarandre. I denne organisasjonstypen er
arbeidaren *fyrst og fremst* ein medlem av nasjonen sin: ein jøde, ein polakk og så bortetter. Vi vert ikkje overraska over at *nasjonal* føderalisme i organiseringa prentar ei nasjonal avsondringsånd inn i arbeidarane.

Difor er den nasjonale organisasjonstypen ein skule i nasjonalt
trongsyn og stagnasjon.

Slik møter vi to *grunnleggjande* ulike organisasjonstypar: Typen som
er grunna på internasjonal samkjensle, og typen som er grunna på orga-
nisatorisk «avgrensing» av arbeidarane etter nasjonalitet.

Forsøk på å forsona desse to typane har hittil vore fåfengd. Kompro-
missvedtekten til Det austerrikske sosialdemokratiske partiet som vart
sette opp i Wimberg i 1897, vart hengjande i lufta. Det austerrikske par-
tiet fall frå kvarandre og trekte fagforeiningane med seg. «Kompromiss»
viste seg ikkje berre å vera utopisk. Det var og skadeleg. Strasser har

* Sjå boka hans *Arbeidaren og nasjonen*, 1912. J. St.

rett når han seier at «separatismen vann den fyrste sigeren sin på parti-landsmøtet i Wimberg.»* Det stemmer med Russland. «Kompromis-set» med føderalismen til Bund som skjedde på Stockholm-kongressen endte i fullstendig fiasko. Bund krenkte Stockholmkompromisset. Heile tida sidan Stockholm-kongressen har Bund vore eit hinder på vegen mot sameining av arbeidarane lokalt i den *same* organisasjonen, som skal omfatta arbeidarar frå alle nasjonalitetane. Og Bund har stått hardnakka på separatisttaktikken sin trass i at det russiske sosialdemokratiet i 1907 og i 1908 fleire gongar kravde at det endeleg kom i stand einskap nedanfrå mellom arbeidarane frå alle nasjonalitetar.²⁹ Bund, som byrja med nasjonalt autonomi i organisasjonen, gjekk verkeleg vidare til føderalisme, berre for å ende i fullstendig brot, separatisme. Og ved å bryta med det russiske sosialdemokratisk partiet valda det misklang og desorganisering i rekkjene til partiet. Lat oss til dømes minnast Jagiello-hendinga.³⁰

Difor må vi vraka «konpromissvegen» som utopisk og skadeleg.

Eit av to: *Anten* føderalismen til Bund, og då må det russiske sosialdemokratisk partiet omdanna seg på grunnlag av «avgrensing» av arbeidarane etter nasjonalitet, *eller* ein internasjonal organisasjonstype, og då må Bund omdanna seg på grunnlag av territorielt autonomi etter mønster av det kaukasiske, latviske og polske sosialdemokratiet, og på den måten opna for direkte sameining av dei jødiske arbeidarane og arbeidarane frå dei andre nasjonalitetane i Russland.

Det finst ingen mellomveg: Prinsipp vinn fram, dei gjer ikkje «kompromiss».

Så *prinsippet om internasjonal samkjensle mellom arbeidarane er ein avgerande del* i løysinga av det nasjonale spørsmålet.

Wien, januar 1913.

Fyrst utgjeve i *Prosvetjenje*,
nr. 3-5, mars-mai 1913.

Underteikna: *K. Stalin*

MELDING OM DET NASJONALE SPØRSMÅLET

29. april

Det nasjonale spørsmålet burde vera emne for ei vid utgreiing, men sidan tida er stutt, lyt eg gjera utgreiinga mi kort. Før ein drøftar utkastet til fråsegn, må det setjast opp visse føresetnader.

Kva er nasjonal undertrykking? Nasjonal undertrykking er systemet med utbytting og plyndring av undertrykte folk, rådgjerdene med tvungen avgrensing av rettane til undertrykte nasjonalitetar, som imperialistkrinsar grip til. Til saman utgjer desse den politikken som til vanleg er kjend som nasjonal undertrykkingspolitikk.

Fyrste spørsmålet er då: Kva for klassar står ei viss regjering seg til når dei set denne nasjonale undertrykkingspolitikken sin ut i livet? Før ein kan gje eit svar på dette spørsmålet, må ein først skjøna kvifor ulike former for nasjonal undertrykking finst i ulike statar, kvifor nasjonal undertrykking er meir alvorleg og grufull i ein stat enn i ein annan. I Storbritannia og Austerrike-Ungarn, til dømes, har aldri den nasjonale undertrykkinga teke form av pogromar, men har eksistert i form av avgrensingar av dei nasjonale rettane til dei undertrykte nasjonalitetane. Men i Russland tek ho ikkje så reint sjeldan form av pogromar og nedslakting. I visse statar er det derimot ikkje noko slags åtgjerder mot nasjonale minoritetar i det heile. Det er til dømes ikkje noka nasjonal undertrykking i Sveits, der franskmenn, italienarar og tyskarar alle lever fritt.

Korleis skal vi då forklåra dei ulike haldingane til nasjonalitetane innanfor dei ulike statane?

Ut frå graden av demokrati i desse statane. I tidlegare tider, då den gamle landadelen kontrollerte statsmakta i Russland, kunne nasjonal undertrykking ta uhyggelege former av nedslakting og pogromar, og tok faktisk ofte slike former. I Storbritannia, der det er ein viss mon av demokrati og politisk fridom, er den nasjonale undertrykkinga mindre brutal. Sveits er eit demokratisk samfunn, og i det landet har nasjonane

meir eller mindre full fridom. Stutt sagt, di meir demokratisk eit land er, di mindre er den nasjonale undertrykkinga, og omvendt. Og sidan vi med demokrati meiner at visse klassar har kontrollen med statsmakta, må det frå denne synsstaden seiast at di nærmare den gamle landadelen er til makta, slik han var i det gamle Tsar-Russland, di hardare er undertrykkinga og meir fælsleg er formene ho tek.

Men den nasjonale underkuinga vert likevel ikkje berre halden ved lag av landadelen. I tillegg er det ei anna kraft og – dei imperialistiske gruppene. I sitt eige land innfører dei måtar å trælbinda nasjonalitetar på som dei har lært i koloniane. Såleis blir dei naturlege allierte med landadelen. Desse vert fylgde opp av småborgarskapet, ein del av dei intellektuelle og ei gruppe frå det øvre laget av arbeidarane, som også delar byttet frå røvargodset. Såleis er det ei heil rad av samfunnskrefter som stor nasjonal undertrykking, med landadelen og finansaristokratiet i brodden. For å skapa eit verkeleg demokratisk system, er det fyrist og fremst turvande å rydda grunnen og fjerna desse kreftene frå den politiske scenen. (*Les så teksten i fråsega*).

Fyrste spørsmålet er: Korleis skal det politiske livet til dei undertrykte nasjonane skipast til? Som svar på dette spørsmålet, må ein seia at dei undertrykte folka som utgjer delar av Russland, lyt få retten til å bestemma sjølv om dei ynskjer å halda fram som del av den russiske staten eller om dei vil lausriva seg og skipa sjølvstendige statar. Vi er no vitne til ein openberr samanstøyt mellom det finske folket og den provisoriske regjeringa.³¹ Talsmennene for det finske folket, representantane frå sosialdemokratiet, krev at den provisoriske regjeringa skal gje folket att dei rettane det hadde før dei vart innlemma i Russland. Den provisoriske regjeringa nekta å gjera dette, fordi ho ikkje vil godtaka suvereniteten til det finske folket. På kven si side må vi stilla oss? På det finske folket si side, så klårt. For det er utenkjeleg for oss å godtaka at noko folk som helst vert halde med makt innom grensene til ein einskapleg stat. Når vi set fram prinsippet om at folka har sjølvråderett, då hevar vi samstundes kampen mot nasjonal undertrykking opp på eit nivå der han blir ein strid mot imperialismen, den sams fienden vår. Dersom vi ikkje maktar dette, kan vi koma i den situasjonen at vi ber vatn på mølla for imperialistane. Dersom vi sosialdemokratar skulle nekta det finske folket retten til å seia frå om viljen sin i lausrivings-spørsmålet og retten til å setja denne viljen ut i livet, då ville vi setja oss sjølle i den stoda at vi held fram med politikken til tsarismen.

Det ville vera utillateleg å rota ihop spørsmålet om den *retten* nasjonane har til fritt å lausriva seg, med spørsmålet om ein nasjon *nødveddigvis* må lausriva seg kva tid som helst. Dette siste spørsmålet må bli

løyst heilt særskilt av partiet til proletariatet i kvar einskild sak, ut frå tilhøva. Når vi godkjenner retten for undertrykte folk til å lausriva seg, *retten* deira til sjølv å fastsetja den politiske lagnaden sin, så avgjer vi ikkje med det spørsmålet om visse nasjonar *skal* skilja seg ut frå den russiske staten i den gjevne augneblinken. Eg kan godtaka den retten ein nasjon har til å lausriva seg, men det vil ikkje seiia at eg tvingar han å gjera dette. Eit folk har retten til å lausriva seg, men det kan, eller kan la vera, å setja i verk denne retten, alt etter korleis tilhøva er. Såleis har vi fridom til å agitera for eller imot lausriving i samhøve med interesse-ne til proletariatet, til den proletariske revolusjonen. Såleis lyt lausrivingsspørsmålet bli fastsett fritt og uavhengig i kvar einskild sak, ut frå den stoda som er. Difor må ikkje dette at vi godtek retten til lausriving bli blanda saman med at lausriving er tenleg under alle slags tilhøve. Til dømes ville eg personleg vera imot at Transkaukasia lausriv seg, for eg kjem heile tida i hug den felles utviklinga i Transkaukasia og Russland, visse vilkår for kampen proletariatet fører, og så bortetter. Men likevel, dersom folka i Transkaukasia skulle krevja lausriving, då ville dei sjølvsagt lausriva seg utan å støyta på motstand frå oss. (*Les vidare frå teksten i fråsegna*).

Vidare: Kva skal ein gjera med dei folka som måtte ynskja å bli verande innanfor den russiske staten? Den mistrua til Russland som kan ha vore mellom folka, vart i hovudsak skapt av den tsaristiske politikken. Men no når tsarismen ikkje lenger er til, og undertrykkingspolitiken hans ikkje lenger finst, då vil denne mistrua heilt sikkert bli borte, og dei vil verta meir og meir dregne mot Russland. Eg trur at ne, etter at tsarismen vart kasta, så vil ni tidelar av nasjonane ikkje ynskja å lausriva seg. Partiet gjer difor framlegg om å skipa til regionalt autonomi for regionar som ikkje ynskjer å lausriva seg og som skil seg ut ved særskilde skikkar og ulike språk, slik som til dømes Transkaukasia, Turkistan og Ukraina. Dei geografiske grensene for desse autonome regionane må bli fastsette av folka sjølv med noggrant omsyn til økonomiske vilkår, skikkar osb.

Beint imot regionalt autonomi finst det ein annan plan, ein som er blitt tilrådd av Bund i lenger tid no, som hevdar prinsippet om kulturnasjonal autonomi. Det er særleg Springer og Bauer som går inn for han. Eg ser det som uråd for sosialdemokratar å godtaka denne planen. Det vesentlege i han er at Russland skal verta omforma til ein union av nasjonar, nasjonane skal så bli til unionar av personar. Dei skal då bli dregne inn i eit felles samfunn, same kva del av staten dei enn måtte bu i. Alle russarar, alle armeniarar, og så vidare, skal organiserast i skilde nasjonale unionar utan omsyn til territorium. Berre då vil dei gå inn i

unionen av nasjonar i heile Russland. Den planen er svært ulagleg og uhøveleg. Faktum er at utviklinga av kapitalismen har spreidd heile folkegrupper, skild dei frå nasjonane deira og slengt dei utover ymse delar av Russland. Ut frå at nasjonar er blitt spreidde som eit resultat av økonomiske tilhøve, vil det å draga saman dei ulike individua frå ein viss nasjon vera å byggja ein nasjon på kunstig vis. Og å draga ihop folk til nasjonar på kunstig vis, vil vera det same som å taka eit nasjonalistisk standpunkt. Den planen som Bund har sett fram, kan ikkje sosialdemokratar gå god for. Han vart avvist på den konferansen partiet vårt hadde i 1912. Reint allment er han ikkje noko populær i sosialdemokratiske krinsar, utan i Bund. Den planen er også kjend som kulturelt autonomi, av di han vil skilja ut gruppa av kulturspørsmål frå dei talrike og ulike spørsmåla som interesserer ein nasjon og gje nasjonale unionar ansvaret for dei. Grunnen til å skilja ut desse spørsmåla, er synspunktet om at det som bind ein nasjon saman til ein samordna heilskap, er kulturen. Ein går ut ifrå at innanfor ein nasjon er det på den eine sida interesser som hallar mot å løysa opp nasjonen, økonomiske til dømes, og interesser som hallar mot å sveisa nasjonen saman til ein samordna heilskap på den andre sida, og at dei sistnemnde interessene er kulturelle.

Til sist har ein spørsmålet om nasjonale minoritetar. Rettane deira må bli særskilt verna om. Partiet krev difor heilt og fullt lik status i utdanning, religion og på andre felt for desse, og at alle forbod og avgrensingar for nasjonale minoritetar skal takast bort.

Så har vi § 9 som slår fast at nasjonane skal vera likestilte. Vilkåra for at dette kan gjennomførast kan først koma når heile samfunnet har blitt fullt ut demokratisert.

Enno har vi att å løysa spørsmålet om korleis vi skal organisera proletariatet i dei ulike nasjonane i eitt einaste sams parti. Ein plan er å organisera arbeidarane etter nasjonale liner – så mange nasjonar, så mange parti. Den planen vart avvist av sosialdemokratane. Røynsla har vist at organiseringa av proletariatet i ein viss stat etter nasjonale liner, berre fører til å riva ned ideen om klasse solidaritet. Alle proletarar i alle nasjonar i ein viss stat må vera organiserte i eitt einaste, udeleleg proletarisk fellesskap.

Såleis kan synet vårt på det nasjonale spørsmålet avgrensast til dei fylgjande framlegga:

- Godkjenning av nasjonane sin rett til lausriving.
- Regionalt autonomi for nasjonar som blir ståande innanfor staten.
- Særskild lovgjeving som tryggjer utviklingsfridom for nasjonale minoritetar.

- d) Eitt einaste udeleleg proletarisk kollektiv, eitt einaste parti for proletarane frå alle nasjonalitetane i ein viss stat.

3. SVAR TIL ORDSKIFTET OM DET NASJONALE SPØRSMÅLET

29. april

Dei to fråsegnene er i det heile nokså like. Pjatakov har skrive av alle punkta i fråsegna vår, så nær som eitt – «godkjenning av retten til lausriving». Det må bli anten det eine eller det andre: Anten nektar vi nasjonane retten til lausriving, i så fall må det seiast like ut, eller vi nektar dei ikkje den retten. Nett no er det ei rørsle i Finland for å sikra seg nasjonal fridom, og det vert og ført kamp mot ho av den provisoriske regjeringa. Då reiser spørsmålet seg: Kven skal vi støtta? Anten er vi for politikken til den provisoriske regjeringa, at ho held på Finland med makt og skjer ned rettane til Finland til eit reint minstemål – i dette tilfellet er vi anneksjonistar, for vi ber vatn på mølla til den provisoriske regjeringa, eller så er vi for sjølvstende for Finland. Vi må seia klårt og tydeleg frå om dette, anten den eine eller andre vegen. Vi kan ikkje avgrensa oss til ei utsegn om rettar.

Det er ei rørsle i gang for sjølvstende i Irland. Kva side står vi på, kamératar? Vi er anten for Irland eller for britisk imperialisme. Og eg spør: Er vi på folka si side, dei som stirr mot undertrykking, eller er vi på parti med dei klassane som undertrykkjer dei? Vi seier at ettersom sosialdemokratane set kursen mot ein sosialistisk revolusjon, lyt dei stø den revolusjonære rørsla til folka, som er retta mot imperialismen.

Vi må anten innsjå at vi lyt skapa ein baktropp for fortroppen for den sosialistiske revolusjonen i form av folka som reiser seg mot nasjonal undertrykking – i dette tilfellet vil vi byggja ei bru mellom Vest og Aust og visseleg styra mot ein sosialistisk verdsrevolusjon, eller vi gjer ikkje dette – i det tilfellet vil vi finna oss sjølve utestengde, og vil gå bort frå taktikken med å utnytta kvar einaste revolusjonær rørsle mellom dei undertrykte nasjonalitetane for å knusa imperialismen.

Vi lyt stø kvar einaste rørsle som rettar seg mot imperialismen. Kva vil elles finske arbeidarar seia om oss? Pjatakov og Dzerjinski fortel oss at kvar einaste nasjonal rørsle er ei reaksjonær rørsle. Det er ikkje sant,

kameratar. Er ikkje den irske rørsla mot britisk imperialisme ei demokratisk rørsle som gjev imperialismen ei hard lusing? Og bør vi ikkje stø den rørsla?

Fyrste gong prenta
i *Petrograd-konferansen og*
den all-russiske konferansen
til RSDAP (b) i april 1917,
Moskva og Leningrad, 1925.

OKTOBERREVOLUSJONEN OG DET NASJONALE SPØRSMÅLET

Det nasjonale spørsmålet må ikkje sjåast på som noko som er seg sjølv nok og fastlåst for alltid. Av di det berre er ein del av det allmenne spørsmålet om omforminga av den ordninga som er, er det nasjonale spørsmålet heilt og fullt avhengig av vilkåra i dei samfunnsmessige omgjevnadene. Det er også avhengig av kva slags makt som finst i landet og kva veg den allmenne samfunnsutviklinga går. Dette kjem heilt dagklårt fram i revolusjonstida i Russland, då det nasjonale spørsmålet og den nasjonale rørsla i grenseregionane i Russland snøgt og tydeleg endrar innhald i pakt med leia for og resultatet av revolusjonen.

I FEBRUARREVOLUSJONEN OG DET NASJONALE SPØRSMÅLET

I tida for den borgarlege revolusjonen i Russland (februar 1917) hadde den nasjonale rørsla i grenseregionane karakteren av ei borgarleg frigjøringsrørsle. Nasjonalitetane i Russland, som i mange mannsaldrar hadde blitt undertrykte og utbytta av «det gamle styret», kjende styrken sin for fyrste gong og kasta seg inn i kampen mot undertrykkjarane sine. «Bort med nasjonal undertrykking» – slik var slagordet til rørsla. «Heil-nasjonale» institusjonar spratt opp over natta over alt i grenseregionane i Russland. Rørsla vart leidd av dei nasjonale borgarleg-demokratiske intellektuelle. «Nasjonale rådsforsamlingar» i Latvia, Estland-regionen, Litauen, Grusia, Armenia, Aserbajdsjan, Nord-Kaukasus, Kirgisia og Midtre Volga-regionen. «Radaen»³² i Ukraina og Kvite-Russland, «Sfatul Tsärii»³³ i Bessarabia, «Kurultai»³⁴ på Krim og i Basjkir, «Den autonome regjeringa» i Turkistan – dette var slike «heilnasjonale» institusjonar som det nasjonale borgarskapet fylka troppane sine kring. Det

var eit spørsmål om frigjering frå tsarveldet – «den grunnleggjande årsa-ka» til nasjonal underkuing – og omskiping av nasjonale borgarlege statar. Sjølvråderetten til nasjonane vart tolka som det nasjonale borgarskapet i grenseområda sin rett til å taka makta i sine eigne hender og dra føremon av Februarrevolusjonen til å skipa «sine eigne» nasjonalstatar. Den vidare utviklinga av revolusjonen var ikkje med i rek-nestykja for dei borgarlege institusjonane som er nemnde ovanfor. Det kunne ho heller ikkje vera. Ein oversåg at tsarveldet vart erstatta av na-knen og open imperialisme, og at denne imperialismen vart eit sterkare og mykje farlegare trugsmål for nasjonalitetane, og grunnlaget for ei ny nasjonal undertrykking.

At tsarveldet vart avskaffa og borgarskapet kom til makta, førte like-vel ikkje til at den nasjonale undertrykkinga vart borte. Den gamle råe forma for nasjonal undertrykking vart avløyst av ei ny, meir utkopen, men likevel mykje farlegare, form for undertrykking. Lvov-Miljukov-Kerenski-regjeringa gjekk slett ikkje bort frå den nasjonale undertrykkingspolitikken, men organiserte ein ny kampanje mot Finland (oppløysinga av riksdagen sommaren 1917) og Ukraina (knebling av kulturelle institusjonar i Ukraina). Dessutan oppmoda denne regjeringa, som var imperialistisk i sjølve innhaldet, folkesetnaden til å halda fram med krigen for å underkua nye land, nye koloniar og nasjonalitetar. Dette var ho tvinga til, ikkje berre ut frå den ibuande naturen i imperia-lismen, men og på grunn av dei gamle imperialistlanda som enno fanst i Vest. Dei var ikkje til å stogga i strevet med å gjera innverknadsområ-det til regjeringa mindre. Dei imperialistiske statane kjempa for å un-derkua små nasjonalitetar. Dette var eit vilkår for at desse statane kunne eksistera. Slik var det biletet som steig fram i kjølvatnet av den im-perialistiske krigen. Dette stygge biletet vart slett ikkje betre ved at tsarveldet vart borte og Miljukov-Kerenski-regjeringa kom til på skode-plassen. Sidan dei «heilnasjonale» institusjonane i grenseområda synte ein tendens til politisk sjølvstende, møtte dei sjølvsagt steil fiendskap frå imperialistregjeringa i Russland. Men på den andre sida grunnfesta dei makta til det nasjonale borgarskapet, og brydde seg ikkje om dei livsviktige interessene til «sine eigne» arbeidrarar og bønder. Difor gav dei grobotn for murring og misnøye mellom desse. Det som var kjent som «dei nasjonale regimenta»³⁵ kasta berre meir brennstoff til varmen. Dei var udugelege mot faren ovanfrå og berre styrkte faren nedanfrå og gjorde han verre. Dei «heilnasjonale» institusjonane sto nakne og for-svarslause att mot slag utanfrå og eksplosjonar innanfrå. Dei borgarlege nasjonale statane som heldt på å veksa fram, tok til å bleikna alt før dei kunne slå ut i full bløming.

Slik vart den gamle borgarleg-demokratiske tolkinga av prinsippet om sjølvråde berre rein oppdikting og miste den revolusjonære rolla si. Det var klårt at under slike tilhøve kunne det ikkje vera spørsmål om å gjera slutt på den nasjonale undertrykkinga og gje dei små nasjonalstatane sjølvstende. Det vart klårt at det var umogleg å frigjera dei arbeidande massane i dei undertrykte nasjonalitetane og gjera slutt på nasjonal undertrykking utan å bryta med imperialismen, utan at dei arbeidande massane kasta «sitt eige» nasjonale borgarskap og tok makta sjølv.

Dette vart klårt stadfest etter Oktoberrevolusjonen.

II

OKTOBERREVOLUSJONEN OG DET NASJONALE SPØRSMÅLET

Februarrevolusjonen skapte indre motsetnader som ikkje let seg sameina. Revolusjonen vart fullført ved hardt strev frå arbeidarane og bøndene (soldatar). Men som resultat av revolusjonen gjekk ikkje makta over til arbeidarane og bøndene, men til borgarskapet. Når dei gjennomførte revolusjonen, så ynskte arbeidarane og bøndene å gjera slutt på krigen og sikra freden. Men borgarskapet, som var i ferd med å ta makta, streva etter å utnytta den revolusjonære gløden hjå massane til å halda fram med krigen, mot freden. Den økonomiske sundkløyvinga i landet og matvarekrisa kravde at kapital og industriføretak vart eksproprierte til føremon for arbeidarane, og at godseigarjorda vart kverrsett* til føremon for bøndene. Men den borgarlege Miljukov-Kerenski-regjeringa stod vakt om interessene til landadeln og kapitalistane og verna dei fast og støtt mot alle åtak frå arbeidarane og bøndene. Dette var ein borgarleg revolusjon ført til endes av arbeidarane og bøndene, til føremon for utbyttarane.

I mellomtida heldt landet fram med å støンna under åket frå imperialistkrigen, økonomisk oppløysing og krakket i matforsyninga. Fronten fall i småbitar og smuldra opp. Fabrikkar og verk stogga opp. Hungersnaua spreidde seg i heile landet. Februarrevolusjonen med sine indre motseiingar var tydeleg ikkje nok for å berga landet. Miljukov-Kerenski-regjeringa var tydelegvis ute av stand til å løysa dei grunnleggjande problema i revolusjonen.

Ein ny *sosialistisk* revolusjon trongst for å leia landet ut or blindgata med imperialistisk krig og økonomisk sundkløyving.

* Kverrsetja – konfiskera, beslagleggja. – *Red.*

Den revolusjonen kom som eit resultat av Oktoberoppreisten.

Med å kasta maktveldet til landadelen og borgarskapet og setja inn ei regjering av arbeidarar og bønder, løyste Oktoberrevolusjonen motseiingane frå Februarrevolusjonen med eitt slag. Allmakta til landadelen og kulakkane vart teken bort og jorda vart gjeven til dei arbeidande massane på landsbygda for at dei skulle nyttre ho. Verkstader og fabrikkar vart kverrssette, og dei vart lagde under arbeidarkontroll. Det vart brot med imperialismen og røvarkrigen tok slutt. Dei løynlege avtalane vart offentleggjorde og anneksjonspolitikken vart dregen fram i lyset. Til sist, kunngjeringa av sjølvråde for dei arbeidande massane i dei undertrykte folka, og at det vart godteke at Finland skulle vera sjølvstendig. – Alt dette var dei grunnleggjande åtgjerdene som sovjetmakta sette i verk i den fyrste fasen av sovjetrevolusjonen.

Det var ein ekte *sosialistisk* revolusjon.

Revolusjonen tok til midt i landet, i sentrum. Men han kunne ikkje verta avgrensa til dette trønge landområdet lenge. Når han no eingong hadde vunne siger i det sentrale området, var han nøydd til å spreia seg til grenseregionane også. Og heilt frå dei aller fyrste revolusjonsdagane spreidde den revolusjonære flodbylgja seg nordanfrå over heile Russland. Ho sopte over den eine grenseregionen etter den andre. Men her møtte ho ei demning i form av «dei nasjonale forsamlingane» og regionale «regjeringar» (Don, Kuban, Sibir) som hadde vorte skipa før Oktoberrevolusjonen. Poenget er at desse «nasjonale regjeringane» ikkje ville vita av nokon sosialistisk revolusjon. Borgarlege av natur som dei var, hadde dei ikkje det minste ynskje om å øydeleggja den gamle borgarlege ordninga. Dei rekna det tvert om som si plikt å halda ved lag og grunnfesta ho med alle middel dei rådde over. Grunnleggjande imperialistiske som dei var hadde dei ikkje det minste ynskje om å bryta over tvert med imperialismen. Heller tvert om. Dei hadde aldri hatt noko i mot å krafsa til seg og kua bitar og smular av territoriet til «framande» nasjonalitetar så fort dei hadde høve til det. Det var såleis ikkje så underleg at «dei nasjonale regjeringane» i grenseregionane lyste krig mot den sosialistiske regjeringa i sentrum. Og med ein gong dei hadde lyst krig, vart dei sjølvsagt drivhus for reaksjonen. Dei drog til seg alt som fanst av anti-revolusjonære krefter i Russland. Alle veit at alle dei kontrarevolusjonære som vart kasta ut av Russland, strøymde til desse drivhusa. Og der, rundt desse, skipa dei seg til «nasjonale» kvitegardist-regimet.

Men i tillegg til «nasjonale regjeringar» er det og nasjonale arbeidarar og bønder i grenseregionane. Dei var alt organiserte i revolusjonære sovjet før Oktoberrevolusjonen. Desse var skipa etter same mønster

som sovjeta i Sentral-Russland. Dei hadde aldri brote sambandet med brørne sine i nord. Dei og kjempa for å slå borgarskapet, også dei stridde for at sosialismen skulle sigra. Det var såleis ikkje til å undra seg over at usemja med «deira eigne» nasjonale regjeringar vart meir og meir tilkvesst for kvar dag. Oktoberrevolusjonen berre styrkte alliansen mellom arbeidarar og bønder i grenseregionane og arbeidarar og bønder i Russland, og gjorde dei oppglød i trua på siger for sosialismen. Og den krigen som «dei nasjonale regjeringane» ført mot sovjetmakta, ført til at konflikten mellom dei nasjonale massane og desse «regjeringsane» utvikla seg til ope brot mellom dei. Massane gjorde ope opprør mot dei.

Såleis vart det skipa ein sosialistisk allianse av arbeidarane og bøndene over heile Russland, mot den kontrarevolusjonære alliansen av borgarlege nasjonale «regjeringar» i grenseregionane i Russland.

Den striden som grense«regjeringane» ført Blair av somme lagt ut som ein kamp for nasjonal frigjering mot den «miskunnslause sentralismen» til sovjetstyret. Men dette er heilt usant. Ikkje eit einaste styre i heile verda har tillate ei slik vidfemnande desentralisering, ikkje noko regjering i verda har gjeve så stor og fullstendig nasjonal fridom til folket som sovjetmakta i Russland. Striden til grense«regjeringane» var – og er – ein borgarleg kontrarevolusjonær kamp mot sosialismen. Den nasjonale fana er berre hengt på denne saka for å villeia massane, som ei populær fane som løyner dei kontrarevolusjonære planane til det nasjonale borgarskapet på ein høveleg måte.

Men kampen som dei «nasjonale» og regionale «regjeringane» ført, synte seg å vera ein ulik kamp. Dei vart gjort åtak på frå to sider – utanfrå av sovjetmakta i Russland, og innanfrå av «sine eigne» arbeidarar og bønder. – Dei «nasjonale regjeringane» vart tvinga til å trekka seg attende alt etter dei aller fyrste slaga dei gav seg i kast med. Ein fekk oppreisten til dei finske arbeidarane og torparane³⁶ og det borgarlege «senatet»³⁷ flykta. Arbeidarane og bøndene i Ukraina reiste seg, og den borgarlege «Radaen» tok til beins. Arbeidarane og bøndene i Don, Kuban og Sibir gjorde opprør, Kaledin, Kornilov og «regjeringa» i Sibir ramla saman. Dei fattige bøndene i Turkistan reiste seg, og den «autonome regjeringa» flykta. Landbruksrevolusjonen i Kaukasus og den fullstendige kraftløysa til «nasjonalråda» i Grusia, Armenia og Aserbajdsjan – alle desse døma er allment kjende fakta som klårt viser kor heilt isolerte «grenseregjeringane» var i høve til «sine eigne» arbeidarmassar. Når dei «nasjonale regjeringane» no var heilt slegne, vart dei «tvinga» til å be om hjelp frå imperialistane i Vesten, frå dei gamle undertrykkjarane og utbyttarane av nasjonalitetane i verda, mot «sine eigne» arbeid-

arar og bønder.

Såleis byrja perioden med utenlandsk intervension og hærsetjing i grenseregionane – ein tidfolk som enno ein gong avslørte den kontrarevolusjonære karakteren til dei «nasjonale» og regionale «regjeringane».

Fyrst no vart det heilt klårt for alle at det nasjonale borgarskapet ikkje arbeidde for å frigjere «sitt eige folk» frå nasjonal undertrykking, men for fridom til å pressa profit ut or dei, for fridom til å halda fast ved særrettane sine og kapitalen sin.

Fyrst no vart det klårt at frigjeringa av dei undertrykte nasjonalitetane ikkje kunne verta noko av utan at ein braut over tvert med imperialismen. Frigjering var uråd utan å kasta borgarskapet som undertrykte nasjonalitetane, og gje makta over til dei arbeidande folkemassane i desse nasjonalitetane.

Slik vart den gamle borgarlege oppfatninga av prinsippet om sjølvråde med slagordet sitt: «All makt til det nasjonale borgarskapet» avslørt og kasta til sides av sjølve utviklinga til revolusjonen. Den sosialistiske oppfatninga av prinsippet om sjølvråde, med slagordet «All makt til dei arbeidande massane i dei undertrykte nasjonalitetane», kom i hevd av seg sjølv, og det vart mogleg å ta det i bruk.

Oktoberrevolusjonen hadde sett ein stoppar for den gamle borgarlege rørsla for nasjonal frigjering, og innleidde slik tidbolken for ei ny sosialistisk rørsle av arbeidarane og bøndene i dei undertrykte nasjonalitetane. Denne rørsla var retta mot all undertrykking – medrekna nasjonal undertrykking – mot makta til borgarskapet både «deira eige» og det utanlandske, og mot imperialismen allment.

III

KVA OKTOBERREVOLUSJONEN HADDE Å SEIA FOR HEILE VERDA

Etter at Oktoberrevolusjonen hadde sigra i Midt-Russland og femnt om ei rekke av grenseregionane, kunne han ikkje stogga tvert ved grenselinene til Russland. I den atmosfæren som den imperialistiske verdkriegen og den allmenne misnøya i massane skapte, kunne ikkje revolusjonen anna enn spreia seg til grannelanda. Russland braut over tvert med imperialismen og rømde ut or røvarkrigene. Dei løynlege avtalane vart offentleggjorde og anneksjonspolitikken vart høgtideleg avvist. Nasjonal fridom vart kunngjort, og sjølvstende for Finland vart godkjent. Russland vart kunngjort som «ein føderasjon av nasjonale sovjetrepublikkar». Regjeringa i Sovjetunionen kom med hærrop til verda om

målmedviten kamp mot imperialismen. Alt dette måtte få svært mykje å seia for den trælbundne Austen og den blødande Vesten.

Og sanneleg er ikkje Oktoberrevolusjonen den fyrste revolusjonen i verdssoga som makta å bryta den eldgamle svevnen til dei arbeidande massane av undertrykte folk i Austen og dra dei med i striden mot verdsimperialismen. Skipinga av arbeidar- og bondesovjet i Persia, Kina og India, som vart bygde med sovjeta i Russland som mønster, er klåre og overtydande nok prov på dette.

Oktoberrevolusjonen er den fyrste revolusjonen i verdssoga som gav arbeidarane og soldatane i Vesten ei levende bergingsvon og eit føredøme. Denne revolusjonen kunne styra dei inn på den verkelege frigjøringsvegen, bort frå den tunge børa av krig og imperialisme. Arbeidarar og soldatar reiste seg til opprør i Austerrike-Ungarn og i Tyskland, det vart skipa sovjet av arbeidarar og soldatutsendingar. Dei undertrykte folka i Austerrike-Ungarn reiste seg til revolusjonær strid mot nasjonal undertrykking. Alle desse døma er talande prov på det eksemplet Oktoberrevolusjonen gav.

Hovudpunktet her er slett ikkje at striden i Austen og endåtil i Vesten, enno ikkje har lukkast i å luka ut dei borgarleg-nasjonale draga. Ponenget er at kampen mot imperialismen *har byrja*, at han held fram og unngåeleg er nøydd til å nå fram til sitt logiske mål.

Utanlandsk intervensjon og hærsetjingspolitikken til dei imperialistane som kjem «utanfrå», berre skjerpar den revolusjonæra krisa ved at ein dreg med nye folk inn i striden og utvidar området for dei revolusjonære slaga mot imperialismen.

Oktoberrevolusjonen knyter banda mellom dei attendeliggjande folka i Austen og dei framskridne folka i Vesten. Såleis får han dei til å fylka seg i eit felles stridslæger mot imperialismen.

Såleis utviklar det nasjonale spørsmålet seg frå å vera eit særskilt spørsmål om å slåst mot nasjonal undertrykking, til å bli det allmenne spørsmålet om å frigjera nasjonane, koloniane og halv-koloniane frå imperialismen.

Daudssynda til Den andre internasjonalen og leiaren der, Kautsky, er i røynda at dei alltid har gått over til den borgarlege tolkinga av nasjonal sjølvråde, at dei aldri har skjøna den revolusjonære meinингa med det, at dei var uviljuge eller ikkje i stand til å tufta det nasjonale spørsmålet på eit revolusjonært grunnlag med open kamp mot imperialismen, at dei var ute av stand til eller uviljuge til å knyta det nasjonale spørsmålet saman med spørsmålet om frigjering for koloniane.

Det at dei austrikske sosialdemokratane, av typen Bauer og Renner, er tungnemme, syner seg nettopp i at dei ikkje har skjøna den

uløyselege samanhengen mellom det nasjonale spørsmålet og maktpørsmålet. Dei prøvde å skilja det nasjonale spørsmålet frå politikken og avgrensa det til kulturspørsmål og utdanningsspørsmål. Dei gløymde slike «småting» som imperialismen, og koloniane som var trælbundne av imperialismen.

Det står fast at prinsippa om sjølvråde og «forsvar av fedrelandet» har vorte ugyldig av hendingane under vilkåra med stigande sosialistisk revolusjon. I røynda er det ikkje prinsippa om sjølvråde og «forsvar av fedrelandet» som har vorte ugyldig, men den borgarlege tolkinga av desse prinsippa. Ein kan berre sjå på dei hærsette områda for å skjøna dette. Dei blir utarma under den imperialistiske børa og lengtar etter frigjering. Ein kan berre kasta eit blikk på Russland som fører ein revolusjonær krig for å forsvara det sosialistiske fedrelandet frå dei imperialistiske røvarane. Ein kan berre sjå på hendingane i Austerrike-Ungarn no og på dei trælbundne koloniane og halv-koloniane som alt har organisert sine eigne sovjet (India, Persia, Kina). Ein kan berre sjå på alt dette for å skjøna kor mykje prinsippet om sjølvråde i den sosialistiske tolkinga av ordet har å seia for revolusjonen.

Kor mykje Oktoberrevolusjonen har å seia for heile verda vil i hovudsak vera dette:

1. Han har utvida råderommet for det nasjonale spørsmålet og snudd det bort frå å vera eit særskilt spørsmål om å kjempe mot nasjonal undertrykking i Europa og over til å vera eit allment spørsmål om frigjering for undertrykte folk, koloniar og halv-koloniar frå imperialismen.

2. Han har opna vidt rom for frigjeringa deira og peika ut rette vegen for ho. Dermed har han gjort det lettare for dei undertrykte folka i Austen og Vesten å frigjera seg og har drege dei inn i den samla straumen av sigerrike kampar mot imperialismen.

3. *Dermed har han sett opp ei bru mellom det sosialistiske Vest og det trælbundne Aust.* Han har skapt ein ny front av revolusjonar mot verdsimperialismen. Denne fronten strekkjer seg frå proletarane i Vest, gjennom den russiske revolusjonen, og over til dei undertrykte folka i Aust.

Dette forklarer i røynda den useielege eldhugen som det russiske proletariatet no er vitne til frå dei utmødde og kua folkemassane i Aust og Vest.

Dette forklarer i hovudsak det vitlause sinnet som dei imperialistiske røvarane i heile verda syner no når dei har kasta seg over Sovjet-Russland.

Pravda, Nr. 241 og 250,
6. og 19. november 1918.

Underskrive: *J. Stalin*

POLITIKKEN TIL SOVJETREGJERINGA I DET NASJONALE SPØRSMÅLET I RUSSLAND

Tre år med revolusjon og borgarkrig i Russland har synt at dersom ikkje det sentrale Russland og grenseregionane støttar einannan, vil det vera uråd å vinna sigar for revolusjonen og frigjera Russland frå klørne til imperialismen. Sentral-Russland, eldstaden til verdsrevolusjonen, kan ikkje halda ut lenge utan hjelpe frå grenseregionane som har rikeleg med råvarer, brennstoff og matvarer. Grenseregionane i Russland vil i sin tur verta uomgjengeleg dømde til imperialistisk trældom utan den politiske, militære og organisatoriske støtta frå det meir utvikla sentrale Russland. Dersom det er rett å seia at det høgre utvikla proletariske Vesten ikkje kan gjera ende på verdsborgarskapet utan støtte frå bonde-Austen, som er lågare utvikla, men som har rikeleg med råvarer og brennstoff, er det like rett å seia at det høgre utvikla sentrale Russland ikkje kan føra revolusjonen til endes utan støtte frå grenseregionane i Russland, som er lågare utvikla, men som har rikeleg med vesentlege ressursar.

Ententen rekna utan tvil med dette tilhøvet frå dei aller fyrste dagane i livet til sovjetregjeringa, då han (Ententen) fylgte planen med økonomisk innringing av Sentral-Russland ved å skjera bort dei viktigaste grenseregionane hennar. Og planen med økonomisk innringing av Russland er framleis det uendra grunnlaget for alle felttoga Ententen fører mot Russland, frå 1918 til 1920, for ikkje å rekna med intrigane han driv no i Ukraina, Aserbajdsjan og Turkestan.

Det vert difor så endå mykje viktigare å få til ein fast union mellom sentrum og grenseregionane i Russland.

Ut frå dette veks trøngen for å få skipa heilt klåre samband, faste band mellom sentrum og grenseregionane i Russland som kan tryggja ein nær og ubrytande union mellom dei.

Kva slags samband må dette vera, kva former må dei taka?

Med andre ord, kva er politikken til sovjetregjeringa i det nasjonale

spørsmålet i Russland?

Kravet om lausriving av grenseregionane frå Russland, som forma for sambandet mellom sentrum og grenseregionane, må avvisast, ikkje berre av di det står i motstrid til sjølve formuleringa av spørsmålet om å oppretta ein union mellom sentrum og grenseregionane, men først og fremst av di det står i grunnleggjande motstrid til interessene til folke-massen, både i sentrum og i grenseregionane. Bortsett frå at lausriving av grenseregionane ville undergrava den revolusjonære krafta til Sentral-Russland, som kveikjer rørsla for frigjering i Vesten og Austen, ville dei lausrivne grenseregionane uomgjengeleg falla i den internasjonale imperialismen sin trældom. Ein treng berre sjå på Grusia, Armenia, Polen, Finland osb., som har rive seg laus frå Russland, men som berre har fått halda på eit tilsynelatande sjølvstende og i røynda er vortne om-skapte til vilkårlause vasallar³⁸ under Ententen. Ein treng til sist berre å minnast det nyare dømet med Ukraina og Aserbajdsjan, den fyrste vart plyndra av tysk kapital og den siste av Ententen, for å skjøna den heilt ut kontrarevolusjonære karakteren av kravet om lausriving av grenseregionane under dei rådande internasjonale tilhøva. Når det utvinklar seg ein strid på liv og daude mellom det proletariske Russland og den imperialistiske Ententen, finst det berre to moglege resultat for grenseregionane:

Anten går dei saman med Russland, og då vil dei arbeidande massane i grenseregionane verta fridde frå imperialistisk undertrykking,

eller så går dei saman med Ententen, og då er åket til imperialismen uomgjengeleg.

Det finst ikkje nokon tredje kurs.

Det såkalla sjølvstendet til det såkalla sjølvstendige Grusia, Armenia, Polen, Finland osb., er berre ein illusjon, og gøymer unna at desse dårlege etterlikningane av statar heilt og fullt er avhengige av den eine eller den andre gruppa av imperialistar.

Sjølvsgatt har grenseregionane i Russland, nasjonane og rasane som bur i desse regionane, same ukrenkjelege retten som andre nasjonar til å riva seg laus frå Russland, og dersom nokon av desse nasjonane med fleirtal vedtok lausriving frå Russland, slik Finland gjorde det i 1917, ville Russland venteleg vera nøydd til å merkja seg dette og godkjenna lausrivinga. Men spørsmålet her står ikkje om nasjonane sine rettar, som er heva over tvil, men om interessane til massane i folket både i sentrum og i grenseregionane. Det er eit spørsmål om karakteren av agitasjonen partiet vårt må驱va – og denne vert avgjort av desse interessane – dersom det ikkje vil gje avkall på sine eigne prinsipp, og dersom det ynskjer å påverka viljen til dei arbeidande massane i nasjonalit-

tetane i ei viss lei. Og massane sine interesser gjer kravet om lausriving av grenseregionane til eit gjennomført kontrarevolusjonært krav på det noverande stadiet i revolusjonen.

Likeeins må det som er kjent som kulturnasjonalt autonomi, avvisast som ei form for union mellom sentrum og grenseregionane i Russland. Røynsla frå Austerrike-Ungarn (fødestaden til kulturnasjonalt autonomi) gjennom dei siste ti åra har avslørt kor heilt ut forbigåande og ikkje leveført kulturnasjonalt autonomi er, som form for allianse mellom dei arbeidande massane i nasjonalitetane i ein fleirnasjonal stat. Springer og Bauer, opphavsmennene til det kulturnasjonale autonomiet, som no vert stilte andsynes nederlaget for det lurt utenkte nasjonale programmet sitt, er levande stadfestingar på dette. Og til sist, sjølv forkjemparen for kulturnasjonalt autonomi i Russland, det ein gong vidgjetne Bund, måtte nyst offisielt vedgå kor overflødig kulturnasjonalt autonomi er, og sa offentleg at:

«Kravet om kulturnasjonalt autonomi, som vart sett fram under det kapitalistiske systemet, misser meininga under vilkåra til ein sosialistisk revolusjon.» (sjå *Den tolvte konferansen til Bund*, 1920, s. 21).

Då står *regionalt* autonomi for grenseregionar som skil seg ut med ein særskild levemåte og nasjonal samansetjing, att som den einaste høvelege forma for union mellom sentrum og grenseregionane, eit autonomi som har som mål å knyta saman grenseregionane i Russland og sentrum med eit foderalt band. Dette er sovjetforma for autonomi, som vart utopt av sovjetregjeringa frå dei aller fyrste dagane ho fanst. Og denne vert no sett ut i livet i grenseregionane i form av administrative kommunar og autonome sovjetrepublikkar.

Sovjetautonomi er ikkje noko fastlåst, som er fastlagt ein gong for alle. Det tillet dei mest ulike former og utviklingsgradar. Det går frå trøngt administrativt autonomi (Volga-tyskarane, tsjuvasjane, karelane) til eit vidare, politisk autonomi (basjkirane, Volga-tatarane, kirgsarane), frå vidtgåande politisk autonomi til ei endå meir vidtgåande form (Ukraina, Turkistan), og til sist frå det ukrainske slaget av autonomi, til den høgste forma for autonomi – til avtalebundne samband (Aserbajdsjan). Denne tilpassingsevna til sovjetautonomiet er ein av dei største føremonane det kan visa til, for denne tilpassingsevna gjer at det evnar å femna om alle dei ulike slaga av grenseregionar i Russland som skil seg svært mykje frå einannan, når det gjeld nivået i kulturell og økonomisk utvikling. Dei tre åra med sovjetpolitikk i det nasjonale spørsmålet i Russland, har synt at sovjetregjeringa med å nyttा sovjet-autonomi

i ulike former er på rett veg, for det er berre denne politikken som har gjort det råd å opna vegen til dei mest avsides hjørna i grenseregionane i Russland, å vekkja dei mest tilbakeliggjande og nasjonalt ulike massane til politisk aktivitet, og å knyta desse massane saman med sentrum med dei mest ulike slag band – eit problem inga regjering elles i verda har løyst, eller eingong har sett seg føre å løysa (av di dei er redde for å gjera det!). Den administrative nyoppdelinga av Russland på grunnlag av sovjetautonomi er enno ikkje vorten fullført. Nord-kaukasarane, kalmakkane, tsjeremisane, votjakane, burjatane og andre ventar framleis på at dette problemet skal verta løyst. Men same korleis det administrative kartet i det framtidige Russland kjem til å sjå ut, og same kva manglar det har vore på dette området – for ein del manglar har det visseleg vore – må ein vedgå at Russland med å gjennomføra ei administrativ nyoppdeling på grunnlag av regionalt autonomi, har teke eit stort steg mot å fylka grenseregionane rundt det proletariske sentret, og å få nærrare kontakt mellom regjeringa og dei breie massane i grenseregionane.

Men å utropa denne eller hi forma for sovjetautonomi, å ferda ut til-svarande lover og påbod, og tilmed å skipa regjeringar i grenseregionane i forma av regionale råd av folkekommisærar i dei autonome republikkane, er likevel så langt frå nok til å grunnfesta unionen mellom grenseregionane og sentrum. For å grunnfesta denne unionen trengst det først og fremst at ein gjer ende på framandgjeringa og isoleringa for grenseregionane, på den patriarchalske³⁹ og ukultiverte levemåten deira og på mistilliten dei har til sentrum, som framleis står ved lag i grenseregionane som ein arv etter den brutale politikken til tsarismen. Tsarismen dyrka med vilje fram patriarchalsk og føydal undertrykking i grenseregionane for å halda massane i trældom og vankunne. Tsarismen busette med overlegg dei beste områda i grenseregionane med kolonist-element for å tvinga massane av dei innfødde nasjonalitetane bort til dei verste områda, og for å styrka nasjonalt kiv. Tsarismen innskrenka og heldt stundom rett og slett nede skular, teater og utdanningsinstitusjonar for dei innfødde for å halda massane i vankunne. Tsarismen gjorde til fånyttes alt initiativ hjå dei beste medlemmane av den innfødde folkesetnaden. Og endeleg undertrykte tsarismen all verksemد hjå massane i grenseregionane. Med alle desse rådgjerdene poda tsarismen inn ei djup mistru mot-alt russisk mellom massane av dei innfødde nasjonalitetane, ei mistru som til tider gjekk over til beinveges fiendskap. Dersom unionen mellom Sentral-Russland og grenseregionane skal verta grunnfest, må ein få fjerna denne mistraua og skapa ein atmosfære med innbyrdes forståing og brorskapleg tillit. Men for å fjerna denne mistraua må vi først hjelpe massane i grenseregionane til å frigjera seg

frå leivningane etter den føydal-patriarkalske undertrykkinga. Vi må i praksis, og ikkje berre i ord, avskaffa alle særrettane til kolonistelementa. Vi må la massane sjølv få oppleva dei materielle føremonene revolusjonen gjev.

Stutt sagt må vi prova for massane at det sentrale, proletariske Russland forsvarer deira interesser, og berre deira. Dette må ikkje berre provast med tvangstiltak mot kolonisatorane og dei borgarlege nasjonalistane, tiltak som ofte er heilt uskjønelege for massane, men først og fremst med ein prinsippfast og nøye gjennomtenkt økonomisk politikk.

Alle kjenner liberalarane sitt krav om pliktig allmennutdanning. Kommunistane i grenseregionane kan ikkje stå lengre til høgre enn liberalarane, dei må setja i verk allmenn skulegang der dersom dei ynskjer å gjera enda på vankunna til folket og dersom dei ynskjer å skapa nærmere åndsband mellom sentrum i Russland og grenseregionane. Men for å gjera dette må ein utvikla lokale nasjonale skular, nasjonalt teater og nasjonale utdanningsinstitusjonar og heva kulturnivået til massane i grenseregionane. Det er knapt turvande å syna at vankunne er den farlegaste fienden til sovjetstyret. Vi veit ikkje kva framganger vi når i arbeidet vårt på dette feltet allment, men vi har fått vita at det lokale folkekommisariatet for utdanning i ein av dei viktigaste grenseregionane berre brukar ti prosent av pengane dei får på skular for lokalfolket. Dersom dette er sant, må ein vedgå at vi diverre ikkje er komne særleg mykje lengre enn «det gamle styret» på dette feltet.

Sovjetmakt er ikkje ei makt som er skild frå folket. Tvertom, det er den einaste makta i sitt slag, av di ho er runnen ut frå dei russiske massane og er nær og kjær for dei. Dette forklarer i røynda den uliknelege styrken og motstandskrafta sovjetstyret vanlegvis syner i kritiske stunder.

Sovjetmakta må verta like nær og kjær for massane i grenseregionane i Russland. Dette krev først og fremst at ho er skjøneleg for dei. Difor må alle sovjetorgan i grenseregionane – domstolane, administrasjonen, dei økonomiske organa, dei beinveges maktorgana (og partiorgana og) – så langt som råd er verta rekruttert frå lokale folk som kjenner levemåten, vanane, sedane og språket til den innfødde folkesetnaden. Alle dei beste folka mellom dei lokale massane må dragast inn i desse institusjonane. Dei arbeidande massane i lokalområda må taka del på alle område for å administrera landet, irekna skipinga av militæreiningar, for at massane skal få sjå at sovjetmakta og dei organa ho har er eit produkt av deira eige strev, sjølve oppfyllinga av vonene deira. Berre på denne måten kan det verta skipa faste åndelege band mellom massane og sovjetmakta, og berre på denne måten kan sovjetmakta verta forståeleg og

kjær for dei arbeidande massane i grenseregionane.

Ein del kameratar ser på dei autonome republikkane i Russland og sovjetautonomiet som ein mellombels, om enn naudsynt, uting, som på grunn av særskilde omstende måtte tolast, men som ein må kjempa mot med det for augo å avskaffa det til sist. Det er knapt turvande å visa at dette synet er grunnleggjande gale, og at det i alle høve er heilt framandt for politikken til sovjetregjeringa i det nasjonale spørsmålet. Sovjetautonomiet må ikkje verta sett på som noko abstrakt eller kunstig, endå mindre må ein sjå det som ein tom og deklamatorisk* lovnad. Sovjetautonomiet er den mest røynlege og konkrete forma for unionen mellom grenseregionane og Sentral-Russland. Ingen vil nekta for at Ukraina, Aserbajdsjan, Turkistan, Kirgisia, Basjkir, Tatarland og dei andre grenseregionane må ha lokale skular, domstolar, administrasjon og maktorgan som fyrst og fremst rekrutterer lokale folk dersom dei ynskjer kulturell og materiell velstand for massane sine. Vidare er verkeleg sovjetisering av desse regionane, det å gjera dei om til sovjetland som er nært bundne til Sentral-Russland i ein heilskapleg stat, *utenkjelleg* utan ein vidgreint organisasjon av lokale skular, utan at det vert skipa domstolar, administrative organ, maktorgan osb., der arbeidsstokken kjenner livet og språket til folkesetnaden. Men å skipa skular, domstolar, administrasjon og maktorgan som nyttar morsmålet – det er nett å setja sovjetautonomiet ut i livet, for sovjetautonomi er ikkje anna enn den samla summen av alle desse institusjonane, kledde i ukrainske, turkistanske, kirgisiske osb. former.

Korleis kan ein etter dette på alvor seja at sovjetautonomi er forbigåande, at det må nedkjempast osb.?

Det er anten det eine eller det andre:

Anten er ukrainsk, aserbajdsjansk, kirgisisk, usbekisk, basjkirsk og andre språk ein levande røyndom, og då er det heilt vesentleg å utvikla lokale skular, domstolar, administrative organ og maktorgan som er rekrutterte frå lokalfolket – og då må sovjetautonomiet setjast i verk fullt ut og utan etterhald i desse regionane.

Eller så er ukrainsk, aserbajdsjansk og andre språk reint oppspinn, og då er det uturvande å skipa skular og andre institusjonar som nyttar det lokale språket – i så fall må ein kasta vrak på sovjetautonomiet som ubrukande skrot.

Leitinga etter ein tredje måte må skuldast anten vankunne om emnet eller forkasteleg toskeskap.

* Deklamatorisk – høgt travande, som er lagt fram med storslegne talemåtar. – Red.

Eit alvorleg hinder for å gjera sovjetautonomiet verkeleg, er den akutte mangelen på intellektuelle krefter med lokalt opphav i grenseregionane, mangelen på lærerkrefter i alle greiner av sovjet- og partiarbeidet utan unntak. Denne mangelen kan ikkje anna enn hindra både utdanningsmessig og revolusjonært oppbyggingsarbeid i grenseregionane. Men nett på grunn av dette ville det vera uklokt og skadeleg å støyta frå seg dei altfor få gruppene av innfødde intellektuelle som kanskje gjerer vil tena massane, men som ikkje kan gjera det, kanskje av di dei ikkje er kommunistar og trur at dei er omringa av ein atmosfære av mistru og er redde for at det kan koma undertrykkingsåtgjerder. Politikken med å dra slike grupper inn i sovjetarbeidet, politikken med å rekruttera dei til industrien, jordbruket, matforsyning og andre stillingar med tanke på å sovjetisera dei litt etter litt, kan nyttast med framgang. Ein kan knapt påstå at desse intellektuelle gruppene er mindre pålitande enn til dømes dei kontrarevolusjonære militærekspertane, som trass i det kontrarevolusjonære sinnelaget sitt vart dregne med i arbeidet og seinare vart sovjetiserte og hadde svært viktige stillinger.

Men å gje arbeid til dei nasjonale gruppene av intellektuelle vil framleis vera langt frå nok til å oppfylla trøngen for lærerkrefter. Vi må samstundes utvikla eit vidgreint system av studiekurs og skular i alle greiner av administrasjonen i grenseregionane for å skapa kadrar av lærerkrefter av lokale folk. Det er klårt at utan slike kadrar vil det verta umåteleg vanskeleg å organisera lokale skular, domstolar, administrative og andre institusjonar som fungerar på morsmålet.

Eit like alvorleg hinder for å setja sovjetautonomiet ut i livet, er hastverket, som ofte vert til grov taktløyse, visse kameratar har i spørsmålet om å sovjetisera grenseregionane. Når slike kameratar er frekke nok til å gje seg ut på den «heltemodige oppgåva» med å innføra «rein kommunisme» i regionar som ligg ein heil historisk tidbolk etter Sentral-Russland, regionar der mellomalderskipnaden enno ikkje er helt avskaffa, kan ein trygt seia at det ikkje kan koma noko godt ut av slike kavalleritokt, av «kommunisme» av dette slaget. Vi vil gjerne minna desse kameratane om det punktet i programmet vårt der det står:

«RKP held fast ved det historiske standpunktet og klassestandpunktet, og tek omsyn til det historiske utviklingssteget ein viss nasjon er på – om han er på veg frå mellomalder til borgarleg demokrati eller frå borgarleg demokrati til sovjet- eller proletarisk demokrati, osb.»*

* Dvs. Russlands Kommunistiske Parti.

Og vidare:

«I alle høve må proletariet i dei nasjonane som var undertrykkjarar vera særleg varsame og ha særleg omtanke for leivningar av nasjonal-kjensle hjå dei arbeidande massane i dei undertrykte eller ikkje-likestilte nasjonane.» (Sjå program for RKP).

For Aserbajdsjan til dømes tyder dette at dersom den beinveges metoden med å kverrsetja overflødig bustadslass støyter frå oss dei aserbajdsjanske massane, som ser heimen, den heimlege eldstaden, som heilag og ukrenkjeleg, er det opplagt at den beinveges måten å kverrsetja overflødig bustadslass må bytast ut med ein omveges, krokveges måte å nå same målet på. Eller dersom til dømes dei daghestanske massane, som er djupt innpoda med religiøse fordommar, fylgjer kommunistane «med grunnlag i Shariaen»⁴⁰, er det opplagt at den beinveges måten å nedkjempa religiøse fordommar på i dette landet må bytast ut med omveges og meir varsame måtar. Og så bortetter, og så bortetter.

Stutt sagt må kavaleriraid med det føremålet å gjera dei tilbakeliggjande massane «kommunistiske straks» leggjast bort og bytast ut med ein varsam og nøye uttenkt politikk for å dra desse massane inn i den allmenne straumen med sovjetutvikling steg for steg.

Slik er allment dei praktiske vilkåra som må til for å verkleggjera sovjetautonomiet. Og om dette vert innført, vil det sikra nærmere åndelege band og ein fast revolusjonær sameining mellom sentrum og grenseregionane i Russland.

Sovjet-Russland gjennomfører eit eksperiment utan sidestykke til no i verda gjennom å organisera samarbeid mellom ei rad nasjonar og rasar innanfor ein einaste proletarisk stat med grunnlag i gjensidig tillit, friviljig og brorskapleg semje. Dei tre åra med revolusjon har synt at dette eksperimentet har alle sjansar for å lukkast. Men dette eksperimentet vil vera heilt visst på å lukkast berre om den praktiske politikken vår i det nasjonale spørsmålet i lokalområda ikkje står i motstrid til krava til det sovjetautonomiet som alt er kunngjort i sine ulike former og grader, og om kvart einaste praktiske tiltak vi set i verk i lokalområda hjelper til med å gje massane i grenseregionane ein høgare, proletarisk, åndeleg og materiell kultur i former som samsvarar med levemåten og dei nasjonale draga til desse massane.

I dette ligg garantien for at den revolusjonære unionen mellom det sentrale Russland og grenseregionane skal kunna grunnfestast, og mot denne vil alle intrigane til Ententen verta knuste.

Pravda, nr. 226.
10. oktober, 1920

Underteikna: J. Stalin

DEI NÆRASTE OPPGÅVENE TIL PARTIET I DET NASJONALE SPØRSMÅLET

*Tesar til den tiande kongressen i RKP (b)
Godkjende av sentralkomiteen i partiet⁴¹*

I

DET KAPITALISTISKE SYSTEMET OG DEN NASJONALE UNDERTRYKKINGA

1. Moderne nasjonar er eit produkt av ein viss tidbolt – tidbolken med veksande kapitalisme. ProsesSEN med å gjera føydalismen til inkje og utvikla kapitalismen er på same tid ein prosess der folk vert organiserTE i nasjonar. Britane, franskemennene, tyskarane og italienarane vart forma til nasjonar på den tida kapitalismen utvikla seg sigerrikt og sigra over føydal oppkløyving.

2. Der skipinga av nasjonar i det store og heile fall saman i tid med skipinga av sentraliserte statar, fekk nasjonane sjølvsagt statsform, dei utvikla seg til sjølvstendige, borgarlege nasjonalstatar. Det var dette som hende i Storbritannia (unnateke Irland), i Frankrike og Italia. I Aust-Europa vart tvert om dei sentraliserte statane, påskunda av trongen for sjølvforsvar (invasjon av tyrkarar, mongolar osb.), skipa før føydalismen var gjort til inkjes – altså før nasjonane vart danna. Resultatet var at nasjonane her ikkje utvikla seg til nasjonalstatar, noko dei heller ikkje kunne. I staden vart det fleire blanda, fleirnasjonale borgarlege statar, til vanleg med ein sterk herrenasjon og fleire veike, underlagde nasjonar. Døme: Austerrike, Ungarn og Russland.

3. I nasjonalstatar som Frankrike og Italia, som i fyrstninga i hovudsak leit på eigne nasjonale krefter, var det allment ikkje noko nasjonal undertrykking. I motsetnad til dette er dei fleirnasjonale statane som bygger på dominans frå ein nasjon – eller meir nøyaktig frå herskar-klassen i denne nasjonen – over dei andre nasjonane, den opphavelege heimstaden til og hovudskodeplassen for nasjonal undertrykking og nasjonale rørsler. Motseilingane mellom interessene til herrenasjonen og interessene til dei underlagde nasjonane, er motseilingar som, dersom

dei ikkje vert løyste, gjer det uråd at ein fleirnasjonal stat skal kunna ha eit stabilt tilvære. Tragedien for den fleirnasjonale borgarlege staten ligg i at han ikkje kan løysa desse motseiingane, at alle freistnader han gjer for å gjera nasjonane «likestilte» og for å «verna» dei nasjonale minoritetane samstundes som dei held på privateigedom og klasseulikskap, til vanleg endar med eit nytt nederlag – med endå større skjerping av nasjonale konfliktar.

4. Den vidare voksteren til kapitalismen i Europa, trangen til nye marknader, etterspurnaden etter råvarar og brennstoff, og endeleg, utviklinga av imperialismen, kapitaleksporten og trangen til å tryggja viktige sjø- og jarnvegsruter, ført på den eine sida til at dei gamle nasjonalstatane tok nye territorium og til at dei vart omdanna til fleirnasjonale (koloni-) statar med innebygd nasjonal undertrykking og nasjonale konfliktar (England, Frankrike, Tyskland, Italia). På den andre sida førte dette til at herrenasjonalane i dei gamle fleirnasjonale statane auka strevet etter ikkje berre å halda ved lag dei gamle statsgrensene, men og å utvida dei, leggja under seg nye (veike) nasjonalitetar på kostnad av grannestatane. Dette gjorde det nasjonale spørsmålet meir omfattande og smelta det til sist, gjennom sjølve utviklingsgangen, saman med det allmenne spørsmålet om koloniane. Nasjonal undertrykking vart omforma frå eit indre statsspørsmål til eit mellomstatleg spørsmål, eit spørsmål om kamp (og krig) mellom dei «store» imperialistmaktene for å leggja under seg veike, ikkje-likestilte nasjonalitetar.

5. Den imperialistiske krigen som kledde dei uløyselege nasjonale motseiingane og den indre falitten til dei borgarlege fleirnasjonale statane nakne til skinnet, skjerpa uhorveleg dei nasjonale konfliktane i dei sigrande kolonistatane (England, Frankrike, Italia). Han førde til full opplysing i dei overvunne gamle fleirnasjonale statane (Austerrike, Ungarn, Russland i 1917), og førde endeleg, som den mest «radikale» borgarlege løysinga av det nasjonale spørsmålet, til at det vart skipa nye borgarlege nasjonalstatar (Polen, Tsjekkoslovakia, Jugoslavia, Finland, Grusia, Armenia osb.). Men skipinga av dei nye sjølvstendige nasjonalstatane førde ikkje, og kunne ikkje føra til fredeleg samlivnad mellom nasjonalitetane. Ho fjerna ikkje, og kunne ikkje fjerna, nasjonal ulikskap eller nasjonal undertrykking. For dei nye nasjonalstatane, som er grunna på privateigedom og klasseulikskap, kan ikkje vera til:

a) utan å undertrykkja dei nasjonale minoritetane (Polen som undertrykkjer kviterussarane, jødane, litauarane og ukrainarane, Grusia som undertrykkjer ossetane, abkharane og armenarane, Jugoslavia som undertrykkjer kroatane, bosniarane, osb.).

b) utan å auke territoria sine på kostnad av grannane sine. Dette fører

til konfliktar og krigar (Polen mot Litauen, Ukraina og Russland, Jugoslavia mot Bulgaria, Grusia mot Armenia, Tyrkia osb.).

c) utan å underleggja seg det finansielle, økonomiske og militære herredømmet til dei «store» imperialistmaktene.

6. Slik avdukar etterkrigstida eit mørkt bilet av nasjonal fiendskap, ulikskap, undertrykking, konfliktar, krig og imperialistisk råskap frå nasjonane i dei siviliserte landa si side, både mot kvarandre og mot dei ikkje-likestilte nasjonane. På den eine sida finst det nokre få «stor»-maktar som undertrykkjer og utbyttar alle dei usjølvstendige og «sjølvstendige» (i røynda fullt ut usjølvstendige) nasjonalstatane, og mellom desse maktene er det ein innbyrdes strid for å monopolisera utbyttinga av nasjonalstatane. På den andre sida fører dei usjølvstendige og «sjølvstendige» nasjonalstatane ein strid mot den utsolandene undertrykkinga frå «stor»-maktene, og nasjonalstatane strir innbyrdes for å auka det nasjonale territoriet sitt. I kvar einskild nasjonalstat er det strid mot dei nasjonale minoritetane han undertrykkjer. Til sist styrkjer frigeringsråsråsla mot «stor»-maktene i koloniane seg, og dei nasjonale konfliktane skjerpar seg både i desse maktene og i dei nasjonalstatane som i regelen har ei rekke nasjonale minoritetar.

Slik er «biletet av freden» som den imperialistiske krigen let etter seg.

Det borgarlege samfunnet har synt seg å vera heilt ute av stand til å løysa det nasjonale spørsmålet.

II SOVJETSYSTEMET OG NASJONAL FRIDOM

1. Medan privateigedom og kapital uomgjengeleg kløyver folk, nører nasjonal strid og skjerpar nasjonal undertrykking, så sameiner kollektiv eigedom og kollektivt arbeid like uomgjengeleg folk, grip tak i røtene til nasjonal strid og gjer slutt på nasjonal undertrykking. Det er like utenkjøleg at det kan finnast kapitalisme utan nasjonal undertrykking som at det kan finnast sosialisme utan at dei undertrykte nasjonane vert frigjorde, utan nasjonal fridom. Sjåvinisme og nasjonal strid er uomgjengeleg ikkje til å unngå så lenge bøndene (og småborgarskapet) allment, som er fulle av nasjonale fordommar, fylgjer borgarskapet. Derimot kan ein rekna nasjonal fred og nasjonal fridom som tryggja dersom bøndene fylgjer proletariatet, dvs. dersom proletariatets diktatur vert tryggja. Difor er sigeren for sovjeta og opprettinga av proletariatets diktatur eit grunnvilkår for å gjera slutt på nasjonal undertrykking, få til nasjonal likestilling og tryggja rettane til nasjonale minoritetar.

2. Røynsla frå sovjetrevolusjonen har fullt ut stadfest denne tesen. Skipinga av sovjet systemet i Russland og utropinga av retten nasjonane har til lausriving, endra fullt og heilt tilhøvet mellom dei arbeidande massane i dei ulike nasjonalitetane i Russland. Ho greip tak i røtene til den gamle nasjonale fiendskapen, fjerna grunnlaget for nasjonal undertrykking og gjorde at dei russiske arbeidararane vann tillit hjå brørne sine i andre nasjonalitetar, ikkje berre i Russland, men i Europa og Asia og. Ho heva denne tilliten til eldhug, til at dei vart budde til å kjempa for den sams saka. Skipinga av sovjetrepublikkar i Aserbajdsjan og Armenia har ført til same resultatet, for ho har gjort ende på nasjonale konfliktar og gjort opp med den «eldgamle» fiendskapen mellom dei tyrkiske og armenske, og mellom dei armenske og aserbajdsjanske arbeidande massane. Det same må seiast om den mellombels sigeren for sovjetet i Ungarn, Bayern og Latvia. På den andre sida kan ein trygt slå fast at dei russiske arbeidarane ikkje kunne ha slege Koltsjak og Denikin, og at dei aserbajdsjanske og armenske republikkane ikkje kunne ha kome seg opp med føtene fast under seg, dersom dei ikkje hadde gjort slutt på nasjonal fiendskap og nasjonal undertrykking heime, dersom dei ikkje hadde vunne tillit og kveikt eldhugen hjå dei arbeidande massane i nasjonalitetane i Vesten og i Austen. Å styrkja sovjetrepublikkane og gje ra slutt på nasjonal undertrykking er to sider av ein og same prosessen med å frigjera det arbeidande folket frå imperialistisk trældom.

3. Men det at det finst sovjetrepublikkar, same i kor lita mon det er, er eit livsfarleg trugsmål mot imperialismen. Trugsmålet ligg ikkje berre i det at sovjetrepublikkane med å bryta seg laus frå imperialismen vart omforma frå koloniar og halvkoloniar til verkeleg sjølvstendige statar, og med dette frårøva imperialistane ein del ekstra territorium og ekstra inntekter. Men i tillegg, og først og fremst, ligg trugsmålet i sjølve det at sovjetrepublikkane finst, i at kvart steg dei tek for å halde borgarskapet nede og styrkja proletariatets diktatur, er ovsterk agitasjon mot kapitalismen og imperialismen, agitasjon for frigjering av dei usjølvstendige landa frå imperialistisk trældom. Og sovjeta er eit uovervinneleg element i å løysa opp og desorganisera kapitalismen i alle hans former. Ut frå dette spring striden dei «store» imperialistmaktene unngåeleg må føra mot sovjetrepublikkane og strevet til «stor»-maktene for å øydeleggja desse republikkane. Soga om striden «stor»-maktene har ført mot Sovjet-Russland ber eit overtydande vitne om at slik den internasjonale stoda er no, under vilkår med kapitalistisk omlægning, kan ikkje ein einaste sovjetrepublikk som står åleine rekna seg trygg mot økonomisk utmattning frå og militært nederlag for verdsimperialismen. For desse maktene har sett det eine borgarlege grannelandet etter det andre opp

mot Sovjet-Russland, den eine gruppa med kontrarevolusjonære generalar etter den andre. Med det har dei skipa ein tett blokade rundt Sovjet-Russland og i det heile freista å isolera det økonomisk.

4. Difor er det isolerte tilværet for einskilde sovjetrepublikkar ustabilt og utrygt, av di tilværet deira vert truga av kapitaliststatane. For det fyrste dei sams interessene av å forsvara sovjetrepublikkane, for det andre oppgåva med å etterreisa produktivkraftene som er øydelagde, og for det tredje den naudsynlege hjelpa dei korndyrkande sovjetrepublikkane må gje alle dei som ikkje dyrkar korn, gjer det bydande klårt for alle at ein statsunion mellom dei einskilde sovjetrepublikkane er naudsynt. Dette er den einaste redninga frå imperialistisk trældom og nasjonal undertrykking. Dei nasjonale sovjetrepublikkane som har frigjort seg frå «sitt eige» og det «utanlandske» borgarskapet kan berre halda seg i live og slå dei sameinte kreftene til imperialismen gjennom å sameina seg i ein tett statsunion, elles vil dei ikkje kunna slå dei i det heile.

5. Ein føderasjon av sovjetrepublikkar tufta på sams militære og økonomiske interesser er den allmenne forma for statsunion som vil gjera det råd

a) å tryggja integriteten og den økonomiske utviklinga til kvar ein-skild republikk og til føderasjonen som heilskap,

b) å femna om heile mangfaldet når det gjeld levemåte, kultur og økonomiske tilhøve i dei ulike nasjonane og nasjonalitetane som no står på ulike utviklingssteg, og å nytta former for føderasjonen som motsvarar dette,

c) å få til fredeleg samlivnad og brorskapleg samarbeid mellom nasjonne og nasjonalitetane som på eitt eller anna vis har knytt lagnaden sin til føderasjonen sin lagnad.

Russland si røynsle med å nytta ulike føderasjonsformer, frå føderasjon tufta på sovjetautonomi (Kirgisia, Basjkir, Tataria, Høglandet, Dagestan), til føderasjon tufta på paktbundne tilhøve med sjølvstendige sovjetrepublikkar (Ukraina og Aserbajdsjan), og å tillata mellomtrinn (Turkistan og Kviterussland), har fullt ut prova at føderasjon er føremålstenleg og smidig som allmenn form for statsunion mellom sovjetrepublikkane.

6. Men føderasjonen kan berre vera stabil, og resultata av føderasjonen berre effektive, dersom han byggjer på gjensidig tillit og friviljug samtykke frå landa i føderasjonen. Dersom RSFSR er det einaste landet i verda der eksperimentet med fredeleg samlivnad og brorskapleg samarbeid mellom fleire nasjonar og nasjonalitetar har lukkast, er det fordi her korkje er herrenasjonar eller underlagde nasjonar, korkje metropo-

lar* eller koloniar, korkje imperialisme eller nasjonal undertrykking. Føderasjonen her kviler på gjensidig tillit og friviljug strev frå dei arbeidande massane i dei ulike nasjonane fram mot union. Denne friviljuge karakteren til føderasjonen må konsekvent takast vare på, for berre ein slik føderasjon kan tena som overgangssteg til den høgre einskapen mellom slitarane i alle land i eitt einaste økonomisk verdssystem. Og at dette er naudsynt vert stendig meir tydeleg.

III DEI NÆRASTE OPPGÅVENE TIL RKP (b)

1. RSFSR og sovjetrepublikkane som er assosiert med han har eit folketal på omlag 140 000 000. Av desse er ikkje-storruasarar omlag 65 000 000 (ukrainarar, kviterussarar, kirgisarar, usbekar, turkmenarar, tadsjikar, aserbajdsjanarar, Volga-tatarar, Krim-tatarar, bukhararar, khivanar, basjkirar, armenarar, tsjetsjenarar, kabardinarar, ossetar, tsjerkesarar, ingusjar, karatsjaiar, balkarar**, kalmykar, karelarar, avarar, dargunarar, kasi-kumukkar, kyurinarar, kumykkar***, mariar, tsjuvatsjar, votjakar, Volga-tyskarar, burjatar, jakutar osb.)

Politikken til tsarismen, politikken til godseigarane og borgarskapet andsynes desse folka var å drepa kva enn slag kimar til statsskipnad som fanst mellom dei, å skamfara kulturen deira, halda språket deira nede, halda dei i vankunne, og endeleg, å russifisera dei så langt råd var. Resultatet av denne politikken var at desse folka vart underutvikla og politisk tilbakeliggjande.

No når godseigarane og borgarskapet er velta og sovjetmakta er utropt av folkemassane i desse landa og, er partiet si oppgåve å hjelpe dei arbeidande massane i dei ikkje-storruisiske folka å nå att Sentral-Russland som har kjempa seg fram. Oppgåva er å hjelpe dei til

a) å utvikla og styrkja sovjet-statsskipnaden sin i former som samsavar med dei nasjonale draga til desse folka.

b) å skipa sine eigne domstolar, administrasjon, økonomiske organisasjoner og maktorgan som nyttar morsmålet i arbeidet sitt og som har ein arbeidsstokk av lokale folk som kjenner levemåten og sinnelaget til folket i området.

c) å utvikla presse, skular, teater, rekreasjonsklubbar, og kultur- og

* *Metropol* – hovedstad, moderby. Senter i dei landa som har koloniar – Red.

** Dei sju siste nasjonalitetane er samla i «Høglands»gruppa. J. St.

*** Dei fem siste nasjonalitetane er samle i «daghestan»-gruppa. J. St.

utdanningsinstitusjonar allment, der ein nyttar morsmålet i arbeidet.

2. Dersom vi frå dei 65 000 000 ikkje-storrussarane trekkjer Ukraina, Kviterussland og ein liten del av Aserbajdsjan og Armenia, som i ei viss mon har vore gjennom tidbolken med industriell kapitalisme, står det att ein folkesetnad på omlag 25 000 000 menneske. Desse er i hovudsak turkar (Turkestan, størstedelen av Aserbajdsjan, Daghestan, høglandsfolket, tatarane, basjkirane, kirgisarane, osb.) som ikkje har vore gjennom noko kapitalistisk utvikling, og som ikkje har noko eller berre eit lite industriporetariat. For det meste har dei halde på ein landsøkonomi og ein patriarkalsk-stammebunden levemåte (Kirgisia, Basjkir, Nord-Kaukasus), eller har ikkje gått ut over dei primitive formene for ein halv-patriarkalsk, halvføydal levemåte (Aserbajdsjan, Krim, osb.), men er alt dregne med i den same straumen med sovjetutvikling.

Partiet si oppgåve i høve til dei arbeidande massane i desse folka (i tillegg til oppgåva som er peikt på i punkt 1), er å hjelpe dei til å gjera leivningane etter patriarkalsk-föydale tilhøve til inkje, og å dra dei med i arbeidet med å byggja ein sovjetøkonomi med grunnlag i sovjet av arbeidande bønder, gjennom å skapa sterke kommunistiske organisasjoner mellom desse folka. Med andre ord organisasjonar som evnar å nyta røynsla til dei russiske arbeidarane og bøndene i oppbygginga av ein sovjetøkonomi, og som samstundes evnar å ta omsyn til alle særdraga i den økonomiske stoda, klassestrukturen, kulturen og levemåten til kvar nasjonalitet det gjeld i oppbyggingsarbeidet sitt, og som held seg frå å omplanta mekanisk økonomiske åtgjerder frå Sentral-Russland som berre høver for eit anna, høgre utviklingssteg.

3. Dersom vi frå dei 25 000 000, i hovudsak turkar, trekkjer frå Aserbajdsjan, størstedelen av Turkestan, tatarane (Krim- og Volga-tatarane), Bukhara, Khiva, Daghestan, ein del av høglandsfolket, (kabardinarane, tsjerkessarane og balkarane) og fleire andre nomadenasjonalitetar som alt har slege seg ned og busett seg på eit visst territorium, er det att omlag 6 000 000 kirgisarar, basjkirar, tsjetsjenar, ossetar, og ingusjar. Til nyleg tente landa deira som koloniseringsmål for russiske nybyggjarar, som har greidd å ta frå dei den beste dyrkjingsjorda og stendig har skuvd dei innover i den nakne ørkenen.

Den tsaristiske politikken, som var politikken til godseigarane og borgarskapet, var å kolonisera desse områda så langt råd med kulakk-element av russiske bønder og kosakkjar, og gjera desse sistnemnde til ei påliteleg støtte for strevet for å verta herrenasjon. Resultatet av denne politikken var at den innfødde folkesetnaden (kirgisarar, basjkirar) steg for steg vart utrydda. Dei hadde vorte drivne ut i øydemarka.

Partiet si oppgåve i høve til dei arbeidande massane i desse nasjonalitetar.

tetane (ved sidan av oppgåvane som er nemnde i punkt 1 og 2) er å sameina sitt eige strev med strevet til dei arbeidande massane i den lokale russiske folkesetnaden, i striden for frigjering frå kulakkane allment, og frå dei umåteleg grådige storruisiske kulakkane særskilt. Vidare er det partiet si oppgåve å hjelpe dei med alle mogelege rådgjerder til å kasta av seg åket frå dei koloniserande kulakkane og på denne måten skaffa dei den dyrkjingsjorda som må til for at menneske skal kunne leva.

4. I tillegg til dei fornemnde nasjonane og nasjonalitetane som har ein fast klassestruktur og bur i eit fast område, finst det framleis flytande nasjonale grupper i RSFSR, nasjonale minoritetar som er spreidde inn mellom kompakte majoritetar av andre nasjonalitetar. Dese gruppene har i dei fleste høve korkje ein fast klassestruktur eller eit fast landområde (latviarar, estlendarar, polakkar, jødar og andre nasjonale minoritetar). Den tsaristiske politikken var å utrydda desse minoritetane med alle tenkjelege rådgjerder, jamvel med pogromar (dei anti-jødiske pogromane).

No når nasjonale særrettar er utrydda, når likestilling for rettane til nasjonane er sett i verk, og når retten til fri nasjonal utvikling for nasjonale minoritetar er tryggja av sjølve karakteren til sovjet-systemet, er partiet si oppgåve i høve til dei arbeidande massane i desse nasjonale gruppene å hjelpe dei til å gjera best mogleg nytte av den garanterte retten dei har til fri utvikling.

5. Dei kommunistiske organisasjonane i grenseregionane utviklar seg under noko særeigne vilkår, som seinkar den naturlege voksteren til partiet i desse regionane. På den eine sida undervurderer ofte dei storruisiske kommunistane som arbeider i grenseregionane, og som voks opp då det fanst ein «herre»-nasjon og sjølve ikkje lei under nasjonal undertrykking, kor viktige særlege nasjonale drag er når dei arbeider med partisaker, eller dei overser dei heilt. Dei tek ikkje omsyn til særdraga i klassestrukturen, kulturen, levermåten og den tidlegare historia til nasjonaliteten det gjeld i arbeidet sitt, og slik vulgariserer og rengjer dei partiet sin politikk i det nasjonale spørsmålet. Dette fører til avvik frå kommunismen i retning av ein herrenasjon og kolonialistisk syn, i retning av storruissisk sjåvinisme. Kommunistane frå den lokale, innfødde, folkesetnaden som har opplevd den bitre tidbolken med nasjonal undertrykking og som framleis ikkje har fridd seg frå minna som forfylgjer dei frå denne tidbolken, overdriv på den andre sida ofte vekta av særskilde nasjonale drag i partiarbeidet dei gjer. Dei let klasseinteressene til det arbeidande folket verta ståande i skuggen, eller blandar rett og slett saman interessene til det arbeidande folket i nasjonen det gjeld med dei «nasjonale» interessene til denne nasjonen. Dei evnar ikkje å

skilja det fyrste frå det siste og byggjer partiarbeidet sitt på det. Dette fører i sin tur til avvik frå kommunismen i retning borgarleg-demokratisk nasjonalisme, og dette får stundom form av pan-islamisme, pantyrkisme⁴² (i aust).

Denne kongressen fordørmer sterkt begge desse avvika som skadelege og farlege for kommunismen, og meiner difor det er naudsynt å peika på den særlege faren og særleg skadelege verknaden av det fyrstnemnde avviket, avvik i retning av ein herrenasjon og eit kolonialistisk syn. Kongressen vil minna partiet om at dersom ikkje kolonialistiske og nasjonalistiske leivningar i rekkjene vert overvunne, vil det verta uråd å byggja opp sterke, ekte, kommunistiske organisasjonar i grenseregionane, organisasjonar som er knytte til massane og som sameinar i rekkjene sine dei proletære elementa i den lokale innfødde og den russiske folkesetnaden, med grunnlag i internasjonalismen. Kongressen meiner difor at det å gjera til inkjes nasjonalistisk og fyrst og fremst kolonialistisk vakling i høve til kommunismen, er ei av dei viktigaste oppgåvene til partiet i grenseregionane.

6. Som eit resultat av framgangane som er vunne på krigsfrontane, særleg etter at Wrangel vart knust, har det i ein del tilbakeliggjande grenseregionar der det er eit lite eller ikkje noko industriproletariat, vore ei aukande tilstrøyming til partiet av småborgarlege, nasjonalistiske element som går inn i partiet for å gjera karriere. Av di dei tek omsyn til partiet si stilling som den røynlege styringsmakta, kler desse elementa seg til vanleg ut i kommunistiske fargar. Og dei strøymer ofte inn i partiet i heile grupper og dreg med seg ei ånd av därleg løynt sjåvinisme og oppløysing, medan dei allment veike partiorganisasjonane i grenseregionane ikkje alltid evnar å stå mot freistainga til «utvida» partiet med å ta opp nye medlemar.

Kongressen kallar til viljefast strid mot alle liksom-kommunistiske element som knyter seg til proletariatet sitt parti, og vil åtvara partiet mot «utviding» gjennom å ta opp intellektuelle, småborgarlege, nasjonalistiske element. Kongressen meiner at rekkjene i partiet i grenseregionane fyrst og fremst må styrkjast med folk frå proletariatet, dei fattige og dei arbeidande bøndene frå desse regionane, og at ein samstundes må arbeida for å styrkja partiorganisasjonane i grenseregionane gjennom å betra kvaliteten i medlemsstokken.

Pravda, nr. 29,
10. februar, 1921.

MELDING OM DEI NÆRE OPPGÅVENE FOR PARTIET I DET NASJONALE SPØRSMÅLET

10. mars

Før ein tek for seg dei nære og konkrete oppgåvene for partiet i det nasjonale spørsmålet, lyt ein fastsetja visse føresetnader for i det heile å kunne løysa dette spørsmålet. Desse føresetnadene gjeld framvoksteren av nasjonar, opphavet til nasjonal undertrykking, og dei formene den nasjonale undertrykkinga har teke opp gjennom historia og korleis det nasjonale spørsmålet har vorte løyst i dei ulike utviklingsperiodane.

Det har vore tre slike periodar.

Den første perioden var då det vart gjort ende på føydalismen i vest og kapitalismen sigra. Det var i denne tidbolken at folk slutta seg saman i nasjonar. Eg tenkjer på land som Storbritannia (Irland ikkje medrekna), Frankrike og Italia. I vest – i Storbritannia, Frankrike og Italia, og til dels i Tyskland – fall tidbolken med at føydalismen vart avskaffa og folk vart organiserte i nasjonar heilt saman med den tida då sentraliserte statar oppstod. Som ein fylgle av dette og etter som utviklinga skreid fram, fekk desse nasjonane statsform. Og sidan det ikkje var andre nasjonale grupper av nemnande storleik innanfor desse statane, så var det heller inga nasjonal undertrykking der.

I Aust-Europa derimot, fall ikkje skipinga av nasjonar og avskaffinga av den foydale oppløysinga saman med utviklinga av sentraliserte statar. Eg tenkjer på Ungarn, Austerrike og Russland. I desse landa hadde ikkje kapitalismen utvikla seg enno, han heldt kanskje nett på å byrja å utvikla seg. Men fordi det trongst eit forsvar mot invasjon frå tyrkarar, mongolar og andre orientalske folk, skunda dette fram utviklinga av sentraliserte statar som kunne hindra dei ville åtaka frå inntrengjarane. Fordi utviklinga av sentraliserte statar i Aust-Europa gjekk snøggare enn organiseringa av folk i nasjonar, voks det fram blandingsstatar her, som hadde fleire folk som ikkje hadde slutta seg saman i nasjonar, men som likevel alt var samla i ein sams stat.

Det som altså særmerker den første tidbolken er framvoksteren av

nasjonar i tida for den gryande kapitalismen. I Vest-Europa voks det fram reine nasjonalstatar der det ikkje var nasjonal undertrykking, medan det i Aust-Europa voks fram fleirnasjonale statar med ein, meir utvikla nasjon som herrenasjonen. Dei andre, mindre utvikla nasjonane, vart politisk og seinare økonomisk undertrykte av denne nasjonen. Desse fleirnasjonale statane i Aust vart heimstaden for den nasjonale undertrykkinga som førte til nasjonale konfliktar, til nasjonale rørsler, til det nasjonale spørsmålet og til ulike måtar å løysa dette spørsmålet på.

Den andre tidbolken i utviklinga av den nasjonale undertrykkinga og av måtane å slåst mot ho på, fall saman med tidbolken for framvoksten av imperialismen i Vest, då kapitalismen i jakta på marknader, råvarer, brensel og billeg arbeidskraft, i kamp om kapitaleksporten og for å sikra seg viktige jarnvegar og sjøruter, braut ut av rammene for nasjonalstaten og auka området sitt både like ved og langt borte, slik at det gjekk ut over grannane. I denne andre tidbolken slutta dei gamle nasjonalstatane i vest – Storbritannia, Italia og Frankrike – å vera nasjonalstatar. Det vil seia fordi dei hadde teke nye område, vart dei omforma til fleirnasjonale kolonistatar og vart på denne måten ein skodeplass for den same nasjonale og koloniale undertrykkinga som alt fanst i Aust-Europa. Det som særmerker denne tidbolken i Aust-Europa er at dei undertrykte nasjonane vakna til og styrkte seg (tsjekkarar, polakkar og ukrainarar). Dette var ei fylge av den imperialistiske krigen og førte til at dei gamle borgarlege fleirnasjonale statane brotna i hop og at nye nasjonalstatar oppstod, haldne nede av dei såkalte stormaktene.

Den tredje tidbolken er sovjetperioden, den tida då kapitalismen vart avskaffa og det vart slutt på den nasjonale undertrykkinga, tida då spørsmålet om herrenasjonar og undertrykte nasjonar, om koloniar og metropolar havnar i dei historiske arkiva, då nasjonar med lik utviklingsrett veks fram på territoriet til RSFSR, men enno med ein viss historisk nedervd ulikskap av di dei ligg attende økonomisk, politisk og kulturelt. Kjernen i denne nasjonale ulikskapen er at vi som eit resultat av den historiske utviklinga har arva ein situasjon frå tidlegare tider der ein nasjon, nemleg Stor-Russland, var politisk og industrielt meir utvikla enn dei andre nasjonane. Difor denne ulikskapen, som det ikkje kan gjerast slutt på innan eit år, men som må verta avskaffa ved at dei nasjonane og nasjonalitetane som ligg attende får økonomisk, politisk og kulturell støtte.

Dette er dei tre tidfolkane i det nasjonale spørsmålet slik dei har synt seg i historia før oss.

Dei to fyrste tidfolkane har eitt sams trekk: I begge tidfolkane vert

nasjonar undertrykte og haldne nede. Som fylgje av dette held den nasjonale striden fram, og det nasjonale spørsmålet vert verande uløyst. Men det er og ein skilnad mellom dei: I den fyrste tidbolken held det nasjonale spørsmålet seg innanfor rammene til kvar fleirnasjonale stat og vedkjem berre nokre få, og i hovudsak europeiske, nasjonar. Men i den andre tidbolken vert det nasjonale spørsmålet omforma fra å vera eit spørsmål innanfor staten til å verta eit spørsmål mellom statane – til eit spørsmål om krig mellom imperialistiske statar for å kunne domine- ra dei ikkje-likestilte nasjonalitetane og for å kunne leggja nye nasjonalitetar og rasar utanfor Europa under påverknaden sin.

I denne tidbolken vert såleis det nasjonale spørsmålet, som tidlegare berre hadde hatt noko å seia i kulturland, ikkje eit så isolert spørsmål som det hadde vore, men glir inn i det allmenne spørsmålet om koloniane.

At det nasjonale spørsmålet utvikla seg til eit allment spørsmål om koloniane var ikkje ei tilfeldig historisk hending. Det vart slik fyrst og fremst fordi imperialistgruppene i dei krigande maktene under den imperialistiske krigen var nøydde til å be om hjelp frå koloniane for å få mannskap til hærane sine, noko dei og fekk. Det er ikkje tvil om at denne prosessen, denne unngåelege bøna om hjelp frå imperialistane til dei attendeliggjande nasjonalitetane i koloniane, ikkje kunne føra til anna enn at desse rasane og nasjonalitetane reiste kampen for frigjering. Den andre faktoren som utvida det nasjonale spørsmålet til eit allment kolonispørsmål som omfatta heile verda, fyrst som gneistar og seinare som ei flammande frigjatingsrørsle, var imperialistgruppene sin freistnad på å stykkja opp Tyrkia og å gjera slutt på det som eigen stat. Fordi Tyrkia var meir utvikla som stat enn dei andre muhammedanske folka, kunne landet ikkje gje etter for slike framtidsutsikter. Det reiste kampfana og samla rundt seg folka i aust mot imperialismen. Den tredje faktoren er framvoksteren av Sovjet-Russland, som oppnådde ei rekke sigrar i striden mot imperialismen og på den måten naturleg nok inspirerte dei undertrykte folka i aust, vekte dei og reiste dei til strid, og såleis gjorde det mogeleg å skipa ein samla front av undertrykte nasjonar som strekte seg frå Irland til India.

Slik er alle dei faktorane som på det andre utviklingsstadiet i nasjonal undertrykking ikkje berre hindra det borgarlege samfunnet i å løysa det nasjonale spørsmålet, som ikkje berre hindra at det vart oppretta fred mellom nasjonane, men som tvert om fekk den nasjonale stridsgnæs- ten til å slå ut i ein open flammende strid blant dei undertrykte folka, koloniane og halvkoloniane, mot verdsimperialismen.

Det er heilt klårt at det einaste styret som er i stand til å løysa det na-

sjonale spørsmålet, det vil seia det styret som er i stand til å skipa tilhøve som sikrar fredeleg samlivnad og brorskapleg samarbeid mellom ulike nasjonar og rasar, er sovjetstyret, eit styre med proletariatets diktatur.

Ein treng vel nesten ikkje prova at under kapitalveldet, med privat eige av produksjonsmidla og der det finst klassar, kan ikkje nasjonane sikrast like rettar, at så lenge kapitalmakta finst, så lenge striden for å tilleigna seg produksjonsmidla held fram, kan ikkje nasjonane oppnå like rettar, like lite som det kan bli noko samarbeid mellom dei arbeidande massane i dei ulike nasjonane. Soga lærer oss at den einaste måten å bli kvitt nasjonal ulikskap på, den einaste måten å få i stand eit styre med brorskapleg samarbeid mellom dei arbeidande massane i dei undertrykte og dei ikkje-undertrykte nasjonane, er å gjera slutt på kapitalismen og å oppretta eit sovjetsystem.

Vidare lærer soga oss at sjølv om einskilde folk lukkast i å frigjera seg frå sitt eige nasjonale borgarskap og frå det «framande» borgarskapet, det vil seia, sjølv om dei lukkast i å få i stand eit sovjet system i landa sine, så kan dei ikkje så lenge imperialismen finst, klara å halde oppe og å forsvara tilværet sitt som ein skild stat utan at dei får økonomisk og militær støtte frå sovjetrepublikkar i grannelaget. Dømet Ungarn⁴³ skulle vera eit tydeleg prov på at dersom sovjetrepublikkane ikkje går saman i ein statsunion, dersom dei ikkje går saman og dannar ein ein-skapleg militær og økonomisk styrke, kan dei ikkje stå imot dei samla kreftene til verdsimperialismen korkje på den militære eller på den økonomiske fronten.

Ein fôderasjon av sovjetrepublikkar er den naudsynte forma for statsunion, og den levande utforminga av denne forma er RSFSR.

Slik kameratar, er dei føresetnadene eg fyrist ville snakka om, før eg no går over til å syna at partiet vårt må ta visse steg for å løysa det nasjonale spørsmålet i RSFSR.

Sjølv om det i det sovjetstyrte Russland eller i dei republikkane som er knytte til det, ikkje lenger finst herrenasjonar eller nasjonar utan rettar, ingen metropolar, eller koloniar, ingen undertrykte eller undertrykkjarar, så eksisterer framleis det nasjonale spørsmålet i Russland. Hovudinnehaldet i det nasjonale spørsmålet i RSFSR er å få bort det tilhøvet at nokre av nasjonane, som ei fylgle av arv frå fortida, ligg attende (økonomisk, politisk og kulturelt), slik at det blir mogleg for dei folka som ligg attende å koma på høgd med Sentral-Russland, politisk, økonomisk og kulturelt.

Under det gamle styret gjorde ikkje tsarregjeringa noko og kunne ikkje gjera noko for å utvikla statsskipnadene i Ukraina, Aserbajdsjan,

Turkistan og andre grenseregionar, dei sette seg imot utviklinga av statsskipnaden og utviklinga av kulturen i grenseregionane, og freista med makt å assimilera dei innfødde busetnadene.

Vidare let den gamle staten, godseigarane og kapitalistane, etter seg ein arv av slike underkua nasjonalitetar som kirgisarane, tsjetsjenane og ossetane som hadde fått landet sitt kolonialisert av kosakkar og kulakk-element frå Russland. Desse nasjonalitetane var dømde til umåteleg liding og utsletting.

Og vidare har stillinga til den storrussiske nasjonen, som var herrenasjonen, sett spor etter påverknad til og med på russiske kommunistar, som korkje kan eller vil knyta sæg nærmere til dei arbeidande massane frå den lokale folkesetnaden, skjøna kva dei treng og hjelpa dei til å fri seg frå den attendeliggjande stoda og frå mangelen på kultur. Eg snakkar om dei få russiske kommunistgruppene som i arbeidet sitt ser bort ifrå særdraga ved livet og kulturen i grenseområda og difor av og til gjer avvik i retning av russisk herrenasjonssjåvinisme.

Og vidare har stoda til dei ikkje-russiske nasjonalitetane som har opplevd nasjonal undertrykking, også påverka komunistane blant lokalfolket slik at dei av og til ikkje greier å skilja mellom klasseinteressene til dei arbeidande massane i nasjonane sine og såkalla «nasjonale» interesser. Eg snakkar om avviket i retning av lokal nasjonalisme som ein somme tider kan treffa på i rekkjene av ikkje-russiske kommunistar, og som kjem til uttrykk i Austen som til dømes pan-islamisme og pantyrkisme.

Og til slutt, vi må berga kirgisarane, basjkirane og visse fjellrasar frå utrydding, vi må utstyra dei med den jorda dei treng og la det gå ut over kulakk-kolonisatorane.

Dette er problema og oppgåvene som til saman er hovudinhaldet i det nasjonale spørsmålet i landet vårt.

Når eg no har lagt fram desse nære oppgåvene til partiet i det nasjonale spørsmålet, vil eg gå vidare til å ta for meg den allmenne oppgåva, oppgåva med å tilpassa den kommunistiske politikken vår i grenseregionane til dei særeigne tilhøva i det økonomiske livet, noko som særleg gjeld i Austen.

Poenget er at ei rekkje nasjonalitetar, særleg tyrkiske – som tel om lag 25 000 000 menneske, ikkje har gått igjennom, ikkje klarte å koma igjennom, perioden med industriell kapitalisme. Difor har dei ikkje noko industriproletariat, eller nesten noko, og difor må dei hoppa over det industrikapitalistiske stadiet og gå rett frå dei primitive formene for økonomi til stadiet med sovjetøkonomi. For å klara dette vanskelege, men slett ikkje umoglege steget, er det naudsynt å rekna med alle

særdraga i det økonomiske tilhøvet og til og med i historia, leveviset og kulturen til desse nasjonalitetane. Det ville vera utenkjeleg og farleg å overføra dei rådgjerdene som hadde kraft og som var viktige her i Sentral-Russland, til desse nasjonalitetane sine territorium. Det er klårt at når ein skal nytta den økonomiske politikken til RSFSR, er det heilt naudsynt å ta omsyn til alle dei særeigne draga ved dei økonomiske tilhøva, klassestrukturen og historia som møter oss i desse grenseregionane. Det er ikkje naudsynt her å måla ut kor viktig det er å få slutt på slike mishøve, som til dømes ordenen frå folkekommisariatet for mat om at grisar skulle vera ein del av matvarekvoten som skulle takast frå Kirgisia. Den muhammedanske folkesetnaden der har aldri halde grisar. Dette dømet syner kor strinakka somme nektar å ta omsyn til særdrag i leveviset, særdrag som slår alle som reiser i området.

Eg har nett fått i handa ein lapp som ber meg å svara på artiklane til kamerat Tsjitsjerin. Kameratar, eg meinat at artiklane til Tsjitsjerin, som eg har lese nøyne, ikkje er anna enn litterære øvingar. Dei innhold fire feil, eller mistydingar.

For det første, kamerat Tsjitsjerin hallar mot å sjå bort frå motseiingane mellom imperialiststatane, han overvurderer den internasjonale einskapen mellom imperialistane, og taper or syne og undervurderer dei indre motseiingane mellom imperialistgruppene og imperialiststatane (Frankrike, Amerika, Storbritannia, Japan osb.) som verkeleg finst, og som ber i seg spirene til krig. Han har overvurdert einskapen i dei øvre imperialistkrinsane og undervurdert motseiingane som finst innanfor den «trusten». Men desse motseiingane finst verkeleg, og arbeidet til folkekommisariatet for utanrikssaker byggjer på dei.

For det andre gjer kamerat Tsjitsjerin ein annan feil. Han undervurderer motseiingane som finst mellom dei dominante stormaktene og dei nyskipa nasjonalstatane (Tsjekkoslovakia, Polen, Finland osb.) som militært og finansielt ligg under for desse stormaktene. Kamerat Tsjitsjerin har fullstendig tapt or syne den kjensgjerninga at sjølv om desse nasjonalstatane ligg under for stormaktene, eller for å vera meir nøyaktig, på grunn av dette, så er det motseiingar mellom stormaktene og desse statane, og dei vart merkbare til dømes i forhandlingane med Polen, Estland osb. Det er nett oppgåva til folkekommisariatet for utanrikssaker å ta omsyn til alle desse motseiingane, og å byggja arbeidet sitt på dei og å styra fram innanfor ramma av desse motseiingane. Merkeleg nok har kamerat Tsjitsjerin undervurdert denne faktoren.

Den tredje feilen kamerat Tsjitsjerin gjer, er at han pratar altfor mykje om nasjonalt sjølvråde, som verkeleg har vorte eit tomt slagord som høver imperialistane svært så bra. Merkeleg nok har kamerat Tsjits-

sjerin gløymt at vi gjekk bort frå det slagordet for to år sidan. Slagordet finst ikkje lenger i programmet vårt. Programmet vårt taler ikkje om nasjonalt sjølvråde, som er eit svært uklårt slagord, men om nasjonane sin rett til å lausriva seg. Det er eit klårare og meir presist slagord. Dette er to ulike ting. Merkeleg nok tek ikkje kamerat Tsjitsjerin omsyn til denne faktoren i artiklane sine, og som ei fylgje av dette, blir alle innvendingane hans mot det uklåre slagordet som å skyta med laust krut, for korkje i tesane mine eller i partiprogrammet står det eit einaste ord om «sjølvråde». Det einaste som er nemnt er nasjonane sin rett til å lausriva seg. Men i dag, når frigjeringsrørslene flammar opp i koloniane, er dette for oss eit revolusjonært slagord. Sidan sovjetstatane er slutta saman i ein friviljug føderasjon, avstår dei nasjonane som utgjer RSFSR friviljug frå å gjera seg bruk av retten til å lausriva seg. Men når det gjeld koloniane som er i klørne på Storbritannia, Frankrike, Amerika og Japan, når det gjeld slike underlagde land som Arabia, Mesopotamia, Tyrkia og Hindustan, det vil seja land som er koloniar eller halvkoloniar, er retten for nasjonane til lausriving eit revolusjonært slagord, og å gå imot det ville vera å spela rett i hendene på imperialistane.

Den fjerde mistydinga i artiklane til kamerat Tsjitsjerin er at dei heilt manglar praktiske tilrådingar. Det er sjølvsagt lett å skriva artiklar, men for å gjera rett mot titelen: «Mot tesane til kamerat Stalin» burde han ha gjort framlegg om noko han meinte alvorleg, han burde i det minste ha kome med nokre praktiske motframlegg. Men eg kunne ikkje finna eit einaste praktisk framlegg i artiklane hans som det var verd å tenkja over.

Eg sluttar her, kameratar. Vi har kome til desse konklusjonane. Det borgarlege samfunnet; som er heilt ute av stand til å løysa det nasjonale spørsmålet, har i freistnadene sine på å «løysa» det, gjort det til eit kolonispørsmål og har klart å reisa ein front mot seg sjølv som når frå Irland til Hindustan. Den einaste staten som er i stand til å løysa det nasjonale spørsmålet, er den staten som bygger på kollektiv eigedom av produksjonsmidla og produksjonsreidskapane – sovjetstaten. I den sovjetiske føderative staten er det korkje lenger undertrykte eller herrenasjonar, det er gjort slutt på nasjonal undertrykking. Men på grunn av den faktiske ulikskapen (kulturelt, økonomisk og politisk) som er ein arv frå den gamle borgarlege ordninga, ulikskapar mellom meir og mindre siviliserte nasjonar, tek det nasjonale spørsmålet ei form som gjer det naudsynt å arbeida ut tiltak som kan hjelpe dei arbeidande massane i dei attendeligjande nasjonane og nasjonalitetane til å gjera økonomisk, politisk og kulturell framgang, slik at dei kan bli i stand til å nå att det sentrale proletariske Russland, som har fått eit forsprang. Ut frå dette

fylgjer dei praktiske framlegga som er den tredje delen av tesane om det nasjonale spørsmålet som eg har lagt fram. (*Applaus.*)

SVAR TIL ORDSKIFTET*

10. mars

Kameratar! Det mest særmerkte draget ved denne kongressen når det gjeld ordskiftet om det nasjonale spørsmålet, er at vi har gått frå fråsegner om det nasjonale spørsmålet, gjennom administrativ nyoppdeling av Russland, til den praktiske framlegginga av spørsmålet. I byrjinga av Oktoberrevolusjonen avgrensa vi oss til å slå fast at folka har rett til å lausriva seg. I 1918 og i 1920 var vi opptekne av den administrative nyoppdelinga av Russland etter nasjonale liner, for å knytta dei arbeidande massane i dei attendeliggjande folka nærmare til det russiske proletariatet. I dag, på denne kongressen, legg vi fram, på eit rent praktisk grunnlag, kva politikk partiet skal ha når det gjeld dei arbeidande massane og småborgarelementa i dei autonome regionane og i dei sjølvstendige republikkane som er knytte saman med Russland. Difor undrar det meg at Zatonski seier at dei tesane de har fått lagt fram her er abstrakte. Eg har hans eigne tesar framfor meg, som han av ein eller annan grunn ikkje la fram for kongressen, og der har eg ikkje funne eit einaste praktisk framlegg, bokstaveleg talt, ikkje eitt, kanskje bortsett frå framlegget om at ordet «austeuropéisk» skal bytast ut med «RSFSR» og at ordet «russisk» eller «stor-russisk» skal bytast ut med «allrussisk». Eg har ikkje funne nokon andre praktiske framlegg i desse tesane.

Eg går over til det neste spørsmålet.

Eg må seiia at eg hadde venta meg meir frå dei utsendingane som har teke ordet. Russland har tjueto grenseregionar. Nokre av dei har gått gjennom ei temmeleg stor industriell utvikling og skil seg lite ut frå Sentral-Russland når det gjeld industri. Andre har ikkje vore gjennom det kapitalistiske stadiet og skil seg radikalt frå Sentral-Russland, andre att ligg svært langt attende. I ei samling tesar er det umogleg å taka for seg all ulikskapen i grenseregionane i konkrete detaljar. Ein kan ikkje krevja at tesar som er viktige for heile partiet berre skal ha ein turkistansk, ein aserbajdsjansk eller ein ukrainsk karakter. Tesar må gripa og ha med dei samlande særdraga for alle grenseregionane som er abstrahert frå detaljane. Det er ikkje nokon annan måte å laga tesar på.

Dei ikkje-storrussiske nasjonane må delast opp i fleire grupper, og

* Dvs. ordskiftet på den tiande kongressen til RKP(b). Sjå note 41. – Red.

dette er gjort i tesane. Dei ikkje-russiske nasjonane tel i alt omlag 65 000 000 menneske. Det samlande særdraget for alle desse ikkje-russiske nasjonane er at dei sakkar etter Sentral-Russland når det gjeld utviklinga av statsskipnaden sin. Det er vår oppgåve å samla alle krefter for å hjelpe desse nasjonane, hjelpe proletarane og andre arbeidsfolk i nasjonane til å utvikla sine eigne sovjet-statsskipnader med sine eigne morsmål. Dette samlande draget er nemnt i tesane, i den delen som tek for seg praktiske tiltak.

For det andre, når vi skal gå vidare og konkretisera særdraga ved grenseregionane, må vi skilja ut frå eit samla tal på nær 65 000 000 menneske av ikkje-russiske nasjonalitetar, omlag 25 000 000 tyurkar som ikkje har vore gjennom det kapitalistiske stadiet. Kamerat Mikojan tok feil då han sa at på nokre område står Aserbajdsjan høgare enn dei russiske provinsdistrikta. Det er tydeleg at han blandar saman Baku og Aserbajdsjan. Baku vart ikkje fødd av Aserbajdsjan, han er ei overbygning reist ved hjelp av Nobel, Rothschild, Whishaw og andre. Når det gjeld sjølve Aserbajdsjan er det eit land med særslig attendeliggjande patriarchalsk-föydale tilhøve. Difor set eg Aserbajdsjan som heilskap i gruppa med grenseregionar som ikkje har vore gjennom det kapitalistiske stadiet, område der det er naudsynt å bruka særskilde metodar for å få drege dei inn i straumen med sovjetøkonomi. Det er slege fast i tesane.

Så er det ei tredje gruppe som ikkje omfattar meir enn 6 000 000 menneske, desse er i hovudsak gjetafolk som enno lever på stammevis og ikkje har teke opp jordbruk. Dette er fyrst og fremst kirgisarane, den nordlege delen av Turkistan, basjkirar, tsjetsjenarar, ossetar og ingusjar. Det første som må gjerast når det gjeld denne gruppa av nasjonalitetar, er å skaffa dei jord. Kirgisarane og basjkirane som er her, fekk ikkje ordet, ordskiftet var slutt. Dei kunne ha fortalt oss meir om lidingane til høglandsbasjkirane, kirgisarane og høglandsfolka som dør ut av di dei manglar jord. Men det Safarov sa om dette gjeld berre ei gruppe som tel 6 000 000 menneske. Difor er det gale å nytta dei praktiske framlegga til Safarov på alle grenseregionane, for endringane hans har ikkje noko å sei for resten av dei ikkje-russiske nasjonalitetane som tel omlag 60 000 000 menneske. Samstundes, utan at eg kjem med innvendingar til konkretiseringane, tillegga og forbetringane av einskildpunkt som gjeld visse grupper av nasjonalitetar som Safarov har lagt fram, må eg difor sei at desse endringane ikkje må verta gjorde allmenngyldige. Vidare vil eg kommentera ei av endringane til Safarov. I ei av endringane hans har uttrykket «nasjonalkulturelt sjølvråde» snike seg inn:

«Før Oktoberrevolusjonen», står det, «hadde ikkje folka i koloniane og halvcoloniane i dei austlege grenseregionane i Russland, som resultat av imperialistpolitikken, noko som helst slags høve til å få del i dei kulturelle føremonene i den kapitalistiske sivilisasjonen, i form av eige nasjonal-kulturelt sjølvråde, utdanning på morsmålet sitt, osb.»

Eg kan ikkje på nokon måte godtaka denne endringa av di ho smakar av bundisme. Nasjonalkulturelt sjølvråde er eit bundist-uttrykk. Vi har kvitta oss med tåkete slagord om sjølvråde for lenge sidan og det er ingen grunn til å taka dei opp att. Og elles er heile uttrykket ei høgst utanaturleg samansetting av ord.

Vidare har eg fått ein lapp der det vert påstått at vi kommunistar utviklar kunstig ein kviterussisk nasjonalitet. Det er ikkje sant, for det finst ein kviterussisk nasjon, som har sitt eige språk, ulikt russisk. Difor kan kulturen til det kviterussiske folket berre utviklast på deira eige språk. Det vart påstått liknande ting for fem år sidan om Ukraina, om den ukrainske nasjonen. Og for ikkje lenge sidan vart det sagt at Den ukrainske republikken og den ukrainske nasjonen var ei tysk oppfinning. Men det er heilt tydeleg at det finst ein ukrainsk nasjon, og det er kommunistane si plikt å utvikla kulturen til denne nasjonen. De kan ikkje gå imot historia. Det er klårt at sjølv om russiske element enno dominerer i dei ukrainske byane, så vil desse byane unngåeleg bli ukrainiserte med tida. For om lag førti år sidan såg Riga ut som ein tysk by, men fordi byar veks slik at det går ut over landsbygda, og fordi det er landsbygda som vernar om nasjonaliteten, så er Riga i dag ein reint lettisk by. For omlag femti år sidan hadde alle ungarske byar eit tysk preg, i dag er dei vorte madjariserte. Det same kjem til å skje i Kviterussland, der ikkje-kviterussarar enno dominerer i byane.

Til slutt gjer eg framlegg om at kongressen vel ein kommisjon, som har med representantar frå regionane, slik at ein kan få fleire konkretiseringar av dei praktiske framlegga i tesane som er av interesse for alle grenseregionane våre. (*Applaus*).

OM FRAMSTILLINGA AV DET NASJONALE SPØRSMÅLET

Måten kommunistane legg fram det nasjonale spørsmålet på skil seg grunnleggjande fra måten leiarane i Den andre internasjonalen og To-og-ein-halv-internasjonalen⁴⁴ og alle dei ulike «sosialistiske», «sosialdemokratiske», menshevikiske, sosialrevolusjonære⁴⁵, og andre parti legg det fram på.

Det er særleg viktig å merka seg fire hovudpunkt. Desse er dei mest særmerkte og framståande draga ved den nye framstillinga av det nasjonale spørsmålet, drag som trekkjer ei line mellom den gamle og den nye måten å forstå det nasjonale spørsmålet på.

Det *fyrste punktet* er at det nasjonale spørsmålet, som del, smeltar saman med det allmenne spørsmålet om frigjering av koloniane, som ein heilskap. I Den andre internasjonalen sin tidfolk var det vanleg å avgrensa det nasjonale spørsmålet til ein trond krins av spørsmål som eine og åleine knytte seg til dei «siviliserte» nasjonane. Irane, tsjekkarane, polakkane, finnane, serberane, armenarane, jødane og ein del andre europeiske nasjonalitetar – det var krinsen av ikkje-likestilte nasjonar som Den andre internasjonalen synte interesse for. Dei titals og hundretals millionar menneske i Asia og Afrika som lir under nasjonal undertrykking i den råaste og mest brutale forma, kom i regelen ikkje inn i synsfeltet til «sosialistane». Dei våga ikkje å gje kvite og svarte, «usiviliserte» negrar og «siviliserte» irar, «tilbakeleggjande» indarar og «opplyste» polakkar same status. Ein gjekk stillteande ut frå at sjølv om det kunne verta naudsynt å streva for at dei ikkje-likestilte nasjonane i Europa skulle stri for frigjering, var det heilt upassande for «respektable sosialistar» å tala alvorleg om frigjering for koloniane, av di dei var «naudsynte» for å «berga sivilisasjonen». Desse sosialistane, gud hjelpa oss, hadde ikkje ein gong mistanke om at det er uråd å gjera ende på nasjonal undertrykking i Europa uten å frigjera kolonifolka i Asia og Afrika frå imperialistisk undertrykking, at det eine er organisk knytt sa-

man med det andre. Det var kommunistane som først klårgjorde sammenhengen mellom det nasjonale spørsmålet og spørsmålet om koloniane, som prova han teoretisk, og gjorde han til grunnlag for den praktiske revolusjonære verksemda si. Dette braut ned muren mellom kvite og svarte, mellom dei «siviliserte» og dei «usiviliserte» trælane under imperialismen. Dette gjorde det mykje lettare å samordna striden til dei tilbakeliggjande koloniane med striden til det framskridne proletariatet mot den sams fienden, imperialismen.

Det *andre punktet* er at det uklåre slagordet om sjølvråderett for nasjonane er bytt ut med det klåre revolusjonære slagordet om at nasjonane og koloniane har rett til å lausriva seg, til å skipa sjølvstendige statar. Når leiarane i Den andre internasjonalen talte om sjølvråderetten, kom dei som regel ikkje ein gong i nærleiken av retten til lausriving, sjølvråderetten vart på det beste tolka som ein rett til autonomi allment. Springer og Bauer, «ekspertane» på det nasjonale spørsmålet, gjekk tilmed så langt at dei gjorde sjølvråderetten om til retten til kulturelt autonomi for dei undertrykte nasjonane i Europa, dvs. retten til å ha sine eigne kulturinstitusjonar, medan all *politisk* (og økonomisk) makt skulle *vera verande* hjå herrenasjonen. Med andre ord, sjølvråderetten til dei ikkje-likestilte nasjonane vart gjort om til ein særrett for herrenasjonane til å utøva politisk makt, og spørsmålet om lausriving vart utelate. Kautsky, som var den ideologiske føraren for Den andre internasjonalen, slutta seg i det store og heile til denne tolkinga av sjølvråde, som Springer og Bauer gav, og som i sin kjerne var imperialistisk. Det er ikkje til å undrast på at imperialistane, som forsto kor høveleg denne sida ved slagordet om sjølvråde var for dei, gjorde slagordet til sitt eige. Som vi veit vart den imperialistiske krigen, som hadde som mål å træbinda folka, kjempa ut under sjølvrådeflagget. Slik vart det uklåre slagordet om sjølvråde gjort om frå å vera ein reiskap for å frigjera nasjonar, for å vinna like rettar for nasjonar, til å vera ein reiskap for å kua nasjonar, ein reiskap for å halde nasjonar lagde under imperialismen. Det som har hendt rundt om i heile verda dei siste åra, det logiske i revolusjon i Europa, og endeleg, voksteren til frigjøringsrørslene i koloniane, kravde at dette som no var vorte reaksjonært, skulle vera kasta til sides og bytt ut med eit anna slagord, eit revolusjonært slagord. Dette måtte evna å fjerna den ånda av mistru som dei arbeidande massane i dei ikkje-likestilte nasjonane har. andsynes proletarane i herrenasjonane, og rydda vegen for like rettar for nasjonane og i retning av einskap mellom slitarane i desse nasjonane. Eit slikt slagord er det kommunistane har lagt fram når dei utropar retten nasjonane og koloniane har til å riva seg laus.

Dei gode sidene ved dette slagordet er at det:

- 1) fjerner alt grunnlag for mistanke om at slitarane i ein nasjon har som mål å plyndra slitarane i andre nasjonar, og skaper såleis eit grunnlag for gjensidig tillit og friviljug sameining,
- 2) riv maska av imperialistane, som hyklersk preikar om sjølvråde, men som strevar for å halde fram med underkuinga av dei ikkje-likestilte folka og koloniane, for å halda dei innanfor rammene av den imperialistiske staten sin, og med dette forsterkar frigjeringsstriden som desse nasjonane og koloniane fører mot imperialismen.

Det trengst knapt prov for at dei russiske arbeidarane ikkje ville ha vunne godvilje frå kameratane sine frå andre nasjonalitetar i Vesten og Austen om dei ikkje hadde utropt retten nasjonane har til å riva seg laus då dei kom til makta, om dei ikkje hadde synt i praksis at dei var budde på å setja ut i livet denne ukrenkelege retten nasjonane har, om dei til dømes ikkje hadde gjeve avkall på «rettane» sine til Finland (1917), om dei ikkje hadde drege troppane sine ut av Nord-Persia (1917), om dei ikkje hadde gjeve avkall på alle krav på visse delar av Mongolia, Kina, osb., osb.

På same måte finst det ikkje tvil om at imperialistane sin politikk, løynt under sjølvrådeflagget, i det siste har lide nederlag etter nederlag i Austen. Det er mellom anna av di han der har møtt på ei veksande frigjeringsrørsle, som har utvikla seg med grunnlag i agitasjonen som er ført i ånda til slagordet om retten nasjonane har til å lausrive seg. Dette skjønar ikkje heltane i Den andre internasjonalen og To-og-ein-halvinternasjonalen som gjev «Rådet for handling og propaganda»⁴⁶ i Baku det glatte lag for nokre små feil det har gjort. Men alle som tek seg bryet med å gjera seg kjende med kva dette «rådet» har gjort det året det har vore til, og med frigjeringsrørsla i dei asiatiske og afrikanske koloniane dei siste par åra, vil skjøna det.

Det *tredje punktet* er klårgjeringa av den organiske samanhengen mellom det nasjonale spørsmålet og spørsmålet om koloniane og spørsmålet om kapitalen sitt herredøme, om å velta kapitalismen, om proletariatets diktatur. I Den andre internasjonalen sin tidfolk såg ein til vanleg det nasjonale spørsmålet, som då vart ekstremt innskrenka, som eit isolert spørsmål, utan samanheng med den komande proletariske revolusjonen. Ein gjekk stillteiande ut frå at det nasjonale spørsmålet kunne løysast «naturleg» før den proletariske revolusjonen gjennom ei rad reformer innanfør rammene av kapitalismen, at den proletariske revolusjonen kunne gjennomførast utan ei radikal løysing av det nasjonale spørsmålet, at det nasjonale spørsmålet tvert om kunne løysast utan å velta kapitalen sitt herredøme, utan at, og før, den proletariske

revolusjonen hadde sigra. Dette i hovudsak imperialistiske synet går som ein raud tråd gjennom dei velkjende verka til Springer og Bauer om det nasjonale spørsmålet. Men det siste tiåret har avslørt at denne oppfatninga av det nasjonale spørsmålet er tvers igjennom falsk og rotten. Den imperialistiske krigen har synt, og den revolusjonære røynsla frå dei siste åra har stadfesta på ny:

- 1) at det nasjonale og koloniale spørsmålet ikkje kan skiljast frå spørsmålet om frigjering frå kapitalen sitt herredøme,
- 2) at imperialismen (den høgste forma for kapitalisme) ikkje kan leva utan at dei ikkje-likestilte nasjonane og koloniane er trælbundne økonomisk og politisk,
- 3) at dei ikkje-likestilte nasjonane og koloniane ikkje kan verta frigjorde utan at kapitalen sitt herredøme vert velta,
- 4) at proletariatet ikkje kan vinna ein varande siger utan at dei ikkje-likestilte nasjonane og koloniane vert fridde frå det imperialistiske åket.

Dersom Europa og Amerika kan kallast fronten eller skodeplassen for dei viktigaste slaga mellom sosialismen og imperialismen, må ein sjå på dei ikkje-likestilte nasjonane og koloniane med råvarene sine, brennstoff, mat og umåtelege reserver av arbeidskraft, som baklandet, ein reserve for imperialismen. Dersom ein skal vinna ein krig, må ein ikkje berre vinna ved fronten, men også revolusjonera baklandet til fienden, reservane hans. Difor kan ein berre rekna sigeren for den proletariske verdsrevolusjonen for viss dersom proletariatet evnar å sameina sin eige revolusjonære strid med frigjøringsrørsla til dei arbeidande massane i dei ikkje-likestilte nasjonane og koloniane, mot imperialistane sitt herredøme og for proletariatets diktatur. Leiarane i Den andre internasjonalen og To-og-ein-halv-internasjonalen oversåg denne «bagatellen». Dei skilde det nasjonale spørsmålet og spørsmålet om koloniane frå spørsmålet om makt i tidbolken med veksande proletarisk revolusjon i Vesten.

Det *fjerde punktet* er at eit nytt element er føydd til det nasjonale spørsmålet. Dette er elementet med røynleg (og ikkje berre juridisk) likestilling mellom nasjonar (hjelp til, og samarbeid med dei tilbakeliggjande nasjonane så dei kan reisa seg til det kulturelle og økonomiske nivået dei meir framskridne nasjonane har), som eit av dei naudsynte vilkåra for å tryggja brorskapleg samarbeid mellom dei arbeidande massane i dei ulike nasjonane. I Den andre internasjonalen sin tidfolk vart saka vanlegvis avgrensa til å utropa «nasjonal likerett», det gjekk på det beste ikkje lenger enn til å krevja at slik likerett skulle setjast i verk. Men sjøl om nasjonal likerett er ei svært viktig politisk vinning i seg

sjølv, står han i fare for berre å verta ein frase dersom ein ikkje har tilstrekkjelege ressursar og høve til å utøva denne svært viktige retten. Det er ikkje tvil om at dei arbeidande massane i dei tilbakeliggjande folka ikkje er i ei slik stilling at dei kan setja dei rettane dei har fått gjennom «nasjonal likerett» ut i livet i same mon som dei arbeidande massane i framskrivne nasjonar kan gjera det. Å vera tilbakeliggjande (kulturelt og økonomisk), noko som for ein del nasjonar er ein arv frå fortida som ein ikkje kan avskaffa på eitt år eller to, kjennest. Dette kan ein og få syn for i Russland, der ei rad folk ikkje har gjennomlevd, og nokre ikkje ein gong har gått inn i, den kapitalistiske fasen. Dei har ikkje noko, eller knapt noko, eige proletariat, og sjølv om det er full nasjonal likestilling, kan dei arbeidande massane i desse nasjonalitetane ikkje gjera seg skikkeleg nytte av rettane dei har vunne sidan dei er så tilbakeliggjande kulturelt og økonomisk. Dette vil ein kjenna enda meir «dagen etter» proletariatet i vesten har sigra, då mange tilbakeliggjande koloniar og halvkoloniar som står på dei mest ulike utviklingssteg heilt visst vil stå fram på skodeplassen. Nett på grunn av dette må det sigerrike proletariatet i dei framskrivne nasjonane hjelpe, gje hjelp, verkeleg og varande hjelp, til dei arbeidande massane i dei tilbakeliggjande nasjonane så dei kan utvikla seg kulturelt og økonomisk, så dei kan få hjelp til å reisa seg til eit høgare utviklingssteg og nå att dei meir framskrivne nasjonane. Dersom ikkje slik hjelp vert gjeven straks, vil det verta uråd å få til fredeleg samlivnad og brorskapleg samarbeid mellom slitarane i dei ulike nasjonane og nasjonalitetane innanfor eitt einaste økonomisk verdssystem – det som er så viktig for at sosialismen skal vinna endeleg siger.

Men av dette fylgjer det at vi ikkje kan avgrensa oss til berre «nasjonal likerett». Vi må gå frå «nasjonal likerett» til tiltak som vil føra til verkeleg likestilling mellom nasjonar. Vi må ta til å utarbeida og setja ut i livet praktiske tiltak når det gjeld:

- 1) å studera dei økonomiske tilhøva, levemåten og kulturen i dei tilbakeliggjande nasjonane og nasjonalitetane,
- 2) å utvikla kulturen deira,
- 3) å skolera dei politisk,
- 4) å innføra høgare økonomiske former hjå dei, smertefritt og litt etter litt,
- 5) å organisera økonomisk samarbeid mellom slitarane i dei tilbakeliggjande og i dei framskrivne nasjonane.

Dette er dei fire hovudpunkta som særmerkjer den nye framstillinga dei russiske kommunistane har gjeve av det nasjonale spørsmålet.

2. mai 1921

Pravda nr. 98,
8. mai 1921

Underteikna: *J. Stalin*

OKTOBERREVOLUSJONEN OG DEN NASJONALE POLITIKKEN TIL DEI RUSSISKE KOMMUNISTANE

Styrken i Oktoberrevolusjonen ligg mellom andre ting i at han i motsetnad til revolusjonane i vest samla dei mange millionane frå småborgarskapet rundt det russiske proletariatet, og framfor alt det mest talrike og mektige laget i det – bøndene. Som fylgje av det vart det russiske borgarskapet isolert og stod utan nokon hær, medan det russiske proletariatet vart avgjerdsmann for lagnaden til landet. Hadde det ikkje vore for dette, ville ikkje dei russiske arbeidarane ha halde på makta.

Fred, jordbruksrevolusjon og fridom for nasjonalitetane – dette var dei tre hovudfaktorane som tente til å samla bøndene frå meir enn tjue nasjonalitetar i Russlands veldige rike, rundt det raude flagget til det russiske proletariatet.

Ein treng ikkje seia noko om dei fyrste faktorane her. Det er sagt nok om dei i litteraturen om emnet, og dei talar sanneleg for seg sjølve. Når det gjeld den tredje faktoren – den nasjonale politikken til dei russiske kommunistane – har det tydelegvis ikkje vorte forstått fullt ut kor viktig han er. Difor vil det ikkje vera bortkasta å seia nokre få ord om dette emnet.

For det fyrste så tel ikkje storrussarane meir enn 75 000 000 av dei 140 000 000 som bur i RSFSR. (Då er Finland, Estland, Latvia, Litauen og Polen ikkje medrekna). Dei 65 000 000 som er att, høyrer til andre nasjonar enn den storruisiske.

For det andre bur desse nasjonane for det meste i grenseregionane, som er dei mest sårbare frå den militære synsstaden. Og desse grenseregionane er særslig rike på råstoff, brensel og matvarer.

Til sist er desse grenseregionane mindre utvikla enn Sentral-Russland når det gjeld industri og militærstell (eller dei er ikkje utvikla i det heile). Som fylgje av det er dei ikkje i ei slik stilling at dei kan halda på sjølvstendet sitt utan den militære og økonomiske hjelpa frå Sentral-Russland, nett som Sentral-Russland ikkje er i ei slik stilling at det kan

halda på den militære og økonomiske makta si ved lag utan hjelp med brensel, råstoff og mat frå grenseregionane.

Desse omstenda i lag med visse tiltak i det nasjonale programmet til kommunismen avgjorde karakteren av den nasjonale politikken til dei russiske kommunistane.

Kjernen i denne politikken kan få uttrykk i nokre få ord: avkall på alle «krav» og «rettar» til regionar der ikkje-russiske nasjonar bur, godkjennung (ikkje i ord, men i gjerning) av den retten desse nasjonane har til å vera til som sjølvstendige statar – ein friviljug militær og økonomisk union mellom desse nasjonane og Sentral-Russland, hjelp til den kulturelle og økonomiske utviklinga i dei tilbakeliggjande nasjonane, for utan det vert det som er kjend som «nasjonal likerett» tome ord – alt dette tufta på fullstendig frigjering av bøndene og på, å samla all makt i hendene til dei arbeidande elementa i grensenasjonane. Slik er den nasjonale politikken til dei russiske kommunistane.

Det er sjølvsagt at dei russiske arbeidarane som kom til makta ikkje ville ha vore i stand til å vinna velvilje og tillit frå kameratane sine i andre nasjonar, og framfor alt frå dei underkua massane i dei ikkje-like-stilte nasjonane, om dei ikkje hadde prova i praksis at dei var viljuge til å gjennomføra ein slik nasjonal politikk, om dei ikkje hadde gjeve avkall på «retten» til Finland, om dei ikkje hadde drege troppane sine attende frå Nord-Persia, om dei ikkje hadde gjeve avkall på krava dei russiske imperialistane gjorde på visse område i Mongolia og Kina, og om dei ikkje hadde hjelpt dei tilbakeliggjande nasjonane i det tidlegare russiske keisarriket til å utvikla kulturen sin og statsskipnaden sin på sine eigne mål.

Den tilliten åleine kunne tena som grunnlag for den uknuselege unionen mellom folka i RSFSR. Mot denne unionen har alle «diplomatiske» manipulasjonar og alle omsutsfullt utførte «blokadar» synt seg å vera makteslause.

Meir enn det. Dei russiske arbeidarane kunne ikkje ha slått Koltsjak, Denikin og Wrangel om dei ikkje hadde hatt velviljen og tiltrua frå dei underkua massane i grenseregionane i det tidlegare Russland. Ein må ikkje gløyma at verkefeltet for desse opprørske generalane var avgrensa til grenseregionane der det i hovudsak bur ikkje-russiske nasjonar, og dei kunne ikkje anne enn å hata Koltsjak, Denikin og Wrangel for den imperialistiske politikken og russifiseringspolitikken deira. Ententen, som grep inn og stødde desse generalane, kunne berre forlita seg på dei elementa i grenseregionane som var målsmenn for russifisering. Det tente berre til å kveikja hatet til folket i grenseregionane mot dei opprørske generalane og auka velviljen deira andsynes sovjetmakta.

Dette omstendet låg bak den indre veikskapen i baklandet til Koltjak, Denikin og Wrangel, og difor også veikskapen i frontane deira, dvs. i lengda var det dette som låg bak nederlaget deira.

Men dei gode resultata av den nasjonale politikken til dei russiske kommunistane er ikkje avgrensa til RSFSR sitt territorium og dei sovjetrepublikkane som er i forbund med han. Dei kjem og fram, rett nok omveges, i den haldninga grannelanda syner til RSFSR. Den radikale bringa i haldninga til Tyrkia, Persia, Afghanistan, India og andre austland andsynes Russland, som før var eit skrømt for desse landa, er ei kjensgjerning som sjølv ikkje så dristig ein politikar som Lord Curzon no torer dra i tvil. Ein treng knapt prova at om ikkje den nasjonale politikken som er skildra ovanfor, hadde vorte gjennomført systematisk i RSFSR i dei fire åra sovjetmakta har vore til, så ville denne radikale endringa i haldninga til grannelanda andsynes Russland vore utenkjeleg.

Slik er i hovudsak resultata av den nasjonale politikken til dei russiske kommunistane. Og desse resultata er særskilt klåre i dag, på fireårsdagen for sovjetmakta, når den harde krigen er slutt, når omfattande oppbyggingsarbeid har teke til, og når ein utan å vilja det ser attende på den vegen som ferda gjekk etter, for å sjå det heile under eitt.

Pravda, nr. 251,
6. – 7. november 1921

Underskrive: *J. Stalin*

UNIONEN AV SOVJETREPUBLIKKAR

Melding lagt fram på Den tiande allrussiske sovjetkongressen,⁴⁷

26. desember 1922

Kameratar, for nokre få dagar sidan, før denne kongressen tok til, fekk presidiet i den allrussiske sentrale eksekutivkomiteen fleire fråsegner frå sovjetkongressar i dei transkaukasiske republikkane, Ukraina og Kviterussland, om kor ynskjeleg og naudsynt det er å sameina desse republikkane i ein einaste unionsstat. Presidiet i den allrussiske sentrale eksekutivkomiteen har hatt dette spørsmålet oppe til drøfting, og har kunngjort at det høver med ein slik union. Som resultat av fråsegna frå presidiet er spørsmålet om å sameina republikkane teke med på saklista for denne kongressen.

Kampanjen for å sameina dei sosialistiske sovjetrepublikkane tok til for vel tre eller fire månader sidan. Oppaket kom frå republikkane Aserbajdsjan, Armenia og Grusia, som seinare fekk fylge av republikkane Ukraina og Kviterussland. Tanken med kampanjen er at dei gamle traktattilhøva – dei tilhøva som vart oppretta gjennom avtalane mellom RSFSR og dei andre sovjetrepublikkane – har spela ut rolla si og ikkje strekk til lenger. Tanken med kampanjen er at vi uunngåeleg må gå over frå dei gamle traktattilhøva til tilhøve som tuftar seg på ei tettare sameining – tilhøve som inneber at det vert skapt ein einaste unionsstat med tilsvarande utøvande og lovgjevande unionsorgan, med ein sentral eksekutivkomite og eit unionsråd av folkekommisærar. Stutt sagt er det ne, under kampanjen, kome framlegg om at det som før vart avgjort frå gong til gong, innanfor ramma av avtaletilhøva, skal verta avgjort på permanent grunnlag.

Kva for grunnar er det som tvingar republikkane til å ta unionsvennen? Kva for omstende er det som har avgjort at union er naudsynt?

Tre grupper omstende har gjort sameininga av sovjetrepublikkane til ein einaste unionsstat uunngåeleg.

Den fyrste gruppa med omstende er kjensgjerningar som er knytt til den økonomiske stoda innanlands.

For det fyrste er dei økonomiske ressursane som republikkane framleis har rådvelde over etter sju år med krig, magre. Dette tvingar oss til å slå saman desse magre ressursane for å bruka dei meir rasjonelt og utvikla dei hovudgreinene av økonomien som dannar ryggrada i sovjetmakta i alle republikkane.

For det andre, den historisk utvikla arbeidsdelinga, den økonomiske arbeidsdelinga, mellom dei ulike regionane og republikkane i føderasjonen vår.

Til dømes skaffar nord sør og aust tekstil, sør og aust skaffar nord bomull, brensel, osb. Og denne arbeidsdelinga som er oppretta mellom regionane kan ein ikkje fjerna berre med eit pennestrok. Ho er skapt historisk av heile den økonomiske utviklingsgangen i føderasjonen. Og denne arbeidsdelinga, som gjer det uråd å utvikla dei einskilde regionane heilt og fullt, all den tid kvar republikk lever for seg sjølv, tvingar republikkane til å gå saman i ein einaste økonomisk heilskap.

For det tredje, sameininga av dei viktigaste kommunikasjonsmidla i heile føderasjonen, som er nervane og grunnlaget for at nokon som helst slags union skal vera mogleg. Det seier seg sjølv at kommunikasjonsmidla ikkje kan få lov til å vera oppdelte, til rådvelde for einskildrepublikkane og underordna interessene deira, for det ville omskipa hovudnerven i det økonomiske livet – transporten – til eit konglomerat* av skilde delar som vert brukte utan plan. Dette omstendet dreg og republikkane mot samanslåing i ein einaste stat.

Til slutt, dei magre finansielle ressursane våre. Kameratar, det må seiast beint ut at den finansielle stillinga vår no, i det sjette året til sovjetregimet, gjev langt færre høve til utvikling i stor målestokk enn til dømes under det gamle styresettet. Det hadde vodka, som vi ikkje vil ha, som kasta av seg 500 000 000 rublar i året, og det hadde kredittar i utlandet på fleire hundre millionar rublar, som vi heller ikkje har. Alt dette syner at med slike skrinne høve for den finansielle utviklinga vår kjem vi ikkje til å greia å løysa dei grunnleggjande og aktuelle problema for finanssystema i republikkane våre, med mindre vi slår saman krefte og set saman den finansielle styrken til einskildrepublikkane i ein einaste heilskap.

Slik er den første gruppa omstende som tvingar republikkane våre til å taka unionsvegen.

Den andre gruppa omstende som har avgjort at republikkane kjem til å gå saman, er kjengjerningar som gjeld den internasjonale situasjonen

*Konglomerat – samandynga haug. Brukt om bergartar der mange slags småstein er kitta saman til fast fjell. Her brukt i overførd tyding. – Red.

vår. Eg har den militære stoda i tankane. Eg har tilhøvet vårt til utanlandske kapital gjennom kommissariatet for utenrikshandel i tankane. Til sist har eg i tankane dei diplomatisk tilhøva våre til dei borgarlege statane. Ein må hugsa på, kameratar, at trass i at republikkane våre heldigvis er komne lukkelege ut or borgarkrigstilstanden, er faren for åtak utanfrå ikkje på nokon måte borte. Denne faren krev at den militære fronten vår må vera absolutt sameint, at hæren vår må vera ein absolutt sameint hær, særskilt no som vi har teke vegen, med verkeleg, materiell reduksjon i væpninga, men sjølv sagt ikkje med moralsk avvæpning. No som vi har skore ned hæren vår til 600 000 mann er det særskilt avgjerande å ha ein einaste og samanhengande militær front som er i stand til å vakta republikken mot fare utanfrå.

Bortsett frå den militære faren er det vidare fare for at føderasjonen vår skal verta isolert økonomisk. De veit, sjølv om den økonomiske boikotten av republikken vår mislukkast etter Genova og Haag, og etter Urquhart,⁴⁸ er det ikkje noko stor innsprøyting av kapital å sjå, i høve til trongen økonomien vår i. Denne nye intervensionsforma, som ikkje er mindre farleg enn militær intervension, let seg berre fjerna ved å skipa ein samla økonomisk front av sovjetrepublikkane våre andsynes den kapitalistiske innringinga.

Til sist er det den diplomatiske stoda. De har alle sett korleis Entente-statane nyleg, rett før Lausannekonferansen,⁴⁹ gjorde alt dei kunne for å isolera føderasjonen vår. Diplomatisk sett lukkast dei ikkje. Den organiserte diplomatiske boikotten av føderasjonen vår vart broten. Ententen var tvinga til å rekna med føderasjonen vår og trekkja seg, dra seg attende i ein viss mon. Men det er ingen grunn til å gå ut frå at desse og liknande kjensgjerninger om den diplomatiske isolasjonen av føderasjonen vår ikkje kjem til å taka seg opp att. Difor er det naudsynt med ein samla front i diplomatiot og.

Det er den andre gruppa omstende som tvingar dei sosialistiske sovjetrepublikkane til å taka unionsvegen.

Men både den første og den andre gruppa av omstende har vore verksame under heile perioden då sovjetstyret har vore til, og verka fram til i dag. Den økonomiske trongen som eg nett har snakka om, og den militære og diplomatiske trongen på utenrikspolitikken sitt område, var utan tvil og merkjande før. Men desse omstenda veg særskilt tungt først no, etter at borgarkrigen er over, og når republikkane for fyrste gong har fått høve til å gå i gang med økonomisk oppbygging, og for fyrste gong skjønar kor særskilt unionen er både når det gjeld økonomien innanlands og utanrikstilhøva. Det er grunnen til at spørsmålet om å slå

saman dei sjølvstendige sosialistiske sovjetrepublikkane er vorte eit spørsmål som krev avgjerd med ein gong, i det sjette leveåret til sovjetstyret.

Til sist er det ei tredje gruppe kjensgjerningar som og krev samanslåing og som er knytt til oppbygnaden av sovjetstyret, til klasseinnhaldet til sovjetstyret. Sovjetstyret er internasjonalt i sjølve naturen sin, og det er slik bygt at det på alle vis fostrar unionstanken i massane og i seg sjølv tvingar dei til å taka unionsvegen. Kapitalen, privateige og utbyttinga skil folk frå kvarandre, kloyver dei i innbyrdes fiendslege læger. Døme på det finn ein i Storbritannia, Frankrike og til og med små, fleirnasjonale statar som Polen og Jugoslavia, med dei uforsonlege indre nasjonale motseiningane som tærer vekk sjølve grunnlaget for desse statane. Som sagt, sjølve statsgrunnlaget der borte, i vest, der det kapitalistiske demokratiet rår og statane er grunna på privateigedom, fostrar nasjonal småkrangel, samanstøytar og strid. Men her i sovjetverda, der styresettet ikkje er bygt på kapital, men på arbeid, der styresettet ikkje er bygt på privateigedom, men på kollektiveige, der styresettet ikkje er bygt på at menneske utnyttar menneske, men på striden mot slik utbytting – her fostrar tvert om sjølve naturen til styresettet ein naturleg trøng i dei arbeidande massane til union i ein einaste sosialistisk familie.

Er det ikkje verd å merkja seg at medan vi der borte, i vesten, i verda med borgarleg demokrati, er vitne til at dei fleirnasjonale statane smått om senn går nedover og løyser seg opp i einskilddelane (slik som i Storbritannia, som må koma til ei ordning med India, Egypt og Irland, og ikkje veit eg korleis, eller Polen, som må koma til ei ordning med kviterussarane og ukrainarane sine og heller ikkje her veit eg på kva vis) – er vi her, i føderasjonen vår, som sameinar ikkje mindre enn 30 nasjonalitetar, tvert om vitne til ein prosess der statsbanda mellom dei sjølvstendige republikkane vert sterkare. Det er ein prosess som fører til ein endå nærmare union av dei sjølvstendige nasjonalitetane i ein einaste sjølvstendig stat! Såleis har vi to slag statsunionar, der den fyrste, det kapitalistiske slaget, fører til opploysing av staten, medan det andre, sovjetlaget, tvert om fører til ein gradvis men varig union av tidlegare sjølvstendige nasjonalitetar i ein einaste sjølvstendig stat.

Slik er den tredje gruppa med kjensgjerningar som tvingar einskildrepublikkane til å taka unionsvegen.

Kva slags form bør unionsrepublikken ha? Prinsippa for unionen er streka opp i fråsegnene som presidiet for den allrussiske sentrale eksekutivkomiteen har fått frå sovjetrepublikkane Ukraina, Kviterussland og Transkaukasia.

Fire republikkar skal gå saman: RSFSR, som ei heilskapleg føderal eining, den transkaukasiske republikken, og som ei heilskapleg føderal eining, Ukraina og Kviterussland. To sjølvstendige sovjetrepublikkar, Khorezm og Bukhara, som ikkje er sosialistiske republikkar, men sovjetiske folkerepublikkar, står inntil vidare utanfor denne unionen einast og åleine av di desse republikkane enno ikkje er sosialistiske. Eg er ikkje i tvil, om at ettersom dei utviklar seg innanlands mot sosialismen, kjem desse republikkane og til å slutta seg til unionsstaten som no vert skipa.

Det kunne verka meir lagleg for RSFSR å ikkje slutta seg til republikkunionen som ei heilskapleg føderal eining, men at dei republikkane som er med i RSFSR skulle slutta seg til ein for ein. I så fall ville det opplagt vera naudsynt å opplöysa RSFSR i einskilddelane sine. Eg meiner dette ville vera ein urasjonell og ulagleg måte, og at sjølve gangen i kampanjen stengjer for det. For det fyrste ville verknaden vera at parallelt med den prosessen som fører fram til union av republikkane, ville vi ha ein prosess med å løysa opp dei føydale einingane som alt finst. Det ville vera ein prosess som ville velta den verkeleg revolusjonære sameiningsprosessen til republikkane som alt har teke til. Om vi tok denne galne vegen ville vi for det andre koma fram til ei stode der vi i tillegg til å måtte skilja ut dei åtte autonome republikkane frå RSFSR, måtte skilja ut ein særskilt russisk sentral eksekutivkomite og eit russisk råd av folkekommissarar. Og dette ville føra med seg ein heil del organisasjonsmessige forstyrriingar, som er heilt unaudsynte og skadelege no, og som korkje stoda innanlands eller stoda utanlands krev i det heile. Det er grunnen til at eg meiner dei partane som skal skipa unionen skal vera dei fire republikkane: RSFSR, Den transkaukasiske føderasjonen, Ukraina og Kviterussland.

Unionstraktaten må byggja på desse prinsippa: Kommissariata for utanrikshandel, militære og marine, utanrikssaker, transport, post og telegraf skal berre verta skipa innanfor unionsrådet for folkekommissarar. Folkekommissariata for finans, nasjonaløkonomi, mat, arbeid og statsinspeksjon skal halda fram med å verka innanfor kvar av republikkane som er med på traktaten, med det etterhalde at dei arbeider i samsvar med pålegga frå dei tilsvarande sentrale kommissariata for unionen. Dette er naudsynt for å sameina dei arbeidande massane i republikkane under unionssenteret si styring når det gjeld matforsyning, det øvste rådet for nasjonaløkonomien, folkekommissariatet for finansar og folkekommissariatet for arbeid. Og til sist må dei kommissariata som er att, dvs. kommissariata for innanrikssaker, rettsvesen, utdanning, jordbruk osb. – det er seks i alt – som er seinverges knytt til levemåten, skikkane,

særskilde former for jordfordeling, særskilde former for lovprosedyre, og med språket og kulturen til folka som dannar republikkane, få stå som sjølvstendige kommissariat under kontroll av dei sentrale eksekutivkomiteane og råda av folkekommissærar i republikkane som sluttar traktaten. Dette er naudsynt for å skaffa ei verkeleg trygging av fri nasjonal utvikling for folka i sovjetrepublikkane.

Etter mi meinung er dette prinsippa som må leggast til grunn for traktaten som republikkane våre snart skal skriva under på.

Fylgjeleg gjer eg framlegg om dette fråsegnsutkastet, som presidiet for den allrussiske sentrale eksekutivkomiteen innstiller på:

1. Samanslåinga av Den russiske sosialistiske føderative sovjetrepublikken, Den ukrainske sosialistiske sovjetrepublikken, Den transkaukasiske sosialistiske føderative sovjetrepublikken og Den kviterussiske sosialistiske sovjetrepublikken til ein union av sosialistiske sovjetrepublikkar er å sjå på som høveleg.
2. Unionen skal tuftast på prinsippet om friviljug samtykke og likerett mellom republikkane, og kvar av dei skal framleis ha rett til å gå fritt ut or republikkunionen.
3. Sendelaget frå RSFSR skal i samarbeid med sendelaga frå Ukraina, Den transkaukasiske republikken og Kviterussland, få i oppgåve å laga utkast til ei kunngjering om skipinga av republikkunionen, som set fram dei omsyna som gjer det påtvingande at republikkane vert sameinte i ein einaste unionsstat.
4. Sendelaget skal få i oppgåve å setja opp vilkåra for at RSFSR skal gå inn i republikkunionen, og, under gransking av unionstraktaten, halda seg til desse prinsippa:
 - a) å skipa dei lovgjevande og utøvande unionsorgana som må til,
 - b) å smelta saman kommissariata for hær- og marinesaker, transport, utanrikssaker, utanrikshandel, post og telegraf,
 - c) å underordna kommissariata for finans, mat, nasjonaløkonomi, arbeid, og arbeidar- og bondeinspeksjon i dei republikkane som sluttar traktaten under pålegg frå dei tilsvarende kommissariata for republikkunionen,
 - d) å gje fullstendig garanti for nasjonal utvikling for folka som høyrer til dei republikkane som sluttar traktaten.
5. Traktatutkastet skal leggast fram til godkjenning for den allrussiske sentrale eksekutivkomiteen, representert ved presidiet, før det vert lagt fram for den fyrste kongressen til republikkunionen.
6. På grunnlag av at den allrussiske sentrale eksekutivkomiteen godkjenner vilkåra for union, skal sendelaget få fullmakt til å slutta ein traktat mellom RSFSR og dei sosialistiske sovjetrepublikkane

Ukraina, Transkaukasia og Kviterussland for å skipa Unionen av Sosialistiske Sovjetrepublikkar.

7. Traktaten skal leggjast fram for den fyrste kongressen til republikkunionen til ratifisering*.

Dette er fråsegnsutkastet som eg legg fram for dykk til vurdering. Kameratar, etter at sovjetrepublikkane vart skipa har statane i verda kløyvd seg i to læger: lægeret til sosialismen og lægeret til kapitalismen. I lægeret til kapitalismen er det imperialistiske krigar, nasjonal strid, underkuing, kolonitrældom og sjåvinisme. I sovjetlægeret, i lægeret til sosialismen er det tvert om innbyrdes tiltru, nasjonal likerett og fredeleg samlivnad og broskapleg samarbeid mellom folka. Det kapitalistiske demokratiet har slitt i tiår for å fjerna nasjonale motseiingar ved å kombinera den frie utviklinga til nasjonalitetane med utbyttingsstystemet. Til no har det ikkje lukkast, og kjem aldri til å gjera det. Tvert om vert renningen av nasjonale motseiingar meir og meir flokut, og trugar kapitalismen med dauden. Berre her, i sovjetverda, i lægeret til sosialismen, har det vore råd å utsletta den nasjonale underkuinga og oppretta innbyrdes tiltru og brorskapleg samarbeid mellom folka. Og berre etter at sovjeta greidde å gjera dette, vart det råd for oss å byggja føderasjonen vår og forsvara han mot åtak frå fiendar, både innanlandske og utanlandske.

For fem år sidan greidde sovjetmakta å leggja grunnen for fredeleg samlivnad og brorskapleg samarbeid mellom folka. No, når vi her avgjer spørsmålet om union er ynskjeleg og naudsynt, er oppgåva framfor oss å reisa ein ny bygning på denne grunnen ved å skipa ein ny og mektig unionsstat av det arbeidande folket. Viljen til folka i republikkane våre, som nyleg kom saman på kongressane sine og samrøystes vedtok å skipa ein republikkunion, er umotstrideleg prov på at unionssaka er på rett veg, at ho byggjer på det store prinsippet om friviljug samtykke og likerett for nasjonane. Lat oss vona, kameratar, at vi ved å skipa unionsrepublikken vår skal skapa eit pålitande bolverk mot den internasjonale kapitalismen, og at den nye unionsstaten vert nok eit avgjerande steg mot sameininga av det arbeidande folket i heile verda i ein sovjetisk sosialistisk verdsrepublikk. (*Langvarig applaus. «Internasjonalen» vert sungen.*)

Pravda nr. 295,
28. desember 1922

* Ratifisering – stadfesting, godkjenning – Red.

SKIPINGA AV UNIONEN AV SOSIALISTISKE SOVJETREPUBLIKKAR

*Melding framlagd på den fyrste kongressen for sovjeta i USSR,⁵⁰
30. desember 1922*

Kameratar, denne dagen markerer eit vendepunkt i soga til sovjetmakta. Han set ein merkestein mellom den gamle tidbolken som no er over, då sovjetrepublikkane fylgde sin eigen veg kvar for seg, og først og fremst var opptekne av å taka vare på seg sjølv, sjølv om dei handla i lag, og den nye tidbolken som alt har teke til. No vert det gjort slutt på det isolerte tilværet til sovjetrepublikkane. Republikkane vert sameinte i ein einaste unionsstat for framgangsrik strid mot økonomisk ruin, og no er sovjetmakta ikkje berre oppteken med å taka vare på seg sjølv, men med å utvikla seg til ei viktig internasjonal kraft som er i stand til å påverka den internasjonale stoda og lempa henne til etter interessene til det arbeidande folket.

Kva var sovjetstaten for fem år sidan? Ei lita eining, knapt å leggja merke til, som kalla fram hånlatter frå alle fiendane sine og medynk frå mange av venene sine. Det var tidbolken med krigsøydelegging, då sovjetmakta ikkje så mykje leit på eigen styrke som på maktesløysa til motmennene sine, då fiendane til sovjetmakta som var delte i to forbund, det austerríksk-tyske og det engelsk-franske, var opptekne med innbyrdes krigføring og ikkje var i ei slik stilling at dei kunne venda våpna sine mot sovjetmakta. I soga til sovjetmakta var det tidbolken med krigsøydelegging. Men i striden mot Koltsjak og Denikin skapte sovjetmakta den rauda hæren, og steig framgangsrik fram frå tidbolken med krigsøydelegging.

Seinare tok den andre tidbolken i soga til sovjetmakta til, tidbolken med strid mot økonomisk ruin. Denne tidbolken er ikkje på noko vis over enno, men han har bore grøde alt, for i denne tidbolken har sovjetmakta hamla opp med hungersnaua som råka landet i fjar. I denne tidbolken har vi vore vitne til eit synbert framsteg i jordbruket og ei synberr opplivning av lettindustrien. Kadrar av industrileiarar er komme fram i brodden alt og dei har vi von og tillit til. Men det er langt frå nok,

om ein skal overvinna økonomisk ruin. Om ein skal slå og fjerna den ruinen, må kreftene til alle sovjetrepublikkane verta slegne saman. Alle dei økonomiske og finansielle ressursane til republikkane lyt verta samla om oppgåva med å byggja opp at grunnindustrien vår. Difor er det naudsynt å sameina sovjetrepublikkane i ein einaste unionsstat. I dag er den dagen då republikkane våre vert sameinte til ein einaste stat med det føremålet å slå saman alle kreftene våre for å byggja opp økonomien vår att.

Tidbolken med å kjempa ned krigsøydelegginga gav oss den rauden hæren, ein av grunnstolpane for sovjetmakta. Den neste tidbolken, tidbolken med strid mot økonomisk ruin, gjev oss ei ny ramme for tilvære som stat – Unionen av Sosialistiske Sovjetrepublikkar, som utan tvil kjem til å fremja arbeidet med å byggja sovjetøkonomien opp att.

Kva er sovjetmakta no? Ein stor stat for det arbeidande folket som ikkje får fiendane våre til å le hånleg, men til å skjera tenner.

Slik er resultata av utviklinga av sovjetmakta i dei fem åra ho har vore til.

Men kameratar, denne dagen er ikkje berre ein dag å oppsummera på, det er samstundes sigersdagen for det nye Russland over det gamle Russland, det Russland som var politimann for Europa, det Russland som var skarprettaren til Asia. I dag er sigersdagen for det nye Russland, som har knust lekkjene med nasjonal underkuing, organisert sigeren over kapitalen, skapt proletariatets diktatur, vekt folka i Austen, gjeve von til arbeidarane i Vesten, skapt om den rauden fana frå eit partiflagg til eit statsflagg, og mønstra folka frå sovjetrepublikkane rundt den fana for å sameina dei i ein einaste stat, Unionen av Sosialistiske Sovjetrepublikkar, mønsteret for den framtidige sovjetiske sosialistiske verdsrepublikken.

Vi kommunistar vert ofte skjelte ut og klaga for å ikkje kunna byggja. Lat soga til sovjetmakta, i desse fem åra ho har vore til, tena som prov på at kommunistar kan byggja og. Lat sovjetkongressen i dag, som har som oppgåve å stadfesta kunngjeringa og avtalen om unionen av republikkar som vart vedteken på konferansen for sendelaga med fullmakt i går, lat denne unionskongressen syna fram for alle dei som ikkje har mist evna til å skjøna, at kommunistar er like godt i stand til å byggja det nye som dei kan øydeleggja det gamle.

Her, kameratar, er kunngjeringa som vart vedteken i går på møtet for sendelaga med fullmakt.⁵¹ Eg skal lesa henne. (Sjå tillegg nr. 1).

Og her er teksten i avtalen som vart vedteken på same konferansen. Eg skal lesa han (sjå tillegg nr. 2).

Kameratar, etter oppdrag frå konferansen av sendelag frå sovjetrepu-

blikkane med fullmakt, gjer eg framlegg om at de stadfester dei tekstane eg nyss har lese høgt frå kungjeringa og avtalen om å skipa Unionen av Sosialistiske Sovjetrepublikkar.

Kameratar, eg gjer framlegg om at de vedtek dei med den fullstendige semja som kjennemerkjer kommunistar, og med det legg eit nytt kapittel til menneskesoga. (*Applaus*).

Pravda nr. 298,
31. desember 1922

NASJONALE FAKTORAR I PARTI- OG STATSSAKER

Tesar til den tolvte kongressen i Russlands Kommunistiske Parti (bolsjevikane), godkjende av sentralkomiteen i partiet.⁵²

I

1. Alt i førre hundreåret avslørte utviklinga av kapitalismen tendensen til å internasjonalisera produksjonsmåtar og bytemåtar, å skaffa bort nasjonal isolering, å føra folk inn i nærmere økonomiske tilhøve, og litt etter litt sameina svære territorium til ein einaste samanbunden heilskap. Den vidare utviklinga av kapitalismen, utviklinga av verdsmarknaden, opprettninga av dei store sjø- og jarnvegsrutene, kapitaleksporten, og så bortetter, styrkte denne tendensen endå meir og batt folk av særer ulike slag saman med banda til den internasjonale arbeidsdelinga og allsidig innbyrdes usjølvstende. Så langt denne prosessen spegla av den ofsele-ge utviklinga av produktivkraftene, så langt han hjelpte til å øydeleggja nasjonal avstand og interesseomsetjingar mellom dei ulike folka, var og er han ein progressiv prosess, for han skaper dei materielle føresetnade-ne for det sosialistiske økonomiske verdssystemet i framtida.

2. Men denne tendensen utvikla seg i særegne former som var heilt i motstrid til den ibuande historiske tydinga han hadde. Det at folka vart innbyrdes avhengig av kvarandre, og at territoria vart økonomisk sameint, gjekk føre seg ettersom kapitalismen utvikla seg – ikkje som resultat av samarbeid mellom nasjonane som einingar med like rettar. Det skjedde ved at somme nasjonar underkua andre, ved at meir utvikla nasjonar undertrykte og utbytta mindre utvikla nasjonar. Koloni-plyndring og annekseringar, underkuing av nasjonane og ulikskap mel-lom dei, imperialistisk tyranni og vald, koloni-trældom og nasjonal underkasting, og endeleg striden mellom dei «siviliserte» nasjonane om herreveld over dei «usiviliserte» folka, – slik var formene som utvik-linga av nærmere økonomiske tilhøve mellom folka gjekk føre seg i. Av den grunnen ser vi at side om side med tendensen til sameining, opp-stod det ein tendens til å øydeleggja tvangsfomene til slik sameining, ein strid for å frigjera dei undertrykte koloniane og usjølvstendige na-sjonalitetane frå det imperialistiske åket. Ettersom den siste tendensen

ville seia at dei underkua massane gjorde opprør mot dei imperialistiske formene for sameining, ettersom den tendensen kravde sameining av nasjonane på grunnlag av samarbeid og friviljug sameining, var og er han ein progressiv tendens, for han skapte dei åndelege føresetnadene for den sosialistiske verdsøkonomien i framtida.

3. Striden mellom desse to hovudtendensane, uttrykt i former som er naturlege for kapitalismen, fylte soga til dei fleir-nasjonale borgarlege statane under det siste halve hundreåret. Den uforsonlege motseiinga mellom desse tendensane innanfor ramma av den kapitalistiske utviklinga, var årsaka som låg under den indre vanhelsa og den organiske ustabiliteten til dei borgarlege kolonistatane. Uungåelege konfliktar innanfor slike statar og uunngåelege krigar mellom dei, opplysinga av dei gamle kolonistatane og skipinga av nye, ny hug på koloniar og ny opplysing av dei fleirnasjonale statane som førte til at det politiske verds-kartet vart skipa om på ny – slik er resultata av denne grunnleggjande motseiinga. På den eine sida samanbrotet til det gamle Russland, Austerrike-Ungarn og Tyrkia, på den andre sida soga til slike kolonistatar som Storbritannia og det gamle Tyskland, og til sist, den «store» imperialistiske krigen og veksten i den revolusjonære rørsla i kolonisasjona-ne og dei ikkje-likestilte nasjonane – alle desse kjensgjerningane og liknande kjensgjerningar peikar klårt på at dei fleir-nasjonale borgarlege statane er ustabile og utrygge.

Difor var det den uforsonlege motseiinga mellom prosessen med økonomisk sameining mellom folka, og dei imperialistiske måtane å få til denne sameininga på, som var årsak til at borgarskapet var evnelaust, hjelplaust og makteslaust når det galdt å finna ei rett tilnærming til å løysa det nasjonale spørsmålet.

4. Partiet vårt tok omsyn til desse omstenda, og tufta politikken sin i det nasjonale spørsmålet på nasjonane sin sjølvråderett, på retten folka har til sjølvstendig statstilvære. Partiet godkjende denne ukrenkjelege retten til nasjonane frå den stunda det vart til, på den fyrste kongressen sin (i 1898), då motseiingane i kapitalismen i samband med det nasjonale spørsmålet enno ikkje var fullt ut og klårt avgrensa. Seinare stad-feste det utan unntak det nasjonale programmet på ny i særskilte ved-tak og fråsegner på kongressane og konferansane sine, fram til Oktober-revolusjonen. Den imperialistiske krigen, og den mektige revolusjonære rørsla i koloniene som han gav opphav til, sytte berre for å stadfesta på ny at partivedtaka om det nasjonale spørsmålet var rette. Kjernen i dese vedtaka er:

a) ettertrykkjegleg avvising av alle former for tvang i høve til nasjonalitetane,

- b) godkjenning av at folka er like og suverene når det gjeld å avgjera lagnaden sin,
- c) godkjenning av prinsippet at ei varig sameining av folk berre kan verta skapt på grunnlag av samarbeid og friviljig samtykke,
- d) kunngjering av den sanninga at ei slik sameining berre kan verta røyndom som resultat av at kapitalmakta vert velta.

Under arbeidet trøyna partiet vårt aldri på å fremja dette programmet om nasjonal frigjering, i motsetnad til den beintfram underkuande politikken til tsarismen og òg mot den halvhjarta, halvimperialistiske politikken til mensjevikane og dei sosialrevolusjonære. Den tsaristiske russifiseringpolitikken skapte ein avgrunn mellom tsarismen og dei ikkje-russiske nasjonalistane i det gamle Russland, og den halvimperialistiske politikken til mensjevikane og dei sosialrevolusjonære gjorde at dei beste elementa i desse nasjonalitetane forlet kerenskiismen⁵³ medan den frigjeringspolitikken som partiet vårt fylgte, vann velviljen og støtta frå dei bréie massane mellom nasjonalitetane, i striden dei førte mot tsarismen og det imperialistiske russiske borgarskapet. Det kan knapt vera nokon tvil om at denne velviljen og støtta var ein av dei avgjerande faktorane som fastla sigeren partiet vårt vann i oktoberdagane.

5. Oktoberrevolusjonen gjorde at partivedtaka våre i det nasjonale spørsmålet fekk praktisk verknad. Ved å velta makta til godseigarane og kapitalistane, som var hovudberarane av den nasjonale underkuinga, og ved å setja proletariatet ved makta, smadra Oktoberrevolusjonen med eitt slag lekkjene av nasjonal underkuing, velta dei gamle tilhøva mellom folka, råka rota til den gamle nasjonale fiendskapen, rydda veg for samarbeid mellom folka og vann tiltru til det russiske proletariatet, ikkje berre mellom brørne i andre nasjonalitetar i Russland, men også i Europa og Asia. Ein treng knapt prova at hadde ikkje det russiske proletariatet vunne denne tiltrua, kunne det ikkje ha slått Koltsjak og Denikin, Judenitsj og Wrangel. På den andre sida er det ingen tvil om at dei underkua nasjonalitetane ikkje kunne ha vunne frigjering om ikkje proletariatets diktatur var blitt oppretta i Sentral-Russland. Nasjonal fiendskap og nasjonale konfliktar er uunngåelege, ikkje til å koma utanom, så lenge kapitalen sit ved makta, så lenge småborgarskapet og framfor alt bøndene i den tidlegare «nerve»nasjonen fylgjer kapitalistane, gjennomsyra som dei er med nasjonale fordommar. Og på den andre sida kan ein rekna nasjonal fred og nasjonal fridom som sikra, om bøndene og dei andre småborgarlege delane av folkesetnaden fylgjer proletariatet, dvs. om proletariatets diktatur står trygt. Difor er sigeren til sovjetet og opprettninga av proletariatets diktatur grunnvollen, grunnlaget som det brorskaplege samarbeidet mellom folka innanfor ein ei-

naste statsunion kan verta oppbygd på.

6. Men resultata av Oktoberrevolusjonen er ikkje avgrensa til å avskaffa nasjonal underkuing og skapa eit grunnlag for sameining av folka. Ettersom Oktoberrevolusjonen utvikla seg, skapte han og formene for denne sameininga, og fastsette hovudlinene for sameininga av folka i ein einaste unionsstat. I den første perioden under revolusjonen, då dei arbeidande massane mellom nasjonalitetane fyrst tok til å kjenna at dei var sjølvstendige nasjonale einingar, medan trugsmålet om utanlandsk intervensjon enno ikkje hadde vorte ein røynleg fare, hadde ikkje samarbeidet mellom folka ei fullstendig fastsett og veletablert form. Under borgarkrigen og intervensjonen, då krava frå det militære sjølvforsvaret til dei nasjonale republikkane stod i fremste rekkje, då spørsmåla om den økonomiske oppbygginga enno ikkje stod på dagsordenen, tok samarbeidet form av ein militærallianse. Til sist, i etterkrigstida, då spørsmålet om atterreising av produktivkraftene som krigen hadde øydelagd kom i fremste rekkje, vart militæralliansen sett til sides for ein økonomisk allianse. Sameininga av dei nasjonale republikkane til Unionen av Sosialistiske Sovjetrepublikkar merkjer av sluttsteget i utviklinga av samarbeidsformene, som no har fått karakter av ei militær, økonomisk og politisk sameining av folka i ein einaste fleir-nasjonal sovjetstat.

Slik fann proletariatet i sovjet-systemet nøkkelen til den rette løysinga på det nasjonale spørsmålet, oppdaga måten å organisera ein stabil fleir-nasjonal stat, på grunnlaget av nasjonal likerett og friviljug samtykke.

7. Men å finna nøkkelen til den rette løysinga på det nasjonale spørsmålet vil likevel ikkje seia å løysa det fullt ut og ein gong for alle, det vil ikkje seia å gje løysinga konkret og praktisk form. For å setja det nasjonale programmet som Oktoberrevolusjonen fremja ut i livet på rett vis, er det og naudsint å stiga over hinder som vi har arva frå fortida med nasjonal underkuing, og som ikkje kan stigast over med eitt steg, innanfor kort tid.

Denne arven er fyrst og fremst restane av sjåvinismen til herrenasjonen, som speglar av den priviligerte stillinga storrussarane hadde før. Desse restane finst framleis i tankane til sovjet-tenestemennene våre, både sentralt og lokalt. Dei har grave seg inn i statsinstitusjonane våre, både sentralt og lokalt. Dei vert styrkte av den «nye» Smjena Vekh,⁵⁴ den storruisiske sjåvinistånda som vert sterkare og sterkare på grunn av NEP.⁵⁵ I praksis finn dei uttrykk i ei hovmodig vanvyrdande og hjartelaust byråkratisk haldning frå dei russiske sovjet-tenestemennene andsynes trong og krav frå dei nasjonale republikkane. Den fleir-nasjionale sovjetstaten kan verta verkeleg varig, og samarbeidet mellom folka

i han verkeleg brorskapleg, berre om desse restane vert utrydda, kraftig og for godt, frå verksemda til statsinstitusjonane våre. Difor er den fyrste oppgåva til partiet vårt å kjempa kraftig ned restane av den stor-russiske sjåvinismen.

Først det andre finst denne arven i den røynlege dvs. økonomiske og kulturelle, ulikskapen mellom nasjonalitetane i unionen av republikkar. Den legale nasjonale likskapen som Oktoberrevolusjonen vann er ei stor vinning for folka, men han løyser ikkje i seg sjølv heile det nasjonale problemet. Fleire republikkar og folk som ikkje har gått gjennom, eller knapt hadde gått inn i, steget til kapitalismen, som ikkje har noko eller knapt noko proletariat, og som difor ligg attende økonomisk og kulturelt, er ute av stand til å gjera full bruk av dei rettane og høva som den nasjonale likeretten gjev dei. Dei er ute av stand til å stiga til eit høgare utviklingsnivå og slik nå att dei nasjonalitetane som har brøyta seg fram, med mindre dei får verkeleg og langvarig hjelp utanfrå. Årsakene til denne røynlege ulikskapen ligg ikkje berre i soga til desse folka. Han ligg og i den politikken som tsarismen og det russiske borgarskapet fylgte. Det sleit med å gjera om grenseområda til område som ikkje produserte anna enn råstoff, og som var utbytta av dei sentrale distrikta som var industrielt utvikla. Denne ulikskapen kan ein ikkje ta vekk på kort tid, denne arven kan ein ikkje fjerna på eit år eller to. Allereie den tiande kongressen til partiet vårt peika på at «å avskaffa den faktiske nasjonale ulikskapen er ein langvarig prosess som inneber ein sta og langvarig strid mot alle restar av nasjonal underkuing og kolonitrældom».⁵⁶ Men det er heilt naudsynt å overvinna han. Og han kan vinnast over berre ved at det russiske proletariatet gjev dei attendeliggjande folka i unionen røynleg og langvarig hjelp til å koma seg fram økonomisk og kulturelt. Elles kan det ikkje finnast grunnlag for å venta at eit varig og skikkeleg samarbeid mellom opp innanfor ramma av ein einaste unionsstat skal verta oppretta. Difor ligg den andre påtrengjande oppgåva til partiet i kampen for å avskaffa den røynlege ulikskapen mellom nasjonalitetane, kampen for å reisa det økonomiske og kulturelle nivået til dei attersliggjande folka.

Denne arven finst til slutt i restane av nasjonalisme mellom fleire nasjoner som har bore det tunge åket med nasjonal underkuing, og enno ikkje har greidd å reinska tankane sine for gamle nasjonale ankemål. Desse restane finn praktisk uttrykk i ein viss nasjonal fråstand, og i at dei før underkua folka ikkje har full tiltru til dei åtgjerdene som kjem frå russarane. Men i somme av republikkane som er samansette av fleire nasjonalitetar, vert denne forsvarsnasjonalismen gjort om til åtaksnasjonalisme, til skrikande sjåvinisme frå ein sterk nasjonalitet som vert

retta mot dei veike nasjonalitetane i desse republikkane. Grusisk sjåvinisme (i Grusia) retta mot armenarane, ossetane, ajarane og abkhazarene, aserbajdsjansk sjåvinisme (i Aserbajdsjan) retta mot armenarane, usbekisk sjåvinsime (i Bukhara og Khorezm) retta mot turkmenarane og kirgisarane – alle desse formene for sjåvinisme, som attpå til vert fostra av tilhøva under NEP, og av kappestrid, er eit alvorleg mein som trugar med å omkipa somme av dei nasjonale republikkane til skodeplassar for krangelen og småhakking. Det seier seg sjølv at alt dette hindrar den røynlege sameininga av folka i ein einaste unionsstat. Så langt restane av nasjonalisme er ei tydeleg forsvarsform mot den storrussiske sjåvinismen, ligg den tryggaste måten å vinna over dei på, i kraftig strid mot den storrussiske sjåvinismen. Men så langt som desse restane vert omgjorde til lokal sjåvinisme som er retta mot veike nasjonalgrupper i einskildrepublikkar, har partimedlemene skyldnad til å retta beinveges strid mot desse restane. Difor er den tredje påtrengjande oppgåva til partiet vårt å slåst mot nasjonalistiske restar og særskilt dei sjåvinistiske formene av desse restane.

8. Som eit av dei klare uttrykka for arven frå fortida må vi sjå den kjensgjerninga at ein etter måten stor del av sovjet-tenestemennene sentralt og lokalt ikkje ser på unionen av republikkar som ein union av statseiningar med like rettar, som har som oppgåve å tryggja den frie utviklinga til dei nasjonale republikkane, men som eit steg mot tilinkjegjeringa av desse republikkane, som opptaket til å skipa det som vert kalla den «eine og udelelege». Kongressen fordømmer denne tanken som anti-proletarisk og reaksjonær, og oppmodar partimedlemar til å syta vaktamt for at sameininga av republikkane og samansmeltinga av kommissariata ikkje vert brukte av sovjet-tenestemenn med sjåvinistisk innstilling som dekkje for freistnaden deira på å sjå bort frå den økonomiske og kulturelle trangen til dei nasjonale republikkane. Samansmeltinga av kommissariata er ei prøve for sovjet-apparatet! Om dette eksperimentet i praksis skulle få ein herrenasjon-tendens, ville partiet verta nøydd til å bruka svært målmedvitne åtgjerder mot slik ei renging, og til og med gå så langt at det reiser spørsmålet om å oppheva samansmeltinga av visse kommissariat, til den stunda er komen då sovjetapparatet er vorte skikkeleg nyopplært, slik at det syner verkeleg proletarisk og verkeleg brorskapleg merksemeld andsynes trangen og kvara frå dei små og attendeliggjande nasjonalitetane.

9.. Ettersom unionen av republikkar er ei ny form for samlivnad mellom folka, er ny form for samarbeid mellom dei i ein einaste unionsstat, som dei restane som er skildra før må verta fjerna frå medan folka er i verksemd i lag, må dei øvste organa i unionen vera skipa slik at dei

speglar fullstendig av ikkje berre den sams trøngen og krava til alle nasjonalitetane i unionen, men og den særeigne trøngen og krava frå kvar einskild nasjonalitet. I tillegg til dei sentrale unionsorgana som finst, som representerer dei arbeidande massane i heile unionen utan omsyn til nasjonalitet, bør det og verta skapt eit særorgan som representerer nasjonalitetane på grunnlag av likskap. Ein slik oppbygnad av dei sentrale unionsorgana ville gjera det fullt mogleg å lyda merksamt til trøngen og krava til folka, å gje dei den hjelpa som trengst i god tid, å skapa ei stemning av full innbyrdes tiltru, og slik fjerna den arven som før er nemnd så smertefritt som mogleg.

10. På grunnlag av alt dette tilrår kongressen at partimedlemane sikrar at desse praktiske åtgjerdene vert gjennomførde:

- a) Innanfor systemet av høgare organ i unionen bør det verta oppretta eit særorgan som skal representera alle dei nasjonale republikkane og dei nasjonale regionane utan unntak på grunnlag av likskap.
- b) Kommissariata i unionen bør vera oppbygde på ein slik måte at det sikrar at trøngen og krava til folka i unionen vert oppfylde.
- c) Organa i dei nasjonale republikkane og regionane bør i hovudsak ha tilsette som høyrer til folkesetnaden på staden og som kan språket og kjenner livsmåten, skikkane og vanane til dei folka det gjeld.

II

1. Utviklinga av partiorganisasjonane våre i fleirtalet av dei nasjonale republikkane går føre seg under vilkår som ikkje er heilt ut gode, for at dei skal veksa og verta grunnfesta. Desse republikkane ligg attende økonomisk, det nasjonale proletariatet er lite, dei har for få eller manglar heilt kadrar av gamle partiarbeidarar som høyrer til den lokale folkesetnaden, dei manglar seriøs marxistisk litteratur på morsmåla sine, fostringsarbeidet til partiet er veikt, og vidare er det restar av radikal-nasjonalistiske tradisjonar der som ikkje er fullstendig utsletta enno. Alt dette har gjeve opphav til eit klårt avvik mellom dei lokale kommunistane til å overvurdera dei særeigne nasjonale draga og undervurdera klasseinteressene til proletariatet, eit avvik i nasjonalistisk lei. Dette fenomenet held på å verta særleg farleg i republikkar der det finst mange nasjonalitar, der det mellom kommunistane frå den sterke nasjonaliteten ofte tek form av eit avvik i sjåvinistisk lei som vert retta mot kommunistane frå dei veike nasjonalitetane (Grusia, Aserbajdsjan, Bukhara, Khorezm.) Avviket i nasjonalistisk lei er skadeleg av di det hindrar det nasjonale proletariatet i å frigjera seg frå den ideologiske

påverknaden frå det nasjonale borgarskapet, og med det står det i vegen for arbeidet med å sameina proletarane frå dei ulike nasjonalitetane i ein einaste internasjonalistisk organisasjon.

2. På den andre sida finst det, både i dei sentrale parti-institusjonane og i organisasjonane til kommunistpartiet i dei nasjonale republikkane, grupper med gamle partiarbeidarar av russisk opphav som er ukjende med skikkane, vanane og språket til dei arbeidande massane i desse republikkane, og som av denne grunnen ikkje alltid fylgjer nøyne med i krava deira. Dette har gjeve opphav til eit avvik i partiet vårt i retning av å undervurdera dei særeigne nasjonale draga og dei nasjonale språka i partiarbeidet vårt, og til ei hovmodig og vanvyrdande haldning andsynes desse særdraga – eit avvik i storruussisk sjåvinistisk lei. Dette avviket er skadeleg ikkje berre av di det hindrar at det vert danna komunistkadrar mellom dei lokale innbyggjarar som kan nasjonalpråket, og slik skapar fare for at partiet kan verta isolert frå dei proletariske massane i dei nasjonale republikkane, men og, og fyrst og fremst av di det fostrar og avlar det avviket eg nemnde før i nasjonalistisk lei, og kampen mot det.

3. Kongressen fordømmer både desse avvika som skadelege og farlege for den kommunistiske saka. Kongressen gjer partimedlemmane merksame på den uvanlege skaden og uvanlege faren som avviket i storruussisk-sjåvinistisk lei står for, og oppmodar partiet til å fjerna desse restane av fortida frå partiarbeidet raskt.

Kongressen pålegg sentralkomiteen å gjennomføra desse praktiske åtgjerdene:

- a) Å skipa framskridne marxistiske studieringar mellom dei lokale partiarbeidarane i dei nasjonale republikkane.
- b) Å utvikla ein litteratur som byggjer på marxistiske prinsipp på morsmåla.
- c) Å styrkja Universitetet til folka i Aust og dei lokale avdelingane av det.
- d) Å oppretta grupper med instruktørar som er verva frå lokale partiarbeidarar under sentralkomiteane i dei nasjonale kommunistpartia.
- e) Å utvikla ein partillitteratur for massane på morsmåla.
- f) Å styrkja fostringsarbeidet til partiet i republikkane.
- g) Å styrkja arbeidet mellom ungdommen i republikkane.

Pravda, nr 65,
24. mars 1923

Underskrive J. Stalin

MELDING OM NASJONALE FAKTORAR I PARTI- OG STATSSAKER

*Framlagd på den tolvte kongressen i RKP(b)
23. april*

Kameratar, dette er tredje gongen vi diskuterer det nasjonale spørsmålet sidan Oktoberrevolusjonen: Fyrste gongen var på den åttande kongressen, den andre var på den tiande, og den tredje på den tolvte. Syner dette at det har vore ei grunnleggjande endring i synet vårt på det nasjonale spørsmålet? Nei, det grunnleggjande synet vårt på det nasjonale spørsmålet har halde seg slik det var før og etter Oktoberrevolusjonen. Men sidan den tiande kongressen har den internasjonale situasjonen endra seg ved at dei tunge revolusjonsreservane som landa i Aust no utgjer, har vorte viktigare. Det er det fyrste punktet. Det andre punktet er at sidan den tiande kongressen har partiet vårt og vore vitne til visse endringar i den indre situasjonen, i samband med Den nye økonomiske politikken. Ein må rekna med alle desse nye faktorane, og slutningane må verta dregne frå dei. I denne meinингa kan ein seia at det nasjonale spørsmålet vert sett fram på ein ny måte på den tolvte kongressen.

Den internasjonale tydinga av det nasjonale spørsmålet. De veit, kameratar, at etter historia sin vilje representerer vi, Sovjetføderasjonen, no den framskrilde troppen til verdsrevolusjonen. De veit at vi var dei fyrste til å bryta den allmenne kapitalistfronten og at det har vore lagnaden vår å vera framom alle andre. De veit at vi nådde så langt som til Warszawa då vi rykka fram, og at vi så trekte oss attende og sette oss fast i dei stillingane som vi rekna som sterkest. Frå den augneblinken vi gjekk over til Den nye økonomiske politikken, frå den augneblinken tok vi omsyn til at den internasjonale revolusjonære rørsla minska farthen, og frå den augneblinken endra politikken vår seg frå å vera i åtak til forsvar. Vi kunne ikkje gå framover etter at vi hadde lide eit attendeslag i Warszawa (lat oss ikkje løyna sanninga), vi kunne ikkje rykkja fram av di vi ville ha risikert å verta avskorne frå baktroppen som i vårt tilfelte er ein baktropp av bønder, og til sist ville vi ha risikert å rykkja for langt framom revolusjonsreservane som lagnaden har gjeve oss, reser-

vane i vest og i aust. Difor vende vi oss til Den nye økonomiske politikken innanlands og til ei seinare framrykking utanlands, for vi vedtok at det var naudsynt å ha eit pusterom, å lækja såra våre, såra til den fram-skridne fortroppen, proletariatet, å oppretta kontakt med bondebaktroppen og å driva vidare arbeid mellom reservane som vart hengjande etter oss – reservane i vest og dei tunge reservane i aust som er hovudbak-troppen til verdskapitalismen. Desse reservane – dei tunge reservane som samstundes er baktroppen til verdsimperialismen – det er desse vi tenker på når vi drøftar det nasjonale spørsmålet.

Anten det eine eller det andre: anten lukkast vi i å vekkja, i å revolusjonera den fjerne baktroppen til imperialismen – dei koloniale og halv-koloniale landa i aust – og skundar med dette på imperialismen sitt fall, eller vi greier ikkje å gjera dette og styrkjer slik imperialismen og svek-jer krafta til rørsla vår. Slik står spørsmålet.

Det er slik at heile Austen ser på unionen vår av republikkar som eit forsøksfelt. Anten finn vi ei rett praktisk løysing på det nasjonale spørsmålet innom rammene av denne unionen, anten skipar vi her, innom rammene av denne unionen verkeleg brorskaplege samband og verkeleg samarbeid mellom folkesлага – i så fall vil heile Austen sjå at føderasjonen vår er fana for frigjeringa hans, er den framskridne fortroppen hans som han må fylgja i fotefara til. Og det vil verta byrjinga til samanbrotet for verdsimperialismen. Eller så gjer vi ein tabbe her og undergrev den tiltruva dei tidlegare undertrykte folka har til proletariatet i Russland og tek ifrå republikkunionen den tiltrekningskrafta som han har i augo til Austen – i så fall vil imperialismen vinna, og vi vil tapa.

I dette ligg den internasjonale tydinga til det nasjonale spørsmålet.

Det nasjonale spørsmålet er og viktig for oss ut ifrå den indre stoda, ikkje berre av di den tidlegare herrenasjonen har omlag 75 000 000 innbyggjarar og dei andra nasjonane om lag 65 000 000 (det er i alle høve ikkje noko lite tal), og ikkje berre av di dei tidlegare undertrykte nasjonalitetane bur på område som er dei mest avgjerande for den økonomiske utviklinga vår og dei viktigaste frå ein militærstrategisk synsstad, men framfor alt av di vi i dei siste to åra har innført det som er kjent som NEP. Som resultat av han har den storrussiske nasjonalismen byrja å veksa og verta meir framtredande, Smjena Vekhist-idéen (sjå note 54 – *Red.*) har vakse fram, og ein kan skimta hugen til å nå med fredelege middel det som Denikin ikkje greidd, dvs. å skapa den såkalla «eine og udelelege».

Som eit resultat av NEP held det difor på å veksa fram ei ny kraft i det indre livet i landet vårt, nemleg storrussisk sjåvinisme. Han forskansar seg i institusjonane våre, trengjer seg inn i ikkje berre sovjetin-

stitusjonane våre, men og i partiinstitusjonane, og kan verta funnen i alle delar av føderasjonen vår. Dersom vi ikkje kjempar fast mot denne nye krafta, dersom vi ikkje skjer ho av ved rota – og tilhøve under NEP fostrar ho – risikerer vi fylgjeleg å verta stilte andsynes eit brot mellom proletariatet i den tidelegare herrenasjonen og bondene i dei tidlegare undertrykte nasjonane. Dette vil tyda at proletariatets diktatur vert undergrave.

Men NEP fostrar ikkje berre storrussisk sjåvinisme – han fostrar og lokal sjåvinisme, særleg i dei republikkane der det er fleire nasjonalittar. Eg tenkjer på Grusia, Aserbajdsjan, Bukhara og delvis Turkistan. I kvar av desse er det fleire nasjonalitetar, og dei framskridne elementa av desse kan snart byrja å tevla seg imellom om overhøgd. Når det gjeld styrke, er denne lokale sjåvinismen sjølvsagt ikkje ein slik fare som storrussisk sjåvinisme. Men han er likevel ein fare av di han trugar med å gjera nokre av republikkane om til skodeplassar for nasjonalt kjekl og å veikja internasjonalismen sine band der.

Slik er dei internasjonale og dei innanlandske tilhøva som gjer det nasjonale spørsmålet til eit svært viktig førsterangs spørsmål allment, og særskilt viktig no om dagen.

Kva er klasseinnhaldet i det nasjonale spørsmålet? Under dei tilhøva som no er i utviklinga av Sovjet, ligg klasseinnhaldet i det nasjonale spørsmålet i å skipa rette gjensidige samband mellom proletariatet i den tidelegare herrenasjonen og bondene i dei tidlegare undertrykte nasjonalitetane. Spørsmålet om bandet har vorte meir enn drøfta her. Men då dette spørsmålet vart drøfta i samband med meldinga frå Kamenev, Kalinin, Sokolnikov, Rykov og Trotski, var det i hovudsak tilhøva mellom det russiske proletariatet og dei russiske bondene ein tenkte på. Her, på det nasjonale området, har vi ein meir samansett mekanisme. Her gjeld det å skipa rette gjensidige tilhøve mellom proletariatet i den tidelegare herrenasjonen som er den mest siviliserte delen av proletariatet i heile føderasjonen vår, og bondene, hovudsakleg i dei tidlegare undertrykte nasjonalitetane. Dette er klasseinnhaldet i det nasjonale spørsmålet. Problemet vil vera løyst dersom proletariatet lukkast i å skipa tilhøve til bondene i dei andre nasjonalitetane som kan utrydda alle restar av mistru mot alt som er russisk – ei mistru som er innpoda og fostra gjennom tiår med den tsaristiske politikken – og dersom det russiske proletariatet dessutan lukkast i å få til full gjensidig forståing og tiltru ved å fullbyrda ein verkeleg allianse, ikkje berre mellom proletariatet og dei russiske bondene, men og mellom proletariatet og bondene i dei tidlegare undertrykte nasjonalitetane. For å nå dette må proletarmakta vera like kjær for bondene frå dei andre nasjonalitetane som ho

er for dei russiske bøndene. Og for at sovjetmakta skal verta kjær også for bøndene frå desse nasjonalitetane, må dei skjøna ho. Ho må fungera på målet deira, i skulane og i styringsorgana må det vera tilsett lokale folk som kjenner språket, vanane, sedvanane og leveviset til dei ikkje-russiske nasjonalitetane. Sovjetmakta som inntil heilt nyleg var russisk makt, vert ei makt som ikkje berre er russisk, men mellomnasjonal, ei makt som er kjær for bøndene frå dei tidlegare undertrykte nasjonalitetane, først når, og i den mon institusjonane og styringsorgana i republikkane til desse landa byrjar å tala og fungera på morsmålet.

Dette er noko av det grunnleggjande i det nasjonale spørsmålet allment, og under sovjettilhøve særskilt.

Kva er særdraget i løysinga av det nasjonale spørsmålet no i 1923? Kva form har dei problema som må verta løyste på det nasjonale området teke i 1923? Forma med å skipa samarbeid mellom folkesлага i føderasjonen vår på det økonomiske, militære og politiske området. Eg tenkjer på mellomnasjonale tilhøve. Oppgåvene med å skipa rette tilhøve mellom proletariatet i den tidlegare herrenasjonen og bøndene frå dei andre nasjonalitetane ligg til grunn for det nasjonale spørsmålet som no tek den særskilde forma med å skipa samarbeid og brorskapleg samlivnad mellom dei nasjonane som tidlegare var splitta og som no sameiner seg i ein einaste stat.

Dette er kjernen i det nasjonale spørsmålet i den forma det har teke i 1923.

Den konkrete forma til denne statsunionen er unionen av republikkar som vi alt drøfta på sovjetkongressen på slutten av siste året, og som vi då skipa.

Grunnlaget for denne unionen er det friviljuge samtykket og den juridiske likskapen for medlemane i unionen. Friviljug samtykke og likskap – av di det nasjonale programmet vårt tek utgangspunkt i regelen om retten for nasjonar til å vera til som sjølvstendige statar, det som tidlegare vart kalla sjølvråderett. Når vi går ut i frå dette, må vi avgjort seja at ingen union av folkeslag i ein einaste stat kan verta varig utan han er grunna på fullt friviljug samtykke, utan at folka sjølve ynskjer å sameina seg. Det andre grunnlaget er den juridiske likskapen mellom folka som er med i unionen. Det er naturleg. Eg talar ikkje om verkeleg likskap – eg kjem til det seinare – for å skipa verkeleg likskap mellom nasjonar som har smidd saman attendeliggjande og framskridne nasjonar, er ei svært innvikla og svært vanskeleg sak som må taka fleire år. Eg talar no om juridisk likskap. Denne likskapen vert uttrykt ved at alle republikkane, i dette høvet dei fire republikkane Transkaukasasia, Kvitrussland, Ukraina og RSFSR som utgjer unionen, nyt føremonene ved

unionen i same mon, og samstundes i same mon gjev slepp på visse av sjølvstenderettane sine til føremon for unionen. Dersom RSFSR, Ukraina, Kvitrussland og Den transkaukasiske republikken ikkje skal ha sine eigne folkekommisariat for utanrikssakar, så er det klårt at å skaffa desse kommisariata og å skipa eit sams kommisariat for utanrikssaker for heile republikkunionen vil føre med seg at det sjølvstendet som desse republikkane tidlegare hadde, i ei viss mon vil verta avgrensa. Denne avgrensinga vert lik for alle republikkane som er med i unionen. Det er klårt at dersom desse republikkane tidlegare hadde sine eigne folkekommisariat for utanrikshandel og desse kommisariata no er avskaffa både i RSFSR og i dei andre republikkane for å bana vegen for eit sams folkekommisariat for utanrikshandel for republikkunionen, så fører dette og med seg ei viss avgrensing av det sjølvstendet dei før hadde i full mon, men som no er skore ned til bate for den sams unionen, osb., osb. Nokre stiller eit reint skolastisk⁵⁷ spørsmål, nemleg: Held republikkane fram med å vera sjølvstendige etter at dei har sameint seg? Det er eit skolastisk spørsmål. Sjølvstendet deira er avgrensa, for ein kvar union fører med seg ei viss avgrensing av dei tidlegare rettane til dei som er med i unionen. Men det er klårt at dei grunnleggjande elementa for sjølvstendet til kvar av desse republikkane held seg ved lag, om ikkje anna av di kvar republikk enno har retten til å lausriva seg frå unionen etter eige skjøn.

Den konkrete forma som det nasjonale spørsmålet har teke under dei tilhøva som no rår i landet vårt, er difor korleis ein skal nå fram til samarbeid mellom folka i økonomiske og militære saker og i utanrikssaker. Vi må sameina republikkane etter desse linene til ein einaste union som vert kalla USSR. Dette er dei konkrete formene som det nasjonale spørsmålet har teke no.

Men dette er lettare sagt enn gjort. I røynda er saka den at ved sidan av dei faktorane som verkar til at folka vert sameinte i ein stat, er det ei rekke med faktorar som hindrar denne sameininga under dei tilhøva som rår i landet vårt.

De veit at dei faktorane som fremjar sameining, først og fremst er den økonomiske sameininga mellom folka som kom i stand føre sovjetmakta og som vart grunnfest av sovjetmakta, og ei viss arbeidsdeling mellom folka som vart skipa før vår tid, men som vart grunnfest av oss, av sovjetmakta. Det er den grunnleggjande faktoren som gjer at republikkane vert sameinte til ein union. Ein må sjå på innhaldet i sovjetmakta som den andre faktoren som fremjar unionen. Det er naturleg. Sovjetmakta er arbeidarmakt, proletariatets diktatur som ved sjølve innhaldet sitt gjev dei arbeidande elementa i republikkane og folka i unio-

nen hug til å leva i venškaplege tilhøve til kvarandre. Det er naturleg. Og den tredje faktoren som fremjar unionen er den imperialistiske om-lægringa ho formar ein omgivnad som republikkunionen må verka inn-anfor.

Men det er og faktorar som hindrar, som hemmar denne sameininga. Hovudkrafta som hemmar at republikkane sameiner seg til ein union, er, slik eg har sagt, den krafta som veks i landet vårt under NEP-tilhøva: Storrussisk sjåvinisme. Kameratar, det er ikkje på noko vis eit slumpetreff at smjena-vekhistane har fått mange tilhengarar mellom sovjet-tenestemennene. Det er på ingen måte eit slumpetreff. Det er heller ikkje slump at dei gode herrar smjena-vekhistane syng lovsonger til bolsjevik-kommunistane. Dei seier beint fram: De kan tala om bolsjevisme så mykje de vil, de kan preika om dei internasjonalistiske tendensane dykkar alt de vil. Men vi veit at de vil nå det som Denikin ikkje nådde, at de bolsjevikar har vekt til nytt liv, eller i alle høve vil vekkja til nytt liv idéen om eit Stor-Russland. Alt dette er ikkje noko slumpetreff. Det er heller ikkje slump at denne idéen endå til har trengt inn i nokre av partiinstitusjonane våre. Ved februarplenumet der spørsmålet om eit andre-kammer fyrst vart reist, la eg merke til korleis visse medlemar av sentralkomiteen heldt talar som ikkje er i samsvar med kommunismen – talar som ikkje hadde noko med internasjonalisme å gjera. Alt dette er eit teikn i tida, ein farsott. Hovudfaren som oppstår frå dette er at det på grunn av NEP, forstøkkjande snøgt veks fram i landet vårt ein sjåvinisme som går inn for ein einaste nasjon. Han strevar etter å tyna alt som ikkje er russisk, å samla alle styringstrådar på russiske hender og å kjøva alt som ikkje er russisk. Hovudfaren er at med ein slik politikk risikerer vi at dei russiske proletarane misser den tiltrua frå dei tidlegare undertrykte nasjonane som dei vann i oktoberdagane, då dei styrtta godseigarane og dei russiske kapitalistane, då dei knuste lekkjene med nasjonal undertrykking i Russland, trekte attende troppane frå Persia og Mongolia, kungjorde sjølvstende for Finland og Armenia og allment gav eit heilt nytt grunnlag for det nasjonale spørsmålet. Dersom vi alle ikkje væpnar oss mot denne nye, eg tek opp att, storrussiske sjåvinismen som veks fram, som listar seg og lurer seg drope på drope inn i augo og øyro på tenestemennene våre og fordervar dei steg for steg, kan vi missa den tiltrua som vi vann på den tida, ned til siste trevlen. Kameratar, det er denne faren vi må knusa for einkvar pris. Elles er vi truga av framtdsutsikter til å missa all tiltru frå arbeidarane og bøndene i dei tidlegare undertrykte folka. Vi er truga av framtdsutsikter til at banda mellom desse folka og det russiske proletariatet vert brotne, og dette trugar oss med faren for at det vert ei rivne i systemet til diktatu-

ret vårt.

Kameratar, gløym ikkje at når vi kunne marsjera mot Kerenski med flammande faner og styrta den provisoriske regjeringa, så var det mellom anna av di vi vart stodde av tiltrua frå dei undertrykte folka som venta at dei skulle verta frigjorde av dei russiske proletarane. Gløym ikkje slike reservar som dei undertrykte folka som telar, men som gjennom togna si pressar på og avgjer ein god del. Ofte kjenner ein ikkje dette, men desse folka lever, dei er til, og dei må ikkje verta gløymde. Gløym ikkje at dersom vi ikkje hadde hatt dei såkalte «framande» i baklandet til Koltsjak, Denikin, Wrangel og Judenitsj, dersom vi ikkje hadde hatt dei tidlegare undertrykte folka som løyste opp baklandet til desse generalane med den stillteiande sympatiens sin for dei russiske proletarane, dersom det ikkje var for denne sympatien, kunne vi ikkje ha slege ein einaste av desse generalane. Kameratar, dette er ein særskild faktor i utviklinga vår, denne stillteiande samhugen som ingen ser eller høyrer, men som avgjer alt. Medan vi marsjerte mot generalane, byrja opplysinga i baklandet deira. Kvifor? Av di desse generalane var avhengige av kolonistelementa mellom kosakkane. Dei heldt fram for dei undertrykte folka framtidsutsiktar til vidare undertrykking, og dei undertrykte folka vart difor drivne inn i armane våre medan vi falda ut fridomsfana til desse undertrykte folka. Dette avgjorde lagnaden til desse generalane. Slik er den endelege summen av dei faktorane som, når alt kom til alt, avgjorde det heile sjølv om dei vart overskugga av signane til hærane våre. Det må ein ikkje gløyma. Difor må vi gjera ein skarp sving for å kjempa mot dei nye sjåvinistiske kjenslene og setja i gapestokken dei byråkratane i institusjonane våre og dei partikameratane som gløymer kva vi vann i oktober, nemleg tiltrua frå dei tidlegare undertrykte folka. Denne tilliten må vi pleia.

Ein må skjøna at dersom ei kraft som den storruisiske sjåvinismen blømer og spreier seg, så vert det ikkje nokon tillit frå dei tidlegare undertrykte folka, vi får ikkje noko samarbeid innom ein einskilt union, og vi får ikkje nokon republikkunion.

Slik er den fyrste og farlegaste faktoren som hemmar sameininga av folk og republikkar i ein einaste union.

Kameratar, den andre faktoren som og hindrar at dei tidlegare undertrykte folka sameiner seg kring det russiske proletariatet, er den verkelege ulikskapen mellom nasjonane som vi har arva frå den tsaristiske tidbolken.

Vi har kunngjort juridisk likskap og praktiserar han. Men sjølv om juridisk likskap i seg sjølv er svært viktig i utviklingssoga til sovjetrepublikkane, så er han langt frå å vera verkeleg likskap. I forma har alle dei

attendeliggjande nasjonalitetane og alle folka nett like mange rettar som dei andre meir framskridne nasjonane som utgjer føderasjonen vår. Men problemet er at nokre nasjonalitetar ikkje har eigne proletarar, dei har ikkje gått gjennom noko industriell utvikling, dei har ikkje eingong starta på denne vegen. Kulturen deira er uhorveleg attendeliggjande, og dei er heilt ute av stand til å dra føremon av dei rettane revolusjonen har gjeve dei. Kameratar, dette er eit mykje viktigare spørsmål enn skulespørsmålet. Nokre av kameratane våre her meiner at knuten kan verta løyst ved at ein set skule- og språkspørsmålet i forgrunnen. Det er ikkje slik, kameratar. Skular vil ikkje føra dykk særleg langt. Desse skulanle utviklar seg, og det gjer språka og. Men verkeleg ulikskap held seg som grunnlaget for all misnøyen og gnissinga. Skular og språk vil ikkje avgjera saka. Det som trengst er verkeleg, systematisk, ærleg og ekte proletarisk hjelp frå oss til dei arbeidande massane i dei nasjonalitetane som står kulturelt og økonomisk attende. Ved sidan av skular og språk må det russiske proletariatet gjea alle tiltak for å sikra at det vert bygt industrisenter i grenseområda, i dei republikkane som har attendeliggjande kultur – og dei er ikkje attendeliggjande av di dei sjølve har feil, men av di dei tidlegare vart rekna som råvarekjelder. Det har vorte gjort visse freistnader i denne retninga. Grusia har teke ein fabrikk frå Moskva, og han skulle starta verksemda snart. Bukhara har teke ein fabrikk, men kunne ha teke fire. Turkistan tek ein stor fabrikk. Alle røynsler syner difor at desse økonomiske attendeliggjande republikkane som ikkje har noko proletariat, må skipa sine eigne industrisenter sjølv om dei er små, med hjelp frå det russiske proletariatet. Dette må dei gjea for å skipa grupper med lokale proletarar i desse sentra som kan tena som bru mellom dei russiske proletarane og bøndene og dei arbeidande massane i desse republikkane. På dette området har vi mykje å gjera, og berre skular avgjer ikkje saka.

Men det er endå ein tredje faktor som hemmar sameininga av republikkar i ein einaste union: at det er nasjonalisme i dei einskilde republikkane. NEP verkar ikkje berre på russarane, men og på den ikkje-russiske folkesetnaden. Den nye økonomiske politikken utviklar ikkje berre privat handel og industri i sentret av Russland, men og i dei einskilde republikkane. Og det er denne same NEP og den private kapitalen som er knytt til han, som nærer og fostrar grusisk, aserbajdsjansk, usbekisk og annan nasjonalisme. Sjølvsagt, dersom det ikkje fanst nokon storrussisk sjåvinisme – som er aggressiv av di han er sterk og av di han og var sterk tidlegare og har halde på vanen med å undertrykkja og audmjuka – dersom det ikkje fanst nokon storrussisk sjåvinisme, så ville kanskje den lokale sjåvinismen og berre vera til i mykje minska form,

så å sei i miniatyr som hemn mot storrussisk sjåvinisme. For, når alt kjem til alt er anti-russisk nasjonalisme ein måte å forsvara seg på, ei stygg form å forsvara seg på mot storrussisk nasjonalisme, mot storrussisk sjåvinisme. Dersom denne nasjonalismen berre var til forsvar, var han kanskje ikkje verd å gjera noko ståk om. Vi kunne konsentrera heile krafta i verksemda vår, heile krafta i kampen vår mot den storrussiske sjåvinismen, i vona om at så snart denne mektige fienden er overvunnen, så ville antirussisk nasjonalisme vera overvunnen sammen med han. For, eg tek opp att, når alt kjem til alt, er denne nasjonalismen ein reaksjon mot storrussisk nasjonalisme, eit mottiltak mot han, ein viss måte å forsvara seg på. Ja, det ville vera slik dersom anti-russisk nasjonalisme på dei lokale stadene ikkje var meir enn ein reaksjon mot storrussisk nasjonalisme. Men problemet er at i nokre republikkar sleg denne nasjonalismen over i å verta aggressiv nasjonalisme.

Tak Grusia. Meir enn 30 prosent av innbyggjarane er ikkje-grusarar. Mellom desse er det armenarar, abkhazarar, arajar, ossetarar og tatarar. Grusarane er i leiinga. Mellom nokre av dei grusiske kommunistane har den idéen kome opp og vunne fram at det ikkje er særskilt naudsynt å rekna med desse små nasjonalitetane. Dei seier at dei er mindre siviliserte og mindre utvikla, og at det difor ikkje er naudsynt å rekna med dei. Det er sjåvinisme – ein farleg og skadeleg sjåvinisme. For det kan gjera den vesle grusiske republikken til ein stridsskodeplass. I røynda har det alt gjort han til ein stridsskodeplass.

Aserbajdsjan – nasjonaliteten her er aserbajdsjanar, men det er og armenarar der. Mellom ein del av aserbajdsjanarane er det og ein tendens som av og til er helt open, til å meina at aserbajdsjanarane er dei eigentlege innbuarane og at armenarane er innstengjarar. Difor er det mogleg å skuva armenarane noko i bakgrunnen og vanvyrda interesse deira. Det er og sjåvinisme. Det undergrev likskapen mellom nasjonalitetane som sovjetystemet grunnar seg på.

Bukhara. I Bukhara er det tre nasjonalitetar – usbekarar som er den opphavlege nasjonaliteten, turkmenarar som er ein «mindre viktig» nasjonalitet frå synstaden til bukharisk sjåvinisme, og kirgisarar som er få i tal her, og openbert «mindre viktige».

I Khorezm har ein det same, turkmenarar og usbekarar. Usbekarane er den opphavlege nasjonaliteten, og turkmenarane er «mindre viktige».

Alt dette fører til konfliktar og veikjer sovjetstyret. Denne tendensen til lokal sjåvinisme må og verta skoren av ved rota. Samanlikna med storrussisk sjåvinisme som i den allmenne framstillinga av det nasjonale spørsmålet utgjer tre fjerdedelar av heilskapen, er lokal sjåvinisme sjølv sagt ikkje så viktig. Men for lokalt arbeid, for dei lokale innbyggja-

rane og for den fredelege utviklinga av dei nasjonale republikkane sjølve, er denne sjåvinismen ei sak som er svært viktig.

Av og til byrjar denne sjåvinismen å gå gjennom ei svært interessant utvikling. Eg tenkjer på Transkaukasia. De veit at det er tre republikkar med ti nasjonalitetar i Transkaukasia. Frå svært tidlege tider har Transkaukasia vore skodeplass for massakrar og strid, og under mensjevikane og dasjnakan⁵⁸ var det stridsskodeplass. De kjenner den grusisk-armenske krigen. De veit og om massakrane i Aserbajdsjan i byrjinga og på slutten av 1905. Eg kunne nemna ei heil rekke med distrikt der den armeniske majoriteten slakta ned heile resten av innbyggjarane som var tatarar. Eitt døme er Zangesur. Eg kunne nemna ein annen provins – Nakhitsjevan. Tatarane dominerte der, og dei slakta ned alle armenarane. Det var rett før Armenia og Grusia vart frigjorde frå det imperialistiske åket. (Røyst: «Det var deira måte å løysa det nasjonale spørsmålet på»). Sjølvsagt er dette og ein måte å løysa det nasjonale spørsmålet på. Men det er ikkje sovjetmåten. Dei russiske arbeidarane kan sjølvsagt ikkje klandrast for denne stoda med gjensidig nasjonal fiendskap, for det er tatarane og armenarane som slåst, utan russarane. Difor krevst det eit særskilt organ i Transkaukasia for å ordna tilhøva mellom nasjonalitetane.

Ein kan slå fast for visst at tilhøva mellom proletariatet i den tidlegare herrenasjonen og slitarane frå alle dei andre nasjonalitetane utgjer tre fjerdedelar av heile det nasjonale spørsmålet. Men ein fjerdedel av dette spørsmålet må ein leggja til tilhøva mellom dei tidlegare undertrykte nasjonalitetane sjølve.

Og dersom sovjetregjeringa i denne atmosfæren med gjensidig mistru ikkje hadde lukkast i å få til eit organ for nasjonal fred i Transkaukasia som var i stand til å semja alle gnissingar og konfliktar, så ville vi ha gått attende til den tsaristiske tidbolken eller til tidbolken til dasjnakanne, mussavatistane⁵⁹ og mensjevikane, då folk skamfor og slakta ned kvarandre. Difor har sentralkomiteen ved tre høve stadfest at det er naudsynt å halda ved lag Den transkaukasiske føderasjonen som eit organ for nasjonal fred.

Det har vore og er enno ei gruppe med grusiske kommunistar som ikkje protesterer mot at Grusia sameiner seg med republikkunionen, men som protesterer mot at denne unionen vert fullbyrda gjennom Den transkaukasiske føderasjonen. De skjønar, dei ville gjerne verta nærrare knytte til unionen. Dei seier at det ikkje er naudsynt å ha denne skiljeveggen i form av den transkaukasiske føderasjonen mellom seg sjølve – gruserane – og republikkunionen. Dei seier at føderasjonen er overflodig. Dei meiner at dette høyrest svært revolusjonært ut.

Men det er eit anna motiv bakom dette. For det første tyder desse fråsegnene på at haldninga til russarane kjem i andre rekke i Grusia når det gjeld det nasjonale spørsmålet. For desse kameratane, avvikarane (det er det dei vert kalla), protesterer ikkje på at Grusia sluttar seg til unionen beinveges. Det vil sei at dei ottast ikkje den storrussiske sjåvinismen og trur at røtene hans har vorte skorne av på eitt eller anna vis, eller i alle høve at han ikkje er avgjerande viktig. Det dei ottast mest er openbert Den transkaukasiske føderasjonen. Kvifor? Kvifor skulle dei tre hovudnasjonane i Transkaukasias som kjempa seg imellom så lenge, slakta kvarandre ned og kriga mot kvarandre, kvifor skulle desse nasjonane bryta desse føderale banda no, no då sovjetmakta endeleg har knytt dei saman med banda til ein brorskapleg union i form av ein føderasjon, no som denne føderasjonen har gjeve positivt resultat? Kva er poenget, kameratar?

Vitsen er at banda til Den transkaukasiske føderasjonen tek frå Grusia den noko privilegerte plassen det kunne få i kraft av den geografiske plasseringa det har. Sjå sjølve. Grusia har si eiga hamn Batum, som det strøymer varer gjennom frå vesten. Grusia har eit jarnvegsknutepunkt som Tbilisi som armenarane ikkje kan unngå, og heller ikkje Aserbajdsjan, for det får varane sine gjennom Batum. Dersom Grusia var ein særskild republikk, dersom det ikkje var ein del av Den transkaukasiske føderasjonen, så kunne det setja fram noko slikt som eit lite ultimatum både for Armenia som ikkje kan greia seg utan Tbilisi, og for Aserbajdsjan som ikkje kan greia seg utan Batum. Det ville vera nokre føremøner for Grusia i dette. Det var ikkje noko slumpetreff at det illgjetne barbariske påbodet som skipa grensesperringar, vart skrive i Grusia. Se-rebrjakov får no skulda for dette. Lat oss gå med på at han bør klandrast, men påbodet kom opphavleg frå Grusia, ikkje frå Aserbajdsjan eller Armenia.

Dessutan er det ei anna årsak. Tbilisi er hovudstaden i Grusia, men grusarane der er ikkje meir enn 30 prosent av folketalet. Armenarane er ikkje mindre enn 35 prosent, og så kjem alle dei andre nasjonalitetane. Slik er hovudstaden i Grusia. Dersom Grusia var ein særskild republikk, kunne innbyggjarane verta flytta noko om. Dei armenske innbyggjarane kunne til dømes verta flytte frå Tbilisi. Vart det ikkje vedteke eit velkjend påbod i Grusia for å «regulera» folketalet i Tbilisi som kamerat Makharadze sa ikkje var retta mot armenarane? Meininga var å flytta om på innbyggjarane for å minska talet på armenarar i Tbilisi frå år til år og få dei færre enn grusarane, og slik gjera Tbilisi til ein verkeleg grusisk hovudstad. Eg vedgår at dei har avskaffa utkastingspåbodet, men dei har ei veldig mengd med utvegar, ei veldig mengd med tøyele-

ge former – slik som «uttynning» – som ville gjera det mogleg å ordna sakene på ein slik måte at armenarane i Tbilisi ville verta i mindretal samstundes som ein heldt på eit skin av internasjonalisme.

Det er desse geografiske føremонene som dei grusiske avvikarane ikkje ynskjer å missa. Og den ugunstige stoda for grusarane i sjølve Tbilisi der det er færre grusarar enn armenarar, får avvikarane våre til å gå mot føderasjon. Mensjevikane kasta heilt enkelt armenarar og tatarar ut or Tbilisi. Men no under sovjetstyret er utkasting umogleg. Difor ynskjer dei å gå ut or føderasjonen, og dette vil skapa legale høve til å gjera visse operasjonar på eiga hand, som får som resultat at den gunstige stoda for grusarane vert heilt utnytta mot Aserbajdsjan og Armenia. Og alt dette ville skapa ei priviligert stilling for grusarane i Transkaukasia. I dette ligg hele faren.

Kan vi sjå bort frå interessene av nasjonal fred i Transkaukasia og tillata at det vert skapt tilhøve som ville gje grusarane ei priviligert stilling samanlikna med den armenske og den aserbajdsjanske republikken? Nei, det kan vi ikkje tillata.

Det er eit gammalt, særskilt system for å styra nasjonar der ein borgarleg autoritet set visse nasjonalitetar framom dei andre, gjev dei særrettar og audmjuker dei andre nasjonane av di han ikkje ynskjer å verta plaga med dei. Ved å setja ein nasjonalitet framom dei andre på dette viset, nyttar han han til å halda dei andre nede. Slik var til dømes den styringsmetoden som vart nyitta i Austerrike. Alle hugsar fråsegna frå den austrikske statsråden Beust som kalla til seg den ungarske statsråden og sa: «Styr du hordane dine så skal eg hamla opp med mine.» Med andre ord: Hald du i taume og hald nede nasjonalitetane dine i Ungarn, så skal eg halda nede mine i Austerrike. Du og eg representerer priviligerte nasjonar, lat oss halda nede resten.

Det same var tilfellet med polakkane i sjølve Austerrike. Austerrikarane sette polakkane føre dei andre og gav dei særrettar for at polakkane skulle hjelpe austrikarane til å styrkja stillinga si i Polen. Til gjengjeld let dei polakkane kjøva Galitsja.

Dette systemet med å skilja ut nokre nasjonalitetar og gje dei særrettar for å greia å halda dei andre i age, er reint og særskilt austriksk. Frå byråkratiet sin synstad er det ein «økonomisk» styringsmetode av di han berre må bry seg med ein nasjonalitet. Men frå den politiske synstaden tyder det den visse daude for staten. For å gjera vald på prinsippet med likskap mellom nasjonalitetar og å gje særrettar til nokon einskild nasjonalitet, tyder å døma den nasjonale politikken sin til eit sikert nederlag.

Storbritannia styrer no over India nett på same viset. For å gjera det

lettare – utfrå byråkratiet sin synsstad – å handsama nasjonalitetane og rasane i India, delte Storbritannia India i Britisk India (folketal på 240 000 000) og Det innfødde India (folketal på 72 000 000). Kvifor? Av di Storbritannia ynskte å skilja ut ei gruppe med nasjonar og gje ho særrettar for å gjera det lettare å styra dei nasjonalitetane som stod att. Det er fleire hundre nasjonalitetar i India, og Storbritannia vedtok at heller enn å bry seg med desse nasjonalitetane så var det betre å skilja ut noko få nasjonar, gje dei visse særrettar og styra resten gjennom dei. For, for det første ville misnøyen til dei andre nasjonane verta retta mot dei som hadde særrettar, og ikkje mot Storbritannia, og for det andre ville det verta billegare å måtta «bry seg» med berre to eller tre nasjonar.

Det britiske systemet er og eit styringssystem. Kva fører det til? Til at apparatet vert «billegare» – det er sant. Men, kameratar, når ein ser bort ifrå kva som høver for byråkratiet, så tyder det den visse daude for det britiske styret i India. Dette systemet huser uunngåeleg daude så visst som at to og to er fire, dauden for britisk styre og britisk herreveld.

Det er utpå denne farlege stigen kameratane våre, dei grusiske avvikarane, skuver oss ved å setja seg mot føderasjonen medan dei krenkjer alle partilovene, og ved at dei vil trekkja seg ut or føderasjonen for å få ei gunstig stilling. Dei skuver oss ut på vegen med å gje dei visse særrettar på kostnad av den armenske og den aserbajdsjanske republikken. Men dette er ein veg vi ikkje kan slå inn på, for han tyder den visse daude for heile politikken vår og for sovjetmakta i Kaukasus.

Det var ikkje noko slumpetreff at kameratane våre i Grusia skjøna denne faren. Denne grusiske sjåvinismen som hadde kome på offensi-ven mot armenarane og aserbajdsjanarane, uroa det grusiske kommunistpartiet. Det grusiske kommunistpartiet, som har halde to kongressar sidan det vart legalt, synte ved både høve heilt naturleg samrøystes attende standpunktet til dei avvikande kameratane. For under dei tilhøva som no er, er det umogleg å halda opp freden i Kaukasus, og umogleg å få til likskap utan Den transkaukasiske føderasjonen. Ein nasjon må ikkje få fleire særrettar enn ein annan. Dette har kameratane våre skjøna. Difor er Mdivani-gruppa⁶⁰ etter to års strid ein liten handfull som fleire gonger er støytt ut av partiet i sjølve Grusia.

Det er heller ikkje noko slumpetreff at kamerat Lenin hadde det så travelt og heldt så sterkt på at føderasjonen skulle verta skipa med ein gong. Det var heller ikkje noko slumpetreff at sentralkomiteen vår ved tre høve stadfesta at det var naudsynt med ein føderasjon i Transkaukasia med ein eigen sentrale eksekutivkomite og si eiga utøvande makt med avgjerder som skulle vera bindande for republikkane. Det var ikkje noko slumpetreff at både kommisjonane – han til kamerat Dzerzsjinski,

og han til Kamenev og Kujbysjev, slo fast då dei kom til Moskva at ein ikkje kunne vera føderasjonen forutan.

Til sist er det heller ikkje noko slumpetreff at mensjevikane i *Sotsialistisjeski Vestnik*⁶¹ lovpriser dei avvikande kameratane våre og roser dei opp i skyene for å ha gått imot føderasjonen. Dei er alen av same stykkjet.

Eg går no over til å undersøkja dei måtane vi må nytta for å reinska ut desse tre hovudfaktorane som hindrar sameining: Stor-russisk sjåvinisme, verkeleg ulikskap mellom nasjonar og lokal nasjonalisme, særleg når han veks til sjåvinisme. Eg vil nemna tre av dei midla som smertelaust kan hjelpa oss til å kvitta oss med heile den arven frå fortida som hindrar folka i å koma saman.

Det fyrste midlet er å nytta alle tiltak for å gjera sovjetstyret forstått og elska i republikkane, å gjera sovjetstyret ikkje berre russisk, men mellomnasjonalt. For dette er det naudsynt at ikkje berre skulane, men alle institusjonar og alle organ, både i partiet og sovjetorganana, steg for steg vert gjort nasjonale i innhald, at dei må verta drivne i det språket som massane skjønar og at dei fungerar på eit vis som samsvarer med leveviset til den nasjonen det gjeld. Berre på dette vilkåret vil vi verta i stand til å gjera sovjetstyret om frå eit russisk til eit mellom-nasjonalt styre som vert skjøna og er nært og kjært for dei arbeidande massane i alle republikkar, særskilt dei som er attendeliggjande i økonomi og kultur.

Det andre midlet som smertelaust kan hjelpa oss til å verta kvitt arven frå tsarismen og borgarskapet, er å byggja opp kommisariata i republikkunionen på eit slikt vis at i det minste dei viktigaste nasjonalitetane vert i stand til å ha sine folk i kollegia, og å skapa ei stode der tronen og krava til dei einskilde republikkane vert stetta utan unntak.

Det tredje midlet er: Det er naudsynt at det mellom dei øvste sentrale organa våre er eitt som utan unntak uttrykkjer det som alle republikkane og nasjonalitetane treng og krev.

Eg vil særleg gjera dykk merksame på dette siste midlet.

Dersom vi kunne skapa to kammer med lik makt innan sentralesekutivkomiteen i unionen, der det eine vert valt på unionkongressen til sovjeta utan omsyn til nasjonalitet, og det andre av republikkane og dei nasjonale regionane (republikkane vert likt representerte, og dei nasjonale regionane vert likt representerte), og godkjend av den same sovjetkongressen i republikkunionen, så meiner eg at då ville dei øvste institusjonane våre ikkje berre unntakslaust uttrykkja klasseinteressene til heile det arbeidande folket, men og reint nasjonale krav. Vi ville ha eit organ som ville uttrykkja dei særskilte interessene til nasjonalitetane,

folka og rasane som bur i republikkunionen. Under dei tilhøva som rår i unionen vår som alt i alt sameiner 140 000 000 menneske, mellom desse 65 000 000 ikkje-russarar, i eit slikt land er det umogleg å styra dersom vi her i Moskva i det øvste organet vårt ikkje har med oss ut-sendingar frå desse nasjonalitetane som ikkje berre skal uttrykkja dei sams interessene til heile proletariatet, men og særleg og særskilde nasjonale interesser. Kameratar, utan dette vil det vera umogleg å styra. Dersom vi ikkje har dette barometeret og folk som greier å formulera kva dei einskilde nasjonalitetane særskilt treng, så vert det umogleg å styra.

Det er to måtar å styra eit land på. Ein måte er å ha eit «forenkla» apparat med, lat oss seie ei gruppe menneske eller ein mann i toppen, som har guvernørar til hender og augo på dei lokale stadene. Dette er ei svært enkel styringsform. Under ho får herskaren når han styrer landet, slike opplysningar som han kan få frå guvernørar, og han trøystar seg med vona om at han styrer ærleg og godt. Så oppstår gnissing. Gnissin-ga veks til samanstøytar, og samanstøytnane til opprør. Seinare vert opprøra knuste. Eit slikt styringssystem er ikkje vårt system, og dessutan er det for dyrt sjølv om det er enkelt. Men det finst eit anna styrings-system, sovjet-systemet. I sovjetlandet vårt har vi dette andre styrings-systemet som er eit system som set oss i stand til å sjå heilt nøyde på førehand alle endringar, alle tilhøve mellom bøndene, mellom innbu-rane, mellom dei såkalte «framande» og mellom russarane. Dette syste-met med øvste organ har ei rekke barometer som varslar kvar endring, som registrerer og åtvarar mot ei Basmatsj-rørsle,⁶² som er ei banditrørsle, mot Kronstadt⁶³ og alle moglege stormar og katastrofer. Det er det sovjetiske styringssystemet. Det er kalt sovjetmakt, folkemakt. For, av di det lit på det vanlege folket, er det det fyrste til å registrera kva endring som helst. Det gjer dei tiltake som høver, og korrigerer lina i tide dersom ho har vorte rengd. Det gjer sjølvkritikk og korrigerer lina. Dette styringssystemet er sovjet-systemet, og det krev at systemet med dei høgre organa våre skulle femna om organ som utrykkjer absolutt alt det som nasjonane treng og krev.

Ein har innvendt at dette systemet vil gjera administrasjonsarbeidet meir innfløkt, at det tyder å setja opp fleir og fleir organ. Det er sant. Til no hadde vi sentraleksekutivkomiteen til RSFSR. Så skapte vi sentra-leksekutivkomiteen for unionen, og no vert vi nøydde til å kløyva sen-traleksekutivkomiteen for unionen i to. Men det får ikkje hjelpa. Eg har alt sagt at den enkleste styringsforma er å ha ein mann og å gje han gu-vnørar. Men no, etter Oktoberrevolusjonen, kan vi ikkje gje oss i kast med slike forsøk. Systemet har vorte meir samansett, men det gjer det

lettare å styra og gjev heile styringssystemet ein grunnleggjande sovjetisk karakter. Difor meiner eg at kongressen må vera samd i at det vert sett opp eit særskild organ, eit andrekkamer innan sentraleks-ekutivkomiteen for unionen, sidan det er heilt avgjerande.

Eg seier ikkje at dette er ein fullkommen måte å få til samarbeid mellom folka i unionen på. Eg seier ikkje at det er det siste ordet i vitskapen. Vi skal setja fram det nasjonale spørsmålet gong på gong, for dei nasjonale og dei internasjonale tilhøva endrar seg og kan endra seg igjen. Eg nektar ikkje for at det er mogleg at kanskje nokre av dei kommisariata som vi smeltar inn i republikkunionen må skiljast ut att der som røynsla syner at dei ikkje er tilfredsstillande etter at dei er smelta inn. Men ein ting er klår, nemleg at under dei tilhøva og i dei omstenda som er no, er det ikkje tilgjenge på nokon betre metode og eit meir høveleg organ. Til no har vi ikkje nokon betre måte eller noko betre middel til å skapa eit organ som er i stand til å registrera alle svingingane og alle endringane som finn stad i dei einskilde republikkane, enn å oppretta eit andrekkamer.

Det er sjølv sagt at andrekkameret må ha utsendingar ikkje berre frå dei fire republikkane som har gått saman, men frå alle folka. For spørsmålet gjeld ikkje berre dei republikkane som har sameint seg formelt (det er fire av dei), men alle folka og nasjonalitetane i republikkunionen. Difor krev vi ei form som unntakslauast uttrykkjer kva alle nasjonalitetane og republikkane treng.

Eg skal no oppsummera, kameratar.

Kor viktig det nasjonale spørsmålet er, vert difor avgjort av den nye internasjonale stoda, av at her i Russland, i føderasjonen vår, må vi løysa det nasjonale spørsmålet på ein rett måte som kan stå som førebilete for Austen, som utgjer dei tunge reservane for revolusjonen. Ved dette vil vi auka tilliten deira til føderasjonen vår og gjera han meir tiltrekkjande for dei.

Ut frå den indre stode tvingar dei tilhøva som er skapte av NEP og den aukande stor-russiske sjåvinismen og lokal sjåvinisme oss og til å leggja vekt på kor særskilt det nasjonale spørsmålet er.

Vidare sa eg at det vesentlege i det nasjonale spørsmålet ligg i å få til rette tilhøve mellom proletariatet i den tidlegare herrenasjonen og bøndene i dei tidlegare undertrykte nasjonane, og at frå denne synsstanden er den konkrete forma til det nasjonale spørsmålet i augneblinken uttrykt ved at ein må finna vegar og middel for å få til samarbeidet mellom folka innom ein republikkunion, innom ein einskild stat.

Eg talte vidare om dei faktorane som er avgjerande for at folka slik kjem saman. Eg talte om dei faktorane som hindrar ei slik sameining.

Eg snakka særskilt lenge om stor-russisk sjåvinisme som ei kraft som veks i styrke. Den krafta er hovudfaren og er i stand til å undergrava den tilfliten dei tidlegare undertrykte folka har til det russiske proletariatet. Ho er ein svært farleg flende som vi må vinna over. For med ein gong vi har vunne over ho, skal vi vinna over ni tidelar av den nasjonalismen som har overlevt og som veks i visse republikkar.

Vidare står vi andsynes den faren at visse grupper av kameratar kan skuva oss ut på vegen med å gje særrettar til nokre nasjonalitetar på kostnad av andre. Eg har sagt at vi ikkje kan slå inn på denne vegen av di han kan undergrava den nasjonale freden og drepa tilliten til sovjetmakta frå massane i dei andre nasjonane.

Vidare sa eg at hovudmidla som vil setja oss i stand til å gjera det av med dei faktorane som hindrar samaining mest smertefritt, ligg i at det vert skipa eit andrekkamer i sentraleksekutivkomiteen. Eg talte opnare om dette under februarplenumet i sentralkomiteen, og det er handsama i ei meir tilslørt form i tesane, for å kanskje setja kameratane sjølve i stand til å peika på ei eller anna meir bøyeleg form, eit eller anna meir høveleg organ som er i stand til å uttrykkja interessene til nasjonalitetane.

Slik er slutningane.

Eg meiner at berre på dette viset vil vi verta i stand til å nå ei rett løysing på det nasjonale spørsmålet og verta i stand til å falda fana til den proletariske revolusjonen vidt ut, og vinna for han sympatiene og tilliten frå landa i Austen som er dei tunge reservane til revolusjonen. Desse kan spela ei avgjerande rolle i dei slaga som kjem i framtida mellom proletariatet og imperialismen. (*Applaus.*)

SVAR TIL DISKUSJONEN

25. april

Kamerater, før eg går over til å leggja fram meldinga om kva som er gjort i komiteen som arbeider med det nasjonale spørsmålet, lat meg gå lov til å ta opp to hovedpunkt som svar til dei som har hatt ordet i diskusjonen om meldinga mi. Det vil taka tjue minutt, ikkje meir.

Det første punktet er at ei gruppe kameratar, med Bukharin og Raskovski i brodden, har lagt for mykje vekt på det nasjonale spørsmålet, har overdrive det og har late det overskugga samfunnsspørsmålet, spørsmålet om makta til arbeidarklassen.

Det er klårt for oss som kommunistar at grunnlaget for alt arbeidet vårt ligg i at vi styrkjer makta til arbeidarane, og at vi fyrst etter det står

andsynes det andre spørsmålet, eit svært viktig spørsmål, men underordna det fyrste, nemleg det nasjonale spørsmålet. Vi får høyra at vi ikkje må støyta dei ikkje-russiske nasjonalitetane. Det er heilt sant, eg er samd i at vi ikkje må støyta dei. Men frå dette å utvikla ein ny teori som går ut på at det storrussiske proletariatet må stillast ulikt i høve til dei nasjonane som var undertrykte tidlegare, er meiningslaust. Noko som berre var ein talemåte i den velkjende artikkelen til kamerat Lenin, har Bukharin skapt om til eit regelrett slagord. Ikkje dess mindre er det klårt at det politiske grunnlaget for proletariatets diktatur fyrst og fremst og i hovudsak er dei sentrale, industrialiserte regionane, og ikkje grenseregionane som er bondeland. Dersom vi gjer for mykje av bonde-regionane ved grensene på kostnad av dei proletariske distrikta, kan dette føra til ei rivne i systemet med proletariatets diktatur. Det er farleg, kameratar. Vi må ikkje overdriva noko i politikken på same måten som vi ikkje må undervurdera noko.

Ein bør ha i tankane at i tillegg til nasjonane sin sjølvråderett, finst og retten arbeidarklassen har til å grunnfesta makta si, og sjølvråderetten er underordna den retten. Det finst tilfelle då sjølvråderetten støyter mot ein annan, høgre rett, – retten arbeidarklassen som er komen til makta har, til å grunnfesta makta si. I slike høve – dette må seiast rett ut – kan og må ikkje sjølvråderetten tena som ei hindring for arbeidarklassen når det gjeld å utøva retten til diktatur. Det fyrstnemnde må vika for det sistnemnde. Slik var det til dømes i 1920 då vi var nøydde til å marsjera mot Warszawa for å forsvara makta til arbeidarklassen.

Det må difor ikkje gløymast at når ein deler ut alle slag lovnader til dei ikkje-russiske nasjonalitetane, når ein bukkar og skrapar for representantane frå desse nasjonalitetane, slik visse kameratar har gjort på denne kongressen, må ein halda det klårt føre seg at i den indre og ytre situasjonen vi står i, vert rekkevidda av det nasjonale spørsmålet og grensene for kva område det gjeld, så å seia, avgrensa av rekkevidda til og området «arbeidarspørsmålet» gjeld for. Det sistnemnde er det mest grunnleggjande spørsmålet.

Mange talarar viste til notat og artiklar av Vladimir Iljitsj. Eg vil ikkje sitera læremesteren min, kamerat Lenin, sidan han ikkje er her, og av di eg er redd for at eg kanskje skulle koma til å sitera han gale og uheldig. Eg er likevel nøydd til å sitera ei setning som er aksiomatisk* og som ikkje kan føra til mistydingar, så det ikkje skal finnast tvil att i tankane til kameratane når det gjeld den relative vekta det nasjonale

**Aksiomatisk setning:* læresetning som er sjølvinnlysande rett og som ikkje treng provast. – Red.

spørsmålet har. Då han analyserte Marx sitt brev om det nasjonale spørsmålet i ein artikkel om sjølvråde, drog kamerat Lenin denne sluttinga:

«Marx var ikkje i tvil om at det nasjonale spørsmålet veg lettast når det vert samanlikna med arbeidarspørsmålet.⁶⁴

Dette er berre to liner, men dei er avgjeraende. Og dette skulle ein del av kameratane våre som er meir nidkjære enn kloke, få banka inn i hovudet.

Det andre punktet gjeld stor-russisk sjåvinisme og lokal sjåvinisme. Rakovski og særleg Bukharin talte om dette, og den sistnemnde gjorde framlegg om at det punktet som handlar om kor skadeleg den lokale sjåvinismen er, skulle strykast. Argumentet detra var at det ikkje er naudsynt å bry seg med ein liten orm som lokal sjåvinivme når vi står andsynes ein «Goliat» som stor-russisk sjåvinisme. Allment sto Bukharin der med angrande sinn. Det er naturleg – han har synda mot nasjonalitetane i åretal og nekta dei sjølvråderett. Det var på høg tid at han angra. Men då han angra, gjekk han over til den andre ytterkanten. Det er pussig at Bukharin oppfordrar partiet om å fylgja hans døme og angra, sjølv om heile verda veit at partiet ikkje på nokon måte er innblanda, for heilt frå skipinga (1898) har det godkjent sjølvråderetten og det har difor ikkje nokon grunn til å angra. Saka er at Bukharin ikkje har forstått innhaldet i det nasjonale spørsmålet. Når det vert sagt at kampen mot stor-russisk sjåvinisme må gjerast til hjørnestenen i det nasjonale spørsmålet, er meinings å peika på kva plikter den russiske komunisten har. I det ligg det at kvar russisk kommunist sjølv har plikt til å nedkjempa russisk sjåvinisme. Dersom striden mot russisk sjåvinisme vart teken opp av turkistanske eller grusiske kommunistar, men ikkje av dei russiske komunistane, ville dette verta tolka som antirusisk sjåvinisme. Det ville rota til heile saka og styrkja den stor-russiske sjåvinismen. Berre dei russiske komunistane kan taka på seg striden mot den stor-russiske sjåvinismen og føra han til endes.

Og kva er så meiningsa når det vert gjort framlegg om å stri mot lokal sjåvinisme? Meiningsa er å peika på plikta til lokale komunistar, plikta dei ikkje-russiske komunistane har til å kjempa mot sine eigne sjåvinistar. Kan ein nekta for at det finst avvik i retning anti-russisk sjåvinisme? Heile kongressen har faktisk sett sjølv at det finst lokal sjåvinisme, – grusisk, basjkirsk og andre slag og at denne må nedkjempast. Russiske komunistar kan ikkje nedkjempa tatarisk, grusisk eller basjkirsk sjåvinisme. Om ein russisk kommunist skulle taka på seg den

vanskelege oppgåva med å nedkjempa tatarisk eller grusisk sjåvinisme, ville det verta sett på som ein strid ein storruussisk sjåvinist førde mot tatarane eller grusarane. Det ville rota til heile saka. Berre tatariske, grusiske og andre kommunistar kan nedkjempa tatarisk, grusisk og anna sjåvinisme. Berre dei grusiske kommunistane kan nedkjempa grusisk nasjonalisme og sjåvinisme med framgang. Dette er plikta til dei ikkje-russiske kommunistane. Difor er det naudsynt å visa til denne tosidige oppgåva i tesane, – dei russiske kommunistane si oppgåve (eg tenkjer på striden mot stor-russisk sjåvinisme) og dei ikkje-russiske kommunistane si oppgåve (eg tenkjer på striden dei må føra mot anti-armensk, anti-tatarisk, anti-russisk sjåvinisme). Elles vil tesane verta einsidige, det vil ikkje verta nokon internasjonalisme, korkje i stats- eller partisaker.

Om vi berre kjempar mot storruussisk sjåvinisme vil dette mørklegga den striden tatariske og andre sjåvinistar fører, ein strid som utviklar seg i lokalområda og som er særskilt farleg no under vilkåra med NEP. Vi kan ikkje unngå å stri på to frontar, for vi kan berre vinna framgang om vi kjempar på to frontar – på den eine sida mot storruussisk sjåvinisme som er hovudfaren i oppbyggingsarbeidet vårt, og på den andre sida mot lokal sjåvinisme. Om vi ikkje fører ein slik tosiktig strid vil det ikkje kunna verta nokon solidaritet mellom dei russiske arbeidarane og bøndene og arbeidarar og bønder frå andre nasjonalitetar. Dersom vi ikkje fører denne striden, kan det føra til at lokal sjåvinisme vert nort, ein politikk med lefbling for lokalsjåvinismen. Det kan vi ikkje tillata.

Lat meg få lov til å sitera kamerat Lenin her. Eg skulle ikkje ha gjort det, men sidan det er så mange kameratar her på kongressen vår som siterer kamerat Lenin i aust og vest og rengjer det han seier, så lat meg få lov til å lesa opp nokre få ord frå ein velkjend artikkel han har skrive:

«Proletariatet må krevja fridom til politisk lausriving for dei koloniane og nasjonane som er undertrykte av deira nasjon. Om det ikkje gjer det, vil proletarisk internasjonalisme berre verta ein meiningslaus frase, og det vil korkje verta råd å få til innbyrdes tillit eller klassesolidaritet mellom arbeidarane i den undertrykkjande og den undertrykte nasjonen.»⁶⁵

Dette er så å seia pliktene til proletarane i herrenasjonen eller den tidlegare herrenasjonen. Så går han over til å tala om pliktene proletarane eller kommunistane i dei tidlegare undertrykte nasjonane har:

«På den andre sida må sosialistane i dei undertrykte nasjonane særleg kjempa for og setja ut i livet full og absolutt einskap, med-

rekna organisatorisk einskap, mellom arbeidarane i den undertrykte nasjonen og arbeidarane i undertrykkjarnasjonen. Om dei ikkje gjer det, er det uråd for proletariatet å halda på ein sjølvstendig politikk og på klassesolidaritet med proletariatet i andre land mot all svik og lureri frå borgarskapet. For borgarskapet i dei undertrykte nasjonane gjer stendig slagorda om nasjonal frigjering om til eit middel for å lura arbeidarare.»

Som de ser, dersom vi skal fylgja i kamerat Lenin sine fotefar – og ein del kameratar har svore til han – må begge tesane framleis vera med i fråseguna, både tesen om å nedkjempa storrussisk sjåvinisme og tesen om å nedkjempa lokal sjåvinisme, som to sider av same sak, som tesar om å nedkjempa sjåvinismen allment.

Med dette sluttar eg av svara mine til dei som har hatt ordet her.

Lat meg no få leggja fram melding om det som er gjort i komiteen som arbeider med det nasjonale spørsmålet. Komiteen brukte tesane til sentralkomiteen som utgangspunkt. Det endra ikkje på noko på seks punkt i desse tesane, nemleg nr. 1, 2, 3, 4, 5, og 6. Det var usemje i komiteen, først og fremst i spørsmålet om dei autonome republikkane først skulle eller ikkje skulle gå ut av RSFSR, og om dei sjølvstendige republikkane i Kaukasus skulle ut av Den transkaukasiske føderasjonen, for så å gå med i unionen av republikkar kvar for seg. Dette var eit framlegg frå ein del av dei grusiske kameratane, men som vi veit er det eit framlegg som ikkje møter nokon velvilje i sendelaga fra Grusia, Armenia og Aserbajdsjan. Komiteen drøfta dette spørsmålet og gjekk med overveldande fleirtal inn for å halda på framlegget i tesane, nemleg at RSFSR skal halda fram å vera ei heilskapleg eining, at Den transkaukasiske føderasjonen og skal halda fram å vera ei heilskapleg eining, og at begge skal gå inn i unionen av republikkar slik. Ikkje alle framlegga denne delen av dei grusiske kameratane la fram vart sette til røysting, av di forfattarane trekte dei attende då dei såg at framlegga ikkje møtte nokon velvilje. Striden om dette spørsmålet var alvorleg.

Det andre spørsmålet det var strid om, var spørsmålet om korleis andrekammeret skulle setjast saman. Ein del kameratar (mindretallet) gjorde framlegg om at andrekammeret ikkje skulle vera sett saman av utsendingar frå alle republikkane, nasjonalitetane og regionane, men at det skulle byggjast på representasjon frå fire republikkar, nemleg RSFSR, Den transkaukasiske føderasjonen, Kviterussland og Ukraina. Fleirtalet avviste dette framlegget og komiteen gjekk mot det på grunn av at det ville vera meir tilrådeleg å skipa andrekammeret etter prinsippet om lik representasjon frå alle republikkane (både dei sjølvstendige

og dei autonome) og frå alle nasjonale regionar. Eg skal ikkje leggja fram argumenta på dette punktet då Rakovski, talsmannen for mindretalet, har tenkt å ta ordet for å underbyggja framleggget sitt som komiteen avviste. Etter at han har hatt ordet, skal eg leggja fram argumenta mine.

Det var og strid, men ikkje så svært hard, om spørsmålet om det skulle gjerast eit tillegg i tesane for å peika på at det er naudsynt å ta omsyn både til Austen og Vesten når ein skal løysa det nasjonale spørsmålet. Dette tillegget vart sett til røysting. Det var mindretala sitt tillegg, lagt fram av Rakovski. Komiteen avviste det. Eg skal ta ordet om dette spørsmålet og når Rakovski har tala.

Eg skal lesa tillegga vi godkjende. Seks punkt vart vedtekne slik dei sto. I punkt sju, andre avsnittet, tredje lina, før orda «Difor er den fremste av dei nærmaste oppgåvene til partiet å nedkjempa med stor styrke», skal fylgjande setjast inn:

«Situasjonen i fleire nasjonale republikkar (Ukraina, Kviterussland, Aserbajdsjan, Turkestan) vert floka til av at ein stor del av arbeidarklassen, som er den viktigaste skansen til sovjet-systemet, høyrer til den storrussiske nasjonalitetten. I desse distrikta møter arbeidet med å knyta eit band mellom by og land, mellom arbeidarklassen og bøndene, umåteleg sterke hindringar i form av leivningar av storrussisk sjåvinisme både i parti- og sovjetorgan. Under slike tilhøve er snakk om at russisk kultur er overlegen og det å hevda at den høgre russiske kulturen heilt uomgjengelg må sigra over kulturen til dei meir tilbakeliggjande folka (ukrainarar, aserbajdsjanar, usbekar, kirgisarar, osb.) ikkje noko anna enn ein freistnad på å eviggjera dominansen til den storrussiske nasjonalitetten».

Eg godtok dette tillegget av di det gjer tesane betre.

Det andre tillegget gjeld og punkt sju. Før orda «Elles er det ikkje nokon grunn til å venta», skal fylgjande leggjast til:

«Denne hjelpa må fyrst og fremst få uttrykk i at ein gjennomfører ei rad praktiske tiltak i republikkane til dei tidlegare undertrykte nasjonalitetane for å skipa industriksentra med størst mogleg deltaking frå folk frå området. I samsvar med fråsegna frå den tiande kongressen, må endelig denne hjelpa verta fylgd opp med at dei arbeidande massane stirr for å styrkja stillinga si i samfunnet andsynes dei lokale og innvandra øvre utbyttarlag, som aukar som fylgje av NEP. Sidan desse republikkane i hovudsak er jordbruksdistrikt, må dei indre samfunnsmessige tiltaka fyrst og fremst gå ut på å dela ut jord til dei arbeidande massane frå det ein har til rådvelde av statsjord.»

Vidare, i det same punkt sju, i midten av andre avsnittet der det er

tale om grusisk sjåvinisme, aserbajdsjansk sjåvinisme, osb., skal det setjast inn: «armensk sjåvinisme, osb.». Dei armenske kameratane ville ikkje at armenarane skulle haldast ute i kulden, dei ville at deira sjåvinisme skulle nemnast og.

Vidare, i punkt åtte i tesane, etter orda «ein og udeleleg», set de inn:

«Vi må sjå det som ein liknande arv frå fortida at somme regjeringsdepartement i RSFSR strevar for å underordna under seg dei sjølvstendige kommisariata i dei autonome republikkane og for å bu grunnen for å gjera desse siste til inkje.»

Vidare, i punkt åtte set de inn:

«og kunngjera at det er absolutt naudsynt at det finst nasjonale republikkar og at dei vert utvikla vidare».

Vidare, punkt ni. Det skal byrja slik:

«Unionen av republikkar som er skipa etter prinsippa om likskap og friviljug samtykke frå arbeidarane og bøndene i dei ulike republikkane, er det fyrste eksperimentet proletariatet har gjort når det gjeld å regulera dei innbyrdes internasjonale tilhøva til sjølvstendige land, og det fyrste steget mot å skapa ein Arbeidets sovjetrepublikk for heile verda i framtidia».

Punkt ti har eit underpunkt «a» – eit nytt underpunkt «a» vart sett inn før dette, og det lyder slik:

«a) når ein byggjer opp dei sentrale organa i unionen, må ein tryggja like rettar og plikter for dei einskilde republikkane, både i tilhøva delra til kvarandre og i tilhøva deira til dei sentrale styresmaktene i unionen».

Så fylgjer underpunkt «b» med same teksten som det tidlegare underpunkt «a»:

«b) innanfor systemet med høgre organ i unionen må det skipast eit særskilt organ som representerer alle dei nasjonale republikkane og nasjonale regionane utan unntak og med grunnlag i likskap. Så langt som råd må det syta for at alle nasjonalitetar i desse republikkane vert representerte».

Så kjem det som var underpunkt «b» og som no er underpunkt «c», med fylgjande ordlyd:

«c) dei utøvande organa til unionen bør byggjast på prinsipp som tryggjar at representantar for republikkane verkeleg blir med i desse organa, og stetta trøngen og krava til folka i unionen».

Så kjem underpunkt «d», eit tillegg:

«d) republikkane bør få tildelt så store finanzielle fullmakter, og særleg budsjettfullmakter, at dei vert i stand til å syna initiativ i statsadministrasjonen og i kultursaker og økonomiske saker».

Så kjem det tidlegare underpunktet «c» som underpunkt «e».

«e) i organa i dei nasjonale republikkane og regionane bør arbeidsstokken i hovudsak vera lokale innbyggjarar som kjenner språket, leve-måten, sedene og skikkane til folka det gjeld».

Vidare er eit nyt underpunkt lagt til, nemleg «f»:

«f) det bør vedtakast særskilde lover som tryggjer at morsmålet vert nytta i alle statsorgan og i alle institusjonar som tener den lokale og nasjonale folkesetnaden og nasjonale minoritetar – lover som vil tiltala og straffa med full revolusjonær strengleik alle som krenkjer dei nasjonale rettane, og særleg rettane til nasjonale minoritetar».

Så kjem underpunkt «g», eit tillegg:

«g) opplæringsverksemda i den rauden hæren bør aukast med det for augo å poda inn ideane om brorskap og solidaritet mellom folka i unionen, og praktiske tiltak for å organisera nasjonale militæreiningar må setjast i verk. Alt dette er naudsynte tiltak som må gjerast for å tryggja at republikkane har full forsvarsevne».

Dette er tillegga som vart vedtekne av komiteen. Eg har ikkje nokon innvendingar mot dei, sidan dei gjer tesane meir konkrete.

Når det gjeld Del II vart det ikkje sett fram nokon viktige tillegg. Det var nokre små tillegg som den kommisjonen som komiteen for det nasjonale spørsmålet peika ut, vedtok å leggja fram for den komande sen-tralkomiteen.

Såleis vert Del II ståande slik han vart delt ut i det trykte materialet.

HØGRE- OG «VENSTRE» FOLKA I DEI NASJONALE REPUBLIKKANE OG REGIONANE

*Tale om det første emnet på saklista for konferansen:
«Sultan-Galijev-saka»*

10. juni

Eg har teke ordet for å leggja fram ein del merknader til talane til kameratane som har hatt ordet her. Når det gjeld prinsippa som ligg i Sultan-Galijev-saka skal eg freista å taka dei opp i meldinga mi om det andre punktet på saklista.

For det fyrste – til sjølve konferansen. Ein eller annan (eg har gløymt akkurat kven det var) sa her at denne konferansen er ei uvanleg hending. Det stemmer ikkje. Slike konferansar er ikkje noko nytt for partiet vårt. Dagens konferanse er den fjerde i sitt slag som er halden etter at sovjetmakta vart skipa. Fram til byrjinga av 1919 var det halde tre slike konferansar. Tilhøva på den tida gjorde det råd for oss å kalla inn til slike konferansar. Men seinare, etter 1919, i 1920 og 1921, då vi var fullt opptekne med borgarkrigen, hadde vi ikkje tid til konferansar av dette slaget. Fyrst no når vi er ferdige med borgarkrigen, no når vi har gått djupt inn i arbeidet med økonomisk oppbygging, no når sjølve partiarbiedet er vorte meir konkret, særleg i dei nasjonale republikkane og regionane, er det atter mogleg for oss å kalla inn til ein konferanse av dette slaget. Eg trur sentralkomiteen vil nyitta denne metoden gong på gong for å få til full innbyrdes forståing mellom dei som set politikken ut i livet i lokalsamfunna og dei som arbeider ut denne politikken. Eg meiner at ein ikkje skulle kalla inn til slike konferansar berre frå alle republikkane og regionane, men og frå einskildregionar og -republikkar for å kunna ta meir konkrete avgjerder. Berre det kan gjera både sentralkomiteen og dei ansvarlege arbeidarane i lokalsamfunna nøgde.

Eg høyrdie visse kameratar sela at eg åtvvara Sultan-Galijev då eg hadde høve til å gjera meg kjend med det fyrste løyndebrevet hans, adressert til Adigamov, trur eg, som av ein eller annan grunn teier og ikkje har sagt eit ord her, sjølv om han skulle vera den fyrste som tok ordet og den som skulle ha sagt mest. Desse kameratane har klandra meg for å ha forsvarst Sultan-Galijev i altfor høg grad. Det er sant at eg forsvarte

han så lenge som råd, og eg såg det slik, og ser det framleis slik, at det var mi plikt å gjera det. Men eg forsvarte han berre fram til eit visst punkt. Og då Sultan-Galijev gjekk ut over dette punktet vende eg meg frå han. Det fyrste løyndebrevet hans syner at han alt var ved å bryta med partiet, for tonen i brevet hans er mest kvitegardistisk – han skriv om medlemar i sentralkomiteen på ein måte som ein berre kan skriva om fiendar på. Eg møtte han tilfeldig i politbyrået der han forsvarte krava til Tatarrepublikken i samband med folkekommissariatet for jordbruk. Eg åtvara han då i eit notat eg sende han. I dette kalla eg løyndebrevet hans for eit partifriendtleg brev, og eg skulda han der for å skapa ein organisasjon av Validovslaget.⁶⁶. Eg fortalte han at dersom han ikkje slutta med illegalt partifiendsleg arbeid ville det gå han ille, og det ville ikkje verta tale om noka støtte frå meg. Han svarte, svært brydd, at eg var vorten villeidd, at han verkeleg hadde skrive til Adigamov – ikkje det som var påstått, men noko heilt anna – at han alltid hadde vore partimenneske og framleis var det, og han gav meg æresordet sitt på at han ville halda fram å vera partimenneske i framtida og. Likevel sende han eit nytt løyndebrev til Adigamov veka etter og sette han føre at han skulle ta kontakt med Basmatsji og leiaren deira, Validov, og at han skulle «brenna» brevet. Heile greia var såleis skammeleg – det var reint lureri, og det tvinga meg til å bryta alt samband med Sultan-Galijev. Frå denne augneblinken vart Sultan-Galijev for meg ein mann som stod utanfor partiet, utanfor sovjeta, og eg fann det uråd å tala med han sjølv om han fleire gongar prøvde å koma til meg for å «få ein samtale» med meg. Så langt attende som i byrjinga av 1919 klandra «venstre»-kameratane meg for å støtta Sultan-Galijev, for å freista å redde han for partiet, for å ynskja å spa han, og vona at han skulle slutta å vera nasjonalist og verta marxist. Eg såg det verkeleg som mi plikt å støtta han ei tid. Det finst så få intellektuelle, så få tenkjande menneske, ja, jamvel så få lese- og skrivekunnige menneske allment i dei austlege republikkane og regionane at ein kan telja dei på fingrane. Korleis kan ein då lata vera å setja pris på dei som er? Det ville vera kriminelt å ikkje gjera alt ein kan for å redde dei folka frå Austen som vi treng, frå å rotta opp og berga dei for partiet. Men det finst ei grense for alt. Og grensa i dette tilfellet var broten då Sultan-Galijev gjekk over frå det kommunistiske lægret til Basmatsji-lægret. Frå denne augneblinken eksisterte han ikkje lengre for partiet. Det var grunnen til at han tykte betre om den tyrkiske ambassadøren enn om sentralkomiteen i partiet.

Eg høyrde eit liknande klagemål frå Sjamigulov. Det gjekk ut på at eg forsvarte Validov og prøvde å redde han for partiet trass i at Sjamigulov stod hardt på at vi skulle gjera oss ferdige med Validov med eit slag. Eg

forsvarte verkeleg Validov og vona at han skulle reformera seg. Verre folk har gjort det – det veit vi frå soga til politiske parti. Eg fann at Sjamigulov si løysing av problemet var altfor enkel. Eg fylgte ikkje rådet han gav. Det er sant at eit år seinare syntte Sjamigulov sin spådom seg å vera rett. Validov vart ikkje betre – han gjekk over til Basmatsji. Likevel tente partiet på at vi fekk utsett Validov si desertering frå partiet med eit år. Hadde vi gjort opp med Validov i 1918, er eg viss på at kameratar som Murtazin, Adigamov, Khalikov og andre ikkje ville ha vorte verande i rekkjene våre. (*Røyst:* «Khalikov ville ha vorte verande.») Kanskje ville ikkje Khalikov ha forlate oss, men ei heil gruppe kameratar som arbeider i rekkjene våre no ville ha gått ut med Validov. Det var det vi tente med tolmod og framsyn.

Eg lydde til Ryskulov, og eg må seia at talen hans ikkje var heilt endefram, han var halvdiplomatisk. (*røyst:* «Heilt sant!») Allment gjorde talen hans därleg inntrykk. Eg hadde venta meir klårleik og ærlegdom frå han. Kva enn Ryskulov seier, er det openbart at han heime har to løyndebrev frå Sultan-Galijev som han ikkje har synt til nokon, og det er opplagt at han ideologisk var knytt til Sultan-Galijev. Det at Ryskulov har teke avstand frå den kriminelle sida ved Sultan-Galijev-saka og hevdar at han ikkje har noko med Sultan-Galijev å gjera når det gjeld vegen som fører til basmatsjismen, er ikkje viktig. Det er ikkje det vi er opptekne av på denne konferansen. Vi er opptekne av dei intellektuelle, ideologiske banda til Sultan-Galijevismen. At det fanst slike band mellom Ryskulov og Sultan-Galijev er openbart, kameratar. Ryskulov sjølv kan ikkje nekta for det. Er det ikkje på høg tid at han her, frå denne talarstolen, endeleg bryt uttrykkjeleg og utan etterhald med Sultan-Galijevismen? Ser ein slik på det, var Ryskulov sin tale halvdiplomatisk og ikkje god nok.

Enbajev heldt og ein diplomatisk og uærleg tale. Er det ikkje sant at Enbajev og ei gruppe tatariske ansvarlege arbeidrarar, som eg ser på som strålende praktiske menneske trass i at dei er ideologisk ustøe, etter at Sultan-Galijev var arrestert, sende eit krav til sentralkomiteen om at han måtte sleppast fri straks, gjekk fullt og heilt god for han, og ymta om at dokumenta som var tekne frå Sultan-Galijev ikkje var ekte? Er ikkje dette ei kjensgjerning? Men kva syntte etterforskinga? Ho avslørte at alle dokumenta var ekte. At dei var ekte, vedgjekk Sultan-Galijev sjølv. Han gav faktisk meir opplysningar om syndene sine enn det som står i dokumenta. Han vedgjekk sjølv at han var skuldig, og etter at han hadde tilstått, angra han. Er det då ikkje openbart at Enbajev etter alt dette burde ha vedgått feila sine uttrykkjeleg og utan etterhald og brote med Sultan-Galijev? Men Enbajev gjorde ikkje det. Han fann seg eit

høve til å tala nedsetjande om «venstre-folka», men ville ikkje, slik ein kommunist gjer det, bryta fullt og heilt med Sultan-Galjevismen, med avgrunnen Sultan-Galijev hadde hamna i. Tydeleg nok trudde han at diplomati skulle berga han.

Talen til Firdevs var diplomati frå ende til annan. Kven som var den ideologiske leiaren, om Sultan-Galijev leidde Firdevs eller om Firdevs leidde Sultan-Galijev, er eit spørsmål eg vil la stå ope, sjølv om eg trur at ideologisk var det heller Firdevs som leidde Sultan-Galijev og ikkje omvendt. Eg ser ikkje noko særleg å klandra i Sultan-Galijev sine teoretiske øvingar. Dersom Sultan-Galijev hadde avgrensa seg til den pantyrkiske og pan-islamittiske ideologien, ville det ikkje ha vore så ille. Eg vil seia at denne ideologien, trass i bannlysinga som ligg i fråsegna den tiande partikongressen vedtok om det nasjonale spørsmålet, ville kunne ha vore tolande, og at vi kunne ha avgrensa oss til å kritisera han innanfor partirekkjene våre. Men når ideologiske øvingar endar opp med å ta kontakt med Basmatsj-leiarane, med Validov og andre, er det heilt uråd å rettferdiggjera basmatsji-praksisen her med at ideologien er uskuldig, slik Firdevs prøver å gjera. Du kan ikkje lura nokon med ei slik rettferdiggjering av verksemda til Sultan-Galijev. På den måten ville det vera mogleg å rettferdiggjera både imperialismen og tsarismen, for dei har og sine ideologiar som stundom ser uskuldige nok ut. Ein kan ikkje tenkja på denne måten. De står ikkje framføre nokon domstol, men ein konferanse av ansvarlege arbeidalarar, som krev at de er endeframme og ærlege, ikkje diplomatiske.

Khojanov heldt etter mitt syn ein god tale. Og Ikramov talte heller ikkje så verst. Men eg må nemna ei setning i talane til desse kamerataane som gjev grunn til ettertanke. Begge sa at det ikkje var nokon skilnad på Turkistan idag og Turkistan under tsarismen, at berre merkelappen er skifta, at Turkistan framleis er det same som under Tsaren. Kameratar, dersom dette ikkje var ei forsnakking, dersom det var ein gjennomtenkt og overlagt påstand, då må det seiast at i så fall har Basmatsji rett, og vi tek feil. Dersom Turkistan i røynda er ein koloni som under tsarismen, då har Basmatsji rett, og då var det ikkje vi som skulle stilla Sultan-Galijev for retten men Sultan-Galijev som skulle stilla oss for retten for å ha tolta at det fanst ein koloni innenfor ramma av sovjetstyret. Dersom dette er sant, kan eg ikkje skjøna kvifor de ikkje sjølve har gått over til basmatsjismen. Tydeleg nok må Khojanov og Ikramov ha sagt dette i talane sine utan å ha tenkt seg om, for dei kan ikkje unngå å vita at det sovjetiske Turkistan av idag er radikalt ulikt det tsaristiske Turkistan. Eg ville peika på desse uklare orda i talane til desse kameratane så dei skulle prøva å tenkja over det, og retta opp mistaka

sine.

Eg tek inn over meg sjølv ein del av dei klagemåla Ikremov sette fram mot arbeidet til sentralkomiteen. Dei gjekk ut på at vi ikkje alltid har vore påpasselege nok, og ikkje alltid har lukkast med å reisa i tide dei praktiske spørsmåla som tilhøva i dei austlege republikkane og regionane krev av oss. Sjølvsagt er sentralkomiteen nedlesst med arbeid, og evnar ikkje å halda tritt med hendingane over alt. Det ville vera låttleg å tru at sentralkomiteen kan halda tritt med alt. Morsmåla er enno ikkje i vanleg bruk i statsinstitusjonane, institusjonane har enno ikkje fått ein nasjonal krakter. Kulturen ligg allment på eit lågt nivå. Alt dette er sant. Men kan nokon på alvor tru at sentralkomiteen eller partiet som heilskap kan heva det kulturelle nivået i Turkistan på to-tre år? Vi ropar og klagar alle mann om at den russiske kulturen, kulturen til det russiske folket, som har ein høgre kultur enn dei andre folka i Unionen av republikkar, ligg på eit lågt nivå. Iljitsj har gong på gong slått fast at vi har ein låg kultur, at det er uråd å heva den russiske kulturen så det monar på to eller tre, eller for den del på ti år. Og dersom det er uråd å heva den russiske kulturen høgt nok på to eller tre, eller tilmed ti år, korleis kan vi då krevja snoegg vokster i kulturen til dei tilbakeliggjande ikkje-russiske regionane der eit fåtal er lese- og skriveføre? Er det ikkje openbert at ni tideler av «skulda» fell på tilhøva, på at dei er tilbakeliggjande, og kan de gjera anna enn å ta omsyn til dette?

Om «venstre»- og høgre folka.

Finst dei i dei kommunistiske organisasjonane i regionane og republikkane? Sjølvsagt gjer dei det. Det kan ein ikkje nekta for.

Kvar ligg syndene til høgrefolka? I den kjensgjerninga at dei ikkje er og ikkje kan verta ei motgift, eit pålitande bolverk, mot dei nasjonalistiske tendensane som utviklar seg og vinn styrke i samband med NEP. Det at Sultan-Galjevismen fanst og at han skapte en viss krins av tilhengjarar i dei austlege republikkane, særleg i Basjkir og Tatarland, let ikkje etter seg nokon som helst slags tvil om at høgrefløy-elementa, og dei utgjen det store fleirtalet i desse republikkane, ikkje er eit sterkt nok bolverk mot nasjonalismen.

Ein må hugsa på at dei kommunistiske organisasjonane i grenseregionane, i republikkane og regionane, berre kan utvikla seg og stå støtt på beina, berre kan verta ekte internasjonalistiske, marxistiske kadrar om dei overvinn nasjonalismen. Nasjonalismen er det viktigaste ideologiske hinderet for å øva opp marxistiske kadrar, ein marxistisk fortropp, i grenseregionane og republikkane. Soga til partiet syner at bolsjevikpartiet, den russiske delen av det, voks og vann styrke i striden mot mensjevismen, for mensjevisme er borgarskapet sin ideologi, mensjevisme

er ein kanal den borgarlege ideologien nyttar for å trengja seg inn i partiet, og hadde ikkje partiet vunne over mensjevismen, kunne det ikkje ha stått støtt på beina. Dette skreiv Iljitsj om ei rad gongar. Berre så langt han vann over mensjevismen i dei organisatoriske og ideologiske formene han hadde, vokst bolsjevismen og vann styrke som eit verkeleg leiande parti. Det same må seiast om nasjonalismen i høve til dei kommunistiske organisasjonane våre i grenseregionane og republikkane. Nasjonalismen spelar same rolla i høve til desse organisasjonane som mensjevismen tidlegare spelte i høve til bolsjevikpartiet. Berre under dekkje av nasjonalisme kan ulike slag borgarleg påverknad, medrekna mensjevikisk, trengja seg inn i organisasjonane våre i grenseregionane. Organisasjonane våre i republikkane kan berre verta marxistiske om dei evnar å stå mot dei nasjonalistiske ideane som tvingar seg veg inn i partiet i grenseregionane, og som tvingar seg veg av di borgarskapet vaknar til live att, av di NEP vert meir utbreidd, nasjonalismen veks, det finst leivningar av storruussisk sjåvinisme som og stimulerer lokal nasjonalisme, og det finst innverknad frå framande statar som står nasjonalismen på alle vis. Dersom dei kommunistiske organisasjonane i dei nasjonale republikkane ynskjer å vinna styrke som ekte marxistiske organisasjonar, må dei gjennom eit stadium der dei kjempar mot denne fienden i republikkane og regionane. Det finst ikkje nokon annan måte. Og i denne striden er høgrefolka veike. Veike av di dei er smitta av tvil når det gjeld partiet og lett gjev etter for påverknad frå nasjonalismen. Her ligg synda til høgrefløya i dei kommunistiske organisasjonane i republikkane og regionane.

Men «venstrefolka» i grenseregionane syndar ikkje mindre, kanskje meir. Dei kommunistiske organisasjonane i grenseregionane kan ikkje veksa seg sterke og utvikla seg til verkelege marxistiske kadrar om dei ikkje nedkjempar nasjonalismen. Men desse kadrane sjølv kan berre vera i stand til å verta masseorganisasjonar og fylka fleirtalet av det arbeidane folket rundt seg dersom dei lærer å vera smidige nok til å dra alle dei nasjonale elementa som i det heile er lojale, inn i statsinstitusjonane våre gjennom å gje dei konsesjonar, og berre dersom dei lærer å manøvrera mellom viljefast strid mot nasjonalismen i partiet og ein like viljefast strid for å dra alle dei meir eller mindre lojale elementa mellom folk i området, dei intellektuelle, osb. inn i sovjetarbeidet. «Venstrefolka» i grenseregionane er meir eller mindre frie frå den tvilande haldninga til partiet, frå tendensen til å gje etter for innverknad frå nasjonalismen. Men syndene til «venstrefolka» ligg i at dei ikkje evnar å vera smidige i høve til dei borgaleg-demokratiske og ganske enkelt lojale elementa mellom innbyggjarane, dei evnar ikkje og vil ikkje manøvrera for

å dra desse elementa til seg, dei rengjer partilina med å vinna fleirtalet av det arbeidande folket i landet. Men å vera smidig på dette viset og evna til å manøvrera mellom å stri mot nasjonalismen og å dra alle element som i det heile er lojale inn i statsinstitusjonane våre, må skapast og utviklast kva det enn måtte kosta. Ho kan berre skapast og utviklast *dersom* vi tek omsyn til heile breidda og den særlege karakteren av situasjonen vi møter i regionane og republikkane, *dersom* vi ikkje ganske enkelt tek til å omplanta modellar som er skapte i dei sentrale industrialiserte distrikta og som ikkje mekanisk kan omplantast til grenseregionane, *dersom* vi ikkje skuvar frå oss dei nasjonalistisk-sinna elementa i folket, det nasjonalistisk-sinna småborgarskapet, og *dersom* vi lærer å dra desse elementa inn i det almenne arbeidet med å administrera staten. Synda til «venstrefolka» er at dei er smitta av sekterisme og ikkje skjørnar kor overlag viktige dei innfløkte oppgåvane til partiet i dei nasjonale republikkane og regionane er.

Medan høgrefolka skaper fare for at dei, med den tendensen dei har til å gje etter for nasjonalisme, kan hindra at dei kommunistiske kadraне i grenseregionane veks, skaper «venstrefolka» fare for at partiet, på grunn av den ulukkelege kjærleiken dei har til overforenkle og forhasta «kommunisme», kan verta isolert frå bøndene og frå breie lag av den lokale folkesetnaden.

Kva for ein av desse farane er størst? Dersom kameratane som har «venstre»-avvik har tenkt å halda fram å praktisera politikken sin med å skapa kunstige skilje i folket i lokalområda – og denne politikken vert ikkje berre fylgd i Tsjetjsjnia og i Jakut-regionen, og ikkje berre i Turkistan . . . (*Ibrahimov*: «Det er ein taktikk for å differensiera».) *Ibrahimov* har no tenkt å byta ut taktikken med å splitta med taktikken men å differensiera, men det endrar ikkje noko som helst. Dersom, høyrer de, dei tenkjer på å halda fram med å praktisera politikken med å splitta folket ovenfrå, dersom dei trur at russiska modellar mekanisk kan omplantast til eit særskilt nasjonalt miljø utan omtanke for levemåten til innbyggjarane og dei konkrete tilhøva, dersom dei trur at ein må kasta vrak på alt som er nasjonalt når ein kjempar mot nasjonalismen, stutt sagt, dersom ikkje «venstre»-kommunistane i grenseregionane vil la seg korrigera, må eg seia at dei to kan «venstre»-faren visa seg å vera den største.

Dette er alt eg ville seia om «venstre»- og høgrefolka. Eg har føregripe ein del, men det er av di heile konferansen har gjort det og teke opp diskusjonen om det andre emnet på førehand.

Vi må refsa høgrefolka for å få dei til å kjempa mot nasjonalismen og læra dei å gjera det slik at dei kan støypa verkelege kommunistiske kadrar av lokale folk. Men vi må og refsa «venstrefolka» for å læra dei å

vera smidige og manøvrera dyktig så dei kan vinna dei breie massane i folket. Alt dette må gjerast av di, som Khojanov så rett sa det, sanninga ligg «ein stad mellom» høgre og «venstre»-folka.

OM Å LÆRA OPP OG KONSOLIDERA MARXISTISKE KADRAR I DEI NASJONALE REPUBLIKKANE OG REGIONANE

(Utdrag frå meldinga om andre emnet på saklista: Praktiske tiltak for å setja ut i livet fråsegna om det nasjonale spørsmålet frå den tolvte partikongressen.)

10. juni, 1923.

Eg går over til den fyrste gruppa med spørsmål – dei som gjeld metodane for å læra opp og styrkja marxistiske kadrar av lokale folk, som vil vera i stand til å tena som den viktigaste, og over tid, som det avgjerande bolverket for sovjetmakta i grenseregionane. Dersom vi granskar utviklinga til partiet vårt (eg tenkjer på den russiske delen av det, som er hovuddelen) og strekar opp hovudstadia i utviklinga til det, og så, gjennom ein analogi teiknar eit bilet av utviklinga til dei kommunistiske organisasjonane i republikkane og regionane den nærmeste tida framover, trur eg vi skal finna nøkkelen til å skjøna dei særdraga i desse landa som særmerker utviklinga av partiet i grenseregionane.

Hovudoppgåva i den fyrste bolken i utviklinga av partiet, utviklinga av den russiske delen av det, var å skapa kadrar, marxistiske kadrar. Desse marxistiske kadrane vart skapte og smidde i striden vi førde mot mensjevismen. Oppgåva til desse kadrane var då i denne tidbolken – eg tenkjer på tidbolken frå bolsjevikpartiet vart skipa til likvidatorane vart kasta ut av partiet som dei mest uttalte talsmennene for mensjevismen – hovudoppgåva då var å vinna dei mest aktive, ærlege og framståande medlemene av arbeidarklassen over til bolsjevikane, å skapa kadrar, å skapa ein fortropp. Striden då vart i hovudsak ført mot borgarlege tendensar – særleg mot mensjevismen – som hindra kadrane i å verta samansveisa til ei einaste eining, til hovudkjernen i partiet. På denne tida var enno ikkje oppgåva til partiet, dvs. som ein nærliggjande og livsviktig trond, å få i stand brei kontakt med dei store massane i arbeidarklassen og mellom dei arbeidande bøndene, å vinna desse massane, å vinna fleirtal i landet. Partiet var enno ikkje kome så langt.

Fyrst i det neste stadiet i utviklinga til partiet, fyrst på det andre stadiet, når desse kadrane hadde vakse, når dei hadde fått form som grunnkjernen i partiet vårt, når ein hadde vunne eller nesten vunne godviljen til dei beste elementa i arbeidarklassen – fyrst då sto partiet

andsynes oppgåva, og då som ein nærliggjande og særsviktig trong, med å vinna dei store massane, å skapa partikadrane om til eit verkeleg masseparti for arbeidarane. I denne tidbolken måtte kjernen i partiet føra strid, ikkje så mykje mot mensjevismen som mot «venstre»-element innanfor partiet, mot «otzovistar»⁶⁷ av alle slag som prøvde å setja revolusjonært frasemakeri i staden for alvorlege studiar av særdraga i den nye situasjonen som voks fram etter 1905, som med den overforenkla «revolusjonære» taktikken sin hindra at partikadrane våre vart skapte om til eit ekte masseparti, og som med verksemda si skapte fare for at partiet skulle verta skilt frå dei breie massane av arbeidrarar. Ein treng knapt prova at utan viljefast strid mot denne «venstre»-faren, utan at han vart overvunnen, kunne ikkje partiet ha vunne dei store arbeidande massane over til seg.

Omlag slik er biletet av striden på to frontar, mot høgrefolka, dvs. mensjevikane, og mot «venstrefolka», biletet av utviklinga til den viktigaste delen av partiet vårt, den russiske delen.

Kamerat Lenin teikna eit svært overtydande bilet av denne viktige, uomgjengelege utviklinga kommunistpartia må gjennom i skriften «Venstre-kommunismen – ein barnesjukdom». Der syntet han at kommunistpartia i vesten må gå gjennom, og alt går gjennom, omlag dei same utviklingsstadia. Vi vil for vår del leggja til at det same må seiast om utviklinga til dei kommunistiske organisasjonane og kommunistpartia i grenseregionane.

Ein må likevel leggja seg på minnet at trass i analogien mellom røynsla til partiet i fortida og røynsla til partiorganisasjonane i grenseregionane no, er det likevel visse viktige særdrag i utviklinga til partiet vårt i dei nasjonale republikkane og regionane, drag vi støtt må ta omsyn til. Tek vi ikkje nøye omsyn til dei, kan vi koma til å gjera svært store feil når vi skal fastsetja oppgåvane når det gjeid å læra opp marxistiske kadrar av lokale folk i grenseregionane.

Lat oss gå over til å granska desse særdraga.

Å stri mot høgre- og «venstre»-elementa i organisasjonane våre i grenseregionane er naudsynt og påkravd. Elles vert vi ikkje i stand til å læra opp marxistiske kadrar som er nært knytte til massane. Dette er klårt. Men særdraget ved situasjonen i grenseregionane, det som skil han frå utviklinga til partiet tidlegare, er at kaderfostringa i grenseregionane, og arbeidet med å skapa dei om til eit masseparti ikkje går føre seg under eit borgarleg system, slik tilfellet var i soga til partiet, men

* Norsk utgåve: Lenin, Utvalgte verker i 12 bind, Bind 11, Forlaget Oktober 1976.

under sovjetsystemet, under proletariatets diktatur. På den tida, under det borgarlege systemet, var det mogleg og naudsynt på grunn av tilhøva på dei tider, først å nedkjempa mensjevikane (for å kunna fostra marxistiske kadrar) og så otzovistane (for å skapa desse kadrane om til eit masseparti). Striden mot desse to avvika fylte to heile tidbolkar i soga til partiet vårt. Under dei tilhøva som rår no kan vi slett ikkje gjera det slik, for partiet er ved makta no, og sidan det har makta, treng partiet i grenseregionane pålitande marxistiske kadrar av lokale folk som er knyttet til dei breie massane i folket. No kan vi ikkje først overvinna høgrefaren med hjelp av «venstrefolka», slik tilfellet var i soga til partiet vårt, og så «venstre»-faren med hjelp av høgrefolka. No må vi stri på begge frontar *samstundes* og streva for å overvinna begge farane, for så å få øvde marxistiske kadrar av lokale folk som er knytte til massane i grenseregionane som resultat. På den tida kunne vi tala om kadrar som enno ikkje var knytte til dei breie massane, men som skulle verta det på det neste utviklingsstadiet. No er det lattleg til og med å tala om slikt, for under sovjetstyret er det uråd å tenkja seg marxistiske kadrar som ikkje er knytte til massane på eit eller anna vis. Det ville vera kadrar som korkje ville ha noko sams med marxismen eller med eit masseparti. Alt dette gjer sakene ein god del meir innfløkte og gjer det påkravd at partiorganisasjonane våre i grenseregionane fører strid mot høgre og «venstrefolka» samstundes. Difor tek partiet det standpunktet at det er naudsynt å føra strid på to frontar, mot begge avvika samstundes.

Vidare må ein merkja seg at utviklinga av dei kommunistiske organisasjonane i grenseregionane ikkje går føre seg i isolat, slik tilfellet var i soga til partiet når det gjeld den russiske delen, men under beinveges tilsyn frå hovudkjernen i partiet som ikkje berre har røynslé med å fostra marxistiske kadrar, men og med å knyta desse kadrane saman med dei breie massane i folket og med revolusjonær manøvrering i striden for sovjetmakta. Særdagat ved situasjonen i grenseregionane i dette stykket, er at partiorganisasjonane våre i desse landa, på grunn av vilkåra sovjetstyret utviklar seg under der, kan og må manøvrera kreftene sine for å styrkja banda sine til dei breie massane i folket, og nytta den rike røynsla partiet vårt har frå tidlegare tider til dette føremålet. Til nyst var det sentralkomiteen i RKP som til vanleg gjennomførte manøvreringa i grenseregionane beinveges, over hovuda på dei kommunistiske organisasjonane der. Av og til omgjekk han jamvel desse organisasjonane og drog alle meir eller mindre lojale nasjonale element inn i det almenne arbeidet med sovjetoppbygging. No må dette arbeidet gjerast av organisasjonane i grenseregionane sjølve. Det kan gjera det og må gjera det, og ha det klårt føre seg at dette er den beste måten å skapa

dei marxistiske kadrane av lokale folk om til eit ekte masseparti som evnar å leia fleirtalet av folket i landet.

Dette er dei to særdraga ein må ta strengt omsyn til når partilina i spørsmålet om å læra opp marxistiske kadrar skal fastleggjast i grenseregionane, og når desse kadrane skal vinna dei breie massane i folket.

OKTOBERREVOLUSJONEN OG SPØRSMÅLET OM MELLOMLAGA

Spørsmålet om mellomlaga er utan tvil eit av dei grunnleggjande spørsmåla i arbeidarrevolusjonen. Mellomlaga er bøndene og dei arbeidande småfolka i byane. Dei underkua nasjonalitetane, der ni tidelar høyrer med i mellomlaga, bør òg setjast inn i denne gruppa. Som de ser er dette lag som har ei slik økonomisk stilling at dei kjem halvvegs mellom proletariatet og kapitalistklassen. Kor viktige desse laga er, relativt sett, vert avgjort av to omstende: for det første at desse laga utgjer fleirtalet, eller i alle høve eit stort mindretal, i folkesetnaden i desse statane: for det andre, er dei dei viktige reservane som kapitalistklassen vervar hæren sin frå mot proletariatet. Proletariatet kan ikkje halda på makta med mindre det har velviljen og støtta frå mellomlaga, først og fremst bøndene, særskilt i eit land som vår union av republikkar. Proletariatet kan ikkje ein gong tenkja alvorleg på å ta makta, om ikkje desse laga i det minste har vorte nøytraliserte, om dei enno ikkje har greid å riva seg laus frå kapitalistklassen, og om mengda av dei fremleis gjer teneste som hæren til kapitalen. Av det kjem striden om mellomlaga, striden om bøndene, som var eit framskote drag ved heile revolusjonen vår frå 1905 til 1917, ein strid som framleis er langt frå slutt, og som kjem til å vera ført vidare i framtida.

Ei av årsakene til nederlaget i 1848-revolusjonen i Frankrike⁶⁸ var at han ikkje greide å kalla fram eit velviljig svar frå dei franske bøndene. Ei av årsakene til at Pariskommunen⁶⁹ fall var at han møtte motstand frå mellomlaga, særskilt frå bøndene. Det same må seiast om den russiske revolusjonen i 1905.⁷⁰

Visse vulgærmarxistar med Kautsky i brodden kom, med utgangspunkt i røynsla frå dei europeiske revolusjonane, til den slutninga at mellomlaga, særskilt bøndene, mest er fødde fiendar av arbeidarrevolusjonen og at vi difor må rekna med ein lengre utviklingsperiode som vil føra til at proletariatet vert fleirtal i nasjonen, og med det vert dei rette

vilkåra for siger i arbeidarrevolusjonen skapte. På grunnlag av den slutninga åtvara dei, desse vulgærmarxitane, proletariatet mot «forhasta» revolusjon. På grunnlag av den slutninga let dei «på prinsippgrunnlag» mellomlaga stå heilt til rådvelde for kapitalen. På grunnlag av den slutninga spådde dei undergang for den russiske Oktoberrevolusjonen, utfrå det at proletariatet i Russland var i mindretal, at Russland var eit bondeland, og at ein sigerrik arbeidarrevolusjon i Russland difor var uråd.

Det er verd å merkja seg at Marx sjølv hadde ei heilt ulik vurdering av mellomlaga, særskilt av bøndene. Vulgærmarxitane vil ikkje ha noko med bøndene å gjera, og overlet dei fullstendig til til det politiske rådveldet til kapitalen, og skryt høglydt av dei «faste prinsippa» sine. Men Marx, den mest prinsippfaste av alle marxitstar, rådde stadig kommunistpartiet til å ikkje missa bøndene av syne, til å vinna dei over på proletariatet si side og gjera seg viss på støtte frå dei i den framtidige proletariske revolusjonen. Vi veit at i femtiåra etter at februarrevolusjonen* var slegen ned i Frankrike og Tyskland, skreiv Marx til Engels, og gjennom han til kommunistpartiet i Tyskland:

«I Tyskland kjem heile greia til å stå eller falla med om det er råd å gje den proletariske revolusjonen ryggstø i ei slags andreutgåve av bondekrigen». ⁷¹

Dette vart skrive om Tyskland i femtiåra, eit bondeland, der proletariatet var i eit lite mindretal, der proletariatet var mindre organisert enn proletariatet var i Russland i 1917, og der bøndene på grunn av stillinga si var mindre innstilte på å stø ein proletarisk revolusjon enn bøndene i Russland i 1917.

Oktoberrevolusjonen var utan tvil den lukkelege kombinasjonen av «bondekrig» og «proletarisk revolusjon» som Marx skreiv om, trass i alle dei «særprinsippfaste» skravlebottene. Oktoberrevolusjonen syntet at proletariatet kan ta makta og halda på henne om det greier å riva mellomlaga, først og fremst bøndene, laus frå kapitalistklassen, om det lukkast i å omskipa desse laga frå reservar for kapitalen til reservar for proletariatet.

Kort sagt: Oktoberrevolusjonen var den første av alle revolusjonar i verda som førte spørsmålet om mellomlaga, og først og fremst bøndene, fram i fremst rekkje, og den første som greide å løysa det med framgang, trass i alle «teoriane» og klagesongane til heltane i Den andre internasjonalen.

* Sjå note ⁶⁸ - Red.

Dette er den fyrste fortenesta til Oktoberrevolusjonen, om ein kan snakka om forteneste i ein slik samanheng.

Men saka stogga ikkje med det. Oktoberrevolusjonen gjekk vidare og freista å samla dei underkua nasjonalitetane rundt proletariatet. Vi har alt sagt at ni tidelar av folkesetnadene i desse nasjonalitetane er bønder og arbeidande småfolk i byane. Men omgrepene «underkua nasjonalitet» inneber meir enn det. Underkua nasjonalitetar er til vanleg underkua ikkje berre som bønder og som arbeidsfolk i byane, men som nasjonalitetar, dvs. som arbeidsfolk med avgrensa nasjonalitet, språk, kultur, livsmåte, vanar og skikkar. Denne doble underkuinga kan ikkje anna enn å revolusjonera dei arbeidande massane i dei underkua nasjonalitetane, kan ikkje anna enn tvinga dei til å slåst mot hovudkrafta bak underkuinga – kapitalen. Dette omstendet skapte grunnlaget for at proletariatet greidde å kombinera den proletariske revolusjonen ikkje berre med ein bondekrig», men og med ein «nasjonalkrig». Alt dette kunne ikkje anna enn breia ut verkefeltet for den proletariske revolusjonen langt utanfor grensene til Russland Det kunne ikkje la vera å setja dei djupaste reservane for kapitalen i fare. Striden for mellomlaga i ein eller annan herrenasjonalitet er ein kamp for dei nærmeste reservane til kapitalen, medan striden for å frigjera dei underkua nasjonalitetane må verta ein strid for å vinna særeigne reservar frå kapitalen, dei djupaste av dei, ein strid for å frigjera kolonifolka og dei ikkje-like stilte folka frå kapitålaket. Denne siste striden er på langt nær slutt. Ikkje berre det, han har enno ikkje nådd dei fyrste avgjerande sigrane ein gong. Men denne striden for dei djupe reservane vart sett i gang av Oktoberrevolusjonen, og han kjem utan tvil til å utvida seg, steg for steg, etter som imperialismen utviklar seg vidare, etter som makta til republikkunionen vår veks, og etter som den proletariske revolusjonen i vest utviklar seg.

Kort sagt: Oktoberrevolusjonen sette faktisk i gang striden proletariatet fører for å vinna dei djupe reservane til kapitalen i form av massane av folket i dei underkua og ikkje-like stilte landa. Han var den fyrste som lyfta stridsfana for å vinna desse reservane. Det er den andre fortenesta hans.

I landet vårt vart bøndene vunne for oss under fana til sosialismen. Bøndene fekk jord frå proletariatet sine hender, slo godseigarane med hjelp frå proletariatet og steig til makta under leiting av proletariatet. Som fylgje av det kunne dei ikkje anna enn kjenna, kunne dei ikkje anna enn skjøna at frigjeringsprosessen deira gjekk frametter og kom til å halda fram under fana til proletariatet, under den rauda fana. Dette kunne ikkje anna enn gjera om fana til sosialismen, som før var eit skrømt for bøndene, til ei fane som vann merksemda til bøndene og

hjelpte til å frigjera dei frå underkasting, fattigdom og underkuing.

Det same gjeld, men i endå større grad, om dei underkua nasjonalitetane. Krigsropet for frigjering av nasjonalitetane, med ryggstø i slike kjensgjerningar som at Finland vart frigjort og troppane dregne attende frå Persia og Kina, at Unionen av republikkar vart skipa, at folka i Tyrkia, Kina, Hindustan og Egypt fekk open moralsk støtte – dette krigsropet høyrdest først frå folket som sigra i Oktoberrevolusjonen. Den kjensgjerninga at Russland, som dei underkua nasjonalitetane tidlegare såg på som eit symbol for underkuing, no, etter at det er vorte sosialistisk, har vorte omforma til eit symbol for frigjering, kan ein ikkje kalla eit slumpetreff. Det er heller ikkje eit slumpetreff at namnet til leiren for Oktoberrevolusjonen, kamerat Lenin, no er det kjæraste namnet som vert uttalt av dei nedtrakka, underkua bøndene og dei revolusjonære intellektuelle i koloniane og dei ikkje-likestilte landa. I gamle dagar såg dei underkua og nedtrakka trælane i det enorme Romarriket på kristendomen som ei frelsarklippe. No held vi på å nå det punktet der sosialismen kan tena (og alt no tek til å tena!) som frigjeringsfane for dei millionane som bur i dei enorme kolonistatane til imperialismen. Ein kan knapt tvila på at dette omstendet har gjort oppgåva å kjempa ned fordomane mot sosialismen mykje lettare, og har rydda vegen for at sosialistiske tankar skal kunna trengja inn i dei fjernaste krokane av dei underkua landa. Før var det vanskeleg for ein sosialist å stå ope fram mellom dei ikkje-proletariske mellomlag i underkua land eller underkuarland. Men i dag kan han stå ope fram og gå inn for sosialistiske tankar i desse laga og venta at dei høyrer på han, og til og med bryr seg om det, for han har så kraftig eit argument i ryggen som Oktoberrevolusjonen. Det er eit resultat av Oktoberrevolusjonen.

Kort sagt: Oktoberrevolusjonen rydda veg for sosialistiske tankar i mellomlag, mellom ikkje-proletarane, mellom bøndene i alle nasjonalitetar og rasar. Han gjorde fana til sosialismen populær mellom dei. Det er den tredje fortenesta til Oktoberrevolusjonen.

Pravda, nr. 253,
7. november 1923

Underskriva: *J. Stalin*

DET NASJONALE SPØRSMÅLET

Utdrag frå ei forelesingsrekke, «Om grunnlaget for leninismen», ved Sverlov-universitetet, april 1920

Frå dette emnet tek eg to hovudspørsmål:

- a) framstillinga av spørsmålet,
- b) frigjeringsrørsla til dei underkua folka og den proletariske revolusjonen.

1. *Framstillinga av spørsmålet.* Dei to siste tiåra har det nasjonale spørsmålet gått gjennom fleire svært viktige endringar. Det nasjonale spørsmålet i perioden til Den andre internasjonalen og det nasjonale spørsmålet i leninismen sin periode er langt frå same ting. Dei skil seg djupt frå kvarandre, ikkje berre i omfang, men og når det gjeld den indre karakteren dei har.

Før var det nasjonale spørsmålet til vanleg avgrensa til ein trond krins spørsmål som først og fremst galdt dei «siviliserte» nasjonaliteteane. Irane, ungararane, polakkane, finnane, serberane og fleire andre europeiske nasjonalitetar – det var krinsen av ikkje-likestilte folk med ein lagnad som leiarane for Den andre internasjonalen interesserte seg for. Dei snes og hundretals millionar asiatiske og afrikanske menneske som lid under nasjonal underkuing i den villaste og råaste forma, låg til vanleg utanfor synsfeltet deira. Dei kvidde seg for å setja kvit og svart, «sivilisert» og «usivilisert», på same planet. To eller tre meiningslause lunkne fråsegner – som omhyggjeleg gjekk utanom spørsmålet om å frigjera koloniane – det var alt leiarane for Den andre internasjonalen kunne skryta av. No kan vi seia at denne doble og halvhjarta haldninga andsynes det nasjonale spørsmålet har nådd slutten. Leninismen avdekte denne skrikande samsvarsmangelen, braut ned muren mellom kvite og svarte, mellom europearar og asiatar, mellom dei «siviliserte» og dei «usiviliserte» trælane under imperialismen, og knytte slik det nasjonale spørsmålet til spørsmålet om koloniane. Med det vart det nasjonale spørsmålet gjort om frå eit særskilt og indre statsproblem til eit alment og internasjonalt problem, til eit verdsproblem som gjeld å frigjera

dei underkua folka i dei usjølvstendige landa og koloniane frå åket til imperialismen.

Før vart prinsippet om sjølvråde for nasjonane til vanleg mistolka, og ikkje sjeldan vart det snevra inn til tanken om nasjonane sin rett til autonomi. Visse leiarar frå Den andre internasjonalen gjekk til og med så langt at dei vende sjølvråderetten om til rett til kultur-autonomi, dvs. at underkua nasjonar skulle ha rett til å ha sine eigne kulturinstitusjonar, medan all politisk makt framleis skulle liggja i hendene på herskarnasjonen. Som fylge av det stod tanken om sjølvråde i fare for å verta gjort om frå ein reiskap for å slåst mot anneksjonar, til ein reiskap for å rettferdiggjera dei. No kan vi seia at det har vorte klåra opp i denne forvirringa. Leninismen utvida omgrepet sjølvråde og tolka det som retten dei underkua folka i dei usjølvstendige landa og koloniane har til å riva seg heilt laus, som retten nasjonane har til å vera til som sjølvstendige statar. Dette stengde for høvet til å rettferdiggjera anneksjonar ved å tolka sjølvråderetten som retten til autonomi. Slik vart prinsippet om sjølvråde sjølv gjort om frå ein reiskap til å narra massane med, som det avgjort var i hendene på sosialsjåvinistane under den imperialistiske krigen, til ein reiskap til å avsløra alle imperialistiske voner og sjåvinistiske manipuleringar med, til ein reiskap til å fostra massane politisk i internasjonalismen si ånd.

Før vart spørsmålet om dei underkua nasjonane til vanleg sett på som eit reint juridisk problem. Høgtidsame kunngjeringar om «nasjonal likerett», tallause fråsegner om «likskap mellom nasjonane» – det var dei ståande vendingane til partia i Den andre internasjonalen. Dei glatta over at «likskapen mellom nasjonane» under imperialismen – der ei gruppe nasjonar (eit mindretal) lever av å utbytta ei anna gruppe nasjonar – er reinhekla hån mot dei underkua nasjonane. No kan vi seia at dette borgarleg-juridiske synspunktet på det nasjonale spørsmålet er blitt avslørt. Leninismen fekk det nasjonale spørsmålet ned frå himmelhøgdene med høgtflygande kunngjeringar og ned på jorda, og sa ifrå om at utsegner om «likskapen mellom nasjonane» er meiningslause og falske, dersom dei ikkje vert fylgde opp av beinveges støtte frå dei proletariske partia til frigjeringsstriden som dei underkua nasjonane fører. På denne måten vart spørsmålet om dei underkua nasjonane eit spørsmål om å stø dei underkua nasjonane, om å gje verkeleg og varig hjelp til dei i striden dei fører mot imperialismen for verkeleg likskap mellom nasjonane og for det sjølvstendige tilværet sitt som statar.

Før vart det nasjonale spørsmålet sett frå ein reformistisk synsstad, som eit sjølvstendig spørsmål som ikkje har noko samband med det allmenne spørsmålet om makta til kapitalen, om å styrt imperialismen,

om den proletariske revolusjonen. Ein gjekk stilltelande ut frå at proletariatet i Europa kunne sigra utan nokon seinverges allianse med frigjøringsrørsla i koloniane, at det nasjonal-koloniale spørsmålet kunne løysast i fred og ro, «på eiga hand», til sides for hovudvegen for den proletariske revolusjonen, utan revolusjonær strid mot imperialismen. No kan vi seia at dette anti-revolusjonære synspunktet er avslørt. Leninismen har synt, og den imperialistiske krigen og revolusjonen i Russland har stadfest, at det nasjonale spørsmålet berre let seg løysa i sam band med og på grunnlag av den proletariske revolusjonen, og at sigers vegen for revolusjonen i vest går gjennom den revolusjonære alliansen med frigjøringsrørsla i koloniane og dei usjølvstendige landa mot imperialismen. Det nasjonale spørsmålet er ein del av det allmenne spørsmålet om den proletariske revolusjonen, ein del av spørsmålet om proletariats diktatur.

Spørsmålet står som fylgjer: Er dei revolusjonære potensiala som ligg løynde i den revolusjonære frigjøringsrørsla i dei underkua nasjonane *alt uttømde* eller ikkje? Og om ikkje, finst det noka von, noko grunnlag for å nytta desse potensiala i den proletariske revolusjonen, for å forma dei usjølvstendige landa og kolonilanda om frå ein reserve for det imperialistiske borgarskapet til ein reserve for det revolusjonære proletariatet, til ein alliert for desse siste?

Leninismen svarar ja på dette spørsmålet, dvs. han kjennest ved at det finst revolusjonære evner i den nasjonale frigjøringsrørsla til dei underkua nasjonane, og at det er råd å bruka desse evnene til å styrt den sams flenden, til å styrt imperialismen. Mekanikken i utviklinga av imperialismen, den imperialistiske krigen og revolusjonen i Russland stadfeste heilt ut slutningane til leninismen i denne saka.

Difor er det naudsynt for proletariatet i «herre»-nasjonane å stø – stø målmedvite og aktivt – den nasjonale frigjøringsrørsla til dei underkua og usjølvstendige folka.

Dette vil sjølvsagt ikkje seia at proletariatet må stø *alle* nasjonale rørsler, over alt og alltid, i kvart konkret einskilt tilfelle. Det vil seia at ein må gje støtte til slike nasjonale rørsler som verkar til å svekkja, til å styrt imperialismen, og ikkje til dei som verkar til å styrkja og taka vare på han. Det finst tilfelle der dei nasjonale rørlene i visse underkua land støyter saman med interessene til den proletariske rørsla. I slike tilfelle er støtte sjølvsagt ikkje på tale. Spørsmålet om rettane til nasjonane er ikkje eit isolert, sjølvtilstrekkeleg spørsmål. Det er ein del av det allmenne problemet med den proletariske revolusjonen, underordna heilskapen, og ein må tenkja over det frå heilskapen sin synstad. I atten-førtiåra støtta Marx den nasjonale rørsla til polakkane og ungarara-

ne og var mot den nasjonale rørsla til tsjekkarane og sør-slavarane. Kvifor? Av di både tsjekkarane og sør-slavarane den gongen var «reaksjonære folk», «russiske utpostar» i Europa, utpostar for eineveldet, medan polakkane og ungararane var «revolusjonære folk» som slost mot eineveldet. For å stø den nasjonale rørsla til tsjekkarane og sør-slavarane den gongen var jamgodi med omveges støtte til tsarismen, den farlegaste fienden til den revolusjonære rørsla i Europa.

«Dei ulike krava demokratiet stiller», skriv Lenin, «trekna sjølvråde, er ikkje eit absolutt krav, men ein *liten del* av den allmenne demokratiske (no: allmenne sosialistiske) verdsrørsla. I einskilde konkrete saker kan delen koma til å motseia heilskapen. Om han så gjer, må han verta forkasta.» (Sjå Lenin, «Oppsummering av diskusjonen om sjølvråde», (1916), *Samla verk*, eng. utg., band 22, s. 341.)

Dette er stillinga når det gjeld spørsmålet om særskilde nasjonale rørsler, om det skulle vera slik at desse rørlene har ein reaksjonær karakter. Dette gjeld sjølvsagt om dei vert vurderte ikkje frå ein formell synstad, ikkje sett ut frå abstrakte rettar, men konkret, frå synsstaden til interessene til den revolusjonære rørsla.

Det same må ein sei om det revolusjonære innhaldet i nasjonale rørsler allment. Det utan tvil revolusjonære innhaldet i det enorme fleirtalet av nasjonale rørsler er like relativt og særegne som det at visse særskilde nasjonale rørsler kan ha eit reaksjonært innhald. Det revolusjonære innhaldet i ei nasjonal rørsle under vilkåra med imperialistisk underkuing, føreset ikkje naudsynlegvis at det er proletariske element i rørsla, at det finst eit revolusjonært eller republikansk program for rørsla eller at rørsla har eit demokratisk grunnlag. Den striden som emiren av Afghanistan fører for sjølvstende for Afghanistan, er objektivt ein *revolusjonær* strid, trass i dei monarkistiske synsmåtane til emiren og fylgje-sveinane hans, for han veikjer, opplyser og undergrev imperialismen. Men den striden som slike «halslause» demokratar og «sosialistar», «revolusjonære» og republikanrar som t.d. Kerenski og Tsereteli, Renau-del og Scheidemann, Tsjernov og Dan, Henderson og Clynes førté under den imperialistiske krigen, var ein *reaksjonær* strid, for resultatet av han var at imperialismen vart skjønmåla og styrkt, at han sigra. Av same grunnen er den striden som dei egyptiske kjøpmennene og borgarlege intellektuelle fører for sjølvstende for Egypt objektivt ein *revolusjonær* strid, trass i at leiaraane for den egyptiske nasjonale rørsla har borgarleg opphav og kallar seg borgarar, trass i at dei er mot sosialismen. Men den striden som den britiske «arbeidar» regjeringa fører for å halda

Egypt i ei usjølvstendig stilling, er av dei same grunnane ein *reaksjonær* strid, trass i at medlemene i den regjeringa har opphav i proletariatet og kollar seg proletarar, trass i at dei er «for» sosialismen. Ein treng ikkje nemna dei nasjonale rørslene i andre, større koloniland og usjølvstendige land, som Kina og India. Kvart steg dei tek på vegen mot frigjering er eit damphammarslag mot imperialismen, sjølv om det går mot krava til det formelle demokratiet, dvs. at det utan tvil er eit *revolusjonært* steg.

Lenin hadde rett då han sa at den nasjonale rørsla i dei underkua landa ikkje må verta vurderte sett ut frå det formelle demokratiet, men sett ut frå dei røynlege resultata slik dei kjem fram i hovudrekneskapen for striden mot imperialismen. Det vil seia at ein må sjå ho «ikkje isolert, men i verdsmålestokk» (sjå Lenin, «Oppsummering av diskusjonen om sjølvråde», (1916), *Samla verk*, eng. utg., band 22.)

2) *Frigjøringsrørsla til dei underkua folka og den proletariske revolusjonen.* Når leninismen løyser det nasjonale spørsmålet, går han ut frå desse tesane:

a) Verda er delt i to læger: lægeret til ein handfull siviliserte nasjonar som har finanskapital og utbyttar det enorme fleirtalet av folkesetnaden på jordkloten, og lægeret til dei underkua og utbytta folka i koloniane og dei usjølvstendige landa som er dette fleirtalet.

b) Koloniane og dei usjølvstendige landa, som er underkua og utbytta av finanskapitalen, er ein enorm reserve og ei særskilt viktig styrkekjelde for imperialismen.

c) Den revolusjonære striden dei underkua folka i dei usjølvstendige landa og koloniane fører mot imperialismen, er den einaste vegen som fører til at dei vert frigjorde frå underkuing og utbytting.

d) Dei viktigaste koloniane og usjølvstendige landa har alt teke vegen til den nasjonale frigjøringsrørsla, noko som ikkje kan føra til anna enn krise for verdskapitalismen.

e) Interessene til den proletariske rørsla i dei utvikla landa og den nasjonale frigjøringsrørsla i koloniane oppmodar til at desse to formene for revolusjonær rørsle går saman i ein sams front mot den sams fienden, mot imperialismen.

f) Siger for arbeidarklassen i dei utvikla landa og frigjering av dei underkua folka frå åket til imperialismen, er umogleg utan at ein sams revolusjonær front vert skipa og grunnfesta.

g) Det er uråd å skipa ein sams revolusjonær front om ikkje proletariatet i underkuarnasjonane yter beinveges og fastrådd støtte til frigjøringsrørsla til dei underkua folka, mot imperialismen til deira «eige land», for «ingen nasjon kan vera fri om han underkuar andre nasjo-

nar» (*Engels*).

h) Denne støtta vil selia at slagordet om nasjonane sin rett til lausring, til sjølvstendig tilvære som statar, vert hevda, verja og sett ut i livet.

i) Om dette slagordet ikkje vert sett ut i livet, kan ikkje sameininga og samarbeidet mellom nasjonane innanfor eit einaste økonomisk verdssystem verta til røyndom, og det er det materielle grunnlaget for at verdssosialismen skal sigra.

j) Denne sameininga kan berre vera friviljug, og stiga fram på grunnlag av innbyrdes tiltru og brorskaplege tilhøve mellom folka.

Difor har det nasjonale spørsmålet to sider, to tendensar: tendensen til politisk frigjering frå lekkjene til imperialismen og til å skipa ein sjølvstendig nasjonalstat – ein tendens som oppstod som fylgje av den imperialistiske underkuinga og den koloniale utbytinga, og tendensen til nærmere økonomiske tilhøve mellom nasjonane, som steig fram som resultat av at det vart skipa ein verdsmarknad og eit økonomisk verdsystem.

«Kapitalismen under utvikling», seier Lenin, «kjerner to historiske tendensar i det nasjonale spørsmålet. For det fyrste: nasjonalt liv og nasjonale rørsler vaknar, strid mot all nasjonal underkuing, nasjonalstatar vert skapte. For den andre: all slags samkvem mellom nasjonane utviklar seg og går fortare, dei nasjonale grensene bryt saman, det vert skapt ei internasjonal sameining av kapitalen, av det økonomiske livet i det heile, av politikken, vitskapen osb.

Både tendensane er ein verdsfemnande lov i kapitalismen. Den fyrste dominerer i byrjinga av utviklinga hans, den andre kjennmerker den mogne kapitalismen som går mot omskiping til eit sosialistisk samfunn» (Sjå Lenin, «Kritiske merknader til det nasjonale spørsmålet», (1913), *Samla verk*, eng. utg., band 20, s. 27).

For imperialismen står desse to tendensane for uforsonlege motseiingar, av di imperialismen ikkje kan vera til utan å utbytta koloniar og halda dei innanfor ramma av det «samanhengande heilet» med tvang, av di imperialismen berre kan føra nasjonar i hop ved hjelp av anneksjonar og kolonierobringar. Utan dette er imperialismen allment sett utenkjeleg.

For kommunismen er desse tendensane tvert om berre to sider av same sak – frigjeringssaka til dei underkua folka frå åket til imperialismen. For kommunismen veit at å sameina folk i eit einaste økonomisk verdssystem berre er mogleg på grunnlag av innbyrdes tiltru og friviljug

samtykke, og at vegen til å skipa ei friviljug samanslutning av folk går gjennom å skilja koloniane frå det «heilskaplege» imperialistiske «heilet», gjennom å omforma koloniane til sjølvstendige statar.

Difor er det naudsynt med sta, varig og målmedviten strid mot herrenasjons-sjåvinismen til «sosialistane» i herskarnasjonane (Storbritannia, Frankrike, Amerika, Italia, Japan osb.) som ikkje vil slåst mot dei imperialistiske regjeringsane sine, som ikkje vil stø striden dei underkua folka i «deira» koloniar fører for å verta fri for underkuing og for å lausriva seg.

Utan slik strid kan ein ikkje tenkja seg noka oppfostring av arbeidar-klassen i herskarnasjonane i ei ånd av sann internasjonalisme, i ei ånd av nærmere samband med dei slitande arbeidande massane i dei usjølv-stendige landa og koloniane, i ei ånd av verkeleg førebuing til den proletariske revolusjonen. Revolusjonen ville ikkje ha sigra i Russland, og Koltsjak og Denikin ville ikkje ha vorte knuste, om ikkje det russiske proletariatet hadde hatt velvilje og støtte frå dei underkua folka i det som før var det russiske keisarriket. Men for å vinna velvilje og støtte frå desse folka måtte det fyrist av alt bryta banda frå den russiske imperialismen og fri desse folka frå åket med nasjonal underkuing.

Utan dette ville det vore uråd å grunnfesta sovjetmakta, å setja inn verkeleg internasjonalisme og å skapa den merknadsverde organisasjonen for samarbeid mellom folk som heiter Unionen av Sosialistiske Sovjetrepublikkar og som er det levande mørnsteret på den framtidige samanslutninga av folk i eit einaste økonomisk verdssystem.

Difor er det naudsynt å slåst mot nasjonal isolasjonisme, trongsyn og fråstand hjå sosialistane i det underkua nasjonane, dei som ikkje vil heva seg over det nasjonale sneversynet sitt og som ikkje forstår sambandet mellom frigjeringsrørsla i deira eigne land og den proletariske rørsla i herskarlanda.

Utan slik strid er det uråd å tenkja seg at proletariatet i dei underkua nasjonane kan halda på ein sjølvstendig politikk og klassesolidariteten med proletariatet i herskarlanda i striden for å styrt den sams fienden, i striden for å styrt imperialismen.

Utan slik strid ville internasjonalisme vera uråd.

På denne måten er det at dei arbeidande massane i herrenasjonane og i dei underkua nasjonane må verta fostra i ånda til den revolusjonære internasjonalismen.

Dette seier Lenin om denne tosidige oppgåva til kommunismen for å oppseda arbeidarane i ånda til internasjonalismen:

«Kan slik oppseding... konkret vera *den same* i underkuande na-

sjonar og i små underkuende nasjonar, i annexerande nasjonar og annexerte nasjonar?

Sjølv sagt ikkje. Vegen til det eine målet – til fullstendig likskap, til svært nære tilhøve og etter det *samanslåing* av alle nasjonar – går oppplagt frametter her etter ulike ruter i kvart konkret tilfelle. På same måten, kan vi seia, som vegen til eit punkt midt på ei viss side ligg til venstre frå ein kant og til høgre frå den motsette kanten. Om ein sosialdemokrat som høyrer til ein stor, underkuande, annexerande nasjon som allment sett går inn for samanslåing av nasjonane, ein einaste augneblink skulle gløyma at «hans» Nikolai II, «hans» Wilhelm, George, Poincaré osb. *og er for samanslåing* med små nasjonar (ved hjelp av annexjonar) – Nikolai II er for 'samanslåing' med Gallitsja, Wilhelm II er for 'samanslåing' med Belgia osb. – ville ein slik sosialdemokrat vera ein lattleg doktrinær i teorien og ein hjelpermann for imperialismen i praksis.

Hovudtyngda i den internasjonalistiske oppsedinga av arbeidarane i dei underkuande landa er nøydd til å leggjast på at dei går inn for og hevdar at underkuende land har rett til å lausriva seg. Utan dette kan det ikkje finnast *nokon* internasjonalisme. Det er retten og skyldnaden vår å handsama alle sosialdemokratar frå underkuerland som *let vera* å driva slik propaganda som imperialistar og slynglar. Dette er eit absolutt krav, sjølv om sjansen for at lausriving skal vera mogleg og 'tenkjeleg' før sosialismen vert innført, er ein av tusen...

På den andre sida må ein sosialdemokrat som høyrer til ein liten nasjon, understreka i agitasjonen sin det *andre* ordet i den allmenne vendinga vår: 'friviljug *sameining*' av nasjonar. Han kan utan å gjera vald på pliktane sine som internasjonalist *anten* vera for at nasjonen hans skal vera politisk sjølvstendig, *eller* at han vert teken med i grannestaten X, Y, Z osb. Men i alle høve må han slåst *mot* trongsynet til små nasjonar, mot isolasjonisme og avstand, han må slåst for sannkjennin av heilskapen og det allmenne, for at interessene til det særeigne vert underordna interessene til det allmenne.

Folk som ikkje har gått grundig inn på spørsmålet, trur at det er ei 'motseiing' i at sosialdemokratar frå underkuende nasjonar står på kravet om 'fridom til *lausriving*', medan sosialdemokratar frå underkuende nasjonar krev 'fridom til *sameining*'. Men litt ettertanke vil syna dei at det ikkje er og ikkje kan vera nokon *annan* veg frå den rådande situasjonen til internasjonalisme og samanslåing av nasjonane, nokon annan veg til dette målet.» (Sjå Lenin, «Oppsummering av diskusjonen om sjølvrådet» i *Samla verk* (1916), eng. utg., band 22, s. 346-7.)

OM DET NASJONALE SPØRSMÅLET I JUGOSLAVIA

Tale halden i den jugoslaviske kommisjonen i EKKI,
30. mars 1925*

Kameratar, eg trur at Semich ikkje har forstått fullt ut hovudinnhaldet i den bolsjevikiske framstillinga av det nasjonale spørsmålet. Bolsjevikane skilde aldri det nasjonale spørsmålet frå det allmenne spørsmålet om revolusjon, korkje før oktober eller etter oktober. Hovudinnhaldet i den bolsjevikiske innstillinga til det nasjonale spørsmålet er at bolsjevikane alltid granska det nasjonale spørsmålet i uskuljeleg samband med det revolusjonære perspektivet.

Semich siterte Lenin, og sa at Lenin var stemt for å leggja løysinga av det nasjonale spørsmålet inn i grunnlova. Med dette ynskte han, Semich, tydelegvis å seia at Lenin såg på det nasjonale spørsmålet som eit grunnlovsspørsmål, det vil seia ikkje som eit spørsmål om revolusjon, men som eit spørsmål om reform. Dette er heilt feil. Lenin hadde aldri, og han kunne heller aldri ha hatt, konstitusjonelle illusionar. Det er nok å slå etter i verka hans for å verta overtydd om det. Om Lenin talte om ei grunnlov hadde han ikkje i tankane den konstitusjonelle, men revolusjonære måten å avgjera det nasjonale spørsmålet på. Dette vil seia at han såg på ei grunnlov som noko som kom som eit resultat av sigeren i revolusjonen. Vi i USSR har og ei grunnlov, og ho speglar av ei be stemt løysing av det nasjonale spørsmålet. Men denne grunnlova vart ikkje skapt som resultat av ein handel med borgarskapet, men som resultat av ein sigerrik revolusjon.

Vidare synte Semich til Stalin sitt hefte om det nasjonale spørsmålet som vart skrive i 1912.⁷² Og han freista å finna i det minste omveges støtte for synspunktet sitt i det. Men denne tilvisinga var nyttelaus av di han ikkje fann, og ikkje kunne finna, sjølv eit fjernt hint, for ikkje å tala om sitat, som i det minste ville rettferdiggjera den «konstitusjonelle» innstillinga hans til det nasjonale spørsmålet. For å stadfesta dette

*Eksekutivkomiteen i Komintern. – Red.

kan eg minna Semich på det avsnittet i Stalin sitt hefte der det vert trekt eit skilje mellom den austerrikske (konstitusjonelle) metoden å løysa det nasjonale spørsmålet på og dei russiske marxistane sin (revolusjonære) metode.

Her er det:

«Austerrikarane vonar å oppnå fridom for nasjonalitetar ved hjelp av småreformer, med sakte steg. Medan dei gjer framlegg om kulturnasjonalt autonomi som eit praktisk tiltak, reknar dei ikkje med noka radikal endring. Ei demokratisk rørsle for frigjering har dei ikkje ein gong i tankane. Dei russiske marxistane assosierer fridomen for nasjonalitetar på den andre sida med ei sannsynleg radikal endring, med ei demokratisk rørsle for frigjering. Dei har ingen grunn til å rekna med reformer. Og dette endrar tinga vesentleg med omsyn til den sannsynlege lagnaden til nasjonane i Russland.»

Klårt, skulle ein tru.

Og dette er ikkje Stalin sitt personlege syn, men det allmenne synet til dei russiske marxistane, som granska og held fram med å granska det nasjonale spørsmålet i uskiljeleg samband med det allmenne spørsmålet om revolusjon.

Utan å strekka seg for langt, kan ein seia at i historia til den russiske marxismen var det to stadium i framstillinga av det nasjonale spørsmålet: Det fyrste, eller før-oktoberstadiet, og det andre, eller oktoberstadiet. I det fyrste stadiet vart det nasjonale spørsmålet sett på som ein del av det allmenne spørsmålet om den borgarleg-demokratiske revolusjonen, det vil seia som del av spørsmålet om proletariatet og bøndene sitt diktatur. I det andre stadiet, då det nasjonale spørsmålet fekk vidare rekkevidde og vart eit spørsmål om koloniane, då det vart omforma frå eit innom-statleg spørsmål til eit verdsspørsmål, kom det til å verta sett på som del av det allmenne spørsmålet om den proletariske revolusjonen, som del av spørsmålet om proletariatets diktatur. Som de ser, var framstillinga strengt revolusjonær i både stadia.

Eg trur at Semich ikkje har fatta alt dette skikkeleg enno. Difor freistar han å redusera det nasjonale spørsmålet til eit grunnlovsspørsmål, dvs. å sjå på det som eit reformspørsmål.

Dette mistaket leiser han til eit anna, nemleg at han nekta å sjå at det nasjonale spørsmålet eigentleg er eit bondespørsmål. Ikkje eit jordbruksespørsmål, men eit bondespørsmål, for det er to ulike ting. Det er helt sant at det nasjonale spørsmålet ikkje må verta identifisert med bondespørsmålet, for i tillegg til bondespørsmålet omfattar det nasjona-

le spørsmålet slike spørsmål som nasjonal kultur, nasjonal statsskipnad osb. Men det er og heva over tvil at, når alt kjem til alt, er bondespørsmålet grunnlaget, kvintessensen,* i det nasjonale spørsmålet. Det forklårar at bøndene er hovudhæren i den nasjonale rørsla, at det ikkje finst noka mektig nasjonal rørsle utan bondehæren, og at det heller ikkje kan finnast noka rørsle utan bondehæren. Det er det ein meiner når det vert sagt at det nasjonale spørsmålet *egentleg* er eit bondespørsmål. Eg trur at Semich sin motvilje mot å godta denne formuleringa kjem av at han undervurderer den løynde styrken til den nasjonale rørsla og at han ikkje forstår den djupt folkelege og djupt revolusjonære karakteren den nasjonale rørsla har. Denne mangelen på forståing og denne undervurderinga er ein alvorleg fare. For i praksis tyder dei ei undervurdering av den potensielle makta som ligg til dømes i rørsla til kroatane for nasjonal frigjering. Denne undervurderinga fører med seg alvorlege komplikasjonar for heile det jugoslaviske kommunistpartiet

Dette er det andre mistaket til Semich.

Ein må utan tvil også sjå på Semich sin freistnad på å handsama det nasjonale spørsmålet i Jugoslavia isolert frå den internasjonale situasjonen og dei sannsynlege framtidsutsiktene i Europa, som eit mistak. Av di det ikkje finst noka alvorleg folkerørsle for sjølvstende mellom kroatane og slovenarane nett no, kjem Semich fram til den slutninga at spørsmålet om nasjonane sin rett til lausriving er eit akademisk spørsmål, og i alle fall ikkje påtrengjande. Dette er sjølvsagt gale. Sjølv om vi vedgår at dette spørsmålet ikkje er påtrengjande nett no, kan det avgjort verta svært påtrengjande *om det vert krig*, eller når det vert krig, *om ein revolusjon bryt ut i Europa*, eller når han bryt ut. At det uunngåelig vert krig, og at *dei*, der borte, kjem til å ryka i tottane på kvarandre, kan det ikkje vera tvil om når ein har naturen og utviklinga til imperialismen i mente.

I 1912, då vi russiske marxistar streka opp det første utkastet til det nasjonale programmet, fanst det inga alvorleg rørsle for sjølvstende enno i nokon av grenseregionane i det russiske keisarriket. Men ikkje dess mindre meinte vi at det var naudsynt å ta med i programmet vårt punktet om nasjonane sin sjølvråderett, det vil seia, retten alle nasjonalitetar har til å lausriva seg og eksistera som sjølvstendig stat. Kvifor? Av di vi ikkje berre bygde på det som fanst då, men også på det som utvikla seg og var i kjømda i det allmenne systemet av internasjonale samband. Det vil seia, at vi tok med i rekninga ikkje berre notida, men og framtida. Vi visste at om ein eller annan nasjonalitet skulle krevja å

*Kvintessens – det som er viktig, kjernen. – Red.

få lausriva seg ville dei russiske marxistane kjempa for å sikra retten til å lausriva seg for alle slike nasjonalitetar. Under talen sin synte Semich fleire gonger til Stalin sitt hefte om det nasjonale spørsmålet. Men her er det Stalin sitt hefte seier om sjølvråde og sjølvstende:

«Framvoksten av imperialismen i Europa er ikkje tilfeldig. Kapitalen i Europa byrjar å kjenna seg klemd inne, og han strekker seg mot framande land på leiting etter nye marknader, billig arbeidskraft og nye område å investera på. Men dette fører til ytre vanskar og krig... Difor er det fullt mogleg at eit samanfall av indre og ytre vilkår kan oppstå som gjer at ein eller annan nasjonalitet i Russland finn det naudsynt å reisa og løysa spørsmålet om sjølvstendet sitt. Og det er sjølv sagt ikkje oppgåva til marxistar å leggja hindringar i vegen i slike tilfelle.»

Dette vart skrive så langt attende som i 1912. De veit at seinare vart dette synet stadfest til fulle både under krigen og etter, og særleg etter sigeren for proletariatets diktatur i Russland.

Og dess meir grunn er det difor til at vi må rekna med at slikt er mogleg i Europa allment og i Jugoslavia særskilt, særleg no når den nasjonale revolusjonære rørsla i dei underkua landa har vorte djupare, og etter sigeren for revolusjonen i Russland. Ein må og ha i minne at Jugoslavia ikkje er eit heilt sjølvstendig land, at det er bunde til visse imperialistgrupper, og at det fylglegeleg ikkje kan sleppa unna det store maktspellet som går føre seg utanfor Jugoslavia. Om de strekar opp eit nasjonalt program for det jugoslaviske partiet – og det er nett det vi driv med no – må de hugsa at dette programmet ikkje berre må gå ut frå det som eksisterer nett no, men og frå det som utviklar seg og det som uunn gæleg vil skje i kraft av internasjonale tilhøve. Dette er grunnen til at eg meiner at spørsmålet om nasjonane sin sjølvråderett må sjåast som eit nærståande og livsviktig spørsmål.

No om det nasjonale programmet. Utgangspunktet for det nasjonale programmet må vera tesen om ein sovjetrevolusjon i Jugoslavia, tesen om at det nasjonale spørsmålet ikkje kan løysast til fullnøye på noko vis om ikkje borgarskapet er styrta og revolusjonen har sigra. Sjølv sagt kan det finnast unntak. Det var til dømes eit slikt unntak før krigen, då Noreg skilde seg frå Sverige – noko Lenin tek opp i detalj i ein av artiklane sine.⁷³ Men dette var før krigen, og under ein uvanleg kombinasjon av gunstige omstende. Etter krigen, og særleg etter sigeren for sovjetrevolusjonen i Russland, er slike tilfelle neppe moglege. I alle fall er sjansa ne for at dei er moglege no så små at dei kan setjast lik null. Men om

det er slik, er det klårt at vi ikkje kan byggja opp programmet vårt av element med ein verdi som er lik null. Dette er grunnen til at tesen om ein revolusjon må vera utgangspunktet for det nasjonale programmet.

Vidare, er det tvingande naudsynt å taka med eit særskilt punkt om nasjonane sin sjølvråderett i det nasjonale programmet, medrekna retten til å lausriva seg. Eg har alt sagt kvifor ein ikkje kan lata ute eit slikt punkt under dei indre og nasjonale tilhøva vi har no.

Til slutt må programmet og omfatta eit særskilt punkt som tek seg av nasjonalt territoriale autonomi for dei nasjonalitetane i Jugoslavia som kan hende ikkje ser det som naudsynt å lausriva seg frå dette landet. Dei som meiner at ein må sjå bort frå eit slikt tilfelle tek feil. Dette er gale. Under visse tilhøve, som eit resultat av sigeren for ein sovjetrevolusjon i Jugoslavia, kan det godt vera at nokre nasjonalitetar ikkje ynskjer å lausriva seg, nett slik det hende her i Russland. Det er klårt at for å møta eit slikt tilfelle, er det naudsynt å ha eit punkt om autonomi i programmet, der ein ser på omforminga av staten Jugoslavia til ein føderasjon av autonome nasjonalstatar tufta på sovjetsystemet.

Såleis må ein syta for retten til å lausriva seg for dei nasjonalitetane som vil det, og ein må syta for retten til autonomi for dei nasjonalitetane som heller vil verta verande innanfor rammene av den jugoslaviske staten.

For å sleppa misforståing, må eg seia at *retten* til å lausriva seg ikkje må verta oppfatta som ei *plikt*, som ei plikt til å lausriva seg. Ein nasjon kan dra nytte av denne retten og lausriva seg, men han kan og seia frå seg retten. Og om han ikkje ynskjer å nyitta han, er det hans eiga sak og vi må berre rekna med de kjensgjerningane. Nokre kamerater vender denne retten til å lausriva seg til ei plikt og krev at kroatane, til dømes, skal lausriva seg *same kva som skjer*. Denne haldninga er galen og må avvisast. Vi må ikkje forveksla ein rett og ei plikt.

Tidsskriftet *Bolsjhevik*, nr.7

15.april 1925.

DEI POLITISKE OPPGÅVENE TIL UNIVERSITETET TIL FOLKA I AUSTEN

*Tale på eit studentmøte ved Det kommunistiske universitetet
for slitarane i Austen,
18.mai 1925.*

Kameratar, tillat meg fyrst av alt å helsa dykk i høve fireårsdagen for Det kommunistiske universitetet for folka i Austen. Det er ikkje naudsynt å seia at eg ynskjer universitetet dykkar all lukke på den vanskelege vegen med å læra opp kommunistkadrar for Aust.

Og lat oss no gå over til det vi har føre oss.

Når ein analyserar korleis studentmassen ved Universitetet for slitarane i Austen er sett saman, kan ein ikkje anna enn leggja merke til at samansetjinga i ei viss monn er todelt. Dette universitetet sameiner utsendingar frå ikkje mindre enn femti nasjonar og nasjonale grupper i Austen. Alle studentane ved dette universitetet er Austen sine søner. Men denne definisjonen gjev ikkje noka klårt eller heilt bilet. I røynda er det to hovudgrupper mellom studentane ved universitetet. Dei representerer to sett med heilt ulike utviklingstilhøve. Den fyrste gruppa er folk som har kome hit frå det sovjetiske Austen, frå land der styret til borgarskapet ikkje lenger er til, der imperialistisk undertrykking har vorte styrta og der arbeidarane har mакta. Den andre studentgruppa er folk som har kome hit frå *koloniland og usjøhvystendige land*, frå land der kapitalismen enno herskar, der imperialistisk undertrykking ennå står ved full makt, og der sjølvstendet enno må vinnast ved at imperialistane vert drivne ut.

Slik er det to slag Austen som lever ulike liv og utviklar seg under ulike vilkår.

Det er ikkje naudsynt å seia at denne todelte samansetjinga av studentmassen må setja merke på arbeidet til Universitetet for slitarane i Austen. Det forklarer at dette universitetet står med ein fot på sovjetisk jord og med den andre på jorda til koloniane og dei usjølvstendige landa.

Difor er det to liner i verksemda ved universitetet: Ei line har til mål å skapa kadrar som er i stand til å tena sovjetrepublikkane i Austen, og

den andre lina har til mål å skapa kadrar som er i stand til å tena dei revolusjonære krava til dei arbeidande massane i dei koloniale og usjølvstendige landa i Austen.

Difor er og Universitetet til slitarane i Austen stilt andsynes to slag oppgåver.

Lat oss undersøkja desse oppgåvene til Det kommunistiske universitetet for slitarane i Austen kvar for seg.

I OPPGÅVENE TIL DET KOMMUNISTISKE UNIVERSITETET FOR SLITARANE I AUSTEN I HØVE TIL SOVJETREPUBLIKKANE I AUSTEN

Kva er særdraga i livet og utviklinga til desse landa, desse republikkane, som skil dei frå dei koloniale og usjølvstendige landa?

For det første er desse republikkane frie frå imperialistisk undertrykking.

For det andre utviklar dei seg og vert grunnfeste som nasjonar under vern av sovjetmakta, ikkje under vern av den borgerlege ordninga. Dette er noko som ikkje har skjedd tidlegare i historia, men ikkje dess mindre er det ei kjensjerning.

For det tredje: I den mon dei er industrielt underutvikla, kan dei fullt og heilt lita på støtte for utviklinga si frå industriproletariatet i Sovjetunionen.

For det fjerde. Sidan dei er frie frå kolonial undertrykking og får vern frå proletariatets diktatur, og sidan dei er medlemar av Sovjetunionen, kan og må desse republikkane verta dregne inn i arbeidet med å byggja sosialismen i landet vårt.

Hovudoppgåva er å gjera det lettare å trekka arbeidarane og bøndene i desse republikkane inn i arbeidet med å byggja sosialismen i landet vårt, å skapa og utvikla dei føresetnadene som kan vera nytta under dei særskilde levevilkåra i desse republikkane, og som kan fremja og skunda på denne prosessen.

Dei oppgåvene som dei leiande kadrane i det sovjetiske Austen no med ein gong står andsynes er difor:

1) Å skapa industrisenter i sovjetrepublikkane i Austen som skal tena som basar, for å få bøndene til å fylka seg om arbeiderklassen. De veit at dette arbeidet alt har byrja, og det vil utvikla seg saman med den økonomiske voksteren til Sovjetunionen. Desse republikkane har alle slag råvarer, og det garanterer at dette arbeidet vil verta fullført i rett tid.

2) Å heva nivået på landbruket, framfor alt vatningssystemet. De veit at dette arbeidet og har vorte drive framover, i alle høve i Transkaukasia og i Turkistan.

3) Å starta organiseringa av kooperativ og vidare fremja dei for dei breie massane av bønder og handverkarar. Det er den sikraste måten for å trekka sovjetrepublikkane i Austen inn i det allmenne systemet for sovjetisk økonomisk oppbygging.

4) Å føra sovjeta nærmere massane, å gje dei ei nasjonal samansetjing og på dette viset innpoda nasjonal-sovjetisk statsskipnad som står dei arbeidande massane nær, og som dei skjønar.

5) Å utvikla den nasjonale kulturen, å setja opp eit vidt nettverk av kurs og skular både for allmenn utdanning og for teknisk yrkesutdanning der morsmålet vert nytta for å trena opp sovjet- og partikadrar, tekniske kadrar og forretningskadrar frå dei lokale innbyggjarane.

Det er nett fullføringa av desse oppgåvene som vil letta arbeidet med å byggja sosialismen i sovjetrepublikkane i Austen.

Det er snakk om mønsterrepublikkar i det sovjetiske Austen. Men kva er ein mønsterrepublikk? Ein mønsterrepublikk er ein som utfører desse oppgåvene ærleg og samvitsfullt, og som med det trekker arbeidarane og bøndene i dei koloniale og usjølvstendige landa i grannelaget med i frigjeringsrørsla.

Eg har talt om å føra sovjeta nærmere dei arbeidande massane i dei ymse nasjonalitetane – om å gjera sovjeta nasjonale i innhald. Men kva tyder dette, og korleis syner det seg i praksis? Eg meiner at den nasjonale grensesetjinga som nett vart fullført i Turkistan,⁷⁴ kan tena som modell for korleis sovjeta skulle verta førtæ nærmere massane. Den borgarlege pressa ser på grensesetjinga som «bolsjevik-list». Men det er klårt at dette ikkje vart eit utslag av «list», men av den djuptgåande hugen til massane av folka i Turkmenistan og Usbekistan til å ha sine eigne maktorgan som står dei nære og som dei skjønar. I tidbolken før revolusjonen vart både desse landa rivne sund og delte mellom ymse khanat* og statar. Dei var difor eit høveleg felt for utbyttingsplanane til «makthavarane». Tida er no komen då det har vorte mogleg for desse spreidde bitane å verta *sameinte på nytt* i sjølvstendige statar, slik at dei arbeidande massane i Usbekistan og Turkmenistan kan verta førtæ nærmere maktorgana og verta fast samanknytte med dei. Avgrensinga av Turkistan er framfor alt *ei sameining på ny* av dei spreidde delane av desse landa i sjølvstendige statar. At desse statane seinare uttrykte

**Khanat* – område som låg under ein khan. Ein khan var ein stammefyrste – hjå m.a. mongolar, tatarar, seldsjukar og osmanar. – Red.

ynskje om å slutta seg til Sovjetunionen som likeverdige medlemar, syner berre at bolsjevikane har funne nøkkelen til det som massane i ne i Austen djupt og inderleg ynskjer, og at Sovjetunionen er ein friviljug union av dei arbeidande massane av ulike nasjonalitetar, den einaste i verda. For å sameine Polen på nytt, trøng borgarskapet ei heil rekke med krigar. Men for å sameina Turkmenistan og Usbekistan på nytt, trøng kommunistane berre nokre få månader med forklårande propaganda.

Dette er måten for å føra regjeringsorgana, i dette høvet sovjeta, nærrare dei breie arbeidande massane i ulike nasjonalitetar.

Det er provet på at den bolsjevikiske nasjonale politikken er den einaste rette politikken.

Eg talte vidare om å heva nivået i den nasjonale kulturen i sovjetrepublikkane i Austen. Men kva er nasjonal kultur? Korleis kan han vera sameint med den proletariske kulturen? Sa ikkje Lenin og før krigen at det finst to kulturar – ein borgarleg og ein sosialistisk, og at slagordet om nasjonal kultur er eit reaksjonært slagord frå borgarskapet som freistar å forgifta tankane til det arbeidande folket med til det arbeidande folket med giftig nasjonalisme?⁷⁵ Korleis skal bygging av nasjonal kultur, utvikling av skular og kurs på morsmåla og oppøving av kadrar frå folka på staden sameinast med bygginga av sosialismen, med bygginga av proletarisk kultur? Er det ikkje ei uløyseleg motseing her? Sjølvsagt ikkje! Vi byggjer proletarisk kultur. Det er heilt rett. Men det er og rett av proletarisk kultur? Er det ikkje ei uløyseleg motseing her? Sjølvsagt uttrykksformer mellom dei ulike folka som er dregne inn i bygginga av sosialismen, alt etter skilnader i språk, livilsstil og så bortetter. Proletarisk i innhald, nasjonal i form – slik er den allmenne kulturen som sosialismen går fram mot. Proletarisk kultur avskaffar ikkje nasjonal kultur, han gjev han innhald. På den andre sida avskaffar ikkje nasjonal kultur proletarisk kultur, han gjev han form. Slagordet om nasjonal kultur vart eit proletarisk slagord då proletariatet kom til makta, og då nasjonane byrja å vera grunnfeste under vernet til sovjetmakta. Kven som helst som ikkje skjønar den grunnleggjande skilnaden mellom desse to situasjonane kjem aldri til å skjøna korkje leninismen eller kjernen i det nasjonale spørsmålet.

Nokre (til dømes Kautsky) talar om at det vert skapt eit einaste verdsspråk og at alle andre språk skal døy ut i den sosiialistiske tidbolken. Eg har lite tru på denne teorien om eit einaste allfemnande språk. I alle høve talar røynsla heller mot enn for ein slik teori. Det som har skjedd til no, er at den sosiialistiske revolusjonen ikkje har minska, men heller auka, talet på språk. For ved å vekkja dei lågaste delane av men-

neskeætta og skuva dei ut på den politiske skodeplassen, vekkjer han til nytt liv ei rekkje nasjonalitetar som til no har vore ukjende eller lite kjende.

Kven kunne ha tenkt seg at det var ikkje mindre enn femti nasjonar og nasjonale grupper i det gamle tsaristiske Russland? Men då Oktoberrevolusjonen braut dei gamle banda og førte ei rekkje med gløymde folkeslag og nasjonar fram mot skodeplassen, så gav han dei nytt liv og ei ny utvikling. I dag talar ein om India som ein einaste heilskap. Men det kan knapt vera nokon tvil om at titals med til no ukjende nasjonalitetar med eigne språk og eigne kulturar, vil dukka fram på scenen dersom det vert revolusjonært opprør i India. Og når det gjeld å poda inn proletarisk kultur mellom dei ulike nasjonalitetane, kan det knapt vera nokon tvil om at dette kjem til å gå føre seg i former som er i samsvar med språka og leveviset til desse nasjonalitetane.

For ikkje lenge sidan fekk eg eit brev frå nokre kameratar i Burjat som bad meg om å forklåra alvorlege og vanskelege spørsmål som galdt tilhøva mellom verdsfemnande kultur og nasjonal kultur. Her er det:

«Vi ber deg alvorleg om å forklåre dei fylgjande svært alvorlege og vanskelege spørsmåla for oss. Det endelege målet til kommunistpartiet er å få ein einaste verdsfemnande kultur. Korleis skal ein få til overgangen til ein einaste verdsfemnande kultur gjennom dei nasjonale kulturane som utviklar seg innom rammene av dei einskilde autonome republikkane våre? Korleis skal assimileringa av dei særskilde draga i dei einskilde nasjonale kulturane (språk osb.) gå føre seg?»

Eg trur at det som nett er sagt, kan tena som svar på dei ivrige spørsmåla som er stilte av kameratene frå Burjat.

Kameratane frå Burjat reiser spørsmålet om assimileringa av dei einskilde nasjonalitetane under oppbygginga av ein verdsfemnande proletarisk kultur. Det er tvillaust at nokre nasjonalitetar kan og kanskje sikkert kjem til å gå gjennom ein assimilatingsprosess. Slike prosessar har det vore før. Men poenget er at prosessen med å assimilere nokre nasjonalitetar utelet ikkje, men har til føresetnad, den motsatte prosessen med å styrkja og vidareutvikla ei heil rekkje med nasjonar som eksisterar og utviklar seg. For delprosessen med at einskilde nasjonalitetar vert assimilerte, er resultatet av den allmenne prosessen med at nasjonane utviklar seg. Det er nett av denne grunnen at den moglege assimileringa av nokre einskilde nasjonalitetar ikkje svekkjer, men stadfester den helt korrekte tesen at proletarisk verdsfemnande kultur ikkje utelet, men set som føresetnad og fostrar, den nasjonale kulturen til folka, –

nett slik den nasjonale kulturen til folka ikkje gjer til inkjes, men utfyller den verdsfemnande proletariske kulturen og gjer han rikare.

Slik er allment dei oppgåvane som dei leiande kadrane i sovjetrepublikkane i Austen står andsynes i augneblinken.

Slik er karakteren til og innhaldet i desse oppgåvane.

Ein må utnytte den tidbolken som har byrja, med intens økonomiske oppbygging og med nye innrømmingar til bøndene, for å sikra at desse oppgåvane vert fullførte. Med dette gjer ein det lettare å trekkja sovjetrepublikkane i Austen, som i hovudsak er bondeland, inn i arbeidet med å byggja sosialismen i Sovjetunionen.

Det vert sagt at den nye politikken som partiet har andsynes bøndene ved at det gjev etter på ei rekkje punkt (jord på kortidsbygsel, løyve til å leiga arbeidskraft), inneholder visse element av tilbaketrekking. Er det rett? Ja, det er det. Men dei er element av tilbaketrekking som vi tillet ved sida av at vi held fast på overveldande mykje sterke krefter på partiet og sovjektmakta si side. Stabil mynt, utvikling av industri og transport, eit kredittsystem som veks seg sterke og som gjennom preferansekreditt gjer det mogleg å ruinera eller heva kva som helst lag av folket til eit høgare nivå utan å vera årsak til den minste oppskaking – alt dette er reserver som proletariatets diktatur rår over. Ved hjelp av dette kan visse element av tilbaketrekking på ein sektor av fronten berre gjeia det lettare å førebu eit åtak langsmed heile fronten. Dei få punkta der partiet har gjeve etter for bøndene, skulle nett av denne grunnen no gjeia det lettare, heller enn vanskeligare, å trekkja bøndene inn i arbeidet med å byggja sosialismen.

Kva kan dette tilhøvet tyda for sovjetrepublikkene i Austen? Det kan berre tyda at dei leiande kadrane i desse republikkane får eit nytt våpen i hendene, som set desse landa i stand til å verta lettare og snøggare bundne til det allmenne systemet for utviklinga av sovjetøkonomien.

Slik er sambandet mellom den politikken som partiet fører på landsbygda, og dei nasjonale oppgåvane som dei leiande kadrane i det sovjetiske Austen står andsynes nett no.

I denne samanhengen er oppgåva til Universitetet til folka i Austen i hove til sovjetrepublikkane i Austen, å trenna opp kadrar for desse republikkane etter liner som sikrar at dei nærmeste oppgåvane som eg har rekna opp ovanfor, vert fullførte.

Universitetet til folka i Austen må ikkje isolera seg frå livet. Det korke er eller kan vera ein institusjon som står over livet. Det må vera bunde saman med det verkelege livet gjennom kvar fiber av seg sjølv. Fylgjeleg kan det ikkje lata vera med å bry seg om dei nærmaste oppgåvane som sovjetrepublikkane i Austen står andsynes. Det er årsaka til at

oppgåva til Universitetet til folka i Austen er å rekna med dei nærmaste oppgåvane som desse republikkane står andsynes, når det trenar opp dei høvelege kadrane for dei.

I denne samanhengen er det naudsynt å hugsa at det finst to avvik i praksisen til dei leiane kadrane i det sovjetiske Austen. Ein må kjempa mot desse avvika innom grensene til dette universitetet dersom det skal øve opp verkelege kadrar og verkelege revolusjonære for det sovjetiske Austen.

Det første avviket ligg i forenkling, ei forenkling av dei oppgåvane som eg har talt om ovanfor, ein freistnad på å overföra mekaniske modellar for økonomisk oppbygging som heilt kan skjønast og nyttast i sentrum av Sovjetunionen, men som slett ikkje høver for utviklingstilhøva i dei såkalla grenseområda. Det er to ting dei kameratane som er skuldige i dette avviket ikkje skjønar. Dei skjønar ikkje at tilhøva i sentrum og i «grenseområda» ikkje er like og at dei er langt frå å vera heilt like. Vidare skjønar dei ikkje at sjølvé sovjetrepublikkane i Austen ikkje er like, at nokre av dei, til dømes Grusia og Armenia er på eit høgare nasjonalt utviklingsnivå, medan andre, til dømes Tsjetsjenia og Kabarda er på eit lågare nasjonalt utviklingsnivå.

Andre igjen, til dømes Kirgisia, er i ei mellomstilling mellom dei to ytterpunktta. Desse kameratane skjønar ikkje at det ikkje kan verta bygt noko som er viktig, dersom arbeidet ikkje er tilpassa dei lokale tilhøva, og dersom det ikkje med omhug er teke omsyn til alle dei ulike særdragene ved kvart land. Resultatet av dette avviket er at dei vert skilde frå massane og fell ned til å vera venstre-frasemakarar. Oppgåva til Universitetet til folka i Austen er å øva opp kadrar i ei ånd av uforsonleg kamp mot desse avvika.

På den andre sida ligg det andre avviket i at lokale særdrag vert overdrivne. Ein gløymer den sams og viktigaste tingen som knytter sovjetrepublikkane i Austen saman med industriområda i Sovjetunionen. Di sosialistiske oppgåvane vert dyssa ned, ein trøng og avgrensa nasjonalisme vert tilpassa oppgåvane. Dei kameratane som er skuldige i dette avviket, bryr seg lite om den indre utviklinga i landet sitt og vil heller lata utviklinga gå sin naturlege gang. Hovudsaka for dei er ikkje indre utvikling, men «ytre» politikk, at republikkane deira utvidar grensene sine, tvistemål med grannerepublikkane, hugen til å riva til seg ein ekstra bit territorium frå grannane sine og slik koma på god fot med dei borgarlege nasjonalistane i dei respektive landa sine. Resultatet av dette avviket er at dei vert skilde frå sosialismen og fall ned til å vera vanlege borgarlege nasjonalistar. Oppgåve til Universitetet til folka i Austen er å øve opp kadrar til ei ånd av uforsonleg kamp mot denne løynde nasjo-

nalsmen.

Slik er oppgåvene til Universitetet i Austen i høve til sovjetrepublikkane i Austen.

II

OPPGÅVENE TIL DET KOMMUNISTISKE UNIVERSITETET TIL SLITARANE I AUSTEN I HØVE TIL DEI KOLONIALE OG USJØLVSTENDIGE LANDA I AUSTEN

Lat oss gå over til det andre spørsmålet, som er spørsmålet om oppgåvene til Det kommunistiske universitetet til slitarane i Austen i høve til dei koloniale og usjølvstendige landa i Austen.

Kva er særdraga ved livet og utviklinga til desse landa, kva skil dei fra sovjetrepublikkane i Austen?

For det første lever og utviklar desse landa seg under undertrykkinga fra imperialismen.

For det andre vert den revolusjonære krisa i desse landa gjort meir intens og djupare ved at det er dobbel undertrykking, indre undertrykking (frå deira eige borgarskap) og ytre undertrykking (frå det utanlandske imperialistiske borgarskapet.)

For det tredje veks kapitalismen snøgt i nokre av desse landa, til dømes i India. Han gjev vokster til og formar ein meir eller mindre talrik klasse av lokale proletarar.

For det fjerde. Når den revolusjonære rørsla veks, kløyver det nasjonale borgarskapet i slike land seg i to delar, ein revolusjonær del (småborgarskapet) og ein forsonleg del (storborgarskapet). Den fyrste av desse held fram med den revolusjonære kampen, medan den andre går inn i ei blokk med imperialismen.

For det femte formar det seg ei anna blokk i slike land parallelt med imperialistblokka. Dette er ei blokk mellom arbeidarane og det revolusjonære småborgarskapet. Ho er ei anti-imperialistisk blokk som har full frigjering frå imperialismen som mål.

For det sjette vert spørsmålet om hegemoniet til proletariatet i slike land, spørsmålet om å frigjera folkemassane frå påverknaden frå det forsonlege nasjonale borgarskapet meir og meir påtengjande.

For det sjuande gjer desse tilhøva det mykje lettare å knyta den nasjonale frigjøringsrørsla i slike land saman med den proletariske rørsla i dei framskridne landa i Vesten.

Av dette følgjer det minst tre slutningar:

- 1) Ein kan ikkje nå frigjering for dei koloniale og usjølvstendige landa frå imperialismen utan ein sigerik revolusjon: De vil ikkje nå sjølvstende gratis.
- 2) Revolusjonen kan ikkje gjera framsteg, og ein kan ikkje vinna fullt sjølvstende for dei koloniane som kapitalismen har utvikla og dei usjølvstendige landa utan at det nasjonale borgarskapet vert isolert, utan at dei småborgarlege revolusjonære massane vert frigjorde frå påverknaden frå dette borgarskapet, utan at politikken med hegemoni for proletariatet er sett i verk og utan at dei framskridne elementa i arbeidarklassen er organiserte i eit sjølvstendig kommunistparti.
- 3) Ein kan ikkje vinna ein varig siger i dei koloniale og usjølvstendige landa utan eit verkeleg band mellom frigjøringsrørsla i desse landa og den proletariske rørsla i dei framskridne landa i Vesten.

Hovudoppgåva for kommunistane i dei koloniale og usjølvstendige landa er å tufta den revolusjonære verksemda si på desse slutningane.

Kva er dei nærmaste oppgåvene til den revolusjonære rørsla i koloniane og i dei usjølvstendige landa ut ifrå desse tilhøva?

Særdraget ved koloniane og dei usjølvstendige landa no er at det ikkje lenger finst eitt altfemnande kolonialt Austen. Tidlegare vart det koloniale Austen framstilt som ein einskapleg heilskap. I dag er ikkje det biletet lenger i samsvar med sanninga. No er det minst tre grupper av koloniale og usjølvstendige land. For det første slike land som Marokko, som har lite eller ikkje noko proletariat og som er industrielt heilt uutvikla. For det andre slike land som Kina og Egypt, som er industrielt underutvikla og som har eit etter måten lite proletariat. For det tredje slike land som India, som er meir eller mindre kapitalistisk utvikla og har eit meir eller mindre talrikt nasjonalt proletariat.

Det er klårt at alle desse landa ikkje kan stillast likt.

I slike land som Marokko, der det nasjonale borgarskapet til no ikkje har nokon grunn til å kløyva seg i ein revolusjonær del og ein forsonleg del, er oppgåva for dei kommunistiske elementa å gjera alle tiltak for å skapa ein nasjonal einskapsfront mot imperialismen. I slike land kan dei kommunistiske elementa gruppere seg i eitt parti fyrist under kampen mot imperialismen, særleg etter ein sigerik revolusjonær kamp mot imperialismen.

Kommunistane kan ikkje lenger setja seg som mål å skipa ein nasjonal einskapsfront mot imperialismen i slike land som Egypt og Kina, der det nasjonale borgarskapet alt har kløyvt seg i eit revolusjonært parti og eit forsoningsparti, men der den forsonlege delen av borgarskapet enno ikkje er i stand til å slå seg i lag med imperialismen. I slike land må kommunistane gå over frå politikken med ein nasjonal einskaps-

front til politikken med ei revolusjonær blokk av arbeidarane og småborgarskapet. I slike land kan denne blokka taka form av eit einskilt parti, eit arbeidar- og bondeparti. Men føresetnaden er at dette særskilt partiet *verkeleg* representerer ei blokk av to krefter – kommunistpartiet og partiet til det revolusjonære småborgarskapet. Oppgåvene til denne blokka er å avsløra kor halvhjarta og sjølvmotstridande det nasjonale borgarskapet er, og å føre ein målmedviten kamp mot imperialismen. Eit slikt todelt parti er naudsnyt og tenleg så framt det ikkje bind kommunistpartiet på hender og føter, så framt det ikkje avgrensar fridomen for kommunistpartiet til å gjera agitasjons- og propaganda-arbeid, så framt det ikkje hindrar at proletariatet fylkar seg ikring kommunistpartiet, og så framt det gjer det lettare at den revolusjonære rørsla verkeleg vert leidd av kommunistpartiet. Eit slikt todelt parti er ikkje naudsnyt og tenleg dersom det ikkje samsvarer med alle desse tilhøva, for det kan berre føra til at dei kommunistiske elementa vert løyste opp i rekjkene til borgarskapet, og til at kommunistpartiet misser den proletariske hæren.

Stoda er noko annleis i slike land som India. Det grunnleggjande og nye draget i livsvilkåra i slike koloniar som India, er ikkje berre at det nasjonale borgarskapet har kløyvt seg i ein revolusjonær del og ein forsonleg del, men først og fremst at den forsonlege delen av dette borgarskapet i hovudsak alt har greidd å slutta ein avtale med imperialismen. Denne delen av borgarskapet er den rikaste og den som har mest å seia, og han går heilt over i lägeret til dei uforsonlege fiendane til revolusjonen og skipar ei blokk med imperialismen mot arbeidarane og bøndene i sitt eige land. For han fryktar revolusjonen meir enn han fryktar imperialismen, og han bryr seg meir om pengesekkane sine enn om interesene til sitt eige land. Revolusjonen kan ikkje sigra dersom denne blokka ikkje vert knust. Men for å knuse denne blokka, må ein koncentrera elden om det forsonlege nasjonale borgarskapet. Sviket som det gjer må verta avslørt, dei arbeidande massane må verte frigjorde frå påverknad frå det, og vilkåra som er naudsnyte for hegemoniet til proletariatet må verta systematisk førebudd. I slike koloniar som India gjeld det med andre ord å førebu proletariatet på rolla som leiar for frigjeringsrørsla, og steg for steg å驱 borgarskapet og dei talerøyra det har, bort frå denne ærefulle posten. Oppgåva er å skapa ei revolusjonær anti-imperialistisk blokk og å tryggja hegemoniet til proletariatet i denne blokka. Sjølv om det ikkje alltid treng å vera slik, så kan denne blokka taka form av eit einskilt arbeidar- og bondeparti som formelt er bunde av ei einskild plattform. I slike land må sjølvstendet til kommunistpartiet vera hovudslagordet for dei framskridne kommunistiske elementa. For hege-

moniet til proletariatet kan berre verta førebudd og sett i verk av kommunistpartiet. Men kommunistpartiet kan og må gå inn i ei open blokk med den revolusjonære fløya av borgarskapet for å leia dei store massane av småborgarskapet i byane og på bygdene i kampen mot imperialismen etter at det har isolert det forsonlege nasjonale borgarskapet.

Etter dette er dei nære oppgåvene for den revolusjonære rørsla i dei kapitalistisk utvikla koloniane og dei usjølvstendige landa:

- 1) Å vinna dei beste elementa i arbeidarklassen over til den kommunistiske sida og å skapa sjølvstendige kommunistparti.
- 2) Å skapa ei nasjonal revolusjonær blokk av arbeidarar, bønder og dei revolusjonære intellektuelle mot blokka av det forsonlege nasjonale borgarskapet og imperialismen.
- 3) Å tryggja hegemoniet til proletariatet i denne blokka.
- 4) Å kjempa for å frigjera småborgarskapet i byene og på landsbygda frå påverknaden frå det forsonlege nasjonale borgarskapet.
- 5) Å tryggja at frigjeringsrørsla er lenka saman med den proletariske rørsla i dei framskridne landa.

Desse er dei tre gruppene med nære oppgåver som dei leiande kadra-
ne i kolonilanda og dei usjølvstendige landa i Austen står andsynes.

Desse oppgåvene får ein særleg viktig karakter, og særleg stor tyding, når dei vert undersøkte i lys av den noverande internasjonale stoda. Særdaget ved den internasjonale stoda no er at den revolusjonære rørsla har kome inn i ein mellombels periode med stille. Men kva er ei stille, kva tyder det nett no? Det kan berre tyda at det vert eit sterkare press på arbeidarane i Vesten, på koloniane i Austen og fyrst og fremst på Sovjetunionen som viser vegen for den revolusjonære rørsla i alle land. Det kan knapt vera tvil om at ein alt har byrja å førebu dette presset på Sovjetunionen i imperialististane sine rekkjer. Bakvaskingskampanjen som vart sett fram i samband med opprøret i Estland⁷⁶, den ærelause oppeglinga mot Sovjetunionen i samband med eksplosjonen i Sofia⁷⁷ og det allmenne korstoget som borgarpressa fører mot landet vårt, er alle merke på at ein offensiv vert førebudd. Det er artilleriet som førebur folkemeininga med det føremålet å venja almenta til at det vert gjort åtak på Sovjetunionen og å skapa dei moralske føresetnadene for intervension. Det står att å sjå kva som kjem ut av denne lygn- og bakvaskingskampanjen, om imperialistane vil riskera å gje seg i kast med ein alvorleg offensiv. Men det kan knapt vera nokon tvil om at desse åtaka ikkje varslar noko godt for koloniane. Difor er det eit uunngåeleg spørsmål i dag å førebu dei samla revolusjonære kreftene på å slå attende mot det slaget som imperialismen truleg vil gje.

Difor vert det no særskilt viktig at den revolusjonære rørsla i kolonia-

ne og dei usjølvstendige landa fullfører dei næreste oppgåvene sine utan å vika.

Kva er oppgåva til Universitetet til folka i Austen i høve til kolonilanda og dei usjølvstendige landa på bakgrunn av alle desse tilhøva? Det har til oppgåve å taka omsyn til alle særdraga ved den revolusjonære utviklinga i desse landa, og å øva opp kadrar som kjem frå dei på eit vis som vil tryggja at dei ulike nære oppgåvene som eg har rekna opp, vert fullførte.

Ved Universitetet til folka i Austen er det om lag ti ulike studentgrupper som har kome hit frå koloniale og usjølvstendige land. Vi veit alle at desse kameratane tørstar etter lys og kunnskap. Oppgåva til Universitetet til folka i Austen er å gjera dei til verkelege revolusjonære som er væpna med den leninistiske teorien, rusta med praktisk røynsle i leninismen og i stand til å utføra dei nære oppgåvene til frigjeringsrørsla i koloniane og dei usjølvstendige landa med heile sitt hjarta og all sin hug.

I samband med dette er det naudsynt å ha i minne to avvik i praksisen til dei leiande kadrane i det koloniale Austen, to avvik som ein må kjempa mot dersom det skal verta øvd opp verkelege revolusjonære kadrar.

Det fyrste avviket ligg i at det revolusjonære potensialet i frigjeringsrørsla vert undervurdert, og i at ideen om ein allfemnande nasjonal einskapsfront i koloniane og dei usjølvstendige landa vert overvurdert utan omsyn til stoda og utviklingsgraden til desse landa. Dette er eit høgreavvik, og det ber med seg fare for at den revolusjonære rørsla vert svekka, og for at røystene til dei kommunistiske elementa druknar i det allmenne koret til dei borgarlege nasjonalistane. Det er den beinveges oppgåva til Universitetet til folka i Austen å føra ein målmedviten kamp mot dette avviket.

Det andre avviket ligg i at dei revolusjonære potensiala i frigjeringsrørsla vert overvurderte, og i at rolla til ein allianse mellom arbeidarklassen og det revolusjonære borgerskapet mot imperialismen vert undervurdert. For meg ser det ut til at kommunistane på Java, som for ikkje lenge sidan gjorde den feilen å setja fram slagordet om sovjetmakt for sitt land, lid under dette avviket. Dette er eit venstreavvik, og det ber med seg fare for at kommunistpartiet skal verta skilt frå massane og skapt om til ei sekt. Ein målmedviten kamp mot dette avviket er eit grunnleggjande vilkår for å øva opp verkelege revolusjonære kadrar for koloniane og dei usjølvstendige landa i Austen.

Slik er allment oppgåvene til Universitetet til folka i austen i høve til folka i det sovjetiske Austen og det koloniale Austen.

Lat oss vona at Universitetet til folka i Austen greier å utføra desse oppgåvene med ære.

Pravda, nr. 115.

22. mai 1925

DET NASJONALE SPØRSMÅLET EIN GONG TIL*

Om artikkelen til Semich

Ein kan berre helsa velkommen at Semich no, etter den diskusjonen som gjekk føre seg i den jugoslaviske kommisjonen, i artikkelen sin sluttar seg heilt og fullt til det standpunktet sendelaget frå RKP(b) i Komintern har teke. Men det ville vera gale å meina at det på grunn av dette ikkje har vore usemje mellom sendelaget frå RKP(b) og Semich, før eller under diskusjonen i den jugoslaviske kommisjonen. Tydelegvis er det nett det Semich hallar til å meina om usemja om det nasjonale spørsmålet, når han freistar å skjera ho ned til berre misforståingar. Uheldigvis tek han djupt feil. Han hevdar i artikkelen sin at diskusjonen med han er bygd på ei «rekke misforståingar» på grunn av «ein ikkje fullt ut omsett» tale han heldt i den jugoslaviske kommisjonen. Med andre ord, det fylgjer av dette at vi må gjera den personen til syndebukk som, av ein eller annan grunn, ikkje omsette heile talen til Semich. I sanninga si interesse må eg seia frå at denne påstanden til Semich står heilt i strid med kjensgjerningane. Det ville sjølv sagt ha vore betre om Semitsj hadde underbygd påstanden sin med sitat frå talen han heldt i den jugoslaviske kommisjonen – meldinga om den er teken vare på i arkiva til Komintern. Men av ein eller annen grunn gjorde han ikkje dette. Fylgjeleg er eg nøydd til å gå gjennom denne ikkje særleg hyggelege, men svært naudsynte saksgangen for han.

Dette er dess meir naudsynt av di det framleis er mykje uklårt i den haldninga han tek, sjølv no etter at han slutta seg heilt til standpunktet sendelaget fra RKP(b) har teke.

I talen min i den jugoslaviske kommisjonen (sjå *Bolsjevik*⁷⁸ nr. 7,* talte eg om usemje i tre spørsmål:

1) Spørsmålet om måtane å løyse det nasjonale spørsmålet på, 2) spørsmålet om det indre samfunnsmessige innhaldet i den nasjonale

* Sjå denne boka, «Om det nasjonale spørsmålet i Jugoslavia», (1925), s. 187. – Red.

rørsla i den historiske tidbolken no, og 3) spørsmålet om rolla til den internasjonale faktoren i det nasjonale spørsmålet.

Om det fyrste spørsmålet sa eg at Semich hadde «ikkje fullt ut forstått kjerna i den bolsjekiviske framstillinga av det nasjonale spørsmålet», at han skilde det nasjonale spørsmålet frå det allmenne spørsmålet om revolusjonen, og at han fylgjeleg halla til å skjera ned det nasjonale spørsmålet til ei konstitusjonell sak.*

Er alt det sant?

Les det fylgjande avsnittet frå talen til Semich i den jugoslaviske kommisjonen (30.mars 1925) og døm sjølve:

«Kan det nasjonale spørsmålet skjerast ned til ei konstitusjonell sak? Lat oss først tenkja oss eit teoretisk tilfelle. Lat oss tenkja oss at i staten X er det tre nasjonar A, B og C. Desse tre nasjonane uttrykkjer ynskjet om å leva i ein stat. Kva er saka i dette høvet? Det er, sjølv sagt, reguleringa av dei indre sambanda innanfor denne staten. Såleis er det ei konstitusjonell sak. I dette teoretiske tilfellet er det nasjonale spørsmålet ei konstitusjonell sak.... Om vi, i dette teoretiske tilfellet, reduserer det nasjonale spørsmålet til ei konstitusjonell sak, må det seiast – som eg alltid har understreka – at sjølvråderetten til nasjonane, medrekna retten til lausriving, er eit vilkår for å løysa det konstitusjonelle spørsmålet. Og det er berre på dette planet eg set fram det konstitusjonelle spørsmålet.»

Eg trur ikkje at dette sitatet frå talen til Semich treng vidare kommentarar. Det er heilt klårt at kven det enn er som ser på det nasjonale spørsmålet som ein del av det allmenne spørsmålet om den proletariske revolusjonen, så kan han ikkje skjera det ned til eit konstitusjonelt spørsmål. Og omvendt – berre ein som skil det nasjonale spørsmålet frå det allmenne spørsmålet om den proletariske revolusjonen, kan skjera det ned til eit konstitusjonelt spørsmål.

Talen til Semich inneholder ei utsegn som går ut på at den nasjonale sjølvråderetten ikkje kan vinnast utan revolusjonær kamp. Semich seier: «Sjølv sagt kan slike rettar vinnast berre gjennom revolusjonær kamp. Dei kan ikkje vinnast på parlamentarisk vis, dei kan berre koma som eit resultat av revolusjonære masseaksjonar.» Men kva tyder «revolusjonær kamp» og «revolusjonære aksjonar»? Kan «revolusjonær kamp» og «revolusjonære aksjonar» identifiserast med å styrtta herskar-klassen, med å gripa makta, med siger for revolusjonen som eit vilkår

* Konstitusjonell sak – sak som gjeld stadsoppbygnaden.— Red.

for løysinga at det nasjonale spørsmålet? Sjølvsagt ikkje. Å tala om siger for revolusjonen som det grunnleggjande vilkåret for å løysa det nasjonale spørsmålet er ein ting. Men det er ein heilt annan ting å setja «revolusjonære aksjonar» og «revolusjonær kamp» som vilkår for å løysa det nasjonale spørsmålet. Ein må merkja seg at vegen med reformar, den konstitusjonelle vegen, ikkje på nokon måte utelet «revolusjonære aksjonar» og «revolusjonar kamp». «Revolutionære aksjonar» i seg sjølve er ikkje avgjerande når ein skal avgjera om eit parti er revolusjonært eller reformistisk, men dei politiske måla og føremåla som partiet går inn for og nyttar desse aksjonane til. Som kjent, gjorde dei russiske mensjevikane i 1906, etter at den fyrste dumaen var splitta, framlegg om å organisera ein «generalstreik» og til og med ein «væpna oppreist». Men det hindra dei slett ikkje frå å verta verande mensjevikar, for kvi-for gjorde dei framlegg om alt dette på den tida? Sjølvsagt ikkje for å knusa tsarismen og å organisera den fullstendige sigeren for revolusjonen, men for å «øva press» på tsarregjeringa med det føremålet å utvida «konstitusjonen», med det føremålet å sikra at ein «betre» duma vart kalla saman. «Revolutionære aksjonar» med det føremålet å reformera det gamle *medan* makta vert verande i hendene på herskarklassen, det er ein ting – det er den konstitusjonelle vegen. «Revolutionære aksjonar» med det føremålet å riva opp det gamle systemet og styrt herskarklassen er ein annan ting – det er den revolutionære vegen, vegen til full siger for revolusjonen. Det er ein grunnleggjande skilnad her.

Dette er grunnen til at eg trur at når Semich viser til «revolutionær kamp», *samtidig* som han skjer det nasjonale spørsmålet ned til eit konstitusjonelt spørsmål, så er ikkje dette motprov, men berre ei stadfesting av det eg sa om at Semich «ikkje hadde forstått fullt ut kjerna i den bolsjevikiske framstellinga av det nasjonale spørsmålet». For han skjønna ikkje at ein ikkje må sjå det nasjonale spørsmålet isolert frå spørsmålet om sigeren i revolusjonen, men uskiljeleg knytt til det, som ein del av det allmenne spørsmålet om revolusjonen.

Når eg står hard på dette, meiner eg slett ikkje å freista å få fram at eg har sagt noko nytt om mistaket til Semich i dette spørsmålet. Ikkje i det heile. Dette mistaket til Semich vart nemnt alt av kamerat Manulski på den femte kongressen til Komitern⁷⁹, då han sa:

«I heftet «*Det nasjonale spørsmålet i lys av marxismen*» og i ei rekke artiklar prenta i *Radnik*, organet til Jugoslavias Kommunistparti, fører Semich kamp for revisjon av grunnlova som eit praktisk slagord for kommunistpartiet. Det vil seia at han i røynda reduserer heile spørsmålet om sjølvråderetten for nasjonane til eit rent konstitusjo-

nelt spørsmål». (Sjå *Stenografisk rapport fra den femte kongressen*, s. 596-597.

Sinovjev talte også i den jugoslaviske kommisjonen om dette same mistaket då han sa:

I det perspektivet Semich trekkjer opp, syner det seg at berre ein liten ting manglar, nemlig revolusjon», at det nasjonale spørsmålet er eit «revolusjonært og ikkje eit konstitusjonelt» problem (sjå *Pravda* nr. 83).

Desse kommentarane frå representantar for RKP(b) i Komitern om mistaket til Semich, kan ikkje ha vore tilfeldige, grunnlause. Det er ingen røyk utan eld. Slik står saka når det gjeld det første og grunnleggjande mistaket til Semich.

Dei andre mistaka hans kjem beinveges frå dette grunnleggjande mistaket.

Om det andre spørsmålet se eg i talen min (sjå *Bolsjevik* nr. 7) at Semich «nektar å sjå på det nasjonale spørsmålet som fyrst og fremst eit bondespørsmål.»*

Er dette sant?

Les dette avsnittet frå den talen som Semich heldt i den jugoslaviske kommisjonen og døm sjølve:

«Kva tyder den nasjonale rørsla i Jugoslavia samfunnsmessig?» spør Semich, og han svarar der: «Samfunnsinnhaldet er kappestriden mellom serbisk kapital på den eine sida og kroatisk og slovensk kapital på den andre». (Sjå talen til Semich i den jugoslaviske kommisjonen).

Det kan sjølv sagt ikkje vera tvil om at kappestriden mellom det slovenske og kroatiske borgarskapet og der serbiske borgarskapet er bunnen til å spela ei viss rolle her. Men det er like mykje heva over tvil at ein mann som meiner at den samfunnsmessige tydinga til den nasjonale rørsla ligg i kappestriden mellom borgarskapet i dei ulike nasjonalitetane, ikkje kan sjå på det nasjonale spørsmålet som i hovudsak eit bondespørsmål. Kva er kjernen i det nasjonale spørsmålet i dag, når dette spørsmålet har vorte omforma frå eit lokalt spørsmål innanfor staten til

* Sjå same artikkel, s. 188. *Red.*

ein verdsspørsmål, eit spørsmål om kampen som koloniar og usjølvstendige nasjonalitetar fører mot imperialismen? Kjernen i det nasjonale spørsmålet i dag ligg i kampen som folkemassane i koloniane og det usjølvstendige nasjonalitetane fører mot at det imperialistiske borgarskapet i herskarnasjonen skal utbytta desse koloniane og nasjonalitetane finansielt, trælbinda dei politiske og utsletta kulturen deira. Kva for tyding kan kappestriden mellom borgarskapet i ulike nasjonalitetar ha når det nasjonale spørsmålet vert lagt fram på denne måten? Det har avgjort ikkje avgjerande tyding og er i visse tilfelle ikkje ein gong særsviktig. Det er heilt klårt at kjernen her ikkje er at borgarskapet i ein nasjonalitet slår, eller kan slå, borgarskapet i ein annen nasjonalitet i kappestriden. Kjernen er at den imperialistiske gruppa i den herskande nasjonaliteten utbytta og underkuar störstedelen av massane, framfor alt massane av bønder, i koloniane og dei usjølvstendige nasjonalitetane, og at underkuinga og utbytinga dreg dei inn i kampen mot imperialismen, dei vert omforma til allierte i den proletariske revolusjonen. Det nasjonale spørsmålet kan ikke verta sett som i hovudsak eit bondespørsmål, om samfunnstydinga av den nasjonale rørsla er skoren ned til kappestrid mellom borgarskapet i ulike nasjonalitetar. Og omvendt, kan ein ikkje sjå kappestriden mellom borgarskapet i ulike nasjonalitetar som det som utgjer det samfunnsmessige innhaldet i den nasjonale rørsla, dersom det nasjonale spørsmålet vert sett på som i hovudsak eit bondespørsmål. Det er ikkje mogleg å taka desse to formuleringane som likeverdige.

Semich syner til eit avsnitt i heftet til Stalin, *Marxismen og det nasjonale spørsmålet*, som er skrive på slutten av 1912. Der står det at «under vilkåra med veksande kapitalisme er den nasjonale striden ein strid som dei borgarlege klassane fører mellom seg sjølve». (Sjå s. 25. Red.)

Det er tydeleg at Semich freistar å slå frampå om at formelen hans, som fastset samfunnstydinga av den nasjonale rørsla under dei noverende historiske vilkåra, er rett. Men heftet til Stalin var skrive før den imperialistiske krigen, då marxistar enno ikkje såg på det nasjonale spørsmålet som eit verdsspørsmål, då det grunnleggjande kravet som marxistane reiste om sjølvråderett ikkje vart rekna som del av den proletariske revolusjonen, men som del av den borgarleg-demokratiske revolusjonen. Det ville vera låttleg å ikkje skjøna at etter den tida har den internasjonale situasjonen endra seg radikalt. Krigen på den eine sida og Oktoberrevolusjonen i Russland på den andre, har omforma det nasjonale spørsmålet frå å vera ein del av den borgarleg-demokratiske revolusjonen til å vera ein del av den proletarisk-sosialistiske revolusjonen. Så langt attende som i oktober 1916, i artikkelen «Oppsummering

av diskusjonen om sjølråderetten»⁸⁰, sa Lenin at hovudpunktet i det nasjonale spørsmålet, sjølvråderetten, hadde sluttat å vera ein del av den allmenne demokratiske rørsla, og at sjølvråderetten alt hadde vorti ein del av den allmenne proletariske, sosialistiske revolusjonen. Eg nemner ikke ein gong seinare verk om det nasjonale spørsmålet av Lenin og andre talsmenn for russisk kommunisme. Etter alt dette, kva synes Semich si tilvising til avsnittet i heftet til Stalin, som var skrive i perioden med den *borgarleg-demokratiske* revolusjonen i Russland, no når vi som ein fylgje av den nye historiske situasjonen har gått inn i ein ny tidfolk, tidbolken med proletarisk revolusjon? Det kan berre syna at Semich siterer utanfor rom og tid, utan tilvising til den levande historiske situasjonen, og dermed gjer vald mot dei mest elementære krava i dialektikken og overser at det som er rett i ein historisk situasjon kan syna seg å vera gale i ein annan historisk situasjon. I talen min i den jugoslaviske kommisjonen sa eg at ein må skilja mellom to stadium i den framstillinga dei russiske bolsjevikane gjev av det nasjonale spørsmålet: Før-oktober-stadiet, då den *borgarleg-demokratiske* revolusjonen var saka og det nasjonale spørsmålet vart sett på som ein del av den allmenne demokratiske rørsla, og oktober-stadiet, då den proletariske revolusjonen alt var saka og det nasjonale spørsmålet hadde vorte ein del av den proletariske revolusjonen. Det trengst neppe prov på at denne skilnaden er avgjerdande viktig. Eg er redd Semich framleis ikkje skjønar meiningsa og innhaldet i denne skilnaden mellom dei to stadia i framstillinga av det nasjonale spørsmålet.

Dette er grunnen til at eg trur at Semich sin freistnad på å sjå på den nasjonale rørsla ikkje som i hovudsak eit bondespørsmål, men som eit spørsmål om kappestrid mellom borgarskapet i ulike nasjonalitetar, «kjem av at han undervurderer den løynde styrken til den nasjonale rørsla, og at han ikkje forstår den djupe folklege og djupt revolusjonære karakteren den nasjonale rørsla har» (sjå *Bolsjevik*, nr. 7*).

Slik står saka når det gjeld det andre mistaket til Semich.

Det er typisk at dei same tinga vart sagde av Sinovjev om dette mistaket til Semich i talen hans i den jugoslaviske kommisjonen:

«Semich tek feil når han seier at bonderørsla i Jugoslavia er leidd av borgarskapet og difor ikkje er revolusjonær (sjå *Pravda*, nr. 83).

Er dette samantreffet tilfeldig? Sjølvsagt ikkje! Ein gong til: Det er ingen røyk utan eld.

* Same artikkel, s. 189. Red.

Til slutt, om det tredje spørsmålet slo eg fast at Semich gjer ein «freistnad på å handsama det nasjonale spørsmålet i Jugoslavia isolert frå den internasjonale situasjonen og dei sannsynlege framtidsutsiktene i Europa.*

Er det sant?

Ja, det er det. For i talen sin gav ikkje Semich det minste hint om at den internasjonale situasjonen under dei noverande tilhøva, særleg i samband med Jugoslavia, er ein hovudfaktor i å løysa det nasjonale spørsmålet. Det at den jugoslaviske staten sjølv vart skipa som resultat av samanstøyten mellom dei to store imperialistkoalisjonane, at Jugoslavia ikkje kan sleppa unna det store spelet av krefter som no går føre seg i dei kringliggjande imperialiststatane – alt dette vart verande utanfor synsfeltet til Semich. Utsegna til Semich om at han fullt ut kan tenkja seg at visse endringar finn stad i den internasjonale situasjonen og kan gjera at spørsmålet om sjølvråderetten vert eit presserande og praktisk spørsmål må no, i den noverande internasjonale situasjonen, reknast som utilstrekkeleg. No er det på ingen måte eit spørsmål om å vedgå at spørsmålet om sjølvråderetten kan verta brennande, med visse endringer i den internasjonale situasjonen i ei tenkjeleg og fjern framtid. Dersom det er naudsynt, kunne til og med borgarlege demokratar gå med på at dette no kunne vera ei framtidsutsyn. Det er ikkje poenget no. Poenget no er å hindra at dei grensene den jugoslaviske staten har no, som kom til som resultat av krig og vald, vert gjorde til utgangspunkt og lovleg grunnlag for løysinga av det nasjonale spørsmålet. Anten det eine eller det andre: Anten er spørsmålet om nasjonal sjølvråderett, det vil seia spørsmålet om radikal endring av dei jugoslaviske grensene, eit *tillegg* til det nasjonale programmet som lyser svakt i ei fjern framtid, eller så er nasjonal sjølvråderett *grunnlaget* for det nasjonale programmet. I alle høve er det klårt at punktet om sjølvråderetten på ei og same tid ikkje kan vera *både* eit tillegg til og grunnlaget for det nasjonale programmet til Jugoslavias Kommunistparti. Eg er redd for at Semich framleis held fram med å sjå på sjølvråderetten som eit tillegg om framtidsutsiktene som er føydd til det nasjonale programmet.

Det er grunnen til at eg trur at Semich skil det nasjonale spørsmålet frå spørsmålet om den allmenne internasjonale situasjonen. Og som ein fylgle av dette er spørsmålet om sjølvråderetten, det vil seia spørsmålet om å endra Jugoslavia sine grenser, i hovudsak ikkje noko presserande spørsmål, men eit akademisk eit for han.

Slik står saka når det gjeld det tredje mistaket til Semich.

* Sjå same artikkel, s. 189. – *Red.*

Det er karakteristisk at den same tinga vart sagt om dette mistaket til Semich av kamerat Manuilski i rapporten hans til den femte kongressen til Komitern:

«Den grunnleggjande føresetnaden for heile Semich si framstilling av det nasjonale spørsmålet er tanken om at proletariatet må godta den borgerlege staten *innanfor dei grensene som ei rekkje krigar og valdshandlingar har sett*»*, (sjå *Stenografisk rapport frå den femte kongressen til Komitern*, s. 597).

Kan ein sjå på dette samantreffet som tilfeldig? Sjølvsagt ikkje!
Ein gong til: Det er ingen røyk utan eld.

Tidsskriftet *Bolsjevik*, nr. 11-12,
30. juni 1925

Underteikna: *J. Stalin*

* Mi uthaving. J. St.

UTDRAG FRÅ EIT REV TIL KAMERAT KAGANOVITSJ OG DEI ANDRE MEDLEMANE I POLITIBYRÅET I SENTRALKOMITEEN TIL KOMMUNISTPARTIET I UKRAINA

Når det gjeld det fyrste punktet er det noko rett i det Sjumski seier. Det er rett at det har byrja ei brei rørsle til føremon for ukrainisk kultur og det offentlege livet i Ukraina, og at ho spreier seg over heile Ukraina. Det er rett at vi ikkje under noko høve må lata denne rørsla falla i hendene på element som er fiendslege til oss. Det er rett at ei rekjkje med kommunistar i Ukraina ikkje skjørnar kva denne rørsla tyder og kor viktig ho er, og difor ikkje tek noko steg for å vinna kontroll over ho. Det er rett at det må skje ei endring i innstilling i partiet vårt og mellom sovjetkadrane som enno er gjennomsyra av ei ironisk og tvilande haldning til ukrainsk kultur og ukrainsk offentleg liv. Det er rett at vi må velja nøy ut og byggja opp kadrar som er i stand til å vinna kontroll over den nye rørsla i Ukraina. Alt dette er rett. Likevel gjer Sjumski minst to alvorlege feil.

For det fyrste blandar han ukrainisering av partiapparatet vårt og andre einingar samen med ukrainisering av proletariatet. Apparatet til partiet vårt, statlege og andre organ som tener innbyggjarane, kan og burde verta ukrainiserte, sjølv om denne saka ikkje må gå for fort. Men det er umogleg å ukrainisera proletariatet ovanfrå. Det er umogleg å *tvinga* massane av dei russiske arbeidarane til å gje opp det russiske språket og russisk kultur og godta den ukrainske kulturen og språket som deira eige. Det ville vera tvert imot prinsippet om den frie utviklinga av nasjonalitetane. Det ville ikkje vera nasjonal fridom, men ei særskild form for nasjonal undertrykking. Det kan ikkje vera tvil om at samansetninga av det ukrainske proletariatet vil endra seg med industriutviklinga i Ukraina og med straumen av ukrainske arbeidrarar inn i industrien frå landsbygda omkring. Det kan ikkje vera tvil om at samansetjinga av det ukrainske proletariatet vil verta ukrainisert nett slik som samansetjinga av proletariatet i til dømes Latvia eller Ungarn, som ein gong var tyske i karakteren, seinare vart latvisert eller madjarisert. Men

dette er ein langvarig, spontan og naturleg prosess. Å freista å skifta ut denne spontane prosessen med tvungen ukrainisering av proletariatet ovanfrå, ville vera ein utopisk og skadeleg politikk. Han kunne fyra opp under anti-ukrainsk sjåvinisme mellom dei ikkje-ukrainske delane av proletariatet i Ukraina. For meg ser det ut til at Sjumski har ein galen idé om ukrainiseringa, og ikkje tek omsyn til denne siste faren.

For det andre. Medan han på ein heilt rett måte legg vekt på det positive innhaldet i den ukrainske rørsla til føremon for ukrainsk kultur og ukrainsk offentleg liv, så ser ikkje Sjumski vrangside av ho. Sjumski ser ikkje at på bakgrunn av veikskapen til de innfødde kommunistkadrane i Ukraina, kan denne rørsla, som svært ofte vert leidd av ikkje-kommunistiske intellektuelle, her og der få karakteren av ein kamp for å gjera ukrainsk kultur og offentleg liv fjern frå allmenn sovjetkultur og offentleg liv. Innhaldet i ho vert då kamp mot «Moskva» allment, mot russarane allment, mot russisk kultur og det høgste han har nådd – leninismen. Eg skal ikkje bruka tid på å prova at dette held på å verta ein aukande verkeleg fare i Ukraina. Eg ynskjer berre å seia at endå til visse ukrainske kommunistar ikkje er frie for slike feil. Eg tenkjer på noko så allment kjend som artikkelen til kommunisten Khvilevoi i den ukrainske pressa. Kravet til Khvilevoi om «avrussifisering av proletariatet» i Ukraina «straks», synet hans at «ukrainsk poesi må fjerna seg frå den russiske litteraturen og stilens hans så snøgt som råd», det at han seier at «ideane til proletariatet er kjende for oss utan Moskva-kunsten», at han er forgapt i ideen at den «unge» ukrainske intelligensiaen har ei slags Messias-rolle å spela, at han gjer ein lattleg og ikkje-marxistisk freistnad på å skilja kultur frå politikk – alt dette og mykje anna liknande lyder (det kan ikkje anna!) meir enn merkjeleg no om dagen, når det kjem or munnen på ein ukrainsk kommunist. I ei tid då proletarane i Vest-Europa og kommunistpartia deira har samhug med «Moskva», denne bastionen for den internasjonale revolusjonære rørsla, og med leninismen, i ei tid då proletarane i Vest-Europa fagnar flagget som vajar over Moskva, har den ukrainske kommunisten Khvilevoi ikkje noko betre å seia til føremon for «Moskva» enn å oppmoda dei ukrainske leiarane om å fjerna seg frå «Moskva» «så snøgt som mogleg.» Og slikt vert kalla internasjonalisme! Kva kan ein seia om andre ukrainske intellektuelle, dei frå det ikkje-kommunistiske lægeret, dersom kommunistar byrjar å tala, og ikke berre tala, men og å skriva, i sovjetpressa vår i same ordelag som Khvilevoi? Sjumski skjønar ikkje at vi kan vinna kontroll over den nye rørsla i Ukraina til føremon for ukrainsk kultur berre ved at vi kjempar mot slike ytterpunkt som Khvilevoi i dei kommunistiske rekjkene. Sjumski skjønar ikkje at berre ved å kjempa mot slike ytter-

punkt, kan det veksande ukrainske kulturen og det offentlige livet ver-
ta omskapt til *sovjetisk* kultur og offentleg liv.

26. 4. 1926

J. Stalin

DEI «NASJONALE» OG INTERNASJONALE OPPGÅVENE TIL REVOLUSJONEN ER EINSKAPLEGE OG UDELELEGE

*Utdrag frå «Ein gong til om det sosial-demokratiske avviket i partiet vårt»,
melding lagt fram på det sjuande utvida plenumsmøtet i Ekki, 7. 12. 1926.*

Tredje spørsmål. Det tredje spørsmålet gjeld problem i dei «nasjonale» og internasjonale oppgåvene til den proletariske revolusjonen i eit særskilt land. Partiet meiner at dei «nasjonale» og internasjonale oppgåvene til proletariatet i USSR går opp i den eine allmenne oppgåva å frigjera proletarane i alle land frå kapitalismen. Interessene til å byggja sosialismen i landet vårt, går heilt og halde opp i interessene til den revolusjonære rørsla i alle land, til den ene allmenne interessa som er sigeren til den sosialistiske revolusjonen i alle land.

Kva ville skje om proletarane i alle land ikkje sympatiserte med og støtta sovjetrepublikken? Det ville bli intervension og sovjetrepublikken ville verta knust.

Kva ville skje om kapitalen greidde å knusa sovjetrepublikken? Det ville setja inn ei tid med den svartaste reaksjon i alle dei kapitalistiske og koloniale landa, det ville bli teke stupetak på arbeidarklassen og dei underkua folka, stillingane til den internasjonale kommunismen ville gå tapt.

Kva kjem til å henda om sympatiene og støtta sovjetrepublikken får mellom proletarane i alle land veks og vert sterkare? Det vil gjera det sær mykje lettare å byggja sosialismen i USSR.

Kva kjem til å henda om det som den sosialistiske oppbygginga i USSR utrettar, held fram med å veksa? Det kjem til å betra den revolusjonære stillinga til proletarane i alle land sær kraftig i striden dei fører mot kapitalen, det kjem til å undergrava stillinga til den internasjonale kapitalen i striden hans mot proletariatet, og kjem til å lyfta sjansane til verdsproletariatet mykje.

Men det fylgjer av dette at interessene og oppgåvene til proletariatet i USSR er ivorne og udeleleg bundne til interessene og oppgåvene til den revolusjonære rørsla i alle land. Og motsett, oppgåvene til dei revolusjonære proletarane i alle land er udeleleg bundne til oppgåvene og

bragdene til proletariatet i USSR, i området for den sosialistiske oppbygginga.

Difor er det å gjera ein djup politisk feil om ein set dei «nasjonale» oppgåvene til proletarane i eit særskilt land opp mot dei internasjonale oppgåvene.

Difor har den som framstiller iveren og gløden som proletarane i USSR syner i striden på fronten for den sosialistiske oppbygginga, som teikn på «nasjonal isolasjon» og «nasjonalt trongsyn», slik opposisjonsfolka våre av og til gjer, gått frå vitet eller inn i den andre barndomen.

Å stadfesta at interessene og oppgåvene til proletarane i eitt land og interessene og oppgåvene til proletarane i alle land er eitt og udelelegt, er difor den vissaste vegen til siger for den revolusjonære rørsla til proletarane i alle land.

Nett av denne grunnen er sigeren til den proletariske revolusjonen i eitt land ikkje noko mål i seg sjølv, men eit middel og ei hjelpe for å utvikla revolusjonen i alle land til siger.

Difor vil det å byggja sosialismen i USSR seja å fremja den sams saka til proletarar i alle land. Det vil seja å smi siger over kapitalen ikkje berre i USSR, men i alle dei kapitalistiske landa, for revolusjonen i USSR er del av verdsrevolusjonen – byrjinga på han og utviklingsgrunnlaget hans.

OM KINA

Utdrag frå ein tale om «Den internasjonale stoda og forsvaret av USSR». Halden under eit samla plenum i sentralkomiteen og den sentrale kontrollkommisjonen i SUKP(b), 1. august 1926

Lat oss gå over til spørsmålet om Kina.

Eg skal ikkje dvela ved mistaka til opposisjonen når det gjeld spørsmålet om innhaldet i og utsiktene for den kinesiske revolusjonen. Eg skal ikkje gjera det av di det er sagt nok, og sagt temmelig overtydande, om denne saka, og det er ikkje bryet verdt å taka det opp att her. Eg skal heller ikkje dvela ved den påstanden at i den noverande fasen er den kinesiske revolusjonen ein revolusjon for tollautonomi (Trotski). Det er heller ikkje bryet verdt å dvela ved påstandeførom at det ikkje finst føydale restar i Kina, eller at dersom dei finst, så er dei ikkje viktige (Trotski og Radek). Dersom det var slik, ville jordbruksrevolusjonen i Kina vera heilt uskjøneleg. Utan tvil veit de alt frå partipressa vår om desse og liknande mistak frå opposisjonen med omsyn til det kinesiske spørsmålet.

Lat oss gå over til spørsmålet om dei grunnleggjande føresetnadene til leninismen når det gjeld å avgjera spørsmåla om revolusjon i koloni-land og usjølvstendige land.

Kva er dei grunnleggjande føresetnadene til Komitern og kommunistpartia allment når dei tek for seg spørsmåla om frigjeringsrørsla i koloniale og usjølvstendige land?

Det inneber eit strengt *skilje* mellom revolusjon i imperialistiske land, i land som undertrykkjer andre land, og revolusjon i koloniland og usjølvstendige land, i land som lid under imperialistisk undertrykking frå andre land. Revolusjon i imperialistiske land er ein ting: Der er borgarskapet undertrykkjaren av andre nasjonar, der er det kontrarevolusjonært på alle stadium i revolusjonen, den nasjonale faktoren som ein faktor i kampen for frigjering finst ikkje der. Revolusjon i koloniland og usjølvstendige land er ein annan ting: Den imperialistiske undertrykkinga frå andre statar er der ein av faktorane i revolusjonen. Der må denne undertrykkinga verka på det nasjonale borgarskapet og. Der kan

det nasjonale borgarskapet på eit visst stadium for ei viss tid stø den revolusjonære rørsla i landet sitt, mot imperialismen. Den nasjonale faktoren, som ein faktor i frigjeringskampen, er ein revolusjonær faktor der.

Å ikkje trekkja dette skiljet, å ikkje skjøna denne skilnaden og å setja revolusjon i imperialistiske land likt med revolusjon i koloniland, det er å fjerna seg frå den marxistiske og den leninistiske vegen, det er å slå inn på same vegen som dei som står Den andre internasjonalen.

Her er det som Lenin sa om dette i meldinga si om det nasjonale og det koloniale spørsmålet på den andre kongressen i Komitern.

«Kva er den *viktigaste*, den *grunnleggjande* ideen i tesane våre? Det er *skiljet* mellom *undertrykte* nasjonar og *undertrykkjande* nasjonar. Vi legg vekt på dette skiljet – i motsetnad til Den andre internasjonalen og det borgarlege demokratiet*».

Hovudfeilen til opposisjonen er at han ikkje skjønar og ikkje vil vedgå denne skilnaden mellom dei to typane av revolusjon.

Hovudfeilen til opposisjonen er at han *set likskapsteiken mellom* revolusjonen i 1905 i Russland, eit imperialistisk land som undertrykte andre nasjonar, og revolusjonen i Kina, som er eit undertrykt halvkolonialt land, som er tvinga til å kjempa mot imperialistisk undertrykking på vegner av andre statar.

Her i Russland i 1905 var revolusjonen retta mot borgarskapet, mot det liberale borgarskapet, trass i at det var ein borgarleg-demokratisk revolusjon. Kvifor? Av di det liberale borgarskapet i eit *imperialistisk* land må vera kontra-revolusjonært. Nett på grunn av dette var det ikkje, og det kunne heller ikkje vera noko spørsmål mellom bolsjevikane på den tida om mellombels blokker og semjer med det liberale borgarskapet. På dette grunnlaget hevdar opposisjonen at ein burde taka den same haldninga i Kina på alle nivå i den revolusjonære rørsla, og at mellombels semjer og blokker med det nasjonale borgarskapet aldri kan verta tillate i Kina på noko vilkår. Men opposisjonen gløymer at berre folk som ikkje skjønar og ikkje vedgår at det er ein skilnad mellom revolusjon i undertrykte land og i undertrykkjande land kan tala slik, at berre folk som bryt med leninismen og søkk ned på nivået til dei som står Den andre internasjonalen, kan tala slik.

Her er det som Lenin sa når det gjeld spørsmålet om det er tillateleg

* Lenin, *Samla verk*, bd. 31, eng. utg. s. 240 – Red.
Mi uthaving – J. St.

å gå inn i mellombels semjer og blokker med den *borgarlege* frigjeringsrørsla i koloniale land:

«Den kommunistiske internasjonalen må gå inn i ein *mellombels allianse* med det borgarlege demokratiet i koloniane og dei attende-liggjande landa. Men han må ikkje smelta saman med dei og må stødig halda ved lag sjølvstendet til den proletariske rørsla, sjølv om ho berre er i gryande form.»*

«Som kommunistar må og vil vi *stø borgarleg frigjeringsrørsler*** i koloniale land berre når desse rørlene verkeleg er revolusjonære, når representantane til desse rørlene ikkje hindrar oss i å øva opp og organisera bøndene og dei breie massane av dei utbytta i revolusjonær ånd».***

Korleis kunne det «henda» at Lenin, som lynte og tordna mot semjer med borgarskapet i *Russland*, vedgjekk at slike semjer og blokker kunne verta tillatne i *Kina*? Kanskje Lenin tok feil? Kanskje han hadde snudd frå revolusjonær taktikk til opportunistisk taktikk? Sjølvsagt ikkje! Det «hende» av di Lenin skjøna skilnaden mellom revolusjon i eit undertrykt land og revolusjon i eit undertrykkjande land. Det «hende» av di Lenin skjøna at på eit visst steg i utviklinga si kan det nasjonale borgarskapet i dei koloniale og usjølvstendige landa stø den revolusjonære rørsla i sitt eige land mot undertrykkinga frå imperialismen. Opposisjonen nektar å skjøna dette, men han nektar det av di han bryt med den revolusjonære taktikken til Lenin, bryt med den revolusjonære taktikken til leninismen.

Har de lagt merke til korleis leiarane for opposisjonen i talane sine unngjekk desse direktiva frå Lenin med omhug, av di dei var redde for å nemna dei? Kvifor unngår dei desse allment kjende taktiske direktiva frå Lenin for dei koloniale og usjølvstendige landa? Kvifor er dei redde for desse direktiva? Av di dei er redde for sanninga. Av di dei taktiske direktiva til Lenin driv attende heile den ideologiske og politiske lina til trotskismen når det gjeld spørsmål om den kinesiske revolusjonen.

Så om stadia i den kinesiske revolusjonen. Opposisjonen har vorte så forvirra at han no nektar at det i det heile er stadium i utviklinga av den kinesiske revolusjonen. Men finst det noko slikt som ein revolusjon som ikkje går gjennom avgrensa utviklingsstadium? Hadde ikkje revolusjonen vår sine utviklingsstadium? Tak apriltesane⁸¹ til Lenin, og de ser at Lenin skil mellom to stadium i revolusjonen vår: Det fyrste stadi-

* Lenin, *Samla verk*, eng. utg., bd. 31, s. 150.

** Mi uteving - J. St.

*** Lenin, *Samla verk*, eng. utg., bd. 31, s. 242.

et var den borgarleg-demokratiske revolusjonen med jordbruksrørsla som hovudaksen. Det andre stadiet var Oktoberrevolusjonen med maktovertakinga til proletariatet som hovudaksen.

Kva er stadia i den kinesiske revolusjonen?

Slik eg ser det skulle det vera tre:

Det første stadiet er revolusjonen med ein allnasjonal *einskaps*-front, Kanton-perioden⁸², då revolusjonen i hovudsak var retta mot utanlandsk imperialisme, og det nasjonale borgarskapet støtta opp om den revolusjonære rørsla.

Det andre stadiet er den borgarleg-demokratiske revolusjonen, etter at dei nasjonale troppane nådde Yangtse-elva, då det nasjonale borgarskapet deserterte frå revolusjonen og jordbruksrørsla voks til ein mektig revolusjon med titals millionar bønder (den kinesiske revolusjonen er no på det andre utviklingsstadiet).

Det tredje stadiet er sovjetrevolusjonen som enno ikkje har kome, men som kjem.

Dei som ikkje skjønar at det ikkje finst noko slikt som ein revolusjon utan avgrensa utviklingsstadium, dei som ikkje skjønar at det er tre utviklingsstadium i den kinesiske revolusjonen, skjønar ikkje noko av marxismen eller av det kinesiske spørsmålet.

Kva kjenneteiknar det første stadiet i den kinesiske revolusjonen? Særdraget ved det første stadiet i den kinesiske revolusjonen er først at det var revolusjonen til ein allnasjonal einskapsfront, og først at han i hovudsak var retta mot utanlandsk imperialistisk undertrykking (streiken i Hongkong osb.)⁸³. Var så Kantonsentret, la place d'armes* til den revolusjonære rørsla i Kina? Ja, sjølvsagt. Berre dei som er blinde kan nekta for det ne.

Er det rett at det første stadiet i ein koloni-revolusjon må ha nett eit slikt innhald? Eg trur det. I dei «utfyllande tesane» frå den andre kongressen til Komitern som tek føre seg revolusjonen i Kina og India, er det med klåre ord slege fast at i desse landa «hindrar utanlandsk dominans heile tida den frie utviklinga av samfunnslivet», og at «*det første steget*** i ein revolusjon i koloniane må difor vera å styrt den utanlandske kapitalismen» (sjå *Munnleg melding frå den andre kongressen til Komitern*, s. 605).

Særdraget ved den kinesiske revolusjonen er at han har teke dette «fyrste steget». Han har gått gjennom det første utviklingsstadiet, han har gått gjennom tidbolken med revolusjonen til ein allnasjonal ein-

* *La place d'armes*-basen (fransk). – Red.

** Mi utheving. – J. St.

skapsfront og gått over til det andre utviklingsstadiet som er tidbolken for jordbruksrevolusjonen.

Særdraget ved til dømes den tyrkiske revolusjonen (kemalistane⁸⁴) er tvert om at han vart ståande på det «fyrste steget», på det fyrste utviklingsstadiet, på stadiet til ei borgarleg frigjeringstrørsle utan ein gong å freista å gå over til det andre utviklingsstadiet, som er stadiet for jordbruksrevolusjonen.

Kva var Kuomintang⁸⁵ og Kuomintang-regjeringa på det fyrste stadiet i revolusjonen som er Kanton-tidbolken? Dei var ei blokk av arbeidarar, bønder, borgarleg intellektuelle og det nasjonale borgarskapet. Var Kanton på den tida senteret for den revolusjonære rørsla, la place d'armes for revolusjonen? Var det på den tida rett politikk å stø Kuomintang i Kanton, den regjeringa som stridde for frigjering frå imperialismen? Gjorde vi rett når vi gav hjelp til Kanton i Kina og til dømes Ankara i Tyrkia, når Kanton og Ankara kjempa mot imperialismen? Ja, vi gjorde rett. Vi gjorde rett, og vi fylgde då i fotefara til Lenin. For den kampen som Kanton og Ankara førte, spreidde kreftene til imperialismen, svekka imperialismen og sette han i dårleg lys. Slik gjorde han utviklinga av senteret i verdsrevolusjonen, utviklinga av USSR lettare. Er det rett at dei som no er leiarar i opposisjonen vår stod saman med oss i å stø både Kanton og Ankara og gav dei ei viss hjelp i den tida? Ja, det er rett. Lat kven som helst freista å prova noko anna.

Men kva tyder ein einskapsfront med det nasjonale borgarskapet under det fyrste stadiet i ein kolonial revolusjon? Tyder det at kommunistane ikkje må intensivera arbeidarane og bøndene sin kamp mot godseigarane og det nasjonale borgarskapet, at proletariatet bør ofra sjølvstendet sitt om enn berre svært lite, om enn berre for ei svært stutt tid? Nei, det tyder det ikkje. Ein einskapsfront kan einast ha ei revolusjonær tyding dersom, og berre dersom, han ikkje hindrar kommunistpartiet i å gjera det sjølvstendige politiske og organisatoriske arbeidet sitt, i å organisera proletariatet til ei sjølvstendig politisk kraft, i å reisa bøndene mot godseigarane, i å organisera ope ein arbeidar og bonde-revolusjon og i å førebu vilkåra for hegemoniet til proletariatet på dette viset. Eg trur at han som gav meldinga på grunnlag av allment kjende dokument fullt ut prova at det var nett denne oppfatninga av einskapsfronten Komitern innprenta Kinas Kommunistiske Parti.

Kamenev og Sinovjev syntte her til eit einskilt telegram som vart sendt til Shanghai i oktober 1926. Det vart der slege fast at inntil vidare, til Shanghai var teken, skulle ikkje jordbruksrørsla verta intensivert. Eg hevdar slett ikkje at det telegrammet var rett. Eg har aldri rekna med og reknar heller ikkje no med at Komitern ikkje kan giera mistak. Det

hender at det vert gjort mistak, og det telegrammet var tvillaust eit mistak. Men for det fyrste *kalte Komitern sjølv attende det telegrammet* nokre få veker seinare (i november 1926) utan at opposisjonen skunda på eller gav noko signal. For det andre. Kvifor har opposisjonen tagd med dette heilt til no? Kvifor hugsa han dette telegrammet først *etter ni månader?* Og kvifor held han det løynt for partiet at Komitern kalte attende telegrammet *for ni månader sidan?* Det er difor vondskapsfull slarv å hevda at dette telegrammet gav lina for leiarskapet vår. I røynda var det eit isolert, tilfeldig telegram som på ingen måte er typisk for lina til Komitern, for lina til leiarskapen vår. Eg tek opp att at dette er klårt, om ikkje anna så ut frå den røynsla at det vart kalla attende innan nokre få veker med ei rekke dokument som slo fast lina, og som verkeleg var typiske for leiarskapen vår.

Tillat meg å gje att frå desse dokumenta.

Her er til dømes eit utdrag frå fråseagna frå det sjuande plenumet i Komitern i november 1926, dvs. ein månad etter det telegrammet som er nemnt ovanfor:

«Særdraget ved den noverande stoda er at ho har overgangskarakter. Proletariatet må velja mellom utsikta til ei blokk med monalege delar av borgarskapet, og utsikten til at det må grunnfesta alliansen sin med bøndene vidare. *Dersom proletariatet ikkje set fram eit radikalt jordbruksprogram, greier det ikkje å trekka bøndene inn i den revolusjonære kampen. Det vil då tapa hegemoniet sitt i den nasjonale frigjøringsrørsla.»***

Og vidare:

«Folkeregjeringa i Kanton greier ikkje å halda på makta i revolusjonen. Ho kjem ikkje til å greia å vinna full siger over utenlandsk imperialisme og innanlandsk reaksjon før den nasjonale frigjeringssaka vert *identifisert med jordbruksrevolusjonen*.** (Sjå fråseagna frå det sjuande utvida plenumet til EKKI).

Her har de eit dokument som verkeleg slår fast lina til leiarane i Komitern.

Det er svært merkeleg at opposisjonsleiariane unngår å nemna dette allment kjende Komitern-dokumentet.

* Mi utheving. – J.St.

** Mi utheving. – J. St.

Det vert kanskje ikkje teke for skryt om eg gjev att frå den talen eg heldt i november det same året, i 1926, i den kinesiske kommisjonen i Komitern. Han sette sjølvsgåt, utan at eg var med, opp fråsegna om det kinesiske spørsmålet frå det sjuande utvida plenumet. Denne talen vart seinare gjeve ut i hefteform med tittelen *Utsiktane for den kinesiske revolusjonen*. Her er nokre avsnitt frå denne talen:

«Eg veit at det finst Kuomintang-folk og endåtil kinesiske kommunistar som ikkje reknar det for mogleg å sleppa laus revolusjon på landsbygda, av di dei ottast for at det ville riva opp den anti-imperialistiske einskapsfronten dersom bøndene vart dregne inn i revolusjonen. *Det er ein alvorleg feil*, kameratar. *Di snøggare og grundigare dei kinesiske bøndene vert dragne inn i revolusjonen, di sterkare og kraftigare vert den anti-imperialistiske fronten i Kina*».

Og vidare:

«Eg veit at det finst kameratar mellom dei kinesiske kommunistane som ikkje godtek at arbeidarar går til streik for å få betra dei materielle vilkåra sine og den legale statusen sin, og som freistar å tala arbeidarane ifrå å streika. (Ei røyst: «Det hende i Kanton og Shanghai»). Det er eit stort mistak, kameratar. Det er ei svært alvorleg undervurdering av rolla til det kinesiske proletariatet og av kva det har å seia. Dette må nemnast i tesane som noko avgjort forkasteleg. Det ville vera eit stort mistak dersom dei kinesiske kommunistane ikkje utnytta den gunstige situasjonen til å hjelpe arbeidarane med å betra dei materielle vilkåra sine og den legale statusen sin endåtil gjennom streikar. Kva tener revolusjonen i Kina elles til?» (Sjå Stalin, *Utsiktene for revolusjonen i Kina*.) Samla verk, eng. utg. band 8, s. 385 og 389. – Red.)

Og her er eit tredje dokument frå desember 1926. Det vart prenta på ei tid då kvar einaste by i Kina bombarderte Komitern med påstandar om at å utvida arbeidarane sin kamp ville føra til krise og arbeidsløyse, og til at fabrikkar stengde:

«Ein allmenn politikk med retrett i byane og med å avgrensa arbeidarane sin kamp med å betre kåra sine ville vera *galen*. Kampen på landsbygda må verta utvida. Men samstundes må ein taka føremon av den gunstige stoda ved at ein betrar dei materielle vilkåra og den legale statusen til arbeidarane, samstundes som ein på alle vis

strevar etter å gje kampen til arbeidarane ein organisert karakter, noko som hindrar overdrivingar eller at ein går for langt. Ein må gjera særskilte tiltak for å dirigera kampen i byane mot storborgarskapet og framom alt mot imperialistane, for så langt som mogleg å halda det kinesiske småborgarskapet og mellomborgarskapet innom ramma for einskapsfronten mot den sams flenden. Vi ser på systemet med forsoningsutval, skilsdomstolar osb. som tenlege, føresett at det er sikra ein rett arbeidarpolitikk i desse institusjonane. Samstundes meiner vi at det er naudsynt å seia frå om at vedtak som er retta mot streikeetten, mot forsamlingsretten til arbeidarane osb. på ingen måte kan verta tillatne».

Her er eit fjerde dokument som vart prenta seks veker før kuppet til Chiang Kai-shek:⁸⁶

«Arbeidet til Kuomintang og kommunist-einingane i hæren må verta intensivert. Dei må verta organiserte alle stader der dei no ikkje finst og der det er mogleg å organisere dei. Der det ikkje er mogleg å organisere kommunisteiningar, må ein intensivera arbeidet med hjelp av løynlege kommunistar.

Det er naudsynt å slå inn på vegen med at *ein væpnar arbeidarane og bondene og skaper om bondekomiteane på kvar stad til verkelege organ med styringsmakt, utrusta med væpna sjølvforsvar osb.*

Kommunistpartiet må alle stader stå fram som seg sjølv. Ein politikk med friviljig halv-legalitet kan ikkje tillatast. Kommunistpartiet må ikkje stå fram som ei bremse på masserørsla. *Kommunistpartiet skulle ikkje dekkja til den svikefulle og reaksjonære politikken til høgrefolka i Kuomintang, og må mobilisera massane kring Kuomintang og Kinas Kommunistiske Parti på grunnlag av å avsløra høgrefolka.*

Alle politiske arbeidarar som er trugne mot revolusjonen, må verta gjort merksame på at den kinesiske revolusjonen no går gjennom ei krisetid i samband med omgrupperinga av klassekraftene og konsentrasjonen av imperialisthærane, og at revolusjonen berre kan vinna nye sigrar ved at ein djervt slår inn på vegen med å utvikla masserørsla. Elles trugar ein veldig fare revolusjonen. Det er difor meir naudsynt enn nokon gong før at direktiva vert utførte».

Og endåtil tidlegare, alt i april 1926, eit år før kuppet til høgrefolka i Kuomintang og Chiang Kai-shek, åtvara Komitern Kinas Kommunistiske Parti, og peikte på at det var «naudsnyt å arbeida for at høgrefolka trekte seg ut or eller vart viste ut or Kuomintang».

Slik skjøna og skjønar enno Komitern taktikken for ein einskapsfront mot imperialismen på det første stadiet i ein koloni-revolusjon.

Veit opposisjonen om desse rettleiande dokumenta? Sjølvsagt gjer han det. Kvifor seier han då ikkje noko om dei? Av di målet hans er å få til strid, ikkje å få fram sanninga.

Og likevel var det ei tid då dei noverande opposisjonsleiarane, særleg Sinovjev og Kamenev, skjøna noko av leninismen og i hovudsak var talsmenn for den same politikken for den kinesiske revolusjonære rørsle som den Komitern førte, og som kamerat Lenin trekte opp for oss i tesane sine⁸⁷. Eg tenkjer på det sjette plenumet i Den kommunistiske internasjonalen som vart halde i februar-mars 1926, då Sinovjev var formann i Komitern, då han enno var leninist og enno ikkje hadde gått over til Trotski-lægeret. Eg nemner det sjette plenumet i Den kommunistiske internasjonalen av di det finst ei fråsegn frå dette plenumet om den kinesiske revolusjonen⁸⁸ som var samråystes vedteken i februar-mars 1926. Ho gjev omlag den same vurderinga av det fyrste stadiet i den kinesiske revolusjonen, av Kuomintang i Kanton og av Kantonregjeringa, som Komitern og SUKP(b) gjev, men som opposisjonen no syner attende. Eg nemner denne fråsegna av di Sinovjev røysta for ho på den tida, og ikkje ein einaste medlen av sentralkomiteen, ikkje eingong Trotski, Kamenev eller dei andre leiarane av den noverande opposisjonen, hadde innvendinger mot ho.

Tillat meg å gje att nokre få avsnitt frå denne fråsegna.

Her er det fråsegna seier om Kuomintang:

«Dei politiske streikane til dei kinesiske arbeidarane i Shanghai og Hongkong (juni-september 1925) står som eit vendepunkt i det kinesiske folket sin kamp for frigjering frå dei utanlandske imperialistene Den politiske aksjonen til proletariatet sette kraftig fart i den vidare utviklinga og grunnfestinga av alle dei revolusjonære-demokratiske organisasjonane i landet, særleg det revolusjonære folkepartiet, Kuomintang, og den revolusjonære regjeringa i Kanton. Kuomintang-partiet, der hovudmassen handla i allianse med dei kinesiske kommunistane, er ei revolusjonær blokk av arbeidrarar, bønder, intellektuelle og demokratar i byane. Ho har grunnlag i sams klasseinteresser hjå desse laga i kampen mot dei utanlandske imperialistane og mot heile den militær-føydale levemåten, for landet sitt sjølvstende og for ei einaste revolusjonær-demokratisk regjering» (sjå Fråsegn frå det sjette plenumet i EKKI). *

* Mi utheving. – J.St.

Kuomintang i Kanton er slik ein allianse av fire «klassar». Som de ser er dette mest «martynovisme»⁸⁹, godkjent av ingen annan enn han som var formann i Komitern då, Sinovjev.

Om Kuomintang-regjeringa i Kanton:

«Den revolusjonære regjeringa som er skapt av Kuomintang-partiet i Kanton har alt greidd i å skapa kontakt med dei breiaste massane av arbeidarar, bønder og demokratar i byane. Og med di ho tok grunnlaget sitt i del, har ho knust dei kontrarevolusjonære bandane som vart stødde av imperialistane (og arbeider for ei radikal demokratisering av heile det politiske livet i Kwantung-provinsen). Som fortroppen i frigjeringskampen til det kinesiske folket, tener Kanton-regjeringa slik som modell for den revolusjonær-demokratiske utviklinga i landet i framtida* (same stad).

Det syner seg at Kuomintang-regjeringa i Kanton, som var ei blokk av fire «klassar», var ei revolusjonær regjering, og ikkje berre revolusjonær, men endåtil ein modell for den framtidige revolusjonær-demokratiske regjeringa i Kina.

Om einskapsfronten av arbeidarar, bønder og borgarskapet:

«Stilte andsynes dei nye farane må Kinas Kommunistiske Parti og Kuomintang utvikla ei svært vidspredd verksemd. Dei må organisera masseaksjonar til støtte for kampen til folkehærane, take føremon av motseiingane innom imperialistlægeret og setja mot dei ein nasjonal revolusjonær einskapsfront av dei breiaste laga i folkesetnaden (arbeidarar, bønder og borgarskapet) under leiding av dei revolusjonær-demokratiske organisasjonane» (same stad).**

Det fylgjer at blokker og semjer med *borgarskapet* i koloni-land på eit visst stadium av koloni-revolusjonen ikkje berre kan verta tillate, men er svært vesentleg.

Er det ikkje rett at dette liknar svært mykje på det Lenin seier oss i dei velkjende direktiva om taktikken til kommunistar i koloni-land og usjølvstendige land? Men det er synd at Sinovjev alt har greidd å gløyma det.

Spørsmålet om å trekka seg ut or Kuomintang:

* Mi utheving. – J.St.

** Mi utheving – J. St.

«Visse delar av det kinesiske storborgarskapet som mellombels hadde gruppert seg ikring Kuomintang-partiet, trekte seg ut or det siste året. Dette fekk til fylgje at det forma seg ei lita gruppe på høgrefløya i Kuomintang som sette seg ope imot ein nær allianse mellom Kuomintang og massane av det arbeidande folket. Ho kravde at kommunistane skulle verta viste ut or Kuomintang og gjekk imot den revolusjonære politikken til Kanton-regjeringa. *At denne høgrefløya vart fordømd på det andre landsmøtet til Kuomintang (januar 1926) og at ein stadfesta at det er naudsynt med eit kjempande forbund mellom Kuomintang og kommunistane, stadfester den revolusjonære linja i verksemda til Kuomintang og Kanton-regjeringa, og sikrar den revolusjonære støtta frå proletariatet for Kuomintang»* (same stad)*.

Ein ser at det hadde vore eit alvorleg mistak dersom kommunistane hadde trekt seg ut or Kuomintang under det fyrste stadiet av den kinesiske revolusjonen. Men det er synd at Sinovjev, som røysta for denne fråsegna, alt hadde greidd å gløyma ho på om lag ein månad, for det var ikkje seinare enn i april 1926 (innan ein månad) at Sinovjev kravde at kommunistane skulle trekkja seg ut or Kuomintang med ein gong.

Om avvika innom Kinas Kommunistiske Parti og at det ikkje kan verta tillate å hoppa over Kuomintang-fasen i revolusjonen:

«Det politiske sjølvrådet til dei kinesiske kommunistane kjem til å utvikla seg i kampen mot to like skadelege avvik: Mot høgre-likvidasjonisme som ikkje bryr seg om dei sjølvstendige klasseoppgåvene til det kinesiske proletariatet og fører til ei formlaus samansmelting med den allmenne demokratiske nasjonale rørsla. Dessutan vil det utvikla dei ytterlegggåande venstre-kjenslene som er for å *hoppa over det revolusjonær-demokratiske stadiet i rørsla* for å koma beinveges over til oppgåvene til proletariatets diktatur og sovjetmakta. *Ein gløymer då bøndene*, som er den grunnleggjande og avgjerande faktoren i den kinesiske rørsla for nasjonal frigjering»** (same stad).

Her er som de ser alle grunnane for å døma opposisjonen no for å ville hoppa over Kuomintang-fasen i den kinesiske utviklinga, for å undervurdera bonderørsla og for å styrt i bråhest mot sovjet. Det råkar spikeren rett på hovudet.

Veit Sinovjev, Kamenev og Trotski om denne fråsegna?

* Mi utheving – J.St.

** Mi utheving. – J. St.

Vi må gå ut i frå at dei gjer det. I alle høve må Sinovjev vita om ho. For det var medan han var formann at denne fråsegna vart vedteken under det sjette plenumet i Komitern, og han røysta sjølv for ho. Kvifor unngår no leiarane for opposisjonen denne fråsegna frå det høgste organet til den kommunistiske verdsrørsla? Kvifor teier dei om ho? Av di ho vender seg mot dei i alle spørsmål som gjeld den kinesiske revolusjonen. Av di ho driv attende heile det trotskistiske standpunktet som opposisjonen no har. Av di dei har svike Komitern, svike leninismen. Og no som dei fryktar fortida si, fryktar sine eigne skuggar, er dei tvinga til å unngå fråsegna frå det sjette plenumet i Komitern på stakkarsleg vis.

Slik er stoda når det gjeld det fyrste stadiet i den kinesiske revolusjonen.

Lat oss no gå over til det andre stadiet i den kinesiske revolusjonen.

Medan særdraget på det fyrste stadiet var at spydodden i revolusjonen i hovudsak var vend mot utanlandsk imperialisme, er særdraget på det andre stadiet at spydodden i revolusjonen no i hovudsak er vend mot indre fiendar, i fyrste rekke mot dei føydale godseigarane, mot det føydale styret.

Vart oppgåva med å styrta den utanlandske imperialismen fullført i det fyrste stadiet? Nei, det vart ho ikkje.

Fullføringa av denne oppgåva gikk i arb til det andre stadiet i den kinesiske revolusjonen. Det fyrste stadiet berre ruska opp i revolusjonære massane og reiste dei mot imperialismen, berre for å gå sin gang og gje løysinga av oppgåva over til framtida.

Ein må gå ut ifrå at heller ikkje det andre stadiet i revolusjonen vil lukkast heilt og fullt i å fullføra oppgåva med å kaste ut imperialistane. Det vil gje dei breie massane av dei kinesiske arbeidarane og bøndene ei ny opprusking for å reisa dei mot imperialismen, men det vil det gje for å gje fullføringa av denne oppgåva over til det neste stadiet i den kinesiske revolusjonen, til sovjetstadiet.

Dette er ikkje å undrast over. Veit vi ikkje at tilsvarande ting hende i historia til vår revolusjon, sjølv om det var i ei anna stode og under andre tilhøve? Veit vi ikkje at det fyrste stadiet i revolusjonen vår ikkje heilt ut greidde oppgåva med å fullføra jordbruksrevolusjonen, og at det gav denne oppgåva over til det neste stadiet i revolusjonen, til Oktoberrevolusjonen, som heilt og fullt greidde oppgåva å rykkja dei føydale restane opp med rota? Det vil difor ikkje vera til å undrast over om det andre stadiet i den kinesiske revolusjonen ikkje lukkast i å fullføre jordbruksrevolusjonen heilt, og om det andre stadiet i revolusjonen gjev fullføringa av denne oppgåva over til det neste stadiet i revolusjonen, til

sovjet-stadiet, etter at det har ruska opp i massane og reist dei mot imperialismen. Det vil fyrst verta eit storverk under sovjetrevolusjonen som kjem i framtida i Kina.

Kva var oppgåva til kommunistane på det andre stadiet i revolusjonen i Kina, då senteret for den revolusjonære rørsla openbert hadde flytt frå Kanton til Wuhan, og då det parallelt med det revolusjonære senteret i Wuhan vart sett opp eit kontrarevolusjonært senter i Nanjing?

Oppgåva var å nytta fullt ut at det var mogleg å organisera ope partiet, proletariatet (fagforeiningar), bøndene (bondeorganisasjonar) og revolusjonen allment.

Oppgåva var å skuva Kuomintang-folka i Wuhan til venstre, fram mot jordbruksrevolusjonen.

Oppgåva var å gjera Kuomintang i Wuhan til senter for kampen mot kontrarevolusjon og til kjernen i eit revolusjonært-demokratisk proletariatets og bøndenes diktatur i framtida.

Var denne politikken rett?

Røynslene har synt at han var den einaste rette politikken, den einaste politikken som kunne øva opp massane av arbeidarar og bønder til å utvikle revolusjonen vidare.

Opposisjonen på den tida kravde at det med ein gong skulle verta skipa sovjet av bonde- og arbeidarutsendingar. Men det var reine eventyrpolitikken, eit eventyrrarsprang framover. For dersom det med ein gong skulle ha vorte skipa sovjet på den tida, hadde det tydd at ein hadde hoppa over venstre-kuomintangfasen i utviklinga.

Kvifor?

Av di Kuomintang i Wuhan som stødde alliansen med kommunistane, enno ikkje hadde avslørt seg og kome i vanry i augo til massane av arbeidarar og bønder, og enno ikkje hadde vorte uttømd som borgarleg revolusjonær organisasjon.

For om ein hadde sett fram slagordet som sovjet og om å styrt Wuhan-regjeringa, på ei tid då massane enno ikkje hadde vorte overtydde gjennom eigne røynsler om kor verdraus denne regjeringa var, og kor naudsynt det var å styrt ho, så ville det vore det same som å byksa framom og lausriva seg frå massane, missa støtta frå massane og slik vera årsak til at den rørsla som alt hadde starta, vart mislukka.

Opposisjonen meiner at dersom han sjølv skjønar at Kuomintang i Wuhan ikkje var å lita på, at det var ustødig og ikkje revolusjonært nok (og det er ikkje vanskeleg for nokon skikka politisk arbeidar å skjøna det), så er det fullstendig nok for massane og til å skjøna alt dette. Det vil seia nok til å setja sovjet i staden for Kuomintang og til å sikra at

massane sluttar seg til. Men dette er det vanlege «ultra-venstre»-mista-
ket som opposisjonen gjer: Opposisjonen set sitt eige politiske medvit
og kva han sjølv skjønar, lik det politiske medvitet til dei veldige ar-
beidar- og bondemassane og kva dei skjønar.

Opposisjonen har rett når han seier at partiet må gå framover. Det er
eit vanleg marxistisk bod, og partiet kan ikkje vera noko verkeleg kom-
unistparti dersom det ikkje held fast ved det. Men det er berre ein del
av sanninga. Heile sanninga er at partiet ikkje berre må gå framover,
men det må og *sikra* at dei veldige massane *fylgjer etter*. Å gå framover
utan å sikra at dei veldige massane fylgjer etter, tyder i røynda å slita
seg laus frå rørsla. Å gå framover, å slita seg laus frå baktroppen utan å
vera i stand til å sikra at baktroppen fylgjer etter, tyder å gjera eit byks
framover som for ei tid kan hindra massane gå framover. Det vesentle-
ge i leninistisk leiarsskap er nett at fortroppen skulle vera i stand til å *si-
kra* at baktroppen *fylgjer etter*, at fortroppen skal kunne gå framover
utan å slita seg laus frå massane. Men for at fortroppen ikkje skal slita
seg laus frå massane, for at fortroppen verkeleg skal sikra at dei veldige
massane fylgjer etter, trengst det eit avgjerande vilkår, nemleg at *mas-
sane sjølve må verta overtydde gjennom si eiga røynsle om at instruksjona-
ne, direktiva og slagorda som vert settet fram av fortroppen, er rette*.

Ulukka for opposisjonen er at han ikkje godtek denne enkle leninisti-
ske regelen for å leia dei veldige massane, at han ikkje skjønar at partiet
åleine, ei framskriden gruppe åleine utan støtte frå dei veldige massane,
ikkje kan gjera revolusjon, og at revolusjonen «vert gjort» av dei veldige
massane av det arbeidande folket.

Kvifor heldt vi bolsjevikar i april 1917 oss attende frå å setja fram det
praktiske framleggjet om at den provisoriske regjeringa skulle styrtast og
om å skipa sovjetmakt i Russland, sjølv om vi var overtydde om at vi i
svært nær framtid skulle stå andsynes den kjensgjerninga at det var
naudsynt å styrtta den provisoriske regjeringa og skipa sovjetmakt?

Av di dei breie massane av det arbeidande folket både i bakre og
fremre rekkje og til sist sovjeta sjølve, ikkje var klare til å godtaka eit
slikt slagord enno. Dei trudde enno at den provisoriske regjeringa var
revolusjonær.

Av di den provisoriske regjeringa enno ikkje hadde skjemt seg ut og
kome i vanry ved å stø kontrarevolusjonen både på og bak fronten.

Kvifor fordømde Lenin i april 1917 Bagdatjev-gruppa⁹⁰ i Petrograd
som sette fram slagordet om å styrtta den provisoriske regjeringa straks
og skipa sovjetmakt?

Av di freistnaden til Bagdatjev var eit farleg sprang framover som
skapte fare for at bolsjevikpartiet skulle slita seg laus frå dei veldige ar-

beidar- og bondemassane.

Eventyрpolitikk, bagdatjevisme i saker som gjeld den kinesiske revolusjonen – det er det som no tek livet av trotskist-opposisjonen vår.

Sinovjev hevdar at når eg talar om bagdatjevisme, set eg likskaps-teikn mellom den noverande kinesiske revolusjonen og Oktoberrevolusjonen. Det er sjølv sagt tøv. For det første gjorde eg sjølv det etterhalde i artikkelen min «Merknader om dagsaktuelle emne» at «analogien er avgrensa» og at «eg gjer han med alle naudsynte etterhalde og har i minne skilnaden mellom stoda i Kina i dag og Russland i 1917»⁹¹ For det andre ville det vera påpeleg å påstå at ein aldri må trekka analogiar med revolusjonar i andre land når ein karakteriserer visse tendensar og visse mistak som er gjort i revolusjonen i eitt land. Lærer ikkje revolusjonen i eitt land frå revolusjonen i andre land, endå til om alle desse revolusjonane ikkje er av same type? Dersom ikkje, kva er vitskapen om revolusjon verd?

I røynda nektar Sinovjev for at det kan finnast ein vitskap om revolusjon. Er det ikkje slik at Lenin i perioden rett før Oktoberrevolusjonen skulda Tsjkheidze, Tsereteli, Steklov og andre for «Louis Blancismen»⁹² frå den franske revolusjonen i 1848? Sjå på Lenin-artikkelen «Louis Blancismen»⁹³, og de vil oppdaga at Lenin gjorde brei nytte av analogiar frå den franske revolusjonen i 1848 når han karakteriserte dei mistaka som ymse leiarar gjorde før oktober, sjølv om Lenin vissste svært godt at den franske revolusjonen i 1848 ikkje var av same type som Oktoberrevolusjonen vår. Og dersom vi kan tala om «Louis Blancismen» til Tsjkheidze og Tsereteli i perioden før Oktoberrevolusjonen, kvifor kan vi då ikkje tala om «bagdatjevismen» til Sinovjev og Trotski i perioden før jordbruksrevolusjonen i Kina?

Opposisjonen hevdar at Wuhan ikkje var senteret i den revolusjonære rørsla. Kvifor sa Sinovjev då at ein skulle «gje allslags hjelp» til Kuomintang i Wuhan for å gjera det til senteret i kampen mot dei kinesiske Cavaignacane?⁹⁴ Kvifor vart Wuhan-territoriet og ikkje noko anna senteret for den største utviklinga i jordbruksrørsla? Er det ikkje rett at det nett var Wuhan-territoriet (Hunan, Hupeh) som var senteret for den største utviklinga i jordbruksrørsla i byrjinga av dette året? Kvifor skulle Kanton, der det ikkje var noka massejordbruksrørsle, verta kalla «la place d'armes» i revolusjonen (Trotsky) medan Wuhan som er i territoriet der jordbruksrevolusjonen byrja og utvikla seg, ikkje må verta rekna som senteret, som «la place d'armes» i den revolusjonære rørsla? Korleis kan vi i det høvet forklåra at opposisjonen kravde at kommunistane skulle *halda seg* i Kuomintang i Wuhan og i Wuhan-regjeringa? Var opposisjonen i april 1927 verkeleg for ei blokk med det «kontrare-

volusjonære» Kuomintang i Wuhan? Kvifor er opposisjonen så «gløysmisk» og forvirra?

Opposisjonen frydar seg over at blokka med Kuomintang i Wuhan synte seg å få eit stutt liv. Dessutan hevdar han at Komintern ikkje åtvvara dei kinesiske kommunistane om at det var mogleg at Kuomintang i Wuhan ville bryta saman. Det er knapt turvande å prova at den vondskapsfulle gleden som opposisjonen syner, ber vitne om den politiske fallitten hans. Opposisjonen meiner openbertyt at blokker med det nasjonale borgarskapet i koloniland, bør vara lenge. Men berre menneske som har mist dei siste restane av leninismen kan meina det. Berre dei som er smitta av *defaitisme** kan fryda seg over at dei føydale godseigarrane og imperialistene i Kina på det noverande stadiet har synt seg å vera sterkare enn revolusjonen, at presset frå desse fiendslege krestene har tvinga Kuomintang i Wuhan til å svinga til høgre og har ført til førebels nederlag for den kinesiske revolusjonen. Når det gjeld påstanden frå opposisjonen om at Komintern ikkje åtvvara Kinas Kommunistiske Parti om at det var mogleg at Kuomintang i Wuhan ville bryta saman, så er det ei av dei vanlege bakvaskingane som det no er så rikeleg av i våpenlageret til opposisjonen.

Tillat meg å gje att nokre dokument for å syna attende bakvaskingane frå opposisjonen.

Fyrste dokumentet frå mai 1927:

«Det viktigaste i den innanlandske politikken til Kuomintang er no å utvikla jordbruksrevolusjonen systematisk i alle provinsar, særskilt i Kwantung, under slagordet «All makt til bondeorganisasjonane og komiteane på landsbygda.» *Dette er grunnlaget for at revolusjonen og Kuomintang skal lukkast.* Dette er grunnlaget for at ein i Kina kan skapa ein stor og mektig politisk og militær hær mot imperialismen og agentane hans. I praksis er slagordet om å kverrsetja jorda temmelig høveleg no i dei provinsane der det er ei sterk jordbruksrørsle, slik som i Hunan, Kwantung osb. *Utan dette er det umogleg å utvida jordbruksrevolusjonen . . .* **

«Det er naudsynt å starta med ein gong med å organisera åtte eller ti divisjonar med revolusjonære bønder og arbeidarar med heilt pålitande offiserar. Dette vil verta ei vaktstyrke i Wuhan både ved fron-

* *Defaitisme* – manglande tru på siger for saka si, overdreven tru på nederlag, det å gje opp på førehand. – Red.

** Mi uteving. – J. St.

ten og bak fronten for å avvæpna upålitelege einingar. Ein må ikkje utsetja dette.

«Ein må intensivera oppløysande verksemd bak fronten og i einingane til Chiang Kai-shek, og ein må hjelpe opprørerbondene i Kwangtung der godseigarstyret er særleg uteleg.»

Det andre dokumentet frå mai 1927:

«*Utan ein jordbruksrevolusjon er sigeren umogleg. Utan han vil sentralkomiteen i Kuomintang verta omvandla til eit uselt leikety med upålitelege generalar.* Ein må kjempa mot overdrivingar ikkje med troppar, men gjennom bondeorganisasjonane. Vi er avgjort for at massane verkeleg tek jorda. Otte når det gjeld oppgåva til Tan Pin-shan⁹⁵ er ikkje utan grunnlag. De må ikkje riva dykk laus frå arbeidarklassen og bonderørsla, men de må hjelpa ho på alle vis. *Elles øydelegg de arbeidet.*

«*Nokre av dei gamle leiarane i sentralkomiteen i Kuomintang er skremde av det som hender, dei er vaklande og forsonlege.* Eit auka tal med nye bønder og leiarar frå arbeidarklassen må verta trekte frå massane og inn i sentralkomiteen i Kuomintang. *Dei djerme røystane deira vil anten stramme opp dei gamle leiarane, eller ha til fylgle at dei vert fjerna.* Oppbygginga av Kuomintang slik ho no er, må verta endra. Den øvste leiarskapen i Kuomintang må avgjort verta nya opp att og styrkt med nye leiarar som har kome fram under jordbruksrevolusjonen, medan dei lokale organisasjonane må verta gjort breiare frå dei millionals medlemane i arbeidar- og bondeorganisasjonane. *Dersom dette ikkje vert gjort, risikerer Kuomintang å verta skilt frå livet og å missa alt ry.*

«*Ein må gå heilt bort ifrå å vera avhengig av upålitelege generalar.* Mobiliser om lag 20 000 kommunistar, legg til om lag 50 000 revolusjonære arbeidarar og bønder frå Hunan og Hupeh, skip fleire nye hærkorps, bruk studentar ved offisersskulane som offiserar og *organisera dykkar eigen pålitelege hær før det er for seint.* Dersom dette ikkje vert gjort, finst det ikkje nok å trygging mot å mislukkast. Det er ei vaniskeleg sak, men det finst ikkje noko val.

«Organiser ein revolusjonær militær domstol med ikkje-kommunistiske framståande Kuomintang-folk i spissen. *Straff offiserar som har samband med Chiang Kai-shek eller som kveikjer opp soldatane mot folket, arbeidarane og bondene.* Å overtala er ikkje nok. Det er tid for å handla. *Skurkar må verta straffa.* Dersom Kuomintangfolka ikkje

*lærer å vera revolusjonære jakobinarar⁹⁶, vil dei ikkje lenger spela noko rolle for folket og revolusjonen.**

Som de ser, såg Komitern på førehand kva som ville henda. Det åtværa i rett tid om farane og fortalte dei kinesiske kommunistane at Kuomintang i Wuhan ville bukka under dersom Kuomintang-folka ikkje vart revolusjonære jakobinarar.

Kamenev sa at politikken til Komitern var skuld i nederlaget for den kinesiske revolusjonen, og at vi «fostra cavaignacar i Kina». Kameratar, berre ein som er klår til å gjera eit brotsverk mot partiet kan seie noko slikt om partiet. Det er det same som mensjevikane sa om bolsjevikane under julinedelerlaget i 1917⁹⁷ då dei russiske cavaignacane dukka opp på skodeplassen. I artikkelen «Om slagord»⁹⁸, skreiv Lenin at julinedelerlaget var «ein siger for cavaignacane». Mensjevikane hevda på den tida frydefullt at dei russiske cavaignacane hadde dukka opp på grunn av politikken til Lenin. Meiner Kamenev at dei russiske cavaignacane dukka opp under julinedelerlaget i 1917 på grunn av politikken til Lenin, på grunn av politikken til partiet vårt og ikkje av andre grunnar? Er det ved dette høvet passande for Kamenev å apa etter mensjevikherrane? (*Letter.*) Eg trudde ikkje at kameratane i opposisjonen ville sokka så djupt...

Vi veit at revolusjonen i 1905 leid nederlag. Dessutan var det nederlaget hardare enn det noverande nederlaget for den kinesiske revolusjonen. Mensjevikane sa på den tida at nederlaget for revolusjonen i 1905 kom på grunn av den ytterleggåande revolusjonære taktikken til bolsjevikane. Ynskjer Kamenev her og å taka mensjevik-tolkinga av soga til revolusjonen vår til sin modell, og å kasta Stein på bolsjevikane?

Og kva skal vi finna som grunn for nederlaget for den bayerske sovjetrepublikken?⁹⁹ Politikken til Lenin, kanskje, og ikkje tilhøvet mellom klassekrefte?

Kva skal vi finna som grunnlag for nederlaget for den ungarske sovjetrepublikken?¹⁰⁰ Politikken til Komitern kanskje, og ikkje tilhøva mellom klassekrefte?

Korleis kan ein påstå at taktikken til det eine eller det andre partiet kan fjerna eller snu om tilhøvet mellom klassekrefte? Var politikken vår i 1905 rett eller ikkje? Kvifor leid vi nederlag på den tida? Syner ikkje røynslene at dersom politikken til opposisjonen hadde blitt fylgd, så ville revolusjonen i Kina ha nådd nederlag snøggare enn det som verkeleg var tilfellet? Kva skal vi seia om menneske som gløymer tilhøvet mellom klassekrefte i revolusjonstid og som freistar å forklåra alt ber-

* Mi utheving. – J. St.

re ut i frå taktikken til det eine eller det andre partiet? Ein kan seia berre ein ting om slike menneske – at dei har brote med marxismen.

Slutningar. Hovudmistaka til opposisjonen er:

- 1) Opposisjonen skjønar ikkje karakteren av og framtidsutsiktene for den kinesiske revolusjonen.
- 2) Opposisjonen ser ikkje nokon skilnad mellom revolusjonen i Kina og revolusjonen i Russland, mellom revolusjon i koloniland og revolusjon i imperialistiske land.
- 3) Opposisjonen fjernar seg frå leninistisk taktikk i spørsmålet om haldninga til det nasjonale borgarskapet i koloniland på det fyrste stadiet i revolusjonen.
- 4) Opposisjonen skjønar ikkje spørsmålet om kommunistane si deltagking i Kuomintang.
- 5) Opposisjonen gjer vald på prisippa i den leninistiske taktikken når det gjeld spørsmålet om tilhøvet mellom fortroppen (partiet) og bakkroppen (dei veldige massane av det arbeidande folket).
- 6) Opposisjonen fjernar seg frå fråsegnene frå det sjette og det sjuande plenumet i eksekutivkomiteen i Den kommunistiske internasjonalen.

Opposisjonen skryt ståkande av politikken sin på det kinesiske spørsmålet, og hevdar at stoda i Kina i dag ville ha vore betre enn ho er dersom denne politikken hadde vorte vedteken. Det er knapt turvande å prova at når ein ser på dei store mistaka som opposisjonen har gjort, ville Kinas Kommunistiske Parti ha enda opp i eit fullstendig uføre der som det hadde vedteke den anti-leninistiske eventyрpolitikken til opposisjonen.

Den sanninga at Kinas Kommunistiske Parti på stutt tid har vakse frå ei lita gruppe med fem-seks tusen til eit masseparti med 60 000 medlemmar, den sanninga at Kinas Kommunistiske Parti har lukkast i å organisera mest 3 000 000 proletarar i fagforeiningar i denne tida, den sanninga at Kinas Kommunistiske Parti har lukkast i å vekkja dei mange millionane med bønder frå dvalen og i å trekka titals millionar bønder inn i dei revolusjonære bondeorganisasjonane, den sanninga at Kinas kommunistiske Parti i denne tida har lukkast i å vinna til seg heile regimet og divisjonar av nasjonale troppar, den sanninga at Kinas Kommunistiske Parti i denne tida har lukkast i å skapa om ideen om proletariatets hegemoni frå ei von til røyndom – den sanninga Kinas Kommunistiska Parti på stutt tid har lukkast i å nå alle desse nyvinningsane, er mellom anna på grunn av at det har fylgt den vegen som Lenin har streka opp, den vegen som Komintern har synt til.

Det er ikkje naudsynt å seia at dersom opposisjonen sin politikk hadde blitt fylgd, med mistaka hans og den anti-leninistiske lina hans i

spørsmål om koloni-revolusjon, så ville anten desse nyvinningane til den kinesiske revolusjonen ikkje ha vorte nådd i det heile, eller dei ville ha tydd svært lite.

Berre «ultra-venstre»-renegater og eventyrar kan tvila på dette.

DEN INTERNASJONALE KARAKTEREN TIL OKTOBERREVOLUSJONEN

I høve tiårsfesten for Oktoberrevolusjonen

Ein kan ikkje sjå på Oktoberrevolusjonen som berre ein revolusjon «innom nasjonale grenser». Han er først og fremst ein revolusjon av internasjonal verdsfemnande orden, for han tyder ei radikal vending i verdshistoria til menneskeætta, ei vending frå den gamle kapitalistiske verda til den nye sosialistiske verda.

Revolusjonar i fortida enda til vanleg med at ei utbyttargruppe ved regjeringsroret vart bytt ut med ei anna utbyttargruppe. Utbyttarane skifta, utbytinga stod ved lag. Slik var det under frigjeringsrørsla til trælane. Slik var det i tidbolken med oppreistane til dei liveigne. Slik var det i tidbolken for dei velkjende «store» revolusjonane i England, Frankrike og Tyskland. Eg talar ikkje om Pariskommunen som var den fyrste strålannde, heltemodige, men likevel mislukka freistnaden frå proletariatet si side på å venda historia mot kapitalismen.

Oktoberrevolusjonen skil seg *i prinsippet* frå desse revolusjonane. Målet hans er ikkje å bytta ei utbyttingsform med ei anna utbyttingsform, ei utbyttargruppe med ei anna utbyttargruppe, men å avskaffa heilt mennesket si utbyting av mennesket, å avskaffa alle utbyttargrupper, å skipa proletariats diktatur, å grunnleggja makta til den mest revolusjonære klassen av alle dei undertrykte klassane som nokon gong han eksistert, å organisera eit nytt, klasselaust, sosialistisk samfunn.

Det er nett av denne grunnen at *sigeren* til Oktoberrevolusjonen tyder ei radikal endring i historia til menneskeætta, ei radikal endring i den historiske lagnaden til verdskapitalismen, ei radikal endring i frigjerringsrørsla til verdsproletariatet, ei radikal endring i kampmetodane og i organiseringsformene, i leveviset og tradisjonane, i kulturen og ideologien til dei utbytta massane over heile verda.

Det er den grunnleggjande årsaka til at Oktoberrevolusjonen er ein revolusjon av ein internasjonal, verdsfemnande orden.

Det er og kjelda til den djupe samkjensla som dei undertrykte klassa-

ne i alle land har for Oktoberrevolusjonen, som dei ser på som ein garanti for si eiga frigjering.

Ein kunne setja opp ei rekke grunnleggjande punkt der Oktoberrevolusjonen verkar på utviklinga til den revolusjonære rørsla over heile verda.

1. Oktoberrevolusjonen er fyrst og fremst verd å merkja seg av di han braut fronten til verdsimperialismen, av di han styrta det imperialistiske borgarskapet i eit av dei største kapitalistlanda og gav makta til det sosialistiske proletariatet.

Lønsarbeidarklassen, klassen til dei forfylgde, klassen til dei undertrykte og utbytta har *for første gongen* i historia til menneskeætta stige opp til å verta *herskarklassen*, og med det sett eit føredøme som lett spreier seg til proletarane i alle land.

Dette tyder at Oktoberrevolusjonen har *varsla* ein ny tidfolk, tidfolken for *proletariske* revolusjonar i dei *imperialistiske* landa.

Han tok reiskapen og produksjonsmidla frå jordeigarane og kapitalistane og omvandla dei til offentleg eigedom. Slik sette han sosialistisk eigedom opp imot borgarleg eigedom. Med dette avslørte han kapitalistlygna om at borgarleg eigedom er ukrenkjande, heilag, evig.

Han tok makta frå borgarskapet, røva dei politiske rettane frå borgarskapet, øydela det borgarlege rettsapparatet og gav makta over til sovjetta. Slik sette han det sosialistiske sovjetstyret som eit *proletarisk* demokrati opp mot borgarleg parlamentarisme som eit *kapitalistisk* demokrati. Lafargue hadde rett då han så langt attende som i 1887 sa at dagen etter «vil alle kapitalistar verta fråtekne røysteretten»¹⁰¹. Oktoberrevolusjonen avslørte med dette lygna til sosialdemokratane om at ein fredeleg overgang til sosialismen no er mogleg gjennom borgarleg parlamentarisme.

Men Oktoberrevolusjonen stogga ikkje, og kunne ikkje stogga der. Då han hadde øydelagt den gamle borgarlege ordninga, byrja han å byggja den nye sosialistiske ordninga. Dei ti åra med Oktoberrevolusjonen har vore ti år med å byggja partiet, fagforeiningar, sovjet, kooperativ, kulturorganisasjonar, transport, industri og den rauda hæren, den utvilsame framgangen for sosialismen i USSR på oppbyggingsfronten har klårt synt av proletariatet *kan* lukkast med å styra landet *utan* borgarskapet og *mot* borgarskapet, at det *kan* lukkast med å byggja industri *utan* borgarskapet og *mot* borgarskapet, at det *kan* lukkast med å styra heile nasjonaløkonomien *utan* borgarskapet og *mot* borgarskapet, at det *kan* lukkast med å byggja sosialismen trass i den kapitalistiske innringinga.

Den vidgjetne romerske senatoren frå antikken, Menenius Agrippa

¹⁰², er ikkje den einaste som held på den gamle «teorien» om at dei utbytta ikkje kan greia seg utan utbyttarane meir enn hovudet og andre lekamsdelar kan greie seg utan magen. Denne «teorien» er no hjørnestenen i den politiske «filosofien» til sosialdemokratiet allmønt, og til den sosial-demokratiske *koalisjonspolitikken* med det imperialistiske borgarskapet særskilt. Denne «teorien» som har fått karakter av ein fordom, er no ein av dei viktigaste hindringane på vegen mot revolusjone-ringa av proletariatet i dei kapitalistiske landa. Eit av dei viktigaste resultata av Oktoberrevolusjonen er at han retta eit dødeleg slag mot denne falske «teorien».

Er det turvande med fleire prov på at desse og liknande resultat frå Oktoberrevolusjonen må og ikkje kan unngå å ha viktig verknad på den revolusjonære rørsla til arbeidarklassen i dei kapitalistiske landa?

Slike allment kjende kjensgjerningar som den progressive voksteren til kommunismen i dei kapitalistiske landa, den veksande samhugen frå proletarar i alle land med arbeidarklassen i USSR og til sist dei mange arbeidarsendelaga som kjem til sovjetlandet, provar over all tvil at dei frå som Oktoberrevolusjonen sådde, alt har byrja å bera frukt.

2. Oktoberrevolusjonen har skaka imperialismen, ikkje berre i sentra for herredømet hans, ikkje berre i «metropolane». Han har og råka baklandet til imperialismen, periferien hans, av di han har undergrave det imperialistiske styret i koloni-landa og dei usjølvstendige landa.

Då han hadde styrta jordeigarane og kapitalistane, braut Oktoberrevolusjonen lekkjene til nasjonal og kolonial undertrykking og fridde alle dei undertrykte folka utan unntak frå dei i ein veldig stat. Proletariatet kan ikkje frigjera seg sjølv utan at det frigjer dei undertrykte folka. Det er eit kjenneteikn ved Oktoberrevolusjonen at han gjennomførte desse nasjonal-koloniale revolusjonane i USSR. Dette gjorde han ikkje under flagget for nasjonal fiendskap og samanstøytar mellom nasjonar, men under flagget for gjensidig tiltru og brorskapleg tilnærming mellom arbeidarar og bønder frå dei ulike folka i USSR, ikkje i *nasjonalismen* sitt namn, men i namnet til *internasjonalismen*.

Det er nett av di dei nasjonal-koloniale revolusjonane fann stad i landet vårt under leiing av proletariatet og under internasjonalismen si fane, at parla-folka, trælefolka for *første gong* i historia til menneskeætta har reist seg til å vera folk som er *verkeleg* fri og *verkeleg* likestilte. Med det set dei eit førebilete som lett spreier seg til dei undertrykte folka i heile verda.

Dette tyder at Oktoberrevolusjonen *har varsla* ein ny tidfolk, tidfolken for *koloniale* revolusjonar, som vert gjennomførte i *dei undertrykte landa* i verda i allianse med proletariatet og *under proletariatet si leiing*.

Tidlegare var den «godtekne» ideen at verda frå uminnelege tider har vore delt inn i mindreverdige og overlegne rasar, i svarte og kvite. Av desse er dei fyrste uskikka for sivilisasjon, og dømde til å vera utbyttingsobjekt. Dei siste er dei einaste berarane av sivilisasjonen, og det er deira kall å utbytta dei fyrste.

Ein må no rekna denne myten for å vera vraka og sundriven. Eit av dei viktigaste resultata av Oktoberrevolusjonen er at han retta eit dødeleg slag mot denne myten, ved å syna i praksis at dei frigjorde ikkje-europeiske folka som er dregne inn på vegen med sovjetisk utvikling, ikkje er ein tøddel mindre i stand til å fremja ein *verkeleg* progressiv kultur og *verkeleg* progressiv sivilisasjon enn europearane.

Tidlegare var det ein «godteken» tanke at den einaste metoden for å frigjera dei undertrykte folka er metoden med *borgarleg nasjonalisme*, metoden med at nasjonar fjernar seg frå kvarandre, metoden med å skilja nasjonar, metoden med å intensivera nasjonal fiendskap mellom dei arbeidande massane i dei ulike nasjonane.

Ein må rekne denne myten for å vera vist attende. Eit av dei viktigaste resultata frå Oktoberrevolusjonen er at han retta eit dødeleg slag mot denne myten. Det gjorde han ved å syna i praksis at den *proletariske internasjonalistiske* metoden er mogleg og teneleg for å frigjera dei undertrykte folka, og den eineste rette metoden, ved å syna i praksis at det er mogleg og teneleg med ein *brorskapleg union* av arbeidarar og bønder i dei mest ulike nasjonar tufta på prinsippet om at det er *friviljug* og på *internasjonalismen*. At Unionen av Sosialistiske Sovjetrepublikkar er til, han som er mønsteret på den framtidige samansmeltinga av dei arbeidande folka i alle land til eitt einskild økonomisk verdssystem, kan ikkje anna enn tena som eit beinveges prov på dette.

Det er knapt turvande å seia at desse og liknande resultat av Oktoberrevolusjonen må og ikkje kan unngå å ha viktig innverknad på den revolusjonære rørsla i dei koloniale og usjølvstendige landa. Slike kjensgjerningar som voksteren i den revolusjonære rørsla til dei undertrykte folka i Kina, Indonesia, India osb., og den veksande samhugen frå desse folka for USSR, stadfestar utan tvil dette.

Tidbolken for roleg utbytting og undertrykking av koloniane og dei usjølvstendige landa *er over*.

Tidbolken for frigjeringsrevolusjonar i koloniane og dei avhengige landa, tidbolken for at *proletariatet* i desse landa vaknar, tidbolken for at det får *hegemoniet* i revolusjonen, *har byrja*.

3. Av di han har sådd revolusjonsfrøa både i sentra til imperialismen og i baklandet hans, av di han har svekka makta til imperialismen i «metropolane» og har skaka styret hans i koloniane, har Oktoberrevolu-

sjonen sett sjølve tilværet til verdsimperialismen *som heilskap* i fare.

På grunn av at ho er ujamn, på grunn av at ein ikkje kan unngå strid og væpna samanstøytar, og til sist på grunn av den imperialistiske nedslaktinga som ein aldri har sett makan til, har den spontane utviklinga av kapitalismen under imperialismen sine vilkår gått over i prosessen med at kapitalismen rotnar og dører. Oktoberrevolusjonen og resultatet hans, at eit veldig land fall ut ot det verdskapitalistiske systemet, kunne ikkje anna enn setja fart i denne prosessen av di han bit for bit undergrov sjølve grunnlaget for verdsimperialismen.

Meir enn det. I skapnaden til det fyrste proletardiktaturet har Oktoberrevolusjonen, medan han skaka imperialismen, samstundes skapt ein sterk og open *base* for den revolusjonære verdsrørsla. Dette er ein base som den sistnemnde *aldri har hatt* og som ho no kan lita på støtte ifrå. Han har skapt eit sterkt og ope *senter* for den revolusjonære verdsrørsla, noko som ho *aldri har hatt* før og som ho no kan fylka seg ikring og organisera *ein revolusjonær einskapsfront av proletarane og dei undertrykte folka i alle land mot imperialismen*.

Dette tyder for det fyrste at Oktoberrevolusjonen retta eit dødeleg slag mot verdskapitalismen som den sistnemnde aldri vil kome seg etter. Nett av denne grunnen kjem kapitalismen aldri til å vinna att den «likevekta» og «stabiliteten» som han hadde før oktober.

Kapitalismen kan verta delvis stabilisert, han kan rasjonalisera produksjonen sin, venda administrasjonen i landet til fascisme, og for ei tid halda arbeidarklassen nede. Men han kan aldri vinna att «roa», «tryggleiken», «likevekta» og «stabiliteten» som han tidlegare briska seg med. For krisa i verdskapitalismen har nådd det utviklingssteget då det ikkje er til å unngå at revolusjonsflammene bryt ut, no i sentra til imperialismen, no i periferien. Han reduserar det kapitalistiske lappverket til inkje, og fører kvar dag kapitalismen sitt fall nærrare. Det er nett som i den velkjende fabelen: «Når han drog halen sin ut or gjørma, sette nebbet seg fast, når han drog nebbet sitt ut, sette halen seg fast».

For det andre tyder dette at Oktoberrevolusjonen har gjort motet og kampviljen til dei undertrykte klassane i verda så sterkt og viktig at det tvingar herskarklassane i heile verda til å rekna med dei som ein *ny*, viktig faktor. Ein kan ikkje lenger sjå på dei arbeidande klassane i verda som ein blind hop som famlar i mørkret og som er helt utan framtidsvoner, for Oktoberrevolusjonen har skapt eit fyrtårn som lyser opp vegen deira og opnar opp framtidsutsiktane for dei. Medan det tidlegare ikkje fanst noko *verdsfemnande* ope forum som vonene og striden til dei undertrykte klassane kunne verta tolka og forma frå, finst det no eit slikt forum i skapnaden til det fyrste proletariatets diktatur.

Det er knapt rom for tvil om at dersom dette forumet vart rive ned, ville det kasta ein skugge av utøymd, svart reaksjon over det sosiale og politiske livet i dei «framskridne landa» for lang tid. Ein kan ikkje nekta for at sjølv det at det finst ein «bolsjevikstat», legg band på dei svarte kreftene til reaksjonen, og slik hjelper dei undertrykte klassane i deira frigjeringskamp. Det er dette som forklarer at utbyttarane i alle land har tar bolsjevikane så vilt.

Historia tek seg opp att sjølv om det er på eit nytt grunnlag. Nett slik som ordet «jacobinar» tidlegare, under tidbolken for *føydalismen* sitt fall, vekte otte og avsky mellom aristokratane i alle land, er det no, i tidbolken for *kapitalismen* sitt fall, ordet «bolsjevik» som vekkjer otte og avsky mellom borgarane i alle land. Og omvendt, nett slik Paris tidlegare var tilfluktsstaden og skulen for dei revolusjonære representantane for det stigande *borgarskapet*, er no Moskva tilfluktsstaden og skulen for dei revolusjonære representantane for det stigande *proletariatet*. Hat til jacobinarane redda ikkje *føydalismen* frå å bryta saman. Kan det vera nokon tvil om at hat til bolsjevikane ikkje vil redda kapitalismen frå det uunngåelege samanbrotet hans?

Tidbolken for den kapitalistiske «stabiliteten» er over og har teke med seg myten om at den borgarlege ordninga ikkje kan øydeleggjast.

Tidbolken for samanbrotet for kapitalismen *har byrja*.

4. Ein kan ikkje sjå på Oktoberrevolusjonen berre som ein revolusjon på området for økonomiske og samfunnspolitiske tilhøve. Han er samstundes ein revolusjon i tankane, ein revolusjon i ideologien til arbeidarklassen. Oktoberrevolusjonen vart fødd og vann styrke under fana til marxismen, under fana til ideen om proletariatets diktatur, under fana til leninismen, som er marxismen under tidbolken med imperialisme og proletariatets diktatur. Difor står han for siger for marxismen over reformismen, siger for leninismen over sosialdemokratismen, siger for Den tredje internasjonalen over Den andre internasjonalen.

Oktoberrevolusjonen har skapt ei uoverstigeleg kløft mellom marxisme og sosialdemokrati, mellom den leninistiske politikken og den sosialdemokratiske politikken.

Tidlegare, før sigeren for proletariatets diktatur, då sosialdemokratiet heldt seg frå å ope forkasta ideen om proletariatets diktatur, men utan å gjera noko som helst, absolutt ingen ting, for å gjera denne ideen til røyndom, kunne det vifta med den marxistiske fana. Det er openberty at denne åferda til sosialdemokratiet ikkje på noko vis skapte nokon som helst fare for kapitalismen. Den gongen, i den tidbolken vart sosialdemokratiet formelt identifisert, eller mest heilt identifisert, med marxismen.

No, etter sigeren for proletariats diktatur, når alle har sett sjølve kva marxismen leier til og kva sigeren hans kan tyda, er sosialdemokratiet ikkje lenger i stand til å vifta med den marxistiske fana. Det kan ikkje lenger kokettera med proletariats diktatur utan å skapa ein viss fare for kapitalismen. Av di det for lenge sidan har brote med ånda til marxismen, har det vorte nøydd til å kasta den marxistiske fana og. Det har ope og eintydig teke standpunkt mot avkomet til marxismen, mot Oktoberrevolusjonen, mot det fyrste proletariats diktatur i verda.

No har sosialdemokratiet vorte nøydd til å skilja seg frå marxismen og har i røynda gjort det. For under tilhøva no kan ein ikkje kalla seg marxist utan at ein ope og trufast står det fyrste proletariats diktatur i verda, utan at ein kjempar ein revolusjonær kamp mot sitt eige borgarskap, utan at ein skaper vilkåra for sigeren for proletariats diktatur i sitt eige land.

Det har opna seg ein avgrunn mellom sosialdemokratiet og marxismen. Frå no av er leninismen, kommunismen, einaste *beraren av, og skansen for marxismen*.

Men det vart ikkje slutt med dette. Oktoberrevolusjonen gjekk ut over det å trekka ei skiljeline mellom sosialdemokratiet og marxismen. Han viste sosialdemokratiet bort til lægeret til dei som beinveges forsvavar kapitalismen *mot* det fyrste proletariats diktatur i verda. Når herrane Adlerane, Bauerane, Welsane og Leviane, Longuetane og Blumane skjeller ut «sovjetstyret» og lovpriser parlamentarisk «demokrati», så meiner desse herrane at dei kjempar og kjem til å halda fram med å kjempa *for* at den kapitalistiske trældomen i dei «siviliserte» statane skal verta halden oppe.

Sosialdemokratiet i dag er ei *ideologisk støtte* for kapitalismen. Lenin hadde tusen gonger rett då han sa at sosialdemokratiske politikarane i dag er «verkelege *agentar for borgarskapet i rørla til arbeidarklassen, arbeidarløytnantane til kapitalistklassen*», at i «borgarkrigen mellom proletariat og borgarskapet» ville dei uunngåeleg stilla seg «på 'Versaille-rane' si side mot 'kommuardane'».¹⁰³

Det er umogleg å gjera ende på kapitalismen utan å gjera ende på sosialdemokratismen i arbeidarrørla. Difor er tidbolken for den døyande kapitalismen også tidbolken for den døyande sosialdemokratismen i arbeidarrøsla.

Mellom anna tyder Oktoberrevolusjonen så mykje av di han står for den uunngåelege sigeren for leninismen over sosialdemokratiet i den verdsfemnande arbeidarrørla.

Tidbolken for herredømet til Den andre internasjonalen og til sosialdemokratismen i arbeidarrørla *er slutt*.

Tidbolken for herredømet til leninen og Den tredje internasjonale tid-bolken *har byrja*.

Pravda, nr. 255,
6.-7. november, 1927

Underteikna: J. Stalin.

DET NASJONALE SPØRSMÅLET OG LENINISMEN

Svar til kameratane Mesjkov, Kovaltsjuk og andre

Eg har fått breva dykkar. Dei liknar ei rekkje andre brev om same emnet som eg har fått frå andre kameratar i dei siste par månadene. Men eg har avgjort at eg vil svara dykk særskilt, av di dei seier tinga meir endeframt og slik hjelper til med å nå fram til klårleik. Rett nok gjev de galne svar på dei spørsmåla som er reiste i breva dykkar, men det er ei anna sak – det skal vi tala om nedanfor.

Lat oss no koma til saka.

1. OMGREPET «NASJON»

Dei russiske marxistane har lenge hatt sin teori om nasjonen. Etter denne teorien er ein nasjon eit stabilt menneskesamfunn som er vaks fram gjennom historia. Det er skipa på grunnlag av sameige av fire hovudkjenneteikn, nemleg: eit sams språk, eit sams territorium, eit sams økonomisk liv og ein sams psykologisk eigenart som syner seg ved sams særdrag i den nasjonale kulturen. Som vi veit, har denne teorien vorte allment godkjend i partiet vårt.

Frå breva dykkar er det klårt at de ikkje reknar denne teorien som fullgod. De gjer difor framlegg om at dei fire hovudkjenneteikna til ein nasjon skal få eit femte ved sida av seg, nemleg at ein nasjon har sin eigen særskilte nasjonalstat. De ser det slik at det ikkje er og ikkje kan vera ein nasjon, med mindre dette femte kjenneteiknet er til stades.

Eg meiner at det utkastet de gjer framlegg om, med eit nytt, femte kjenneteikn for omgrepet «nasjon», er tvers gjennom gale, og at det ikkje kan forsvara korkje teoretisk eller i praksis, politisk sett.

Etter utkastet dykkar skal ein berre godtaka som nasjonar slike nasjonar som har sin eigen stat, skild frå andre, medan alle underkua nasjonar som ikkje har nokon sjølvstendig stat ville verta strokne frå

omgrepklassen nasjon. Dessutan måtte kampen til dei underkua nasjonane mot nasjonal underkuing og kampen til folka i koloniane mot imperialismen verta utelatne frå omgrepet «nasjonal rørsle» og «nasjonal frigjeringsrørsle».

Og meir enn det. Etter utkastet dykker måtte vi slå fast:

a) at irane vart ein nasjon berre etter skipinga av «Den irlske fristaten», og at før det var dei ikkje ein nasjon, b) at nordmennene ikkje var ein nasjon føre Noreg vart lausrive frå Sverige, og vart ein nasjon først etter denne lausrivinga, c) at ukrainarane ikkje var ein nasjon då Ukraina var ein del av Tsar-Russland, at dei vart ein nasjon først etter at dei gjekk ut av Sovjet-Russland under Sentralradaen og Hetman* Skoporadski,¹⁰⁴ men heldt opp med å vera ein nasjon att etter at dei slutta Den Ukrainske Sovjetrepublikken sin saman med dei andre sovjetrepublikkane for å skipa Unionen av Sosialistiske Sovjetrepublikkar.

Ein kunne nemna ei heil mengd av slike døme.

Det er openert at eit utkast som leier til slike meningslause sluttningar ikkje kan reknast for eit vitskapleg utkast.

Politisk er det ikkje til å unngå at utkastet dykker i praksis leier til rettferdiggjering av imperialistisk undertrykking av nasjonane. Talsmennene for denne undertrykkinga nektar ettertrykkjeleg å godkjenna som verkelege nasjonar slike nasjonar som er undertrykte og ikkje jamstelte, og som ikkje har nokon eigen særskild nasjonalstat, og meiner at dette tilhøvet gjev dei rett til å undertrykkja desse nasjonane.

Dette kjem ved sidan av at utkastet dykker syter for å rettferdiggjera dei borgarlege nasjonalistane i sovjetrepublikkane våre, som hevdar at sovjetnasjonane heldt opp med å vera nasjonar då dei vart samde om å sameine dei nasjonale sovjetrepublikkane sine i ein union av sosialistiske sovjetrepublikkar.

Slik er stoda når det gjeld å «utfylla» og «betra» den russiske marxistiske teorien om nasjonen.

Det står att berre ein ting, og det er å vedgå at den russiske marxistiske teorien om nasjonen er den einaste rette teorien.

2. OPPHAVET OG UTVIKLINGA AV NASJONAR.

Eit av dei alvorlege mistaka de gjer er at de slår i hop alle nasjonar som er til, og ikkje ser nokon grunnleggjande skilnad mellom dei.

Det er ymse slag nasjonar. Det finst nasjonar som utvikla seg i epo-

* *Hetman – I Russland ein kosakkhovding. – Red.*

ken for den framveksande kapitalismen, då borgarskapet samla delane av nasjonane og batt dei saman, medan dei øydet føydalismen og den føydale oppløysinga. Desse er dei såkalla «moderne» nasjonane.

De hevdar at nasjonar voks fram og vart til før kapitalismen. Men korleis kunne det ha vokse fram og vere nasjonar til før kapitalismen, i føydalismen sin periode då landa var kløyvde opp i einskilde, sjølvstendige fyrstedøme, som tvert mot å vera bundne saman med nasjonale band ettertrykkjeleg nekta at slike band var naudsynt? Trass i den røge påstanden dykkar var det ingen nasjonar i den førkapitalistiske perioden og kunne heller ikkje vera det, av di det enno ikkje fanst nokon nasjonale marknader og ingen kulturelle eller økonomiske nasjonale sentrar. Fylgjeleg fanst ingen av dei faktorane som gjer ein ende på den økonomiske oppløysinga til eit visst folk, og dreg dei delane i det som har vore skilde til no, saman til ein nasjonal heilskap.

Elementa for nasjonen som er språk, territorium, sams kultur osb., fall sjølvsagt ikkje ned frå himmelen, men vart forma litt etter litt endåttil i den førkapitalistiske perioden. Men desse elementa var i ein utvikla tilstand, og var i beste høve berre noko som var mogleg. Det vil seia at dei gjorde det mogleg at det under visse gunstige vilkår kunne verta skipa ein nasjon i framtida. Det moglege vart røyndom berre i perioden med veksande kapitalisme, med den nasjonale marknaden sin og dei økonomiske og kulturelle sentra sine.

I denne samanhengen ville det vera bra å hugsa orda til Lenin om framvoksteren av nasjonar, heftet hans «*Kva er folkevenene, og korleis kjempar dei mot sosialdemokratiet?*», ord som det er verdt å merkja seg. Lenin går imot narodniken Mikhailovski¹⁰⁵, som avleiar oppkoma av nasjonale band og nasjonal einskap frå utviklinga av gensband¹⁰⁶, og han seier:

«Og såleis er nasjonale band eit framhald og ei generalisering av gensbanda! Herr Mikhailovski låner openbort ideane sine om samfunnshistoria frå dei eventyra som vert fortalte til skuleborn. Denne skulevisdomen seier at samfunnshistoria er slik at først var familien, som er kjernen i alle samfunn... så voks familien til stammen og stammen voks til staten. Dersom herr Mikhailovski i alvor tek opp att dette barnslege tøvet, syner det berre – ved sidan av alt anna – at han ikkje ein gong har den minste aning om gangen i den russiske historia. Medan ein kunne tala om eit gensliv i oldtidas Rus¹⁰⁷, kan det ikkje vera tvil om at innan mellomalderen, som er tidbolken til Moskva-tsarane, var desse gensbanda ikkje til lenger. Det vil seia at staten ikkje var grunna på gens-samanslutningar i det heile, men på

territoriale samanslutningar. Godseigarane og klostra tok bøndene sine frå ymse stader, og landsbysamfunna som slik vart skipa, var samanslutningar som berre bygde på territorium. Men ein kunne knapt tala om nasjonale band i den rette tydinga av ordet på den tida. Stattne var delt opp i einskildgods, stundom endå til fyrstedøme, som tok vare på sterke spor av tidlegare sjølvstyre, eigne administrative særdrag, til tider eigne troppestyrkar (dei lokale bojarane gjekk i kriga i brodden for sine eigne kompani), eigne tollgrenser osb. Fyrst den moderne tida i russiske historie (*ho byrjar* om lag med det syttande hundreåret), er særmerkt med ei verkeleg samansmelting av alle slike område, gods og fyrstedøme til ein einaste heilskap. Høgstæra herr Mikhailovski, denne samansmeltinga kom ikkje i stand gjennom gensband, ikkje ein gong ved at dei heldt fram og vart generaliserte. Ho kom i stand gjennom den veksande utvekslinga mellom område, den gradvis veksande sirkulasjonen av handelsvarar, og ved at dei små lokale marknadene vart samla til ein einaste allrussisk marknad. Sidan leiarane og herrane i denne prosessen var handelskapitalistane, var skipinga av desse nasjonale banda ikkje noko anna enn skipinga av borgarlege band».*

Slik er stoda når det gjeld framvoksteren av dei såkalla «moderne» nasjonane.

Borgarskapet og nasjonalistpartia det hadde var gjennom heile denne tida den viktigaste leiande krafta i slike nasjonar. Klasselfred innan nasjonen for den «nasjonale einskapen» si skuld, utviding av territoriet for sin eigen nasjon ved å taka nasjonale territorium frå andre, mistru og hat til andre nasjonar, undertrykkinga av nasjonale minoritetar, ein samla front mot imperialismen – slik var det ideologiske, samfunnsmessige og politiske varelageret til desse nasjonane.

Slike nasjonar må reknast som borgarlege nasjonar. Døme er den franske, britiske, italienske, nord-amerikanske og andre liknande nasjonar. Den russiske, ukrainske, tatariske, armenske, grusiske og andre nasjonar i Russland var likeeins borgarlege nasjonar før proletariatets diktatur og sovjetystemet var skipa i landet vårt.

Sjølvsagt er lagnaden til slike nasjonar lenka saman med lagnaden til kapitalismen. Når kapitalismen fell, må slike nasjonar forsvinna frå sko-deplassen.

Det er nett slike borgarlege nasjonar heftet til Stalin, *Marxismen og*

* Sjå Lenin, «Hva er folkevennene, og hvordan kjemper de mot sosialdemokratane?» (1894), *Utvælgte verker* b.1, (s.122-124) Forlaget Oktober, 1977.

det nasjonale spørsmålet, syner til når det seier at «ein nasjon er ikkje berre ein historisk kategori, men ein historisk kategori som høyrer til ein avgrensa tidbolt. Det er tidbolken til den veksande kapitalismen,» at «lagnaden til ei nasjonal rørsle, som eigentleg er ei borgarleg rørsle, er sjølvsagt knytt i hop med lagnaden til borgarskapet,» at «ei nasjonal rørsle kan berre verta borte når borgarskapet fell,» og at «fyrst når sosialismen herskar, kan det verta fred fullt og heilt.»*

Slik står det til når det gjeld dei borgarlege nasjonane.

Men det finst andre nasjoner. Desse er dei nye sovjetnasjonane som utvikla og forma seg på grunnlag av dei gamle borgarlege nasjonane, etter at kapitalismen vart styrt i Russland, etter at borgarskapet og dei nasjonalistiske partia deira var fjerna, etter at sovjetsystemet vart oppretta.

Arbeidarklassen og det internasjonalistiske partiet hans er krafta som støyper desse nye nasjonane og leier dei. Eit forbund mellom arbeidarklassen og dei arbeidande bøndene i nasjonen for å fjerna restane av kapitalismen slik at sosialismen kan byggjast sigerrikt, avskaffing av restane av nasjonal undertrykking, slik at nasjonane og nasjonale minoritetar kan vera like og kan utvikla seg fritt, fjerning av restane av nasjonalisme slik at det kan verta knytt venskap mellom folka og internasjonalismen kan verta fast skipa, ein sameint front med alle undertrykte og ikkje-likestilte nasjonar i kamp mot annektørings-polikken og annektøringskrigar, i kampen mot imperialismen – slik er det åndelige, sosiale og politiske lynnet til desse nasjonane.

Slike nasjonar må reknast som sosialistiske nasjonar.

Desse nye nasjonane voks fram og utvikla seg på grunnlag av dei gamle borgarlege nasjonane, som eit resultat av at kapitalismen vart fjerna – ved at dei vart radikalt omforma etter sosialistiske liner. Ingen kan nekta for at dei sosialistiske nasjonane som no er i Sovjetunionen – den russiske, den ukrainske, den kviterussiske, den tatariske, den basjkirske, den usbekiske, den kasakhske, den aserbajdsjanske, den grusiske, den armenske og andre nasjonar – skil seg grunnleggjande frå dei tilsvarande gamle borgarlege nasjonane i det gamle Russland, både når det gjeld klasseansetjing og åndegleg eigenart, og i sosiale og politiske interesser og ynskjemål.

Slik er dei to nasjonstypane som historia kjenner.

De er ikkje samde i at ein bind nasjonane sin lagnad, i dette høvet dei

* Sjå J. V. Stalin, denne boka s. 22–27. – Red.

gamle borgarlege nasjonane, saman med kapitalismen sin lagnad. De er ikkje samde i tesen at når kapitalismen vert fjerna, så vil dei gamle borgarlege nasjonane verta fjerna. Men kva i all verda kunne lagnaden til desse nasjonane verta bunde saman med, om ikkje med kapitalismen sin lagnad? Er det så vanskeleg å skjøna at når kapitalismen forsvinn, så må dei borgarlege nasjonane som han gav opphav til og forsvinna? De meiner vel sikkert ikkje at dei gamle borgarlege nasjonane kan vera til og utvikla seg under sovjet-systemet, under proletariatets diktatur? Det ville få begeret til å flyta over. . . .

De er redde for at å fjerne dei nasjonane som er til under kapitalismen er det same som å fjerne nasjonane allment, som å fjerne alle nasjonar. Kvifor, på kva grunnlag? Er de verkeleg ikkje klare over at ved sidan av borgarlege nasjonar så finst det andre nasjonar, sosialistiske nasjonar som er mykje fastare sameinte og betre i stand til å overleva enn nokon borgarleg nasjon?

Mistaket dykkar opp i at de ikkje ser andre nasjonar enn borgarlege nasjonar, og fylgjeleg har de oversett heile tidbolken for skipinga av sosialistiske nasjonar i Sovjetunionen, nasjonar som vokste fram på ruinane av dei gamle borgarlege nasjonane.

Saka er at når dei borgarlege nasjonane vert fjerna, så tyder ikkje det at nasjonar vert fjerna allment, men berre dei borgarlege nasjonane. På ruinane av dei gamle borgarlege nasjonane veks det fram og utviklar det seg nye, sosialistiske nasjonar. Og dei er mykje fastare sameinte enn nokon borgarleg nasjon, av di dei er frie frå dei uforsonlege klassemotseingane som tærer dei borgarlege nasjonane sund. Dei er mykje meir representative for heile folket enn nokon borgarleg nasjon.

3. FRAMTIDA TIL NASJONANE OG NASJONALSPRÅKA

De gjer eit grovt mistak når de set likskapsmerke mellom tidbolken for sosialismen sin siger i eitt land, og tidbolken for sosialismen sin siger i verdsstålestokk, når det hevdar at det er mogleg og naudsynt at nasjonale skilnader og nasjonalspråk kan forsvinna, at nasjonar kan smelta saman og at det vert forma eit sams språk, ikkje berre når sosialismen sigrar i verdsstålestokk, men og når sosialismen sigrar i eitt land. Dessutan blandar de saman helt ulike saker: at «nasjonal underkuing vert avskaffa» med at «nasjonale skilnader vert fjerna» at «grensene for nasjonalstatane vert oppheva» med at «nasjonane dør bort» og med at «nasjonane smeltar saman».

Det må verha påpeikt at det er absolutt utilateleg at marxistar blandar

saman desse ulike omgrepa. Nasjonal underkuing i landet vårt vart avskaffe for lenge sidan, men det fylgjer på ingen måte av dette at nasjonale skilnader har kome bort, og at nasjonane i landet vårt har vorte fjerna. Nasjonale statsgrenser, i lag med grensevakt og toll, vart avskaffa i landet vårt for lenge sidan. Men det fylgjer ikkje på noko vis av dette at nasjonane alt har smelta saman og at nasjonalspråka har forsvunne, at det i staden for desse språka har kome eitt eller anna språk som er sams for alle nasjonane våre.

De er misnøgde med den talen eg heldt ved Kommunistuniversitetet for folka i Aust (1925)*. Eg gjekk der imot tesen at med sosialismen sin siger i *eitt land*, landet vårt til dømes, så vil nasjonalspråka døy ut, nasjonane smelta saman og eit sams språk koma i staden for nasjonalspråka.

De meiner at denne utsegna mi motseier den velkjende tesen til Lenin, nemleg at det er *sosialismen* sitt mål ikkje berre å avskaffa delinga av menneskeætta i små statar og alle former for nasjonsisolering, ikkje berre å føra nasjonane nærmare kvarandre, men og å smelta dei saman.

Vidare meiner de at ho òg motseler ein annan av tesane til Lenin, nemleg at med sosialismen sin siger i *verdsmdlestokk* kjem nasjonale skilnader og nasjonalspråk til å byrja å døy ut, og at etter denne sigeren kjem eit sams språk til å byrja å koma i staden for nasjonalspråka.

Det er heilt gale, kameratar. Det er heilt og fullt ein illusjon.

Eg har alt sagt at det ikkje kan tillatast for marxistar å blanda saman og slå i hop slike ulike ovringer som «sosialismen sin siger i eitt land» og «sosialismen sin siger i verdsmålestokk». Ein bør ikkje gløyma at desse ulike ovingane speglar to heilt ulike tidbolkar som er skilde frå kvarandre ikkje berre i tid (noko som er svært viktig), men i sjølvé innhaldet.

Nasjonal mistru, nasjonal isolering, nasjonal fiendskap og nasjonale samanstøytar vert sjølvsagt ikkje kveikte og fostra av ei eller anna «medfødd» kjensle av nasjonalhat, men av imperialismen sitt strev etter å leggja andre nasjonar under seg, og av den redsla som dette trugs-målet om nasjonal trældom kveikjer i desse nasjonane. Det er ikkje tvil om at dette strevet og denne redsla kjem til å vera til så lenge verdsimperialismen er til – og fylgleg vil nasjonal mistru, nasjonal isolering, nasjonalt fienskap og nasjonale samanstøytar vera til i det store fleirtalet av land. Kan ein slå fast at sigeren for sosialismen og avskaf-

* Sjå J.V. Stalin, «Dei politiske oppgåvene til Universitetet for folka i Austen», denne boka s. 193–205. *Red.*

tinga av imperialismen i eitt land tyder at imperialismen og nasjonal undertrykking vert avskaffa i dei fleste land? Sjølvsagt ikkje. Men det fylgjer av dette at siger for sosialismen i eitt land ikkje skapar, og ikkje kan skapa, dei vilkåra som er naudsynte for å smelta saman nasjonane og nasjonalspråka i verda til ein uskiljande heilskap, trass i at han svekkjer verdsimperialismen kraftig.

Tidbolken for sosialismen sin siger i verdsmålestokk skil seg først og fremst frå tidbolken for imperialismen sin siger i eitt land ved at han kjem til å avskaffa imperialismen i alle land, avskaffa både strevet etter å leggja under seg andre land og otten som vert kveikt av trugsmålet om nasjonal trældom. Han vil undergrava nasjonal mistru og nasjonalt fiendskap radikalt, og vil binde saman nasjonane til eitt verdssosialistisk økonomisk system. Slik vil han skapa dei verkelege vilkåra som er naudsynte for at alle nasjonar litt etter litt kan smeltast saman til ein.

Slik er den grunnleggjande skilnaden mellom desse to tidfolkane.

Men det fylgjer av dette at å blanda saman og slå i hop desse to tidfolkane er eit mistak som ikkje let seg orsaka. Tak talen som eg heldt ved Kommunistuniversitetet til slitarane i Austen. Eg sa då:

«Nokre (til dømes Kautsky), talar om at det vert skapt eit einaste verdsspråk og at alle andre språk skal døy ut i den sosialistiske tidbolken. Eg har lita tru på denne teorien om eit einaste allfemnande språk. I alle høve talar røynsla heller mot enn for ein slik teori. Det som har skjedd til no, er at den sosialistiske revolusjon ikkje har minskar, men heller auka talet på språk. For ved å vekkja dei lågaste delane av menneskeætta og skyva dei fram på den politiske skodeplassen, vekkjer han til nytt liv ei rekke nasjonalitetar som til no har vore ukjende eller lite kjende.

Kven kunne ha tenkt seg at det var ikkje mindre enn femti nasjonar og nasjonale grupper i det gamle tsaristiske Russland? Men då Oktoberrevolusjonen braut dei gamle banda og førte ei rekke med gløymde folkeslag og nasjonalitetar fram på skodeplassen, så gav han dei nytt liv og ei ny utvikling.*

Frå dette avsnittet er det klårt at eg gjekk imot folk av Kautsky sin type, som alltid var og har halde fram med å vera ein dilettant i det nasjonale spørsmålet, som ikkje skjørnar mekanikken i nasjonutviklinga og ikkje har noka aning om den veldige evna nasjonane har til stabilitet. Dei trur at det er mogleg at nasjonane smeltar saman alt under den borgarleg-demokratiske ordninga, lenge føre sosialismen har sigra, og

* Sjå ovanfor, s. 196–197. – *Red.*

medan dei underdanig lovpriser samansmeltings«arbeidet» til tyskarane i Bøhmen, slår dei med lett hjarte fast at tsjekkarane mest har vorte tyskarar, og at tsjekkarane ikkje har noka framtid som nasjon.

Vidare er det klårt frå dette avsnittet at det eg tenkte på i talen min ikkje var tidbolken for sosialismen sin siger *i verdsmålestokk*, men berre tidbolken for sosialismen sin siger *i eitt land*. Og eg slo fast (og slår enno fast) at tidbolken for sosialismen sin siger i eitt land ikkje skapar dei vil-kåra som er naudsynte for at nasjonane og nasjonalspråka vert samansmelta, men tvert om at denne tidbolken skaper gunstige vilkår for nyföding og blöming for dei nasjonane som tidlegare var undertrykte av den tsaristiske imperialismen, og som sovjetrevolusjonen no har frigjort frå den nasjonale undertrykkinga.

Til sist er det klårt frå dette avsnittet at de har oversett dei veldige skilnadene mellom dei to ulike historiske tidfolkane, og at de på grunn av dette ikkje har skjøna kva talen til Stalin tyder. Som ei fylgle av dette har de gått dykk bort i villnisset av dykkar eigne mistak.

Lat oss gå over til Lenin sine tesar om korleis nasjonane dør ut og smeltar saman etter sigeren for sosialismen i verdsmålestokk.

Her er ein av tesane til Lenin. Han er teken frå artikkelen hans «Den sosialistiske revolusjonen og sjølvråderetten til nasjonane», som vart prenta i 1916. Av ein eller annan grunn er han ikkje attgjeven i full lengd i breva dykkar:

«Målet for sosialismen er ikkje berre å avskaffa delinga av menneskeætta i små statar og all isolering av nasjonar, ikkje berre å trekka nasjonane saman, men å smelta dei saman . . . Nett som menneskeætta kan nå fram til å avskaffe klassane berre ved å gå gjennom ei overgangstid med diktaturet til den undertrykte klassen, slik kan menneskeætta berre nå fram til den tidvisse samansmeltinga av nasjonane ved å gå gjennom ei overgangstid med full frigjering av alle dei undertrykte nasjonane, dvs. med deira fridom til lausriving.»¹⁰⁸

Og her er ein annan tese av Lenin som de likeeins ikkje gjev att i full lengd:

«Så lenge det finst nasjonale og statlege skilnader mellom folk og land – og desse skilnadene vil halda fram med å vera til i svært, svært lang tid, endå til etter at proletariatets diktatur har vorte oppretta i verdsmålestokk – krev einskapen i den internasjonale taktikken til den kommunistiske arbeidarrørsla i alle land, ikkje at ulikskapen vert avskaffa, ikkje at nasjonale skilnader vert avskaffa (det er ein fåpeleg

draum i denne augneblinken), men at dei nyttar dei grunnleggjande prinsippa til kommunismen (sovjetmakt og proletariatets diktatur) slik at dei på rett måte vert omforma i visse detaljar og på rett måte vert tilpassa og nyitta på nasjonale og nasjonalstatlege skilnader». ¹⁰⁹

Ein bør merkja seg at dette avsnittet er frå Lenin sitt hefte «*Venstre-kommunismen, ein barnesjukdom*, som vert prenta i 1920, det vil seia etter sigeren for den sosialistiske revolusjonen i eitt land, etter at sosialismen hadde sigra i landet vårt.

Frå desse avsnitta er det klårt at Lenin ikkje legg prosessen med at dei nasjonale skilnadene dør ut og nasjonane smeltar saman til tidbolken for sosialismen sin siger i eitt land, men berre til tiden etter at proletariatets diktatur har kome i stand i verdsmålestokk, det vil seia til tidbolken for sosialismen sin siger i alle land, når grunnlaget for ein sosialistisk verdsøkonomi alt har vorte lagt.

Frå desse avsnitta er det vidare klårt at freistnaden på å leggja prosessen med at nasjonale skilnader dør ut til tidbolken for sosialismen sin siger i eitt land, i landet vårt, vert stempla av Lenin som ein «tåpeleg draum».

Frå desse avsnitta er det dessutan tydeleg at Stalin hadde heilt rett når han i talen sin ved kommunistuniversitetet til slitarane i Austen nekta at det varmogleg for nasjonale skilnader og nasjonalspråk å døy ut i tidbolken for sosialismen sin siger i eitt land, i landet vårt, og at de tok heilt feil når de stodde noko som er tvert imot tesen til Stalin.

Til sist er det klårt frå desse avsnitta at når de blanda saman dei to ulike tidbolkane i sosialismen sin siger, så skjøna de ikkje Lenin, de rengde Lenin sin tese om det nasjonale spørsmålet, og fylgjeleg gjekk de ufriviljug i retning av eit brot med leninismen.

Det ville ikkje vera rett å tru at nasjonale skilnader vil verta avskaffa og nasjonalspråka døy ut med eit slag, så og sela etter diktat ovanfrå, med ein gong verdsimperialismen er slegen. Ikkje noko er galnare enn dette synet. Å freista å få nasjonane til å smelta saman etter diktat ovanfrå, ved tvang, ville vera å spela i hendene på imperialistane. Det ville tyda katastrofe for frigjeringssaka til nasjonane, og verta lagnadstungt for saka med å organisera samarbeid og brorskap mellom nasjonane. Ein slik politikk ville vera så godt som det same som ein assimileringspolitikk.

De veit sjølvsagt at assimileringspolitikken slett ikkje høyrer heime i marxismen-leninismen, ettersom han er ein antifolkeleg og kontrarevolusjonær politikk, ein lagnadstung politikk.

Vidare veit vi at nasjonar og nasjonalspråk er umåteleg stabile og har ei veldig motstandskraft mot assimileringspolitikk. Dei tyrkiske assimilatorane – dei mest brutale av alle assimilatorar – reiv sund og skamfør

Balkannasjonane i hundrevis av år. Likevel greidde dei ikkje å øydeleggja dei, men vart til sist tvinga til å gje seg. Russifiseringsfolka i Tsar-Russland og dei tyskprøyssiske germaniseringssfolka, som låg lite etter dei tyrkiske assimilatorane i valdsferd, reiv sund og skamfør den polske nasjonen i meir enn hundre år, nett slik dei persiske og tyrkiske assimilatorane i hundrevis av år reiv sund og skamfør og slakta ned den armenske og den grusiske nasjonen. Likevel, langt frå å øydeleggja desse nasjonane vart dei og til sist tvinga til å gje seg.

Alle desse omstenda må reknast med, for at ein på rett måte kan sjå føreåt kva som truleg vil henda når det gjeld nasjonsutviklinga rett etter at verdsimperialismen er slegten.

Det ville vera eit mistak å tru at det fyrste steget i tidbolken med verdsdiktaturet til proletariatet kjem til å markera byrjinga til at nasjonar og nasjonalSpråk vil døy ut, og byrjinga til at eit sams språk vert forma. Tvert om vert det fyrste steget då den nasjonale underkuinga vert avskaffa, heilt ut eit steg som er merkt ut ved vokster og bløming for nasjonane og nasjonalSpråkasomtidlegarevarunderkua, vedatlikskapen mellom nasjonane vert grunnfest, at gjensidig nasjonal mistru vert avskaffa og dei internasjonale banda mellom nasjonane vert skipa og styrkte.

Fyrst på det andre steget i tidbolken for verdsdiktaturet til proletariatet, i den mon ein einaste sosialistisk verdsøkonomi er bygd opp i staden for den kapitalistiske verdsøkonomien – berre på det steget vil noko som liknar på eit sams språk taka til å få form. For berre på det steget vil nasjonane kjenna at dei ved sida av sine eigne nasjonalSpråk treng eit sams internasjonalt språk – til bate for omgjenge og økonomisk, kulturelt og politisk samarbeid. På dette steget vil fylgeleg nasjonalSpråk og eit sams internasjonalt språk finnast side om side. Det er mogleg at det ikkje vert skipa eit verdsøkonomisk sentrum i fyrstninga som er sams for alle nasjonar og har eitt sams språk, men fleire sonevise økonomiske senter for skilde nasjonsgrupper med eit særskilt sams språk for kvar nasjonsgruppe, og at desse sentra fyrst seinare vil gå saman til eitt sams sosialistisk verdsøkonomisk senter med eitt språk som er sams for alle nasjonane.

På det neste steget i tidbolken for verdsdiktaturet til proletariatet – når det sosialistiske verdsøkonomiske systemet vert fullgodt grunnfest og sosialismen vert heilt inngrødd i livet til folkesлага, og når praksis overtyder nasjonane om føremonene ved eit sams språk framfor nasjonalSpråk – då vil nasjonale skilnader og språk byrja å døy ut og gjera rom for eit verdsspråk som er sams for alle nasjonar.

Etter mi meinung er biletet av framtida til nasjonane om lag slik, eit bilet av nasjonane si utvikling på vegen til å smelta saman i framtida.

4. POLITIKKEN TIL PARTIET I DET NASJONALE SPØRSMÅLET

Eitt av mistaka dykker er at de ikkje reknar det nasjonale spørsmålet som ein del av det allmenne spørsmålet om den sosiale og politiske samfunnsutviklinga, og som underlagt dette allmenne spørsmålet, men som noko som er eins og seg sjølv nok, med ei retning og eit innhald som held seg grunnleggjande uendra gjennom historia. Difor ser de ikkje det som kvar marxist ser, nemleg at det nasjonale spørsmålet ikkje har same innhald støtt, og at innhaldet og oppgåvene til den nasjonale rørsla endrar seg med dei ulike tidfolkane i utviklinga av revolusjonen.

Logisk sett er det dette som forklarer den syrgelege kjensgjerninga at de så lettvint blandar saman og slår i hop ulike tidbolkar i utviklinga av revolusjonen, og at de ikkje skjønar at endringane i innhaldet og oppgåvene til revolusjonen på dei ulike utviklingsstega gjev vokster til samsvarande endringar i innhaldet og måla for det nasjonale spørsmålet. De skjønar ikkje at politikken til partiet i det nasjonale spørsmålet og endrar seg i samsvar med dette, og at politikken til partiet i det nasjonale sprørsmålet i ein tidfolk i utviklinga av revolusjonen fylgjeleg ikkje kan verta skild med vald frå denne tidbolken, og verta ført vilkårleg over til ein annan tidfolk.

Deirussiske marxitane har alltid gått ut i frå den setninga at det nasjonale spørsmålet er ein del av det allmenne spørsmålet om utviklinga av revolusjonen, at det nasjonale spørsmålet har ulike mål på dei ulike stadia i revolusjonen, i samsvar med innhaldet i revolusjonen ved kvar historisk augneblink, og at partiet sin politikk i det nasjonale spørsmålet endrar seg i samsvar med dette.

I tida før den første verdskriga, då historia gjorde ein borgarleg-demokratisk revolusjon til oppgåva for rørsla i Russland, kopla dei russiske marxitane løysinga av det nasjonale spørsmålet saman med lagnaden til den demokratiske revolusjonen i Russland. Partiet vårt hevda at den beste moglege løysinga på det nasjonale spørsmålet innanfor rammene til kapitalismen, var å styrtza tsarismen, fjerna restane av føydalismen og å demokratisera landet fullt ut.

Slik var politikken til partiet i denne tidbolken. Dei vedkjende artiklane til Lenin om det nasjonale spørsmålet er frå denne tidsbolken. Mellom desse er «*Kritiske merknader om det nasjonale spørsmålet*», der Lenin seier:

«... eg vil hevda at det berre finst ei løysing på det nasjonale spørsmålet i den mon ei løysing i det heile er mogleg i den kapitalistiske verda – og den løysinga er konsekvent demokrati. Til prov ville eg mellom andre syna til Sveits»¹¹⁰.

Til same tidbolken hører heftet til Stalin, *Marxismen og det nasjonale spørsmålet*, som mellom anna seier:

Ei nasjonal rørsle kan berre verta heilt borte nå borgarskapet fell. Fyrst når sosialismen herskar, kan det verta heilt og fullt fred. Men til og med innom ramma til kapitalismen er det mogleg å minka den nasjonale kampen til eit minstemål, å undergrava han ved rota og å gjera han så lite skadeleg som mogleg for proletariatet. Dette er stadfest av til dømes Sveits og Amerika. Det som skal til, er at landet vert demokratisert og at nasjonane får høve til å utvikla seg fritt.*

Den neste tidbolken var tidbolken til den første verdskrigene, då den lange krigen mellom dei to imperialist-koalisjonane undergrov makta til verdsimperialismen, då krisa i det kapitaliske verdssystemet vart ovstor, då kolonilanda og dei usjølvstendige landa og slutta seg til frigjeringsrørsla side om side med arbeidarklassen i «moderland», då det nasjonale spørsmålet vart eit nasjonalt og kolonialt spørsmål, då einskapsfronten til arbeidarklassen i dei framskridne kapitalistiske landa og til dei undertrykte folka i koloniane og dei usjølvstendige landa byrja å verta ei verkeleg kraft, då den *sosialistiske* revolusjonen fylgleg vart det aktuelle spørsmålet. Dei russiske marxistane kunne då ikkje lenger slå seg til ro med politikken frå den tidlegare tidbolken, og dei fann det naudsynt å binda løysinga på det nasjonale og koloniale spørsmålet saman med lagnaden til den sosialistiske revolusjonen.

Partiet meinte at den beste løysinga på det nasjonale og koloniale spørsmålet under dei rådande tilhøva var å styrtta kapitalmakta og å skipa proletariatets diktatur, å kaste imperialiststyrkane ut or koloniane og dei usjølvstendige landa og tryggja retten til desse landa til å lausriva seg og skipa sine eigne nasjonalstatar, å fjerna nasjonal fiendskap og nasjonalisme og styrkja dei internasjonale banda mellom folka, å organisera ein einaste socialistisk nasjonaløkonomi og å skipa brorskapleg samarbeid mellom folka på dette grunnlaget.

Slik var politikken til partiet i denne tidbolken.

Denne tidbolken har enno langt frå kome i full kraft, for han har fyrst nett byrja, men det er ikkje tvil om at han alt no vil ha eit avgjerande ord med i laget... .

Den tidbolken vi no har for utviklinga av revolusjonen i landet vårt og politikken til partiet no er eit spørsmål for seg sjølv.

Ein bør merkja seg at til no har landet vårt synt seg å vera det *einaste*

* Sjå denne boka s. 27.

som er klårt til å styrta kapitalismen. Og det har verkeleg styrta kapitalismen og skipa proletariatets diktatur.

Fylgjeleg har vi enno lang veg fram før proletariatets diktatur vert skipa i *verdsmålestokk*, og endå lenger til sosialismen sigrar i *alle land*.

Ein bør vidare merkja seg at då vi gjorde ende på styret til borgarskapet, som for lenge sidan har gått bort frå dei gamle demokratiske tradisjonane sine, så løyste vi samstundes problemet med «full demokratiseiring av landet». Vi avskaffa systemet med nasjonal undertrykking og skipa likskap mellom nasjonane i landet vårt.

Som vi veit synte desse tiltaka seg å vera den beste måten for å fjerna nasjonalisme og nasjonal fiendskap og for å skipa tiltru folkesлага imellom.

Til sist bør ein merkja seg at avskaffinga av den nasjonale undertrykkinga førte til ei nasjonal nyvakning for dei tidlegare undertrykte nasjonane i landet. Ho førte til at dei nasjonale kulturane deira utvikla seg, til at dei venskapelege internasjonale banda mellom folkesлага i landet vårt vart styrkte, og til at dei samarbeidde seg imellom med å byggja sosialismen.

Ein bør hugsa at desse oppatnya nasjonane ikkje er dei gamle, borgarlege nasjonane som var leidde av borgarskapet, men nye sosialistiske nasjonar som har vakse opp på ruinane av dei gamle og er leidde av det internasjonalistiske partiet til dei arbeidande massane.

På bakgrunn av dette rekna partiet det som naudsynt å hjelpa dei atterfødde nasjonane i landet vårt på føtene og til full kraft, å oppatnya og utvikla dei nasjonale kulturane deira, å utvikla breitt skular, teater og andre kulturinstitusjonar som nyttar nasjonalpråka, å nasjonalisera – det vil seia å tilsetja medlemmar frå den særskilde nasjonen i partiet, fagforeiningar, kooperativ, det statlege og økonomiske apparat, å øva opp deiira eige nasjonale parti og sovjetkadrar, og å hindra alle element – som visseleg er få i tal – som freistar å hindra denne politikken til partiet.

Dette tyder at partiet står og vil halda fram med å stø at dei nasjonale kulturane til folkesлага i landet vårt utviklar seg og blømer, at det vil hjelpe fram styrkinga av dei nye sosialistiske nasjonane våre, at det vernar og verjar denne saka mot anti-leninistiske element av eit kvart slag.

Frå breva dykkar er det openbertyt at de ikkje er samde i denne politikken til partiet vårt. For det fyrste kjem dette av at de blandar saman dei nye sosialistiske nasjonane med dei gamle borgarlege nasjonane og ikkje skjønar at dei nasjonale kulturane til dei nye sovjetnasjonane våre i *innhald* er sosialistiske kulturar. For det andre – orsak at eg er så beintfram – kjem det av at de har eit svært dårlig grep på leninismen og er

langt på vidotta når det gjeld det nasjonale spørsmålet.

Sjå til dømes på denne enkle saka. Vi seier alle at det trengst ein kulturrevolusjon i landet vårt. Dersom vi meiner dette alvorleg og ikkje berre gjev oss til med tomt prat, må vi i det minste taka det fyrste steget i denne retninga: Vi må oppretta tvungen grunnutdanning og seinare vidaregåande utdanning for alle innbyggjarane i landet utan omsyn til kva nasjonalitet dei er av. Det er klårt at inga kulturutvikling, for ikkje å tala om den såkalla kulturrevolusjonen, vil vera mogleg i landet vårt utan dette. Og vidare, utan dette vert det korkje nokon verkeleg framgang i industrien og jordbruket vårt eller noko pålitande forsvar av landet vårt.

Men korleis skal ein gjera dette når ein tenkjer på at prosenten av analfabetar i landet vårt enno er svært høg, at i ei rekke av nasjonane i landet vårt er det 80 - 90 prosent med analfabetar?

Det som trengst er å dekkja landet med eit vidt nett av skular som nyttar morsmåla og tilsetja lærarar som kan morsmåla.

Det som trengst er å nasjonalisera – det vil seia å tilsetja medlemar av den særskilde nasjonen – i heile administrasjonsapparatet, frå parti til fagforeining til stat og økonomi.

Det som trengst er å utvikla breitt pressa, teateret, kinoen og andre kulturinstitusjonar som nyttar nasjonalsspråka.

Ein kan spørja: Kvifor skal ein nyitta morsmåla?

Av di dei store massane av folket berre kan lukkast i å utvikla seg kulturelt, politisk og økonomisk på sitt eige nasjonale morsmål.

På bakgrunn av alt det som er sagt, trur er at det ikkje skulle vera så vanskeleg å skjøna at leninistar ikkje kan føra nokon annan politikk i det nasjonale spørsmålet enn den som no vert ført i landet vårt. Føresetnaden den er sjølvsagt at dei ynskjer å halda fram med å vera leninistar.

Er det ikkje slik?

Vel, då let vi det vera med det.

Eg trur at eg har svart på alt det de spør om og tvilar på.

Med kommunistisk helsing,

18. mars 1929

J. Stalin

AVVIK I DET NASJONALE SPØRSMÅLET

Utdrag frå ei melding som vart lagt fram på den sekstande kongressen i SUKP(b), 27. juni 1930

Biletet av kampen mot avvik i partiet vert ikkje fullstendig dersom vi ikkje rører ved avvika som finst i partiet i *det nasjonale spørsmålet*. Eg tenker for det fyrste på avviket i retning av storruussisk sjåvinisme, og det for det andre på avviket i retning av lokal nasjonalisme. Desse avvika er ikkje så tydelege og dogmatiske som «venstre»- eller høgreavviket. Ein kunne kalla dei snikande avvik. Men dette tydar ikkje at dei ikkje finst. Dei finst, og viktigare er det at dei veks. Det kan ikkje vera nokon som helst tvil om det. Det kan ikkje vera tvil om det, av di den allmenne atmosfæren med kvassare klassekamp må føra til at nasjonalgnissing vert noko meir intens. Dette er noko som speglar seg av i partiet. Difor bør draga ved desse avvika verta avdekte og dregne fram i dagslyset.

Kva er det vesentlege i avviket i retning av stor-russisk sjåvinisme under tilhøva i dag?

Det vesentlege i avviket i retning av stor-russisk sjåvinisme ligg i freistnaden på å sjå bort frå nasjonale skilnader i språk, kultur og leve-måte, i freistnaden på å førebu avskaffinga av dei nasjonale republikkane og regionane, i freistnaden på å undergrava prinsippet om nasjonal likskap og å setja politikken til partiet med å nasjonalisera administrasjonsapparatet, skulane, pressa og andre statlege og offentlege organisjonar i vanry.

I denne samanhengen går dei som gjer avvik av denne typen ut frå det synet at sidan nasjonane ved sigeren for sosialismen må smelta saman til ein, og nasjonalpråka deira må verta omforma til eit einaste sams språk, er tida komen for å avskaffa nasjonale skilnader og gå frå politikken med å fremja utviklinga av dei nasjonale kulturane til dei tidlegare undertrykte folkia.

I denne samanhengen syner dei til Lenin. Dei gjev han att gale, og av og til forvrengjer dei han med vilje og bakvaskar han.

Lenin sa at under sosialismen vil interessene til nasjonalitetane smelta saman til ein heilskap. Fylgjer det ikkje av dette at det er tid for å gjera ende på dei nasjonale republikkane og regionane i interessene til ... internasjonalismen? Lenin sa i 1913 i striden mot bundistane at slagordet om nasjonal kultur er eit borgarleg slagord. Fylgjer det ikkje av dette at det er tid for å gjera ende på dei nasjonale kulturane til folka i USSR i interessene til ... internasjonalismen?

Lenin sa at nasjonal undertrykking og nasjonale stengsel vert øydelagde under sosialismen. Fylgjer det ikkje av dette at det er tid for å slutta med den politikken at ein tek omsyn til dei nasjonale særdraga til folka i USSR, og at ein går over til assimilasjonspolitikken i interessene til ... internasjonalismen?

Og så vidare og så vidare.

Det kan ikkje vera tvil om at dette avviket i det nasjonale spørsmålet, som dessutan er forkledd med ei maske av internasjonalisme og med namnet til Lenin, er den listigaste og difor den farlegaste utgåva av storrussisk nasjonalisme.

For det første sa Lenin aldri at dei nasjonale skilnadene må verta borte og at nasjonalspråk må smelta saman til eit sams språk innom grensene til *ein stat før sosialismen har sigra i verdsmålestokk*. Tvert om sa Lenin noko som var rakt i motstrid til dette, nemleg at «nasjonale og statlege skilnader mellom folk og land... vil fortsetta å vera til i svært, svært lang tid endåt til etter at proletariatets diktatur har vorte oppretta i verdsmålestokk».*

Korleis kan nokon syna til Lenin og gløyma denne grunnleggjande utsegna hans?

Herr Kautsky som er eks-marxist og no renegat og reformist, hevdar rett nok noko som er beint imot det Lenin lærer oss. Trass i Lenin påstår han at sigeren for den proletariske revolusjonen i Den austerrøtske føderalstaten midt i førre hundreåret ville ha ført til at det vart skapt *eit einaste sams* tysk språk og til at tsjekkarane vart *germaniserte*. Dette av di «berre krafta av uhindra samkvem, berre krafta av den moderne kulturen, som hadde tsjekkarane til reiskap, ville ha omdanna dei attendeliggjande tsjekkiske småborgarane, bøndene og proletarane som ikkje hadde noko å vinna frå den opprørende nasjonaliteten sin, til tyskarar utan noka tvungen germanisering» (sjå føreordet til den tyske utgåva av *Revolusjon og kontrarevolusjon*).

Det er klårt at ei slik «oppfatning» samsvarer heilt med sosialsjåvinis-

* Mine uthavingar – J. St.

men til Kautsky. Det var dette synet til Kautsky eg kjempa mot i 1925 i talen min ved Universitetet til folka i Austen.¹¹¹ Men kan dette anti-marxistiske plapret til ein arrogant tysk sosialsjåvinist ha noka positiv tyding for oss marxistar som ynskjer å halda fram med å vera prinsipp-faste internasjonalistar?

Kven har rett, Kautsky eller Lenin?

Dersom Kautsky har rett, korleis kan vi då forklåra at etter måten attendeliggjande nasjonalitetar som kviterussarane og ukrainarane, som er nærmere storrussarane enn tsjekkarane er tyskarane, ikkje har vorte russifiserte som eit resultat av at den proletariske revolusjonen har sigra i USSR, men at dei tvert om har vakna til nytt liv og har utvikla seg som sjølvstendige nasjonar? Korleis skal vi forklåra at slike nasjonar som turkmenane, kirgisarane, usbekarane, tadsjikarane (for ikkje å tala om grusarane, armenarane, aserbajdsjanarane og andre) trass i at dei er attendeliggjande slett ikkje har vorte russifiserte som eit resultat av at sosialismen har sigra i USSR, men tvert om har vakna til nytt liv og har utvikla seg som sjølvstendige nasjonar? Er det ikkje openbert at dei vyrde avvikarane våre i jakta si på falsk internasjonalisme har falle i klørne på den kautskyanske sosialsjåvinismen? Er det ikkje klårt at når dei talar for eit elnaste sams språk innom grensene til *ein* stat, innom grensene til USSR, så strevar dei eigentleg etter å gjenoppretta *særrettane* til det språket som tidlegare var dominerande, nemleg det *storrussiske* språket?

Kva har dette med internasjonalisme å gjera?

For det andre sa Lenin aldri at det å avskaffa nasjonal undertrykking og smelta saman interessene til nasjonalitetar til ein heilskap er det same som å avskaffa nasjonale skilnader. Vi har avskaffa nasjonal undertrykking. Vi har avskaffa nasjonale særrettar og har oppretta nasjonal likerett. Vi har avskaffa statsgrensar i den gamle tydinga av ordet, grensepostar og tollstengsel mellom nasjonalitetane i USSR. Vi har oppretta einskap i dei økonomiske og politiske interessene til folka i USSR. Men tyder dette at vi med det har avskaffa nasjonale skilnader, nasjonal-språk, kultur, levemåte osb.? Openbert tyder det ikkje det. Men der som nasjonale skilnader, språk, kultur, levemåte osb. har halde seg ved lag, er det då ikkje klårt at kravet om at ein skal avskaffa dei nasjonale republikkane og regionane i denne historiske tidbolken er eit reaksjonært krav som rettar seg mot interessene til proletariatets diktatur? Skjønar avvikarane våre at å avskaffa dei nasjonale republikkane og regionane no, tyder å røva ifrå dei veldige massane av folka i USSR høvet til å få utdanning på *morsmålet* sitt, røva ifrå dei høvet til skular, domstolar, administrasjon, offentleg og andre organisasjoner og institusj-

nar som nyttar *morsmålet* deira, røva ifrå dei høvet til å verta dregne inn i arbeidet med sosialistisk oppbygging? Er det ikkje klårt at avvikarane våre i jakta etter falsk internasjonalisme har falle i klørne på dei reaksjonære storrussiske sjåvinistene. Og at dei har gløymt, heilt gløymt slagordet om kulturrevolusjonen i tidbolken for proletariatets diktatur, noko som gjeld like mykje for *alle* folka i USSR, både storrussarar og ikkje-storrussarar?

For det tredje sa Lenin aldri at slagordet om å utvikla nasjonal kultur under *vilkåra til proletariatets diktatur* er eit reaksjonært slagord. Tvert om stod Lenin alltid for å *hjelpe* folka i USSR til å utvikla dei nasjonale kulturane sine. Det var under rettleiing frå ingen andre enn Lenin at fråsegna om det nasjonale spørsmålet vart sett opp og vedteken på den tiande partikongressen. Her er det klårt slege fast at:

«Det er partiet si oppgåve å *hjelpe* dei arbeidande massane i dei ikkje-storrussiske folka med å nå att Sentral-Russland, som har gått framom, å *hjelpe* dei med a) å utvikla og styrkja sovjetisk statsskipnad hjå dei i former som samsvarer med dei nasjonale *vilkåra* og leveviset til desse folka, b) å utvikla og styrkja mellom dei domstolar, administrasjon, økonomisk organ og styringsorgan som nyttar *morsmålet* deira og som har tilsett lokale folk som kjenner levemåten og sinnelaget til dei lokale innbuarane, c) å utvikla mellom dei pressa, skular, teater, klubbar, kulturelle institusjonar og utdanningsinstitusjonar allment som nyttar *morsmålet* deira, d) å skipa og utvikla eit vidt nett av allmennutdannande- og handels- og tekniske kurs og skular som nyttar *morsmålet* deira». ¹¹²

Er det ikkje openert at Lenin heilt og fullt var for slagordet om å utvikla den nasjonale kulturen *under vilkåra med proletariatets diktatur*?

Er det ikkje openert at å seia nei til slagordet om nasjonal kultur under *vilkåra med proletariatets diktatur* tyder å nekta for at det er naudsynt at desse folka har pliktig allmennutdanning, å gjera desse folka til åndelege trælar for dei reaksjonære nasjonalistane?

Det er rett at Lenin kalla slagordet om nasjonal kultur *under herredømet til borgarskapet* for eit reaksjonært slagord. Men kunne det vera annleis?

Kva er nasjonal kultur under styret til det nasjonale borgarskapet? Det er kultur med eit *borgarleg* innhald og ei nasjonal form. Føremålet med han er å forgifta massane med nasjonalistisk gift og å styrkja styret til borgarskapet.

Kva er nasjonal kultur under proletariatets diktatur? Det er ein kultur

med eit *sosialistisk* innhald og ei nasjonal form. Han har til føremål å ut-danna massane i sosialismen og internasjonalismen si ånd.

Korleis er det mogleg å blanda saman desse to grunnleggjande ulike tinga utan å bryta med marxismen?

Er det ikkje openbert at Lenin slo mot det borgarlege *innhaldet* i den nasjonale kulturen, og ikkje mot den nasjonale forma, når han kjempa mot slagordet om nasjonal kultur under den borgarlege ordninga?

Det ville vera toskut å tru at Lenin såg på sosialistisk kultur som *ikkje-nasjonal*, at han ikkje har ei særskilt nasjonal form. Bundistane til-skreiv faktisk ein gong dette tøvet til Lenin. Men det er kjent frå verka til Lenin at han protesterte skarpt mot denne bakvaskinga og tok kraftig fråstand frå dette tøvet. Har dei verdige avvikarane våre verkeleg fylgt i fotefara til bundistane?

Etter alt det som er sagt, kva er att av argumenta til avvikarane våre?

Ikkje anna enn manipulering med flagget til internasjonalisme og bakvasking av Lenin.

Dei som gjer avvik i retning av storrussisk sjåvinisme tek tvers igjen-nom feil når dei trur at tidbolken for å byggja sosialismen i USSR er tid-bolken for at nasjonale kulturar bryt saman og vert avskaffa. I røynda er det rakt motsett. Faktisk er tidbolken for proletariatets diktatur og for å byggja opp sosialismen i USSR ein tidfolk for at nasjonale kulturar med eit *sosialistisk* innhald og ei nasjonal form *blømer*. For under sovjet-systemet er ikkje nasjonane sjølve dei vanlege «moderne» nasjonane, men *sosialistiske* nasjonar, nett slik dei nasjonale kulturane deira i inn-hald ikkje er dei vanlege borgarlege kulturane, men *sosialistiske kulturar*.

Det er tydeleg at dei ikkje skjørnar at nasjonale kulturar må utvikla seg med ny styrke når pliktig allmenn grunnutdanning på morsmåla vert innført og fast oppretta. Dei skjørnar ikkje at berre dersom dei nasjonale kulturane er utvikla, vil det vera mogleg å verkeleg trekkja dei attende-liggjande nasjonalitetane inn i arbeidet med sosialistisk oppbygging.

Dei skjørnar ikkje at det er nett dette som er grunnlaget for den leni-nistiske politikken med å *hjelpa og fremja* at dei nasjonale kulturane til folk i USSR utviklar seg.

Det kan tykkjест underleg at vi som står for at dei nasjonale kultura-ne i framtida skal *smelta saman* (både i form og innhald) til ein sams kultur med eitt sams språk, samstundes skulle stå for at dei nasjonale kulturane skal *bløma* no under proletariatets diktatur. Men det er ikkje noko merkeleg i det. Dei nasjonale kulturane må få lov til å utvikla seg og utfalda seg, og leggja for dagen alt det som bur i dei, for å skapa vil-kåra for å smelta dei saman i ein sams kultur med eitt sams språk i tid-bolken for sosialismen sin siger over heile verda. At det blømer kulturar

med nasjonal form og sosialistisk innhald under proletariatets diktatur i eitt land med det føremålet å smelta dei saman til ein sams sosialistisk kultur (både i form og innhald) med eitt sams språk når proletariatet sigrar over heile verda, og når sosialismen vert levemåten – det er nett dette som er dialektikken i den leninistiske framstillinga av spørsmålet om nasjonal kultur.

Ein kan seia at ei slik framstilling av spørsmålet er «motseelande». Men er ikkje framstillinga vår av spørsmålet om staten «motseelande» på same viset? Vi står for at staten skal visna bort. Samstundes står vi for at proletariatets diktatur skal styrkast. Det er den mektigaste og sterkeste statsmakta som nokon gong har vore til. Den høgaste utviklinga av statsmakta med det føremålet å førebu vilkåra for at statsmakta skal visna bort – slik er den marxistiske formelen. Er dette «motseelande»? Ja, det er «motseelande». Men dette motselinga er bunden saman med livet og speglar dialektikken til Marx fullt ut.

Eller tak til dømes framstillinga til Lenin av spørsmålet om sjølvrådetten for nasjonane medrekna retten til lausriving. Lenin skildra av og til tesen om nasjonalt sjølvråde i form av den enkle formelen: «skilja for å sameina». Tenk på det – å skilja for å sameina. Det høyrest endåtil ut som eit paradoks. Og likevel speglar denne «motseelande» formelen denne levande sanninga i dialektikken til Marx, som gjer at bolsjevikane kan taka del mest utakande festningane på det nasjonale spørsmålet sitt område.

Det same kan ein seia om den formelen som gjeld nasjonal kultur: bløming av nasjonale kulturar (og språk) i tidbolken for proletariatets diktatur i eitt land, med det føremålet å førebu vilkåra for at dei skal visna bort og smelta saman til ein sams sosialistisk kultur (og til eitt sams språk) i tidbolken då sosialismen sigrar i alle land i verda.

Kvar og ein som ikkje skjønar dette særdraget og «motseilinga» ved overgangstida vår, kvar og ein som ikkje skjønar denne dialektikken i den historiske prosessen, er daud når det gjeld marxismen.

Ulukka til avvikarane våre er at dei ikkje skjønar og ikkje vil skjøna dialektikken til Marx.

Slik er stoda med omsyn til avviket i retning av storruussisk sjåvinisme.

Det er ikkje vanskeleg å skjøna at dette avviket speglar av strevet til dei daudsdømde klassane i den tidlegare dominerande storruussiske nasjonen etter å vinna attende dei særrettane dei har mista.

Difor er faren for storruussisk sjåvinisme hovudfaren i partiet på det nasjonale spørsmålet sitt område.

Kva er kjernen i avviket i retning av lokal nasjonalisme?

Kjernen i avviket i retning av lokal nasjonalisme er strevet etter å isolera seg og skilja seg ut innom skalet til sin eigen nasjon, strevet etter å tilsløra klassemotseiningar innom sin eigen nasjon, strevet etter å verna seg mot storrussisk sjåvinisme med å trekka seg ut or den allmenne straumen av sosialistisk oppbygging, strevet etter å ikkje sjå kva som dreg saman og sameiner dei arbeidande massane i nasjonane i USSR, og å sjå berre det som kan trekka dei fra kvarandre.

Avviket i retning av lokal nasjonalisme speglar misnøyen med styret under proletariatets diktatur hjå dei daudsdømde klassane i dei tidlegare undertrykte nasjonane, strevet deira etter å isolera seg i den nasjonale borgarstaten sin og å oppretta klasseherredømet sitt der.

Faren med dette avviket er at det fostrar borgarleg nasjonalisme, svekkjer einskapen mellom dei arbeidande folka i dei ulike nasjonane i USSR, og spelar i hendene på intervensjonistane.

Dette er kjernen i avviket i retning av lokal nasjonalisme.

Oppgåva til partiet er å kjempa ein målmedviten kamp mot dette avviket og å sikra dei vilkåra som er naudsynte for å utdanna dei arbeidande massane i folka i USSR i internasjonalismen si ånd.

UTDRAG FRÅ SVAR TIL ORDSKIFTET

Den neste gruppa med merknader gjeld det nasjonale spørsmålet. Ein av dei – den mest interessante etter mi meining – samanliknar korleis problemet med nasjonalpråk er handsama i meldinga mi, på den sekstande kongressen, med korleis det er handsama i talen min ved Universitetet til folka i Austen i 1925*, og finn ein viss mangel på klårleik som ein treng å forklåra. I merknaden står det: «De gjekk på den tida imot teorien (*til Kautsky*) om at nasjonalpråka døyr ut og at det vert forma eit einaste, sams språk i den sosialistiske tidbolken (*i eitt land*), medan De ne, i meldinga Dykkar på den sekstande kongressen, hevdar at kommunistar meiner at nasjonale kulturar og nasjonale språk skal smelta saman til ein sams kultur med eitt sams språk (*i tidbolken for sigeren for sosialismen i verdsmalestokk*). Er ikkje dette uklårt?»

Eg meiner at det korkje er uklårt eller den minste motseiling her. I talen min i 1925 gjekk eg imot den nasjonal-sjåvinistiske teorien til Kautsky. Ut frå denne teorien måtte ein siger for den proletariske revolusjonen midt i førre hundreåret i den sameinte austerríksk-tyske staten føra

* Sjå Stalin, «Dei politiske oppgåvene til Universitetet til folka i Austen», denne boka side 193–205. – Red.

til at nasjonane smelta saman til ein sams *tysk* nasjon med eitt sams *tysk* språk, og til at tsjekkarane vart *germaniserte*. Eg gjekk imot denne teorien som ein anti-marxistisk og anti-leninistisk teori, og då eg dreiv han attende, rekna eg opp kjensgjerningar frå livet i landet vårt etter si- geren for sosialismen i USSR. Eg går enno imot denne teorien, slik ein kan sjå det av meldinga mi på denne sekstane kongressen. Eg går imot han av di teorien om å smelta saman alle nasjonane i til dømes USSR til ein *storrussisk* nasjon med eitt sams *storrussisk språk*, er ein na- sjonal-sjåvinistisk, anti-leninistisk teori som står i motseiing til den grunnleggjande tesen i leninismen at nasjonale skilnader ikkje kan kverva bort i nær framtid, men at dei må halde seg ved lag i lang tid, endå til etter at den proletariske revolusjonen har sigra i *verdsrålestokk*.

Når det gjeld dei fjernare utsiktene for nasjonal-kulturar og nasjonal- språk, har eg alltid halde fast ved, og held framleis fast ved, det leninis- tiske synet at i tidbolken for sosialismen sin siger i *verdsrålestokk*, når sosialismen har vorte grunnfest og har vorte leveviset, då må nasjonal- språka unngåeleg smelta saman til eitt sams språk. Det blir sjølv sagt korkje storrussisk eller tysk, men noko nytt. Eg slo og dette endeleg fast i meldinga mi på den sekstane kongressen.

Kvar manglar det då klårleik her, og nøyaktig kva er det som treng klårgjering?

Forfattarane av merknaden var openert ikkje heilt klåre når det gjeld to ting:

Fyrst og fremst hadde dei ikkje heilt klårt for seg at i USSR har vi alt gått inn i den sosialistiske tidbolken. Dessuten, trass i at vi har gått inn i denne tidbolken, er nasjonane ikkje berre døyande, men tvert om ut- viklar dei seg og blømer. Har vi i røynda alt gått inn i den sosialistiske tidbolken? Tidbolken vår vert til vanleg kalt overgangstida frå kapitalisme til sosialisme. Han vart kalt ei overgangstid i 1918, då Lenin i den vidgjetne artikkelen sin «*Venstre*-barnefakter og småborgarsentralitet»,¹¹³ fyrst skildra denne tidbolken med dei fem økonomiske formene sine. Han vert kalt ei overgangstid i dag, i 1930, når nokre av desse for- mene har vorte forelda og alt er på veg til å bli borte, medan ei av dei, nemleg den nye økonomiske forma på industri- og jordbruksområdet, veks og utviklar seg snøggare enn nokon gong før. Kan ein seia at desse to overgangstidene er heilt like, at dei ikkje skal seg radikalt frå kvara- dre? Openert ikkje.

Kva hadde vi på det nasjonaløkonomiske området i 1918? Ein øyde- lagd industri og sigarett-tennarar. Vi hadde korkje kollektivbruk eller statsbruk i masseomfang, medan eit «nytt» borgarskap vokste fram i byane, og kulakkane¹¹⁴ på landsbygda.

Kva har vi i dag? Sosialistisk industri, som er sett i stand og under gjenoppbygging, eit vidfemnande system av kollektivbruk og statsbruk som svarar for meir enn 40 prosent av heile det tilsådde arealet i USSR berre på vårsædsektoren, eit døyande «nytt» borgarskap i byane og ein døyande kulakk-klasse på landsbygda.

Den fyrste var ei overgangstid, og det er den siste og. Ikkje dess mindre er dei like langt frå kvarandre som himmel og jord. Og ikkje dess mindre kan ingen nekta for at vi er rett ved å fjerna den siste viktige kapitalistklassen, som er kulakk-klassen. Det er klårt at vi alt har gått ut or overgangstida i den gamle tydinga, og har gått inn i tidbolken med beinveges og feiande sosialistisk oppbygging over heile lina. Det er klårt at vi alt har gått inn i den sosialistiske tidbolken. For den sosialistiske sektoren kontrollerer no alle dei økonomiske brekkstengene i heile nasjonaløkonomien, sjølv om vi enno er langt frå å ha bygt eit sosialistisk samfunn fullt ut og frå å ha fjerna klasseeskilja. Ikkje dess mindre: Nasjonalalspråka er ikkje døyande og held ikkje på å smelta saman til eitt sams språk.

Tvert om utviklar nasjonal-kulturane og nasjonalalspråka seg og blømer. Er det ikkje klårt at teorien om at nasjonalalspråka dør bort og smeltar saman til eitt sams språk innom rammene til ein *einskild* stat i tidbolken for den feiande sosialistiske oppbygginga, i tidbolken for sosialisme i *eitt* land er ein galen anti-marxistisk og anti-leninistisk teori?

For det andre hadde ikkje forfattarane av merknaden det klårt for seg at bordøyinga av nasjonalpråk og samansmeltinga av dei til eitt sams språk ikkje er eit *innomstatleg* spørsmål, ikkje eit spørsmål om sigeren for sosialismen i *eitt* land, men eit *internasjonal* spørsmål, eit spørsmål om sigeren for sosialismen i *internasjonal* målestokk. Dei skjøna ikkje at sigeren for sosialismen i *eitt* land ikkje må blandast saman med sigeren for sosialismen i *internasjonal* målestokk. Lenin hadde god grunn til å seia at nasjonale skilnader vil halda seg i lang tid endå til etter at proletariats diktatur har sigra i internasjonal målestokk.

Dessutan må vi taka omsyn til eit anna tilhøve som vedkjem ei rekje av nasjonane i USSR. Det finst eit Ukraina som er ein del av USSR. Men det finst og eit anna Ukraina som er ein del av andre statar. Det er eit Kviterussland som er ein del av USSR. Men det er og eit anna Kviterussland som er ein del av andre statar. Meiner de at spørsmålet om det ukrainske og det kviterussiske språket kan verta avgjort utan at ein tek omsyn til desse særskilde tilhøva?

Tak så dei nasjonane i USSR som ligg ved sørgrensa, frå Aserbajdsjan til Kasakhstan og Burjat-Mongolia. Dei er alle i same stode som Ukraina og Kviterussland. Her og må vi sjølv sagt taka omsyn til dei

særskilde utviklingsvilkåra for desse nasjonane.

Er det ikkje klårt at alle desse og liknande spørsmål som er bundne saman med problemet om nasjonalkulturar og nasjonalspråk ikkje kan verta avgjorde innom rammene til ein einaste stat, innom rammene til USSR?

Kameratar, slik er stoda når det gjeld det nasjonale spørsmålet allment, og den ovannemnde merknaden om det nasjonale spørsmålet særskilt.

AVVIK I NASJONALISTISK LEI

Utdrag frå meldinga om arbeidet til sentralkomiteen i SUKP(b). Halden på den syttande partikongressen, 26. januar 1934.

Eller tak til dømes det *nasjonale spørsmålet*. Også her, når det gjeld det nasjonale spørsmålet, nett som når det gjeld andre spørsmål, er det forvirring i synspunkta til ein del av partiet, som skaper ein viss fare. Eg har talt om kor seigliva restane av kapitalismen er. Ein bør merkja seg at restane av kapitalismen er mykje meir seigliva i tankane til folk i det nasjonale spørsmålet enn på nokon anna område. Det er mykje meir seigliva av di dei kan gøyma seg godt i nasjonalbunad. Mange meiner at då Skrypnik fall i unåde, så var det ei einskildsak, eit unntak frå regelen. Det er ikkje rett. Det er ikkje eit unntak at Skrypik og gruppa hans i Ukraina fall i unåde. Ein har og sett liknande avvik hjå visse kamaratar i andre nasjonalrepublikkar.

Kva er avviket i nasjonalistisk lei – utan omsyn til om det gjeld avviket i retning av storruussisk nasjonalisme eller avviket i retning av lokal nasjonalisme? Det nasjonalistiske avviket er at ein tilpassar arbeidar-klassen sin internasjonalistiske politikk til borgarskapet sin nasjonalistiske politikk. Det nasjonalistiske avviket speglar freistnadene til «det eigne», «nasjonale» borgarskapet på å undergrava sovjet-systemet og å gjenopprette kapitalismen. Som de ser er kjelda til både desse avvika den same. Det er eit *avvik* frå leninistisk internasjonalisme. Dersom de ynskjer å skyta på avvika, sikt i fyrste rekke på denne kjelda, på dei som tek avskil med internasjonalismen – utan omsyn til om det gjeld avviket i retning av lokal nasjonalisme eller avviket i retning av storruussisk nasjonalisme. (*Stormande applaus*).

Det er strid om kva avvik som er hovudfaren: avviket i retning av storruussisk nasjonalisme eller avviket i retning av lokal nasjonalisme. Under dei vilkåra som er no er det ein formell og difor ein meiningslaus strid. Det ville vera toskut å freista å gje ferdiggjorte oppskriftar som høver til alle tider og under alle vilkår når det gjeld den viktigaste og den mindre faren. Slike oppskrifter finst ikkje. Hovudfaren er det avvi-

ket som vi har slutta å kjempa mot, og med det tillate det å veksa til å verta ein fare for staten. (*Lang applaus*).

Til heilt nyleg var ikkje avviket i Ukraina i retning av ukrainsk nasjonalisme hovudfaren. Man då kampen mot han stogga, og han fekk lov til å veksa så mykje at han knytte seg saman med intervensjonistane¹¹⁵, vart dette avviklet hovudfaren. Spørsmålet om kva som er hovudfaren når det gjeld det nasjonale spørsmålet vert ikkje avgjort av formelle, gagnlause stridar, men av ei marxistisk analyse av stoda i augneblinnen, og ved at ein studerer dei mistaka som har vorte gjorte på dette området.

**NOTAR
REGISTAR OVER
VIKTIGE PERSONAR**

1. Prosvesjtsjenje (Opplysning) – Eit bolsjeviksk månadstidsskrift som kom ut i St. Petersburg fra desember 1911 til juni 1914, då det vart stogga av tsaristregjeringa. Det kom eitt dobbeltnummer hausten 1917. Tidsskriftet vart leidd av Lenin. Når Stalin var i St. Petersburg var han aktivt med på å gje det ut. s. 10.

2. Bund – Det sams jødiske forbundet i Litauen, Polen og Russland. Det vart skipa i 1897 og femnde i hovudsak om jødiske handverkarar i dei vestlege delane av Russland. *B.* slutta seg til RSDAP på den fyrste kongressen i mars 1898. På den andre kongressen kravde utsendingane frå *B.* at organisasjonen deira skulle verta godkjend som einaste talsmann for det jødiske proletariatet i Russland. Kongressen avviste denne organisasjonsnasjonalismen, og *B.* trekte seg ut av partiet.

I 1906, etter den fjerde («einskaps»)-kongressen, knytte *B.* seg til RSDAP att. Bundistane støtta mensjevikane heile tida og ført kamp utan stogg mot bolsjevikane. Trass i formell tilknytting til RSDAP var *B.* ein borgarleg-nasjonalistisk samskipnad. *B.* gjekk mot programkravet til bolsjevikane om nasjonane sin sjølvråderett og sette fram kravet om nasjonal-kulturelt autonomi. Under den fyrste verdskrigen tok bundistane eit sosialsjåvinistisk standpunkt. I 1917 støtta *B.* den kontrarevolusjonære provisoriske regjeringa og kjempa i lag med fiendane til den sosialistiske Oktoberrevolusjonen. Under borgarkrigen slutta framståande bundistar seg saman med dei kontrarevolusjonære. Samstundes kom det i gang ei rørsle mellom vanlege Bundmedlemmar for samarbeid med sovjetregjeringa. Fyrst då det var klårt at dei kom til å signe over kontrarevolusjonen innanlands og inn-trengjarane utanfrå, kunngjorde *B.* at dei gav opp striden mot sovjet-systemet. I mars 1921 løyste *B.* seg opp friviljug, og ein del av medlemmane slutta seg til RKP (b) på vanleg måte. s. 10.

3. Mensjevikane – dei som støtta det småborgarlege, opportunistiske straumdraget innanfor Russlands sosialdemokratiske arbeidarparti (RSDAP) og var reiskapen for borgarleg innverknad mellom arbeidarane. Namnet, som tyder «medlemar av mindretaket», skriv seg fra Den andre kongressen til RSDAP i 1903, frå vala til dei sentrale organa i partiet som vart haldne på slutten av kongressen. Mensjevikane var i mindretal, medan dei revolusjonære sosialdemokratane under leiing av Lenin, var i fleirtal (ordet «bolsjevik» tyder «medlem av fleirtalet»). Under revolusjonen 1905–07 var mensjevikane imot at proletariatet skulle ta leiinga i revolusjonen, dei var imot forbundet mellom arbeidarklassen og bøndene, dei gjekk inn for ei semje med det liberale borgarskapet og var for at det skulle ha leiinga i revolusjonen. I reaksjonsåra (1907–10) som fylgde etter at revolusjonen var slege ned, forkynte mensjevikane likvidasjonisme, dvs. dei ville avskipa det revolusjonære partiet til proletariatet som arbeidde illegalt.

Under den fyrste imperialistiske verdskrigen fylgte mensjevikane den same lina som dei opportunistiske leiarane i Den andre internasjonalen, som sentristane Kautsky & Co. Deira politikk var å taka fråstand frå revolusjonen og stagga klassekampen under krigen for ikkje å hindre «deira» regjering i å taka del i den imperialistiske krigen.

Den borgarleg-demokratiske februarrevolusjonen i 1917 førte til at det vart skipa ei dobbeltmakt i Russland – borgarskapet sitt diktatur gjennom den provisoriske regjeringa, og proletariatets og bøndenes diktatur gjennom sovjeta. Mensjevikane og dei sosiale revolusjonære gjekk inn i den provisoriske regjeringa, støtta den imperialistiske politikken ho

fylgte og stridde mot den proletariske revolusjonen som heldt på å veksa seg sterkt. Innanfor sovjetet fylgte mensjevikane den same politikken med å støtte den provisoriske regjeringa og skilja massene frå den revolusjonære rørsla.

Etter Oktoberrevolusjonen vart mensjevikane eit ope kontrarevolusjonært parti som organiserte og tok del i samansverjingar og oppreistar som hadde som mål å styrt sovjetmakta. s. 10.

4. *Zjizn Natsionalnosti* (*Livet til nasjonalitetane*) – Vekeblad for Folkekommisariatet for nasjonalitetssaker, kom ut i Moskva frå 9. november 1918 til 16. februar 1922. Frå 25. februar 1922 kom det som tidsskrift under same namnet og kom ut til januar 1924.

Oktoberrevolusjonen og det nasjonale spørsmålet (sjå s. 551–563 i denne boka) vart prenta i vekebladet *Zjizn Natsionalnosti* nr 1, 9. november 1918. s. 10.

5. *Ententen* – Her: Kapitalistmaktene England, Frankrike, Japan og USA som ringa inn den unge sovjetstaten. s. 10.

6. *Den andre internasjonalen* (1889–1923) – offisielt namn: Sosialistiske Arbeidarinternasjonale. Skipa på 100-årsdagen for den franske revolusjonen, og talstmenn for alle europeiske arbeidarparti som sokna til marxismen møtte, likeins USA. Den første kongressen tok initiativ til ein internasjonal demonstrasjonsdag for 8-timars arbeidsdag, som vart opphavet til feiringa av 1. mai. I motsetnad til Den første internasjonalen hadde ikkje den 2. fast politisk leiting mellom kongressane, og kongressvedtak om prinsippspørsmål i arbeidarrørla var ikkje bindande. Likevel fekk prinsippvedtak i kongressen svært mykje å seia for utviklinga i den internasjonale arbeidarrørla.

Mellom dei spørsmåla Den andre internasjonalen tok stilling til før den første imperialistiske krigen braut ut i 1914, var anarkismen og andre straumdrag innanfor arbeidarrørla, tilhøvet mellom fagrørla og den politiske rørla, ministersosialismen, kampen mot krigen og generalstreiken som kamprømmel.

Bolsjevikane førte kamp mot den opportunismen som verka i fleira av partia i Den andre internasjonalen i åra før 1. verdskrig. Då krigen braut ut, tok likevel leiarane i dei fleste sosialdemokratiske partia i Europa standpunkt for sitt eige borgarskap, sveik interesse til arbeidarklassen og kasta dei ut i krigen. Dermed braut Den andre internasjonalen saman i praksis. Då Den andre internasjonalen vart konstituert på ny etter den første verdskriga, var det berre pro-imperialistiske parti som sluttar opp om han. Dei revolusjonære arbeidarpartia fylgte då Den kommunistiske internasjonalen. s. 11.

7. *Marxismen og det nasjonale spørsmålet* vart skriven i Wien på slutten av 1912 og byrjinga av 1913. Han kom først ut i tidsskriftet *Prosvesjtjenje (Opplysning)*, nr. 3 til 5, 1913, med titlen «Det nasjonale spørsmålet og sosialdemokratiet» og underteknna K. Stalin. I 1914 gav Priboj-forlaget i St. Petersburg han ut som eige hefte med tittelen *Det nasjonale spørsmålet og marxismen*. Etter ordre frå innanriksministeren vart heftet inndrege frå alle offentlege bibliotek og leserom. I 1920 gav Folkekommisariatet for nasjonalitetar artikelen ut at i ei *Samling artiklar* av J.V. Stalin om det nasjonale spørsmålet (Statsforlaget, Tula). I 1934 kom artiklen med i boka J. Stalin, *Marxismen og det nasjonale og koloniale spørsmålet. Ei samling artiklar og talalar*. Lenin viste til kvifor det nasjonale spørsmålet stod

fram som sers viktig på den tida, i artikkelen sin «Det nasjonale programmet til RSDAP,» og skrev: «Denne stoda og prinsippa i det nasjonale programmet til sosialdemokratiet er alt nylig drøfta i teoretisk marxistisk litteratur (her må vi framheva artikkelen til Stalin).» I februar 1913 skrev Lenin til Maxim Gorki: «Vi har ein vidunderleg grusar her, som har sett seg ned for å skriva ein stor artikkel for *Prosvesjtjenje* etter at han har samla *alt* det austerrikske og anna stoff.» Lenin tok kraftig til motmåle då han fekk vita at det var gjort framlegg om å prenta artiklen med det etterhalde at han berre var til diskusjon, og skrev: «Sjovsagt er vi heilt mot dette. Det er ein svært god artikkel. Spørsmålet er brennande, og vi skal ikkje vika ein tomme på prinsippa for det bundistiske avskummet.» (Arkivet til Marx-Engels-Lenin instituttet.) Straks etter at J. V. Stalin vart arrestert i mars 1913, skrev Lenin til bladstyrarane i *Sotsial-Demokrat*: «... Svært mange av oss vert arresterte. Koba er teken... Koba greidde å skriva ein lang artikkel (for tre nummer av *Prosvesjtjenje*) om det nasjonale spørsmålet. Godt! Vi må slåst for sanninga og mot separatistar og opportunistar i Bund og mellom likvidatorane.» (Arkivet til Marx-Engels-Linin instituttet.) s. 13.

8. Året 1905 – eit år med store bonde- og arbeidarkampar som kulminerte i væpna oppreist i Moskva og andre stader i desember. Dette fyrste russiske revolusjonen vart slegen ned med stor råskap. Sjå *Soga til SUKP (b)*, norsk utgåve Forlaget Oktober 1974, s. 85–90. s. 13.

9. «*Det konstitusjonelle styret*» – namn på den første riksduaen, som vart innkalt i desember 1905, då 1905-revolusjonen var i attendegang. Før hadde duaen berre vore rådgjevande. Den nye duaen skulle vera «lovgjevande», slik at Russland fekk eit «konstitusjonelt» styre. Men vallovene var slik at ein handfull godseigarar og kapitalistar fekk eit veldig overtak over arbeidarane og bøndene i duaen. Tsaren sitt føremål med å innkalla Riksduaen var å skilja bøndene frå dei revolusjonære arbeidarane. s. 13.

10. *Dumaen* – Råd, Rådsforsamling. Namn på representative forsamlingar i Russland frå 1600-talet til 1917. s. 13.

11. *Sionisme* – Ei reaksjonær nasjonalistisk retning i det jødiske borgarskapet, som hadde tilhengjarar mellom dei intellektuelle og dei meir attendeliggjande delane av dei jødiske arbeidarane. Sionistane freista å isolere dei jødiske arbeidarmassane frå den allmenne kampen til proletariatet. s. 13.

12. *Pan-islamisme* – Ei form for borgarleg nasjonalisme som oppmoda om samhald på religiøst grunnlag, sjå note nr. 42. s. 14.

13. *Jiddisk* – språket til austjødane. Utvikla på grunnlag av ei tysk dialekt med innslag av hebraisk og polsk. Før den andre verdenskrigen var det fleire millionar jiddisktalande jødar i Aust-Europa. s. 14.

14. *Likvidasjonismen* – «ein freistnad frå ei gruppe intellektuelle i partiet (dvs. RSDAP – Red.) på å likvidera den eksisterande organisasjonen til RSDAP for ein kvar pris og erstat-

ta han med ei laus samanslutning som verkar legalt, sjølv om prisen er rein og skjær oppgjeving av programmet, taktikken og tradisjonane til partiet.» Fråsegn vedteken på RSDAP sin sjette konferanse i 1912. Sjå Lenin, «Likvidasjonismen og likvidatorgruppa,» Utvalgte verker i 12 bind, bind 5, s. 39–41. s. 14.

15. *Reformen* – Bondereformen i 1861 som avskaffa liveigenskapen i Russland. Som fylgle av denne reformen kunne godseigarane ta 1/5, ja opp til 2/5 av jorda til bøndene. Bøndene måtte betala svære summar for å løysa ut jord som dei ikkje kunne grela seg utan, om dei skulle驱ra sjølvstendig jordbruk. Dei måtte ta opp lån som dei betalte på i 49 år til 6 prosent rente. Denne utplyndringa av bøndene førte til at bondejordbruket vart fullstendig ruinert.

Lenin skildra «bondereformen» frå 1861 som den første massevaldshandlinga mot bøndene til føremon for kapitalisme i jordbruket. s. 16.

16. *Partidagen* eller kongressen til det austerrikske sosialdemokratiske partiet i *Brünn*, vart halden 24.–29. september 1899. J. V. Stalin siterer fråsegna om det nasjonale spørsmålet som denne kongressen vedtok, i ein annan artikkel i denne boka (sjå s. 34). s. 30.

17. «*Takk Gud for at vi ikkje har noko parlament her.*» V. Kokvtsev, som var tsaristisk finansminister og seinare statsminister, sa dette i Statsdumaen 24. april 1908. s. 32.

18. *Rutenia* – område i det tidlegare Austerrike-Ungarn der det budde ukrainarar og kviterussarar. Desse bur no i Sovjetunionen. s. 38.

19. *Prokrustesseng* – metode eller system som med tvang eller vald freistar å skapa likskap. (Etter den greske segna om røvaren Prokrustes som fanga vegfarande og la dei på ei seng – han skar av dei beina dersom dei var for lange og strekte dei ut dersom dei var for stutte.) s. 38.

20. Sjå kapitel II av *Det kommunistiske partis manifest* av Marx og Engels, norsk utgåve Forlaget Oktober 1975. s. 40.

21. Wien-kongressen (eller *Wimberg-kongressen*, etter namnet på hotellet der han kom saman) til det austerrikske sosialdemokratiske partiet, vart halden 6.–12. juni 1897. s. 41.

22. Den åttande konferansen til Bund vart halden i Lvov i september 1910. s. 46.

22 a) I ein artikkel med titlen «Nok ein splittarkonferanse,» prenta i avisat *Za Partiju* 2. (15.) oktober 1912, fordømte Plekhanov «augustumøtet» til likvidatorane, og kalle standpunktet til bundistane og dei kaukasiske sosialdemokratane for å tilpasse sosialismen til nasjonalisme. Kossovsky, som var leiar for bundistane, kritiserte Plekhanov i eit brev til likvidatortidsskriftet *Nasja Sarja*. s. 48.

23. *Kurie* – valkasse. Veljarane vart delte inn i fire slike kurier, kuriane til godseigarane, byane (storborgarskapet), bøndene og alþeidarane. s. 48.

24. *Manilov* – ein figur i *Daudes sjelar* av Gogol. M. er ein sentimental og likandes godseigar, som sit og drøymer over pipa og pratar ut i lufta. s. 49.

25. *Iskra* (Gneisten) – den første allrussiske illegale marxistiske avisa, skipta av Lenin i 1900. Ho spela ei avgjerande rolle i skipinga av det marxistiske partiet, i overvinninga av «økonomismen», i samlinga av dei splitta sosialdemokratiske gruppene og i førebuingane til den andre kongressen til RSDAP (Det russiske sosialdemokratiske arbeiderpartiet) i 1903. s. 49.

26. *Tsjyveni Tskhovreba* (Livet vårt) var ei dagsavis som dei grusiske mensjevikane i Kutais gav ut frå 1. til 22. juli 1912. s. 52.

27. Det er vist til den fyrste *Balkan-krigen*, som braut ut i oktober 1912 mellom Bulgaria, Serbia, Hellas og Montenegro på den eine sida, og Tyrkia på den andre. s. 61.

28. *Moravisk «kolo»* – ein moravisk fløy i riksdagen i Praha. Morava (Mähren) i det som no er Tsjekkoslovakia hadde både tysktalande og tsjekkisktalande innbuarar om kvarandre. I 1899 kravde talsmenn for den tyske nasjonaliteten 'nasjonale' kuriar i riksdagen med gjensidig veto i nasjonale spørsmål. Framlegget vann ikkje fram. s. 61.

29. Sjå fråsegnene frå den fjerde («den tredje allrussiske) konferansen til RSDAP, som vart halden 5.–12. november 1907, og frå den femte («den allrussiske 1908»)-konferansen til RSDAP, som vart halden 21.–27. desember 1908 (3.–9. januar 1909). (Sjå *Fråseigner og vedtak frå kongressar, konferansar og sentralkomiteplenum i SUKP (b)*, band 1. 6. russiske utgåve, 1940 s. 118 og 131.) s. 65.

30. *E.J. Jagiello* var medlem av det polske sosialistpartiet. Han vart vald frå Warsawa til den fjerde statsdumaen som eit resultat av at Bund, det polske sosialistpartiet og dei borgarlege nasjonalistane gjekk saman mot dei polske sosialdemokratane. Den sosialdemokratiske gruppa i dumoen vedtok ei fråsegn om at Jagiello kunne verta medlem av gruppa etter at dei sju mensjevikiske likvidatorane røysta for medan dei seks bolsjevikane mot. Meir i «Badajev, «Bolsjevikane i tsarens parlament», Forlaget Oktober 1977. s. 65.

31. *Den provisoriske regjeringa* – den borgarlege regjeringa under leiding av Kerenski som tok makta i juli 1917. Ho førde ein anti-folkeleg politikk og heldt fram med den imperialistiske krigen, let storborgarskapet og godseigarane ha makta og undertrykte revolusjonen. Ho vart styrta med Oktoberrevolusjonen. s. 68.

32. *Rada* – Den borgarlege regjeringa i Ukraina som oppstod etter februarrevolusjonen i Russland 1917. Ho hadde sete i Kiev, og førte krig i to år mot sovjetregjeringa etter Oktoberrevolusjonen. s. 73.

33. *Sfatul Tsäri* – eit distriktparlament organisert i Bessarabia 21. november 1917. Etter modell frå Ukraina var dette eit nasjonalt parlament som var sett saman av rumenske agentar. Sfatul Tsäri maskerte seg først bak revolusjonære frasar og proklamerte Bessara-

bla som russisk demokratisk republikk. Men seinare tok det del i invasionsstyrkane fra Romania når dei gjekk til åtak på sovjetmakta. Inkulets, leiaren for dei rumenske agentane, vart etter okkupasjonen av Bessarabia minister i den rumenske regjeringa. s. 73.

34. *Kurultai* – nemning for folkeforsamlingar i Austen. (1917 kom den all-basjkirske folkekongressen saman. Han danna ei basjkirk regjering og eit sentralt basjkirk nasjonalsovjet. s. 73.

35. *Dei nasjonale regimenta* – Eigne militærstyrkar som vart skipa av dei borgarlege regjeringane i somme av grenserepublikkane, t.d. Ukraina, Kaukasus og Kviterussland, i perioden mars-oktober 1917, og som vart brukte mot den rauda hæren på imperialistmaktene si side, i intervensjonstida 1918–1920. s. 74.

36. *Torpare* – jordlause bønder i Finland som vart tvinga til å leiga jord frå storgodseigarar på harde ågervilkår. s. 77.

37. «*Senatet*» – tsaren si lokalregjering i Finland frå 1809 til 1917. Senatet var ikkje underlagt den finske nasjonalforsamlinga, Landdagen, men stod beint under tsaristregjeringa. s. 77.

38. *Vasall* – den underordna i det personlege truskapstilhøvet som bestemte samfunnsrangen under føydalismen, eller lensvesenet. T.d. var hertugen vasall under kongen, ridderen vasall under hertugen osv. Vasallordninga er ikkje det same som liveigenskap – vassallen kunne velja herre, den liveigne bonden var bunden til staden og godset. s. 82.

39. *Patriarkalsk* – ættesamfunnet på det steget der ættesamanhengen vert rekna etter mannen. Patriarkatet avløyer matriarkatet (morsretten) og er nær knytt til opplysinga av ættesamfunnet, klassedelinga og utviklinga av privat eigedomssrett. s. 84.

40. *Sharia* – ei samling religiøse og juridiske føreskrifter frå det muhammedanske føydale lovverket. Samlinga vart til i det nære Austen i perioden frå det 7. til det 12. hundreåret. Sharia heilagar makta til dei rike over dei fattige, oppmunstrar til open fiendskap mot ikke-muhammedanarar og set barbariske lovreglar for kvinnene. Sharia-føreskriftene overlevde og galdt på Balkan-halvøya heilt fram til den andre verdskrigen. s. 88.

41. Tesane «*Dei nærmeste oppgåvene til partiet i det nasjonale spørsmålet*» vart drøfta på eit møte i politbyrået i sentralkomiteen i RKP (b) 5. februar 1921, og ein kommisjon med V. I. Lenin og J. V. Stalin i leilinga vart utpeikt til å laga det endelege utkastet. Tesane vart offentleggjorde i *Pravda* nr. 29, 10. februar 1921, og vart attått gjevne ut som eige skrift same året.

Den tiande kongressen til RKP (b) vart halden frå 8. til 16. mars 1921. Han drøfta meldingane frå sentralkomiteen og den sentrale kontrollkommisjonen, og i tillegg meldingane om fagforeiningane og rolla deira i det økonomiske livet i landet, om naturalskatten, om partisaker, om dei nærmeste oppgåvene for partiet i det nasjonale spørsmålet, om einskapen i partiet og det anarko-syndikalistiske avviket osb. Den politiske meldinga til sentralkomi-

teen, meldinga om naturalskatten, om einskapen i partiet og om det anarko-syndikalistiske avviket var laga av V. I. Lenin. Kongressen oppsummerte diskusjonen som hadde gått føre seg i spørsmålet om fagforeiningane, og godkjende Lenin si plattform med overveldande fleirtal. I fråsegnia om «Einskapen i partiet», skriven av V. I. Lenin, fordømde kongressen alle fraksjonsgruppene, gav ordre om at dei skulle oppløysast straks og påpeikte at einskap i partiet var grunnvilkåret for at proletariatets diktatur skulle sigra. Kongressen vedtok V. I. Lenin si fråsegn om «Det syndikalistske og anarkistiske avviket i partiet». Ho fordømde den såkalte «arbeidaropposisjonen», og sa frå at det å propagandera ideane til det anarko-syndikalistske avviket ikkje kunne sameinast med medlemskap i kommunistpartiet. Den tiande kongressen vedtok å gå over frå systemet med å levera produksjonoverskotet til systemet med naturalskatt, å gå over til Den nye økonomiske politikken. J. V. Stalin si melding om «Dei nærmaste oppgåvene til partiet i det nasjonale spørsmålet» vart lagt fram den tiande mars. Kongressen vedtok samråystes J. V. Stalin sine tesar i dette spørsmålet som grunnlag, og sette ned ein kommisjon som skulle utarbeida dei vidare. J. V. Stalin gav melding om resultata av arbeidet til kommisjonen på kveldsmøtet den femtande mars. Fråsegnia han la fram på vegner av kommisjonen vart vedteken samråystes av kongressen, som fordømde dei partiflendslege avvik i det nasjonale spørsmålet, dvs. herrenasjons- (storrussisk) sjåvinisme og lokal nasjonalisme, som skadelege og farlege for kommunismen og den proletariske internasjonalem. Kongressen fordømte særskilt herrenasjons- (storrussisk) sjåvinismen som hovudfaren. (Om den tiande kongressen til RKP (b) sjå *Soga til SUKP (b)*, norsk utgåve Forlaget Oktober 1974, s. 262f. - Red.) Når det gjeld fråsegnene kongressen vedtok, sjå «Fråsegner og vedtak på kongressane, konferansene og sentralkomiteplena i SUKP (b)» Del I. 1941, s. 356–95.) s. 89.

42. *Pan-Islamisme* – ein reaksjonær religiøs og politisk ideologi som voks fram i andre halvdelen av det nittande hundreåret i Sultan-Tyrkia mellom dei tyrkiske godseigarane, borgarskapet og presteskapskapet. Seinare spreidde han seg mellom eigar-klassane i dei andre muhammedanske folkesлага. Pan-Islamismen sto for sameining i eit heile av alle folk som dyrkar Islam (muhammedanismen). Med hjelpe av Pan-Islamismen streva dei her-skande klassane hjå dei muhammedanske folkesлага etter å styrkja sine eigne stillingar og å kjøva den revolusjonære rørsla til de arbeidande folka i Austen.

Målet til *Pan-tyrkismen* er å leggja alle dei tyrkiske folka under tyrkisk styre. Han voks fram under Balkan-krigane i 1912–1913. Under krigen i 1914–1918 utvikla han seg til ein umåteleg aggressiv og sjåvinistisk ideologi. I Russland vart Pan-Islamismen og Pan-tyrkismen nyttar av kontrarevolusjonære element for å nedkjempa sovjetmakta etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen.

Seinare nyttar dei anglo-amerikanske imperialistane Pan-Islamismen og Pan-tyrkismen som sine reiskapar til å førebu imperialistisk krig mot USSR og folkedemokratia, og for å halda den nasjonale frigjeringsrørsla nede. s. 97.

43. *Dømet Ungarn* – syner til den ungarske sovjetrepublikken i 1919, leidd av Bela Kun. Den vart knust av rumenske troppar og fylgd av kvit terror. (Sjå note 100 for vidare utgreiling om tilhøva i Ungarn). s. 102.

44. To-og-ein-halv-internasjonalen – «Det internasjonale forbundet av arbeidar- og sosialistparti» – vart skipa i Wien i februar 1921 på ein skipingskonferanse av sentristparti og grupper, som på grunn av presset frå dei revolusjonærtsinna arbeidaranane mellombels hadde gått ut av Den andre internasjonalen. Sjølv om leiarane i To-og-ein-halv-internasjonalen (F. Adler, O. Bauer, L. Martov og andre) kritiserte Den andre Internasjonalen i ord, fylgte dei i røynda ein opportunistisk politikk i alle større spørsmål i den proletariske rørla, og streva for å nytta forbundet til å motarbeida den veksande innverknaden frå kommunistane mellom massane av arbeidaranar. s. 109.

45. Sosialrevolusjonære – medlemar av eit småborgarleg parti som voks fram i 1901–02, då nokre narodnik-grupper og -sirklar slo seg saman. (Den sosialrevolusjonære union, dei sosialrevolusjonære sitt parti og andre).

Dei sosialrevolusjonære skilde ikkje mellom proletariatet og småeigarane, dei glatta over klassekildadene mellom bøndene, og nekta for den leitande rolla proletariatet spelar i revolusjonen. Synspunkta deira var ei blanding av narodnikidear og revisionisme. For å nytta eit uttrykk frå Lenin, så freista dei «å flicka på rivnene i narodnik-ideane med bitar av moderne opportunistisk «kritikk» av marxismen». («Sosialismen og bøndene,» Samla Verk, eng. utg., band 9 s. 310.) s. 109.

46. «Rådet for handling og propaganda for folka i Austen» vart skipa etter vedtak på den fyrste kongressen til folka i Aust som vart halden i Baku i september 1920. Målet til rådet var å støtta og sameina frigjeringsrørla i Aust. Det eksisterte i omlag eitt år. s. 111.

47. Den tiande allrussiske sovjetkongressen vart halden i Moskva i dagane frå 23. til 27. desember 1922. Det var 2215 utsendingar til stades. 488 av dei var frå traktat-republikkane – Transkaukasia, SFSR, Den Ukranske SSR og Den Kviterussiske SSR. Dei var komne til Moskva for å vera med på den fyrste sovjetkongressen i USSR. Dei var innbedne som æresgjester til den tiande allrussiske kongressen. Den tiande allrussiske sovjetkongressen drøfta fylgjande saker: Melding frå den allrussiske sentraleksekutivkomiteen og folkekommisariatsrådet om innanriks- og utanrikspolitikken til republikken, melding om stoda i industrien, melding frå folkekommisariatet for jordbruk (oppsummering om arbeid som var gjort for å betra bondejordbruket), melding frå folkekommisariatet for utdanning, melding frå folkekommisariatet for finansar, framlegg til avtale for sovjetrepublikkane om å skipa ein union av sosialistiske sovjetrepublikkar. Den 26. desember gav J.V. Stalin ei melding om å slå saman sovjetrepublikkane. Fråseagna som han la fram vart vedteken samtykkes. Etter at J. V. Stalin hadde lagt fram meldinga si, talte målsmenn frå Ukraina, Asberajdsjan, Grusia, Armenia og Kviterussland til kongressen, og på vegner av folka i landa sine ynskte dei unionen av sovjetrepublikkar velkommen som ein einaste unionsstat – USSR. s. 119.

48. Dette viser til tingingane regjeringa i Sovjet hadde med den britiske industrimannen Urquhart for å koma fram til ein avtale og ei semje om utnyttinga av mineralførekommastane i Ural og Kasakhstan. Utkastet til semje vart forkasta av folkekommisariatsrådet den 6. oktober 1922. Grunnen til dette var dei harde vilkåra Urquhart sette, men også den fiendslege politikken den konservative britiske regjeringa førté andsyntes Sovjet-Russland.

Avslaget frå sovjetregjeringa om å koma fram til ei semje med Urquhart vart brukt av borgarpressa som eit påskot til å trappa opp den anti-sovjetiske kampanjen. s. 121.

49. *Lausanne-konferansen* (frå 20. november 1922 til 24. juli 1923) vart kalla saman etter initiativ frå Frankrike, Storbritannia og Italia for å drøfta spørsmålet om det nære austen (slutta ein fredsavtale mellom Hellas og Tyrkia, avgrensing av dei tyrkiske grensene, vedtak om ein konvensjon som skulle styra sunda, osb.). I tillegg til dei landa som er nemde ovanfor, var også desse med: Japan, Romania, Jugoslavia, Hellas, Bulgaria og Tyrkia (representantar frå USA var til stades som observatørar). Sovjet-Russland vart beden inn til konferansen berre for å drøfta spørsmålet om sunda (Bosporos, Dardanellane). I kommisjonen som diskuterte sunda på konferansen gjekk det sovjetiske sendelaget mot framlegg om at desse sunda skulle vera opne for krigsskip både i krigs- og fredstid. Sendemennene frå Sovjet la fram sitt eige framlegg om at sunda skulle vera heilt stengde for krigsskip frå alle makter utanom Tyrkia. Dette framlegget vart avvist av kommisjonen. s. 121.

50. *Den første kongressen for sovjeta i USSR* gjekk føre seg i Moskva den 30. desember 1922. Det var tilstades 1727 utsendingar frå RSFSR, 364 frå Den Ukranske SSR, 91 frå Den transkaukasiske føderasjonen og 33 frå Den Kviterussiske SSR. Kongressen drøfta J. V. Stalin si melding om skipinga av Unionen av Sosialistiske Sovjetrepublikkar, stadfeste kunngjeringa og avtalen om unionen ved skipinga av USSR og valde sentraleksekutivkomiteen for USSR. s. 127.

51. *Konferansen for sendelag med fullmakt* frå RSFSR, Den Ukrainske SSR, Den Kviterussiske SSR og Den Transkaukasiske SFSR gjekk føre seg den 29. desember 1922. Konferansen granska og vedtok kunngjeringa og avtalen om skipinga av Unionen av Sosialistiske Sovjetrepublikkar. Stalin gav ei melding til konferansen om drøftingsgangen på den første kongressen for sovjeta i USSR. Møtet på Stalin å leggja fram melding for kongressen om at USSR var skipa. Om morgonen den 30. desember skreiv sendelaga med fullmakt under kunngjeringa og avtalen om skipinga av USSR. s. 128.

52. *Utkastet til tesane om det nasjonale spørsmålet til den tolvte partikongressen* vart drøfta på plenumsmøtet til sentralkomiteen i RKP (b) den 21. februar 1923. Ein kommisjon med J. V. Stalin som formann vart sett ned for å laga det endelege utkastet. Den 22. mars granska politbyrået i sentralkomiteen i RKP (b) desse tesane og godkjende dei, og den 24. mars vart dei prenta i *Pravda* nr. 65. s. 131.

53. *Kerenskiismen* – etter Aleksander Fjodorovitsj Kerenski, den sosialrevolusjonære leieren for den borgarlege provisoriske regjeringa, som vart skipa i juli 1917. Han førte ein anti-folkeleg politikk - heldt fram med den imperialistiske krigen, let storborgarskapet og godseigarane ha makta og undertrykte revolusjonen. Sjå note 31. s. 133.

54. *Smjena Vekh* – (Flytt merkesteinar) – eit borgarleg politisk straumdrag som steig fram i 1921 mellom russiske kvitegardist-emigrantar i utlandet. Leiaren for straumdraget var ei gruppe der N. Ustrjalov, J. Klutsjnikov og andre var med, som gav ut tidsskriftet *Smjena Vekh* (fyrst vart eit samleverk med denne tittelen prenta). Smjena Vekhist-ideologien ut-

trykte syna til den delen av borgarskapet som hadde gjeve opp den opne væpna striden mot sovjetregjeringa. Dei meinte at sovjetystemet i og med at det hadde vedteke den Nye økonomiske politikken (NEP) litt etter litt ville endra seg til eit borgarleg demokrati. s. 134.

55. *NEP-politikken* eller Den nye økonomiske politikken vart innført i 1921. Stalin karakteriserar NEP-politikken slik: «Då vi innførde NEP i 1921, retta vi brodden i han mot krigskommunismen, mot eit regime og ei ordning som ikkje tillet noko form for privat handelsfridom . . . NEP tyder ein viss handelsfridom. Men . . . NEP har og ei anna side. Saka er at NEP ikkje tyder full fridom for privathandelen, fritt spel for marknadsprisane. NEP tyder fridom for privathandelen innom visse grenser, innom ei viss ramme, slik at den regulerande tolla til staten på marknaden er sikra. Nett dette er den andre sida av NEP. Og denne sida av NEP er ikkje mindre enn den fyrste, om ho då ikkje er endå viktigare. Hjå oss har ikkje marknadsprisane fritt spel, slik det er vanleg i dei kapitalistiske landa. Vi fastset i det store og heile kornprisane. Vi fastset prisane på industrivarar. Vi legg vinn på å gjennomføra ein politikk som tek sikte på å minska produksjonen sin sjølvkostnad, å setja ned prisane på industrivarane, og vi strevar etter å halda på stabile prisar på jordbruksprodukta. Er det ikkje klårt at det slett ikkje finst slike særeigne tilhøve på marknaden i dei kapitalistiske landa?» (Sjå Stalin, «Om høyreavviket i SUKP (b)» (1929), i *Spørsmål i leninismen*, Forlaget Oktober 1976, s. 235.) s. 134.

56. Sjå fråsegna frå den tiande kongressen til RKP (b) om «Dei nærmaste oppgåvene til partiet i det nasjonale spørsmålet» i «Fråsegner og vedtak frå SUKP (b) sine kongressar, konferansar og plenumsmøte for sentralkomiteen», del I, 1941, s. 386. s. 135.

57. *skolastisk* – av skolastikk, ei retning innanfor mellomalderfilosofien som hadde som oppgåve å prova at dei kristne religiøse tesane var rette. Her tyder det hårgrant, noko som har med ordkløyving å gjera. s. 143.

58. *Dasjnakan* – medlemar av «Dasjnaksutjun»-partiet, eit armensk borgarleg-nasjonalistisk parti som vart danna i 1890-åra. I 1918–20 leia d. den borgarleg-nasjonalistiske regjeringa i Armenia, og omdanna landet til ein britisk intervensjonistisk base for kampen mot Sovjet-Russland. Dasjnakan-regjeringa vart styrt i november 1920 som resultat av den kampen det arbeidande folket i Armenia ført mot ho, og folket fekk hjelp frå den raude hæren. s. 148.

59. *Mussavatistane* – medlemar av «Mussavat»-partiet, eit nasjonalistisk parti av borgarar og godseigarar i Aserbajdsjan, som vart skipa i 1912. I tidbolken med Oktoberrevolusjonen og borgarkrigen var M. den viktigaste kontrarevolusjonære krafta i Aserbajdsjan. M. fekk støtte frå Tyrkia og seinare òg frå dei britiske intervensjonistane. Dei sat med makta i Aserbajdsjan frå september 1918 til april 1920, då M.-regjeringa vart styrt av arbeidara i Baku og bøndene i Aserbajdsjan, samt Raudehæren som hjelpte dei. s. 148.

60. *Mdivani-gruppa*: Denne gruppa har namnet sitt etter leiaren Mdivani. Gruppa sto i brodden for avviket i det nasjonale spørsmålet i partiet i Grusia. Ho var imot å skipa Den

transkaukasiske føderasjonen, utviste alle ikkje-grusarar frå Tbilisi, særleg armenarar, og kungjorde ei lov om at grusiske kvinner som gifta seg med ein ikkje-gresar, mista grusisk borgarskap. Jfr. SUKP (b)s historie, Forlaget Oktober 1974, s. 275. s. 151.

61. *Sotsialistiske Vestnik* (Sosialistkureren) – organ for dei mensjekiske kvitegardist- emigrantane. Ho var grunnlagt av Martov i februar 1921. Til mars 1933 kom ho ut i Berlin, frå mai 1933 til juni 1940 i Paris, og seinare i Amerika. Ho er talerøyret til dei mest reaksjonære imperialistkrinsane. s. 152.

62. *Basmatsj-rørsla* var ei kontrarevolusjonær nasjonalistrørsle i Sentral-Asia (Turkistan, Bukhara, og Khorezm) i 1918–24. Med bejar og mullaher i spissen tok ho form av open politisk bandittverksem. Målet hennar var å skilja dei sentralasistiske rupublikkane frå Sovjetrussland og å setja inn att styret til utbyttarklassane. Ho fekk aktiv støtte frå dei britiske imperialistane, som streva etter å gjera Sentral-Asia om til koloni for seg. s. 153.

63. *Kronstadt*: By, festning og flåtehamn i USSR på øya Kotlin inst i Finskebukta. Garnisonen i Kronstadt gjorde opprise i 1905–06, og var aktivt med i revolusjonen 1917 og i forsvaret av Petrograd (Leningrad) i 1919. I mars 1921 var det ein kontrarevolusjonær soldatoppstand i Kronstadt. I spissen for oppstanden var kvitegardistar som stod i samband med mensjekar, sosialrevolusjonære og representantar frå framande makter. Oppstanden hende i ei tid då dei fleste gamle revolusjonære soldatane var ved fronten i den rauda hæren. Dei fleste av soldatane i Kronstadt var såleis urøynde bondesoldatar, som reflekerte misnøyen mellom bøndene over leveringsplikta av overskotet frå jordbruket. Samstundes var den bolsjevikiske organisasjonen i Kronstadt veik på grunn av mobiliseringar til fronten. Festninga vart difor teken av dei kontrarevolusjonære styrkane og kontrarevolusjonen jubla over sigeren. Men sovjetroppane likviderte den reaksjonære oppreisten i eit stormåtak på festninga. (Sjå SUKP (b)s historie, Forlaget Oktober 1974, s. 261–62.) s. 153.

64. Sjå V. I. Lenin, *Nasjonenes rett til sjølbestemmelse*, Utvalgte verker i 12 bind, band 5. Forlaget Oktober 1977, s. 143–216. Red. s. 157.

65. V. I. Lenin, *Den sosiialistiske revolusjonen og nasjonane sin sjølvråderett*, Samla verk, eng.utg., band 22, s. 136. s. 158.

66. *Validov-slaget* – Validov var leiar for Basmatsj-gruppa, sjå note 62. s. 164.

67. *Otzovismen* – av otzyvatj, kalla attende. «I 1908 kravde ein del av bolsjevikane at dei sosialdemokratiske utsendingane skulle verta kalla attende frå riksduemaen. Namnet «otzovistar» kjem av dette.» «Otzovistane freista å sprenga ei kile inn mellom partiet og arbeidarklassen og taka frå det dei tilknytningene det hadde til dei partilause massane. Dei ville lukka seg inne i den illegale organisasjonen, samstundes som dei sette han i ei farleg stilling, for dei tok frå han sjansen til å nytta legale dekningsmiddel.» «Bolsjevikane kungjorde at dei ikkje hadde noko til felles med otzovistane, og ekskluderte dei frå den bolsjevikiske organisasjonen.» (Sjå SUKP (b)s, historie norsk utgåve, Forlaget Oktober 1974, s. 142.) s. 172.

68. *1848-revolusjonen* – fellesnamn på dei revolusjonære hendingane i ulike europeiske land i 1848. Frankrike og Austerrike-Tyskland var sentrum for 1848-revolusjonen. Den felles hovudårsaka var den kapitalistiske krisa i åra 1846–47, og motsetnadstilhøva som var vokse fram mellom ulike delar av borgarskapet, mellom finansaristokratiet og industriborgarskapet. Det opposisjonelle borgarskapet sigra over finansaristokratiet med hjelp frå arbeidarklassen, som stod fram som ei sjølvstendig kraft i kampen for eigne krav for fyrste gongen i 1848-revolusjonen. Dette skilde 1848-revolusjonen frå alle tidligare revolusjonar. Arbeidarklassen sin sjølvstendige kamp dreiv borgarskapet over i kontrarevolusjon og allianse med representantar for føydalismen (monarkia), dels før borgarskapet sine eigne krav var innfridde (Tyskland). Frå då hadde borgarskapet ei medvite fiendsleg innstilling til proletariatet, og arbeidaroppreisten i 1848 vart slegen ned med stor råskap.

1848-revolusjonen fekk fylgjer for arbeidarrørsla i dei fleste europeiske landa, i Noreg kom det først og fremst til uttrykk i Thrane-rørsla og den lagnaden ho fekk. s. 175.

69. *Pariskommunen*: Under omlæringa av Paris under den fransk-tyske krigen 1870–71 hadde Paris fått utstrekta sjølvstyre og de fleste mennene var væpna og med i militsen, nasjonal-garden. Etter våpenstilla i krigen gjekk regjeringa inn for demobilisering, og avvæpning av nasjonalgarden. Pariserane gjekk imot dette, og nasjonalgarden i byen sette seg fast i rådhuset og dei fleste offentlege bygningane i Paris. Makta i byen gjekk over til sentralkomiteen i nasjonalgarden. Det vart nyval på kommunestyret, og det nye styret ville vera eit revolusjonært styre. Kommunen gjennomførte nokre sosiale reformar, men rørt ikkje gullet i nasjonalbanken. Kommunen fekk ikkje noka støtte frå provinsen, og i «den blodige veka» 21.–28. mai 1871, vart Paris teken av regjeringstroppar etter valdsame gatekampar.

I organisasjonsform og prinsipielle avgjerder var Pariskommunen ein forgjengjar for proletariatets diktatur. Marx, Engels og Lenin har drøfta Pariskommunen utførleg, både i artiklar og særskilde verk (Marx, *Pariskommunen*. Lenin, *Staten og revolusjonen* og *Om Pariskommunen*). s. 175.

71. J. V. Stalin siterer her brevet frå Karl Marx til Friedrich Engels den 16. april 1856 slik det er gjeve att i boka Karl Marx og Friedrich Engels, *Brev*, Moskva 1922. (Sjå Karl Marx og Friedrich Engels, *Utvalede verk* band II, Moskva 1951, s. 412.) s. 176.

72. Sjå J. V. Stalin, *Marxismen og det nasjonale spørsmålet*, denne boka s. 13. s. 187.

73. Sjå V. I. Lenin, *Nasjonenes rett til sjølbestemmelse*, Utvalgte verker i 12 bind, band 5, Forlaget Oktober 1977, s. 178–186. s. 190.

74. Dette syner til den nasjonalstatlege avgrensinga av Sovjetrepublikkane i Sentral-Asia (Turkistan, Bukhara og Khorezm), som vart gjennomført i 1924. Som eit resultat av denne nasjonale avgrensinga vart desse republikkane skipa: Den Turkmenske Sosialistiske Sovjetrepublikken, Den Usbekiske Sosialistiske Sovjetrepublikken, Den Autonome Tajikiske Sosialistiske Sovjetrepublikken som ein del av den usbekiske SSR, Den Kara-Kirgisiske autonome regionen av RSFSR (seinare vart han Den Kirgisiske Sosialistiske Sovjetrepublikken) og Den Autonome Kara-Kalpaliske Regionen av Den Autonome Kirgisiske

Sosialistiske Sovjetrepublikken (seinare Den Kasakske Sosialistiske Sovjetrepublikken). Den tredje sovjetkongressen i USSR, som vart halden i mai 1925, godtok Den Usbekiske og Den Turkmeniske Sosialistiske Sovjetrepublikken som medlemar i USSR, og endra grunnlova til USSR i samsvar med dette. Nasjonalstatavgrensinga av sovjetrepublikkane i Sentral-Asia vart gjennomført under beinveges rettleiling frå J. V. Stalin. s. 195.

75. Sjå artikkelen av Lenin, «Kritiske merknader til det nasjonale spørsmålet», *Samla verk*, eng. utg., band 20, s. 1–34. s. 196.

76. Dette syner til den væpna arbeideroppreisten i Revel (Talinn) den 1. desember 1924. Han vart provosert fram av ein dom som vart sagt av ein estnisk domstol i slutten av november 1924 mot 149 politiske lovbytarar som vart skulda for å ha drive kommunistisk propaganda. Fleirtalet av dei som vart skulda, vart dømde til straffarbeid for lang tid, tret-tini vart dømde til straffarbeid for livstid og Tomp, som var leiaren for dei estniske arbeid-arane, vart skoten. Oppreisten vart grufult undertrykt av den reaksjonære estniske regje-ringa. s. 203.

77. *Eksplosjonen i Sofia* – Den 16. april 1925 vart katedralen i Sofia utsett for attentat av nokre militære som støtta kommunistane og bonderørsla. Attentat kom i protest mot fas-cistregimet til Zankoff, som var innført ved statskupp i 1923. Zankoff-regimet svara med å kunngjera krigstilstand i heile Bulgaria. Titusenvis vart arresterte, tusenvis skotne utan rettargang, 3–400 dømde til dauden og alle bonde- og arbeidarorganisasjonar gjort til in-kjes. s. 203.

78. *Bolsjiek* – eit politisk og teoretisk tidsskrift som kom ut kvar fjortande dag som organ for sentralkomiteen i SUKP (b). Byrja å koma ut i april 1924. s. 207.

79. *Den femte kongressen til Komintern* vart halden i Moskva 17. juni til 8. juli 1924. Den 30. juni gav D.Z. Manuilski ei melding om det nasjonale spørsmålet. s. 209.

80. Lenin, *Samla verk*, eng.utg., band 22, s. 306–44. s. 212.

81. V. I. Lenin, «Oppgåvene til proletariatet under den noverande revolusjonen», *Samla verk*, eng. utg., band 24, s. 1–7. s. 223.

82. *Kanton-perioden* – 1920–29. I 1920 utarbeidde Sun Yat-sen Folkets tre prinsipp, KKP vart skipa og Komintern heldt den første Austen-kongressen i Baku. Kontaktene mellom Sun Yat-sens Kuomintang og Sovjetunionen vart nærmere, og i 1923 vart det skipa fast kontakt mellom sendemannen frå Sovjetunionen i Kina og Kuomintang. I januar 1924 var KKP anerkjent som del av Kuomintang med fridom til eigen organisasjon, propaganda og kritikk. Det vart organisert ein hær med russisk hjelpe der kjerna var elevar frå krigs-skulen i Kanton. I 1925 døydde Sun Yat-sen, og i 1927 kuppa den storborgarlege fløya med Chiang Kai-shek i brodden leitinga i Kuomintang, braut med Sovjetunionen og sette igang kvit terror. s. 224.

83. *Streiken i Hongkong*. Dei kinesiske arbeidarane byrja streiken den 19. juni 1925, og han varte i seksten månader. Streiken hadde eit politisk innhald, og var retta mot utanlandske imperialistisk undertrykking. s. 224.

84. *Kemalistane* – tilhengjarane av Kemal Atatyrk. Etter den første verdskriga fekk dei britiske imperialistane undersåtten sin, Hellas, til å gå til åtak på Tyrkia. Men det tyrkiske folket slo dei greske troppane i 1922, med hjelp frå Sovjetunionen. I 1923 vart Kemal vald til president i Tyrkia. Stalin sa:

«Ein kemalist-revolusjon er ein revolusjon i toppsjiktet, ein revolusjon for det nasjonale handelsborgarskapet, som reiser seg i strid mot utanlandske imperialistar, og utviklinga den går gjennom etter det er i hovudsak retta mot bøndene og arbeidarane, mot sjølve tanken om bonderevolusjonen.»

«Samtalar med studentane frå Sun Yat-sen-universitetet» (1927), *Verk*, eng. utg., band 9, s. 261. s. 225.

85. *Kuomintang* var eit politisk parti i Kina som vart grunnlagt av Sun Yat-sen i 1912 for å kjempa for republikk og for det nasjonale sjølvstendet. I 1924 sluttar Kinas Kommunistiske Parti seg til Kuomintang og hjelpte slik til med å skapa det om til eit folkets revolusjonære masseparti. På det fyrste utviklingsstadiet i den kinesiske revolusjonen, 1925–27, då revolusjonen var ein anti-imperialistisk revolusjon ved ein allnasjonal einiksapsfront, var Kuomintang partiet til blokka av proletariatet, småborgarskapet i byane og på landsbygda og ein del av det nasjonale storborgarskapet. På det andre stadiet, i tidbolken for den borgarleg-demokratiske jordbruksrevolusjonen etter at det nasjonale borgarskapet hadde gått over til det kontrarevolusjonære læreret, var Kuomintang ei blokk av proletariatet, bøndene og småborgarskapet i byane, og førte ein antimperialistisk revolusjonær politikk. Utvidinga av jordbruksrevolusjonen og presset på Kuomintang frå dei føydale godseigarane på den eine sida, og på den andre sida presset ein måtte tola frå imperialistane som kravde at Kuomintang skulle bryta med kommunistane, skremde den småborgarlege intelligentsiaen (venstrefolka i Kuomintang). Han gjekk over til den kontrarevolusjonære sida. Då venstrekuomintangfolka byrja å desertera frå revolusjonen (sommaren 1927), trekte kommunistane seg frå Kuomintang, som vart sentret i kampen mot revolusjonen. (Om Kuomintang, sjå J. V. Stalin, *Verk*, eng.utg. bind 9, ss. 246–55 og 346–55). s. 225.

86. Dette syner til det kontrarevolusjonære kuppet i Kina som vart gjennomført 12. april 1927 av høgrefløya i Kuomintang med Chiang Kai-shek i spissen. Som eit resultat av dette vart det sett opp ei kontrarevolusjonær regjering i Nanking. (Om kuppet til Chiang Kai-shek, sjå J. V. Stalin, *Verk*, eng.utg., band 9, s. 229–31.) s. 228.

87. Lenin, «Førebels framlegg til tesar om det nasjonale og det koloniale spørsmålet», *Samla verk*, eng. utg., band 31, s. 122–28. s. 229

88. Fråsegna om det kinesiske spørsmålet vart skriven av Aust-kommisjonen i det sjette utvida plenumet i ekskutivkomiteen i Komintern. Ho vart vedteken på eit plenumsmøte den 13. mars 1926. (Sjå *Det sjette utvida plenumet i ekskutivkomiteen i Komintern. Tesar og fråsegner*, Moskva–Leningrad 1926, s. 131–36.) s. 229.

89. I ein artikkel om utviklinga i den kinesiske revolusjonen i 1925–27, sette A. Martynov (ein tidlegare mensjevik som fekk medlemsskap i RKP (b) av den tolvte partikongressen) fram tesen om at revolusjonen i Kina kunne utvikla seg fredeleg frå ein borgarleg-demokratisk revolusjon til ein proletariske revolusjon. Den anti-sovjetiske blokka til Trotski og Sinovjev freista å kasta ansvaret for den galne tesen til Martynov over på leiarane i Komintern og i SUKP (b). s. 230.

90. *Bagdatjev-gruppa* – ei gruppe innanfor partikomiteen i Petrograd, april 1917. I demonstrasjonane mot regjeringa som fylgde då folk fekk vita at den provisoriske regjeringa ville halda fram med krigen, fremja B. ein parole om at den provvisoriske regjeringa måtte styrtast med ein gong. Sentralkomiteen og Lenin fordømde dette kvasst, som eit slagord som braut med partilina for å vinna sovjetet og for fredeleg utvikling av revolusjonen (Sjå SUKP (b)s historie, norsk utg., s. 196). s. 234.

91. J. V. Stalin. «Merknader om dagsaktuelle emne» *Verk*, eng. utg., band 9, s. 366. s. 235.

92. *Louis-blancisme* – etter den franske småborgarlege sosialisten Louis Blanc (1811–1898). Står for ein forsoningspolitikk andsynes borgarskapet og for å avleia arbeidarane frå den revolusjonære kampen. s. 235.

93. Lenin, *Samla verk*, eng.utg., band 24, s. 15–18. s. 235.

94. *Cavaignacar* – etter den franske generalen og borgarlege politikaren Louis Eugene Cavaignac. Han var fransk forsvarsminister i 1848 under juni-oppreisten som arbeidarane i Paris starta dette året, og hadde diktatorisk makt til å slå ned oppreisten. Dette gjorde han med blodig villskap. s. 235.

95. *Oppgåva til Tan Pin shan* (1887–1965), sentralt medlem av KKP i tida for statskuppet til Chiang Kai-shek, gjekk i mars 1927 inn i Wuhanregjeringa som jordbruksminister. s. 237.

96. *Jakobinarar* (el. Jakobinar-klubben) – egentleg eit politisk parti under den franske revolusjonen. Medlemane i klubben var liberale og revolusjonære borgarar i og utanfor den franske nasjonalforsamlinga. Frå 1791 var klubben reint republikansk og tok den rauda lua og den rauda fana til symbol. Jakobinarklubben samla dei leidande revolusjonære fram til 1794, då klubben vart stengd av styresmaktene. s. 238.

97. *Julinederlaget i 1917* – Den fyrste sovjetkongressen kom saman sist i juni 1917 i Petrograd. I samband med kongressen gjennomførte arbeidarane i Petrograd svære demonstrasjonar mot den provisoriske koalisjonsregjeringa, der mensjevikane og dei sosialrevolusjonære var med. Rett før demonstrasjonen vart det kjend at koalisjonsregjeringa hadde tvinka hæren til ein offensiv som hadde brote saman. Dette hadde regjeringa gjort, trass i lovner om å trekka Russland ut av krigen. Demonstrasjonane mot regjeringa vart til ein veldig, væpna demonstrasjon. SUKP (b) var mot væpna oppstand på dette tidspunktet,

men slutta seg likevel til demonstrasjonen for å gje han organisert og fredeleg karakter. Dette greidde SUKP (b), men likevel sende regjeringa reaksjonære troppestyrkar mot demonstrantane, og mange vart drepne og såra. Koalisjonsregjeringa nyttja julidemonstrasjonen som påskot til å forby SUKP (b), stengja *Pravda* og andre revolusjonære aviser, og forfylgja leiande bolsjevikar. s. 238.

98. *Lenin*, «Om slagord». *Utvilte verker i 12 bind*, norsk utgave, band 7, Forlaget Oktober 1978. s. 238.

99. *Den bayerske sovjetrepublikken* – 7 april 1919 vart Bayern sovjetrepublikk. Men alt 1. mai braut republikken saman etter ville åtak fra den høgresosialdemokratiske regjeringa i Berlin. s. 238.

100. Den 31. oktober 1918 fann det stad ein borgarleg-demokratisk revolusjon i Ungarn. Statsmakta gjekk til det liberale borgarskapet, som kom til ei semje med det sosialdemokratiske partiet. Men den nye regjeringa gjorde ikkje noko for å betra tilhøva til det arbeidande folket. Dette ført til misnøye, og folket byrja skipa sine eige maktorgan, sovjeta. 16. november var Ungarn utopt som republikk og det gamle parlamentet oppløyst. Borgarskapet starta då ein kampanje for å kalla saman ei grunnlovgjevande forsamling, medan Ungarns Kommunistiske Parti reiste parolen «All makt til sovjeta!»

Partiet leddet ei rad masseaksjonar mot slutten av 1918 og byrjinga av 1919 – det hadde vorte ein revolusjonær situasjon i Ungarn.

20. mars gjekk Karolyi-regjeringa av. Kommunistane reiste desse krava: Kunngjering av ein sovjetrepublikk i Ungarn, nasjonalisering av industrien, konfiskering av gods og allianse med Sovjet-Russland. Det ungarske arbeidande folket støtta heilhjarta opp om kommunistpartiet. Den 24. mars tok arbeidarane i Budapest alle dei strategiske nøkkelpunkta og avvaepna politiet. Ungarn vart utopt som sovjetrepublikk. Sommaren 1919 vart sovjetrepublikken knust etter intervensjon av rumenske troppar. s. 238.

101. *Lafargue, Paul*, *Dagen etter revolusjonen* (sjå *Verk*, russisk utgåve, band 1, 1925, s. 329–30). s. 242.

102. *Menenius Angrippa* – romersk senator – sjå personregistret. s. 242.

103. Sjå Lenin, *Imperialismen, det høyeste stadiet i kapitalismen*, Utvalgte verker i 12 bind, bind 6, norsk utgave, Forlaget Oktober 1976, s. 52–53.

Versaillarane mot kommunardane sikta til kampen mellom borgarskapet og proletariatet under Pariskommunen våren 1871. Borgarane hadde hovudkvarteret i Versailles og tilhengjarane av Kommunen vart kalla kommunardar. s. 247.

104. *Skoropadski Hetman* – eigentleg hovding Skoropadski, for hetman i Russland mot-svarar ein hovding for kossakkane. Pavel Petrovitsj Skoropadski vart født i 1873 og var ein nær ven av tsar Nikolai sitt hoff. Som storgodseigar vart han leiar for dei ukranske kontrarevolusjonære etter oktober 1917. Han var agent for den tyske imperialismen og hetman i Ukraina frå 30 april 1918 til desember. s. 250.

105. *Narodnismen* – eit småborgarleg straumdrag innanfor den russiske revolusjonære rørsla som vokst fram på 1860–70-talet. *N.* gjekk inn for at godseigar-jorda skulle gå til bøndene, og var mot sjølvherskardømmet. Narodnikane meinte at dei var sosialistar, men sosialismen deira var utopisk. *N.* nekta for den lovmessige utviklinga av kapitalismen i Russland, og hevda at den revolusjonære hovudkrafta var bøndene og ikkje proletariatet. Vidare nekta han for massane si rolle i den historiske utviklinga, og hevda at historia vart til av store personar, heltar. Narodnikane gjekk ut til folket på landsbygda for å få støtte mot sjølvherskardømmet (namet narod tydar folk), men dei fekk ikkje særlig mykje støtte.

Dei som kom etter, dei liberale narodnikane i 1880 og 1890-åra, gav opp den revolusjonære kampen mot tsarismen og byrja å slåss for forsoning og semje med det tsaristiske sjølvherskardømmet. I røynda stod dei for interessane til kulakkane. Sjå vidare Lenin sin artikkel «Hva er «Folkevennene», og hvordan kjemper de mot sosialdemokratene?», norsk utgåve *Utvalgte verker* i 12 bind, bind 1, Forlaget Oktober 1977. s. 251.

106. *Gensband* – ætteband. Syner til ættesamfunnet, siste steget av urkommunismen før samfunnet vert delt i klassar. s. 251.

107. *Rus* – eigentleg den stammen (under leiing av Rurik) som gjennomførte den første store russiske statsdanninga. Her tyder det stammefellesskapet i det gamle Russland. s. 251.

108. Tilvisinga i teksten er Stalin si tilvising. Det står i Lenin, *Samla verk*, eng.utg., band 22, s. 146–147. s. 257.

109. Lenin, «*Venstre*-kommunismen – en barnesjukdom (1920) Utvalgte verker i 12 bind, band 11, s. 169 f, Forlaget Oktober 1976. - Red. s. 258.

110. Lenin, *Samla verk*, eng.utg., band 20, s. 40. s. 260.

111. Sjå J. V. Stalin, *Dei politiske oppgåvene til Universitetet til folka i Austen*, denne boka s. 193–105. s. 267.

112. Sjå *Fråsegner og vedtak frå SUKP sine kongressar, konferansar og sentralkomiteplenum*, del I, 1953, s. 599. s. 268.

113. Lenin, *Smala verk*, eng. utg., band 27, s. 323–355. s. 272.

114. *Kulakkar* – storbønder, borgerskapet på landsbygda i Russland. s. 272.

115. *Intervasjonistane* – England, Frankrike og Japan, og kalla Ententen. s. 276.

REGISTER OVER VIKTIGE PERSONER

AGRIPPA, Menenius, romersk senator. Etter tradisjonen skapte han år 494 f.Kr. fred mellom plebeiarane og patrisiarane ved å fortelja fabelen om då armar og bein gjorde oppreist mot magen. s. 242.

ALEXANDER DEN STORE (356–323 f.Kr.). Makedonsk konge og hærførar. Hærtok heile midtausten og landa omkring Middelhavet. s. 15.

BAKUNIN, Mikhail (1814–1876): Russisk anarkist. Tok aktiv del i revolusjonen i 1848–49 i Tyskland. B. skjøna ikkje den leiande rolla til arbeidarklassen i revolusjonen. Han skjøna ikke rolla til staten og avviste alle statar, irekna proletariats diktatur.

B. streid mot Marx i Den fyrste internasjonalen, og nytta alle middel, utan hemningar, for å få kontroll over leiinga. På Haagkongressen vart B. og Guillaume, leiarane for anarkismen, utesengde frå Den fyrste internasjonalen på grunn av nedbrytarverksnemda si. Marx og Engels kritiserte kvasst teorien og eventyrtaktikken til bakunistane.

BAUER, Otto (1882–1938): Leiande austerríksk sosialdemokrat og ein av leiarane for Den andre internasjonalen. Ein av ideologane bak teorien om «kulturelt og nasjonalt autonomi».

B. var utanriksminister i Den austerríkske republikken (1918). Motstandar av den revolusjonære rørsila. s. 10, 18 ff, 27, 30 ff, 69, 79, 83, 110, 112.

BEUST, greve: B. var austerríksk minister og leiar for dei austerríkske tingingane med madjarane i Ungarn i 1867, då «dobbeltmonarkiet» vart skipa. s. 150.

BUKHARIN, Nikolai Ivanovitsj (1888–1938): Medlem av RSDAP frå 1906. Under fyrste verdskrig sto B. mot Lenin i spørsmålet om imperialismen, staten og den nasjonale sjølvråderetten. I 1917 meinte han at det var umogleg at den sosialistiske revolusjonen kunne signa i Russland. Etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen gjekk han mange gonger mot generallina til partiet. I 1918 leidde han den partiflendslege gruppa til «venstre»-kommunistane. I 1920–21 stodde han Trotski i diskusjonane om fagforeiningane, og frå 1928 var han ein av leiarane for høgreavviket i partiet. I 1937 vart han ekskludert frå partiet for aksjonar som var retta mot partiet. s. 155 ff.

CLYNES, John Robert (1869–1949): Ein av leiarane for det britiske arbeidspartiet (the British Labour Party), president i den nasjonale arbeidarunionen (National Union of General and Municipal Workers), medlem av den engelske regjeringa (i 1924 og i 1929–31). s. 182.

CURZON, George Nathaniel, (1859–1925): Britisk politikar. Som visekonge i India 1899–1905 arbeidde han målmedvite for å vinna dei innfødde fyrstane for del britiske herskarane, og for å auka britisk innverknad i landa kring India. Som utanriksminister gjorde C. i 1919 framlegg om ei grenselinje mellom Sovjet-Russland og Polen, den såkalte Curzon-lina. Denne lina vart stadfest som polsk austgrense på Jaltamøtet i 1945 mellom Churchill, Roosevelt og Stalin. s. 117.

DAN (Gurvitsj), Fjodor Ijiitsj (1871–1947): Russisk sosialdemokrat, mensjevikleiar. Leiar for ei utanlandsk likvidatorgruppe under reaksjonsåra (1907–10). s. 182.

DENIKIN, Anton Ivanovitsj (1872–1947): General i den russiske tsarhæren. I 1919 oppretta han borgarskapet og godseigarane sitt diktatur i Sør-Russland og Ukraina, støtt av dei britiske, franske og amerikanske imperialistane. Sommaren og hausten 1919 starta *D. ein* offensiv mot Moskva, men vart slegen av Den raude hæren tidleg i 1919. s. 92, 116 f., 127, 133, 140, 144 f.

DZERZJINSKI, Feliks Edmundovitsj (1877–1926): Medlem i sentralkomiteen i SUKP (b) frå 1917. Han fekk i oppdrag å organisera eit politisk parti og vart formann i Tsjekaen (det politiske politiet). I 1921 vart *D. folkekommisær* for transportvesenet, og i 1924 formann i det øvste økonomiske rådet i USSR. s. 71, 151.

GOLDBLATT – sjå Medem. s. 30, 59.

HENDERSON, Arthur: (1863–1935): Engelsk politikar. Ein av leiarane for hogrefløya i arbeidspartiet, sosijsjävinist. Mellom 1915 og 1931 var han fleire gonger medlem av den britiske regjeringa. s. 182.

JUDENITSJ, Nikolai Nikolaevitsj (1862–1933): Russisk tsaristisk general. Etter at sovjetmakta vart oppretta i Russland, vart *J.* ein av hovudmennene bak kontrarevolusjonen. I 1919 freista han to gonger å ta Petrograd, men vart slegen av den raude hæren. Etter det vart *J.* kvite-emigrant. s. 133, 145.

KAGANOVITSJ, Lazar Moiseevitsj (1893–): Medlem i RSDAP frå 1911. Frå 1917 medlem i Den allrussiske nemnda for organisering av den raude hæren. *K.* hadde fleire viktige partiverv, m.a. medlem i sentralkomiteen 1924, i sekretariatet 1924–25 og frå 1928, i politbyrået frå 1930. *K.* sto stødig på Stalin si side i kampen mot anti-partigruppa i 1920–30-åra. Etter at Stalin døyde, medlem av partipresidiet og ein av fyrste-vise-statsministrane. I juli 1957 vart han saman med Molotov, Malenkov og Sjepilov skulda for å ha skipa ei gruppe som var «flidsleg til partiet», som nekta å godta politikken frå den 20. partikongressen. *K.* vart då fjerna frå presidiet, sentralkomiteen og regjeringa. s. 215.

KALEDIN, Alexei Maximovitsj (1861–1918): Tsaristisk general, ataman (leiar) for hæren til Don-kosakkane. Etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen leidde han den kontrarevolusjonære oppreisten i Don-området som var retta mot sovjeta. s. 77.

KALININ, Mikhajl Ivanovitsj (1875–1946): Medlem av sentralkomiteen i SUKP (b) frå 1917, formann i den sentrale eksekutivkomiteen 1919–28, medlem i politbyrået frå 1926, formann i presidiet i Det øvste Sovjet 1938–45. s. 141.

KAMENEV, Leo Borisevitsj (1883–1936): Slutta seg til den russiske sosialdemokratiske rørsla 1901, og til bolsjevikane etter den andre kongressen i RSDAP i 1903. Synte forsoningshaldning til likvidatorane, otzovistane og trotskistane i reaksjonsåra 1907–10. Etter

februarrevolusjonen i 1917 gjekk *K.* mot april-tesane til Lenin og gjekk imot kursen til partiet mot den sosialistiske revolusjonen. I oktober 1917 sveik han saman med Sinovjev vedtaket frå sentralkomiteen om å starta eit væpna opprør. Etter Oktoberrevolusjonen gjekk han fleire gonger ut mot den leninistiske politikken til partiet. I 1926 var han ein av leiarane i den partifjendslege blokka Trotski-Sinovjev. I 1934 vart han ekskludert frå partiet for handlingar retta mot partiet. s. 141, 152, 225, 229 ff.

KAUTSKY, Karl (1854–1938): Ein av leiarane og teoretikarane i det tyske sosialdemokratiske partiet og i Den andre internasjonalen. *K.* var først marxist og arbeidde med å gje ut dei etterlatne verka til Marx og Engels. Han kritiserte Bernsteinrevisjonistane i 90-åra. Seinare renegat og teoretikar for ein avart av opportunismen, nemleg sentrismen. *K.* vendte seg mot dei revolusjonære under fyrste verdskriegen og stødde borgarskapet under krigen. Han kjempa mot bolsjevikane under Oktoberrevolusjonen og vart ein leiande fiende til den sosialistiske sovjetstaten. Sjå Lenin, «Den proletariske revolusjonen og renegaten Kautsky» (1918), norsk utgåve Forlaget Oktober 1975, og «Imperialismen», (1916), norsk utgåve Lenin, Utvalgte verker, Forlaget Oktober 1976. s. 42, 79, 110, 175, 196, 256, 266 f, 273.

KERENSKI, Aleksander Fjodorovitsj (1881–1970): Sosialrevolusjonær. Leidde den borgarlege provisoriske regjeringa i Russland frå juli 1917. Førte ein anti-folkeleg politikk ved å vilja halda fram med den imperialistiske krigen, lata storborgarskapet og godseigarane halda på makta og undertrykkja revolusjonen. Etter Oktoberrevolusjonen budde han i utlandet. s. 74 f, 182.

KOLTSJAK, Aleksander Vasiljevitsj (1873–1920): Tsaristadmiral. Oppkasta seg til eineher-skar av Russland i 1920, og leidde kontrarevolusjonen i Sibir med støtte frå USA, Storbritannia og Frankrike. Troppane til *K.* rykka fram mot Sovjet-Russland frå aust, gjennom Sibir og Ural, og vart slegne av den rauda hæren tidleg i 1920. s. 92, 116 f, 127, 133, 145, 185.

KORNILOV, Lavr Georgievitsj (1870–1918): Tsaristisk general, monarkist. Kommandant for Petrograd militærrområde frå mars 1917, øvstkommanderande i juli-august 1917. I august 1917 leidde *K.* eit kontrarevolusjonært opprør, etter Oktoberrevolusjonen leidde han kvitegarden «Den friviljuge hæren». s. 77.

KOSSOVSKI, V (Levinson, M. J.) (1870–1941): Ein av leiarane for Bund. På det andre landsmøtet til RSDAP (1903) representerte *K.* utanlandsnemnda i Bund. Gjekk imot Iskra-lina. Etter landsmøtet vart han mensjevik og i reaksjonsåra 1907–10 likvidator. Sosialsjävinist under fyrste verdskrigen. s. 29, 48, 59 f.

KUJBYSSEV, Valerian Vladimirovitsj (1888–1935): Slutta seg til bolsjevikane i 1905. Leidde den revolusjonære rørla i Samara i 1917. Hadde fleire viktige oppgåver i partiet og staten etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen, særleg i samband med oppbygginga av planøkonomien. Han var ein av dei nærmaste medarbeidarane til Stalin. s. 152.

KYROS: Fyrste frå 500-talet f. Kr. Grunnla det persiske verdsriket. Tok m.a. storparten av Iran og la under seg Lydia og Babylon. Sette jødane fri frå det babylonske fangenskapet. s. 15.

LAFARGUE, Paul (1842–1911): Framståande i den internasjonale arbeidarrørsla, framstående propagandist for marxismen. Medlem av generalrådet i Den fyrste internasjonalen og ein av grunnleggarane av Det franske arbeidarpartiet (Parti ouvrier de France). Elev og medarbeider til Marx og Engels. Gift med dotter til Marx. s. 242.

LVOV, Georgi Javgenjevitsj (1861–1925): Russisk storgodseigar, monarkist. Medlem i den fyrste dumaen. Minister i den borgarlege provisoriske regjeringa i februar–mars 1917. s. 74.

MARTOV, L. (Tsederbaum, Juli Osipovitsj) (1873–1923): Menshevikiar. Leidde det opportunistiske mindretaket på det andre landsmøtet til RSDAP i 1906. Tok eit sentristisk standpunkt under fyrste verdskrigen. Etter Oktoberrevolusjonen flente av sovjetregjeringa. I 1920 emigrerte han til Tyskland. s. 26.

MARTYNOV, A. (Pieker, Aleksander Samojlovitsj) (1865–1935): Økonomisk teoretikar og leiar. Kjempa aktivt mot Lenins Iskra. Vart seinare ein av teoretikarane for menshevikane. Likvidator under reaksjonsåra 1907–10. s. 59, 230.

MEDEM, Vladimir Davidovitsj (1879–1923): Ein av Bund-leiarane. Kjempa mot Iskra på andre landsmøtet til RSDAP i 1903. Vart vald til sentralkomiteen i Bund i 1906, og var med i arbeidet til femte kongressen til RSDAP. Stødde menshevikane. s. 49.

MIKHAILOVSKI, Nikolai Konstantinovitsj (1842–1904): Russisk sosiolog, publisist og litteraturkritikar. Den fremste teoretikaren for den liberale narodnismen. Kjempa forbitra mot marxistane. s. 251 f.

MIKOJAN, Anastas Ivanovitsj (1895–): Medlem i RSDAP frå 1916, og spela ei leiande rolle i Kaukasus i 1917. Medlem i politibyrået frå 1935. M. stødde Stalin i partikampene i 1920–30-åra, og han hadde fleire ministerpostar.

Etter Stalins død stødde han ope revisjonistane i SUKP (b) og stødde Khrusjtsjov mot Malenkov i 1954–55 og mot «anti-parti-gruppa» i 1957. s. 107.

MILJUKOV, Pavel Nikolajevitsj (1859–1943): Ein av leiarane for kadettpartiet. Etter februarrevolusjonen i 1917 vart han utanriksminister i den borgarlege provisoriske regjeringa. Ville halda fram med den imperialistiske krigen. Var aktivt med i det kontrarevolusjonære Kornilov-opprøret i august 1917. Etter Oktoberrevolusjonen var han med på fleire av intervensjonane mot sovjetstaten. s. 74 f.

NIKOLAI II (1868–1918): Siste russiske tsar. 1894–1918. Måtte seia frå seg trona under februarrevolusjonen i 1917. Avretta i 1918. s. 186.

PJATAKOV, Georgi Leontidovitsj (1890–1937) Medlem av bolsjevikpartiet frå 1910. Hadde ansvarsfulle oppgåver etter Oktoberrevolusjonen. Stod på «venstre» standpunkt i det nasjonale spørsmålet under den første verdkriga og tok same standpunkt til Brest-freden som Trotski. Vart utvist frå partiet for partiflendsleg verksemd i 1936. s. 71.

PLEKHANOV, Georgi Valentinovitsj (1856–1918): Framst  ande leiar for russiske og internasjonale arbeidarr  sler. Den fyrste propagandisten for marxismen i Russland, og grunnleggjaren av «Arbeidets frigjering», den fyrste russiske marxistiske organisasjonen (1883). Etter den andre kongressen til RSDAP i 1903 tok P. ei forsoningshaldning til opportunsimen og slutta seg til mensjevikane. Under den fyrste russiske revolusjonen 1905–07 var han alvorleg usamd med bolsjevikane i grunnleggjande spørsm  l om taktikken. I reaksjons  ra 1907–10 stod han fram mot den machistiske revisjonen av marxismen og mot likvidasjonismen og leidde den mensjevikgruppa som var for partiet. Under fyrste verdkriga hadde han eit sosialsj  vinistisk standpunkt, og etter februarrevolusjonen i 1917 vende han attende til Russland der han st  dde den borgarlege provisoriske regjeringa. Han var mellom fiendane til Oktoberrevolusjonen. s. 48.

POINCAR  , Raymond (1860–1934): Fransk borgarleg politikar og statsmann. Krigshissar. Var fleire gonger minister og kansellipresident. President fr   1913 til 1920. s. 186.

RADEK, Karl Berngardovitsj (1885–1939): Var fr   byrjinga av hundre  ret med i den sosialdemokratiske r  rsla i Galitsja, Polen og Tyskland. Internasjonalist under fyrste verdkriga med somme tilsvik til sentrisme. Hadde eit vrangt syn p   den nasjonale sj  lv  r  deretten. Gjekk inn i bolsjevikpartiet i 1917, «venstre-kommunist» d   Brest-Litovsk-traktaten vart underteikna mellom Sovjet-Russland og Tyskland. Fr   1923 aktivt med i Trotski-opposisjonen, og vart ekskludert or partiet p   den 15. kongressen til SUKP (b) i 1927. Vart teken inn att i 1930, men vart ekskludert att i 1936 og d  md for handlingar retta mot partiet. s. 221.

RAKOVSKI, Christian Georgievitsj (1873–1941): Var med i den sosialdemokratiske r  rsla i Bulgaria, Romania, Frankrike og Sveits i 1890-  ra. Sentrist under den fyrste verdkriga. Slutta seg til bolsjevikpartiet i 1917. Etter Oktoberrevolusjonen hadde han ansvarsfulle oppdrag i partiet og staten. Utvist fr   partiet for partiflendsleg verksemd i 1938. s. 155 ff.

RENAUDEL, Pierre (1871–1935): Ein av dei opportunistiske leiarane av Det franske sosialistpartiet. s. 182.

RENNER, Karl (1870–1950): Austriksk politikar, leiar og teoretikar for dei austrikske h  yre-sosialdemokratane. Ein av opphavsmennene til den borgarleg-nasjonalistiske teorien om «kulturnasjonal autonomi». s. 79.

R  YKOV, Alexei Ivanovitsj (1881–1938): Medlem i RSDAP fr   1899. Etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen hadde han fleire ansvarlege stillingar. Gjekk mot den leninistiske politikken til partiet i mange h  ve. I 1928 sto han i brodden for h  greavviket i partiet, saman med Bukharin. I 1937 vart han ekskludert fr   partiet p   grunn av den partiflendslege verksemda si. s. 141.

SCHEIDEMANN, Philipp (1865–1939): Ein av leiarane for den striaste høgreføyen i det tyske sosialdemokratiet. Leiar for den tyske borgarlege regjeringa frå februar til juni 1919. Undertrykte arbeidarrørsla brutal. s. 182.

SEREBJAKOV, Jesper Aleksandrovitsj (1854–1921): Russisk revolusjonær, narodnik. Medlem av partiet Narodnaja Volja (Folkeviljen). Emigrerte til utlandet i 1883 og gav ut tidskriftet Nakanune (På treskelen) i London mellom 1899 og 1902. s. 149.

SINOVJEV, Grigori Jevsejevitsj (Radomilski) (1883–1936): Slutta seg til den russiske sosi-aldemokratiske rørsla i 1901, til bolsjevikane etter det andre landsmøtet i RSDAP i 1903. Under Stolypinreaksjonen hadde S. ei forsoningshaldning til likvidatorane, otzovistane og trotskistane. Internasjonalist under fyrste verdskriga. I oktober 1917 sveik S. saman med Kamenev vedtaket frå sentralkomiteen om å starta eit væpna opprør. I 1925 var han ein av organisatorane av «Den nye opposisjonen», i 1926 ein av leiarane av Trotski-Sinovjev anti-parti-blokka. Vart ekskludert frå partiet i 1934 for verksemda si mot partiet. s. 210, 212, 225, 229 ff.

SOKOLNIKOV, Grigory Jakovlevitsj (1888–1939): Medlem i RSDAP sidan 1905. Etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen hadde han fleire viktige oppgåver i statsstyringa. På den 14. kongressen til SUKP (b) i 1925 slutta han seg til «Den nye opposisjonen». Etter det var han med i Trotski-Sinovjev-blokka. I 1936 vart han ekskludert frå partiet for den partiflendslege verksemda si. s. 141.

STEKLOV, Juri Mikhailovitsj (1873–1941): Russisk sosialdemokrat. Skreiv for utanlandske bolsjevik-tidsskrift. Etter februarrevolusjonen i 1917 slutta han seg til «dei revolusjonære fedrelandsforsvarane». Han skreiv mange bøker om den revolusjonære rørsla. s. 235.

TROTSKI, (Bronstein) Lev Davidovitsj (1879–1940): Bitter fiende av leninismen. På andre kongressen til RSDAP i 1903 var T. utsending frå Det sibirske forbundet, og slutta seg til Iskra-mindretaket. Etter kongressen kjempa han mot bolsjevikane i alle spørsmål som galdt teorien og praksisen for den sosialistiske revolusjonen. Likvidator under reaksjonsåra 1907–10. I august 1912 organiserte han Augustblokka som samla mange av dei partiflendslege fraksjonane. Sentrist under fyrste verdskriga. Gjekk imot Lenin i alle spørsmåla om krig, fred og revolusjon. Slutta seg til bolsjevikpartiet etter Oktoberrevolusjonen i 1917, men heldt fram med splittingsverksemda si. Hadde fleire viktige stillingar, sjølv om han gjekk imot generallina til partiet for oppbygginga av sosialismen. Vart ekskludert i 1927 og send ut av landet i 1929 for anti-sovjetisk verksemnd. Miste statsborgarskapet sitt i 1932. s. 141, 221, 229 ff.

TSERETELL, Irakly Georgievitsj (1882–1959): Mensjevikleiar. Sentrist under fyrste verdskrigen (sjå personregister under Kautsky). Post- og telegrafminister i den borgarlege provisoriske regjeringa i 1917. Etter hendingane i juli, då regjeringa slo ned ein arbeidaremonstrasjon med våpenmakt, vart han innanriksminister. Etter Oktoberrevolusjonen leidde *T.* anti-sovjetblokka i den grunnlovgjevande forsamlinga. *T.* var ein av leiara for den kontrarevolusjonære mensjevikregjeringa i Grusia. Etter at sovjetmakta vart opprettet i Grusia i 1921, for *T.* til utlandet som kviteemigrant. s. 182, 235.

TSJERNOV, Viktor Mikhailovitsj (1876–1952): Ein av leiara og teoretikarane for det sosialrevolusjonære partiet. Etter februarrevolusjonen i 1917 var *T.* landbruksminister i den borgarlege provisoriske regjeringa. Organiserte harde strafeekspedisjonar mot bønder som tok godseigedom. Etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen ein av hovudmennene bakom anti-sovjetiske opprør. I 1920 drog han til utlandet og heldt fram med den anti-sovjetiske verksemda si derifrå. s. 182.

TSJITSJERIN, Georgi Vasiljevitsj (1872–1936): Russisk diplomat og politikar. Adeleg. Fekk avskil frå diplomatiet av de han sympatiserte med sosialdemokratane. Drog til utlandet, der han slutta seg til mensjevikane. Reiste attende til Russland i november 1917 og slutta seg til bolsjevikane. Vart først viseutanriksminister, og seinare utanriksminister 1918–30. s. 104 f.

TSJKHEIDSJE, Nikolai Semjonovitsj (1864–1926): Mensjevikleiar. Sentrist under fyrste verdskrigen. Etter februarrevolusjonen i 1917 stodde *T.* aktivt den borgarlege provisoriske regjeringa. Etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen vart han formann i den grunnlovgjevande forsamlinga i Grusia. Då sovjetmakta vart oppretta i Grusia i 1921, vart *T.* kviteemigrant. s. 235.

URQUHART, John Leslie (1874–1933): Britisk industri- og finansmann. Styremedlem i mange russiske selskap. Ein av organisatorane av den kontrarevolusjonære striden mot sovjetmakta i 1918–20. I 20-åra gjorde han mange freistnader på å få att dei tidlegare verksamdene sine i Sovjet-Russland som konsesjonar. s. 121.

USTRJALOV, N. V.: Advokat. Etter den sosialistiske Oktoberrevolusjonen tok han aktivt del i striden mot sovjetregjeringa. Han var minister i regjeringa til Koltsjak. Medan han var emigrant i 1921 var han sjefssideologen for bladet *Smjena Vekh*. s. 288.

VANEK, Karl – Tsjekkisk sosialdemokrat som tok eit ope sjávinistisk og separatistisk standpunkt, i polemikk med Lenin. s. 50.

WRANGEL, Pjotr Nikolaievitsj (1878–1928): Russisk general. Etter at Denikin vart slegen av den rauda hæren i mars 1920 (sjå i namneregisteret under Denikin), reorganiserte *W.* troppane til Denikin på Krim og utsprang seg sjølv til riksforstandar. Fekk noko støtte frå kosakk-hovdingane. I april 1920 gjekk *W.* til åtak kring Don-bassenget samstundes som polske styrkar gjekk inn i Sovjet-Russland under leding av den kontrarevolusjonære borgarlege polske nasjonalisten Piłsudski og med støtte frå Ententen. Dei polske innltrengja-

rane vart slegne attende, og sovjetstaten underteknna ein fredstraktat med Polen 20. oktober 1920. Etter dette kunne den rauda hæren konsentrera styrkane sine om å slå attende åtaket frå *W.*, og han leid eit avgjerande nederlag på Krim i november 1920. *W.* budde seinare i utlandet. s. 97, 116 f, 133, 145.

Den som ikkje har auga for den brutale og rå nasjonale underkuinga av dei titals og hundretals millionane folka i Asia, Afrika og Latin-Amerika, kan ikkje kalla seg revolusjonær. Dette er kommunistane sitt syn i dag, det var synet til kommunistane på Lenins og Stalins tid.

Lenin og Stalin kjempa fram det synet at det er uråd å avskaffa den nasjonale underkuinga i Europa utan at folka i Asia og Afrika, i kolonilanda, vart frigjorde. Dei braut ned muren mellom svarte og kvite, mellom dei «siviliserte» og «usiviliserte» slavane av imperialismen.

Dette gjorde det mogleg å samordna kampen i dei tilbakeliggjande kolonilanda med kampen til arbeidarklassen i dei framskridne landa mot den felles fienden, imperialismen.

I artiklane i denne boka finn du Stalins definisjonar på kva ein nasjon er. Du finn grundige drøftingar av sambandet mellom det nasjonale spørsmålet og koloni-spørsmålet, og Stalins syn på kva som er det revolusjonære innhaldet i den nasjonale kampen i vår tid. Du får og sjå korleis bolsjevikane gjekk fram for å avskaffa den nasjonale underkuinga i det gamle Russland og setja likeverdet mellom små og store, framskridne og tilatterskomne nasjoner i staden.



ISBN 82-7094-185-9

Pris kr. 54,-